

bokselskap.no, 2015

Arne Garborg: *Fred*

Teksten i bokselskap.no følger 2. utgave, 1905 (Kristiania, Aschehoug).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no).

ISBN: 978-82-8319-258-2 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-259-9 (epub),
978-82-8319-260-5 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Arne Garborg

Fred

Forteljing


bokselskap.no

Oslo 2015

I.

Utanfor, i Vest, bryt Have paa mot ei sju Milir lang laag Sandstrand.

Det er sjølve Have. Nordhave breidt og fritt, ukløyvt og utøymt, endelaust. Svartgrønt og salt kjem det i veldig Rulling veltande inn or dei vestlege Himlar, drivi av Storstormane fraa Nordisen og Kanalen, køyrande sine fakskvite Brimhestar fram or Havskodda, so Skumskavlen stend, durande sin djupe Æveheims Orgetone fraa dei ytste Avgrunnar. So støyper det seg mot Strandi og krasar seg sund i kvit Foss, med Dunk og Dÿn og lange Brak, døyande burt i døyvt Dunder.

Upp fraa den laage Sandstrandi tøygjer seg eit armt, graatt Land med lyngbrune Bakkar og bleike Myrar, yvi-saatt med Kampestein, trelaust og berrt; avstengt mot Aust med ein lang, laag Fjellgard. Endelaus synest den nakne Hei. Men her og der blaanar ei einsleg Tjønn, som ligg og gror att, eller eit stort stilt Vatn. Her susar Vinden Dag og Natt. Og Graa-vêre ligg laagt yver Vididi, der Haren rømer fraa Stein til Stein og allslags brun og spettut og vill Fugl ligg i

løynde Reir og blinkar og blundar.

Yvi det heile spanar Himilen seg vid og graa, fraa Fjellgarden til Havs og so vidt ein ser, – det einaste ljose yvi Tilvære. Den hev ein for Augo kvar ein gjeng. Full av Skyr og Storm heng han mest alltid. Stundom sig han aat Jordi og sveiper Lande i Regn og Skodd som i ein Duk. Og det rigner og rigner til Lande fløymer.

Her og der uppetter Bakkar og Rés kryp laage Hus ihop i Smaakrullar som søkjande Livd. I den tette Lufti hildrar dei seg halvt burt, sveiper seg i Torvrøyk og Havdis som i ein Draum; stengde og stille ligg dei burtetter Viddine som Tusseheimar. Rundt Husi skimtar det fram bleike grøne Flekkir av Aaker og Eng som Øyar i Lyngviddi; kvar Bìte og kvar Lepp er avstengd og innlødd med Steingjerde som lange Røysir.

I desse Heimane bur Folke.

Det er eit sterkt, tungt Folk, som grev seg gjennom Live med Gruvling og Slit, putlar med Jordi og granskar Skrifti, piner Korn av Aur'en og Von av sine Draumar, trur paa Skjelingen og trøyster seg til Gud.

II.

Kald og roleg laag Haustdagen yvi Hav og Land. Det leid imot Kvelden.

Himilen var graaslørd, Soli burte attum Tøkebakken i Vest; her og der laag lange blaae Strimeskyir og kvilte.

Det hadde blaasi i Dag, men var avstilna att, som ofte mot Kvelden. Det var stilt so ein kunde høyre sitt eige Andedrag.

Myrkningi kom sigande blaa og kald. Sus av Æear og Bekkir skar kvast gjennom Lufti. Høgt yvi Heiane siglde tvo store svarte Fuglar mot Vest. Langt inne i Nordaust mekra Røssegauken, kneggjande som ein Helhest.

Det kvakk i han Enok Haave, der han skrangla ned Haalandsbakkane paa Bykjerra si. Denne Djevlelaatten i Kveldstilla hørdest so fælsleg. «Høh, Brunko!» – best aa drive paa no. Det var enno eit godt Stykke heim.

Han var i djupe Tankar, han Enok, og det solbrune Andlite saag med sine

nedslegne ^[4]Augo og eit pint Drag um Munnen urolegt og kvidefullt ut. Naar tru han vilde gjera Aalvor av dette? Kor lengi vilde han gaa her som ein Syndetræl og aldri faa Fred? Han hadde daa kje selt seg til Sattan paa Livetidi? – som Lars Danielsen sa i Uppbyggelsen sist. Og dessutan, Livetidi «Du Daare, i denne Nat kræve de din Sjæl af dig» ... kva vilde det daa nytte han, det vesle han kunde ha samla?

Ikkje «samla» han noko heller. Snarare gjekk det den andre Vegen no. Arven hennar Anna var oppøydd paa dette Nybrøte, og endaa var kje meir enn halve Aarvollen innlagd. So skrin som Jordi der var, kunde det drygje lengi, fyrr dei Pengane kom att. Endaa godt so lengi den gamle Sylvstasen var att, og Gullringane; «ein var kje Fant so lengi der var Sylv paa Garden», som han Far jamt hadde sagt. Men no var Enok skuldig baade her og der, hjaa Kaupmannen for Varur, hjaa Simon Ramstad for ei Ku; han Hans, Drengen, skulde ha Pengar til Fiskje; og so var det Skattane som vaks og vaks ... Det, ein skulde vende, var der lite aa faa fyri, men det, ein skulde ha att, var vitlaust dyrt; det vart so trongt og stengt paa alle Kantar, at ein kunde bli mest yvigjevin. Og Borni vaks til, og Sko og Klæde skulde dei hava ...

^[5]Det var Velsigningi, som vanta. Der var kje Drygsle i nokon Ting, naar Gud ikkje var med. Det lønte seg kje i det timelege heller aa tena Hin-Mannen.

Aa nei, nei.

Den, som kunde vinne seg yvi og bli eit Gudsborn. So kunde ein vera tryggare i det jordiske au. Ein kunde kaste si Sorg paa Herren, som hadde Umsut endaa for Ravneungar. Og som der stod i Forklaringi: «For hvem sørger Gud allermest? For sine troende Børn.» Og like eins: «Er der nogen Nytte ved at elske Gud? Ja, stor Nytte; thi vi vide, at alting tjener dem til Gode, som elske Gud.» Ja tenk aa hava Gud sjølv aa forlata seg paa. Tenk aa vera fri all Sut; faa Fred for all Otte, all Uro ... enno aldri i sitt Liv hadde Enok havt ein fullglad Dag. Det var ein Ufred han sjølv ikkje forstod, ein Knute for Bringa som aldri losna; alltid gjekk han som han skulde ha gjort noko vondt; som han skulde ha noko aa ræddast fyri; aldri var han trygg; aldri kunde han setja seg i Ro, ikkje i si eigi Stogu dessmeir; ja um han kunde tykkjast vera fornøgd au for ei Stund, i godt Lag eller i friskt Sjau – Uroi laag der inne og tærde likegodt; so det vart berre ei Utanpaa-Glede. Og han vart drivin fraa det eine til det andre i eit Jag utan Stans; alt som

var nytt døyvde for ei Stund, men berre for ^[6]ei Stund; so kom Ufreden att, og han var like nære. Aa ja kva vilde han anna vente. Den som ikkje hadde Fred med Gud, han hadde det soleis. Det var kje Under at han var uroleg, so lengi kvar Stund som gjekk berre førde han nærare og nærare til Helvites Avgrunn.

Merri stana so han mest datt framstupes; det bar mot Bakke att, og Brunko vilde hava'n av. Enok steig av Kjerra og gjekk Bakken. Det var ein godt middelshøg Mann, akselbreid og velvaksin; han var berleg aa sjaa og førde seg godt. Men Hovude bøygdest som under ei Tyngd, og Augo stirde mot Jordi mødde og fortente.

Det hadde vorti so underleg stilt; og det myrkna og myrkna. Audsleg og tom var Verdi no. Ikkje ein Laat og ikkje eit Liv. Berre han og den brune Merri hans midt paa svartaste Hei. «Aa ja, ja; Gud, ver hjaa oss ... naar det lid til Aften og Dagen hælder!»

Dei var komne upp Bakken; han stana og sette seg paa att. Hyss ... var det so, tru? – Prrr. Han heldt Merri og lydde. Ja var det kje mest det han hadde tykt. Det hadde legi noko under. Det laag gjerne noko under, naar det vart so kurr. «Soh! gaa no, Brunko», dreiv han paa; han lika seg ikkje.

Gjenom den daudstille Lufti dura det upp eit Brak, eit tungt, kvævt Brak, som fyllte heile ^[7]Kvelven. Det kom fraa allestad og inginstad, men helst fraa Nordvest, fraa det aude opne Hyrna der ute, der Lande tok Ende og Have stod paa, rullande beint inn or Skoddeheimane oppunder Nord-Isen. Det var som ein Marm i Lufti, ein lang, døyvd, durande Tone; Have koka upp fraa sine djupaste Grunnar og reiste seg som til den siste Strid; Rome skalv i Susing og Angest, i Rædsle for den komande Vreide og store Undergang, daa Verdi skal losne i sine Saumar og Jordi søkkje i Have, og Himilen rullast upp som ein Klædebunad.

Det var Havbrak.

Det maatte ha vori svære Uvêr ute i Have i Natt, freista Enok aa trøyste seg. Men han kunde kje døyve si Uro. «Solen skal slukne og Maanen blive som Blod ... og Havet og Vandbølgerne skulle bruse» ... Tenk, um Menniskens Søn kom no; um Himilen rivna med Bulder og Brak og den store Basunen glima fram med sin Toreskrell, so Gravine brast og dei Daude stod upp ...

«Høh! gaa no, Brunko!» Han peiste paa med Taumen, til han fekk Merri i Dilt. Fælt so smaatt det gjekk; det var myrke Kvelden alt, og her sat han enno og

rikka. Og no kom denne stygge Grave-Heið ...

– Aa nei; Domaren kom kje i Kveld. Det var kje 6000 Aar enno etter Verdens Skapelse; ^[8]og det var daa han skulde koma. Men den som ikkje hadde Gud med seg, var alltid rædd. Øh, gaa no ...

Men umvende seg maatte han. I Aalvors Tale: han maatte, og han vilde. Det bar kje til lenger aa gange slik. Kvar Dag kunde vera den siste; og det var kje sagt han fekk Stundir til aa tenkje seg um daa. Dessutan, den som stødt og stendig stod Naaden imot, so kunde Gud sistpaa trøytna, og so vart ein forherda. Forherda. Det var slikt eit tungt Ord at Enok fælte.

Nei; i Morgo den Dag. Fyrr Naadetidi var til Ende. Gud, riv meg kje burt midt i mine Syndir; Gud! ver meg barmhjertig etter din store Miskundhed ...

Det dura og braka tungt og svært; Enok kraup ihop paa Kjerra si og smaakulsa. Tenk um Herren kom likevel! Ingen visste Tid og Time. Og me hadde høyrte Krig og Rygte um Krig. Og Syndi var so stor, at Gud visst snart kunde vera trøytta av oss. Tenk, um det alt skulde vera for seint i Morgo. Saah, Brunko ... – Aa Gud, riv meg kje burt ... aa Gud! ver langmodig. Tru det ikkje snart skulde stilne av att med dette fæle Brake?

No var han paa Grave-Heið. Her lika han aldri aa fara so seint. Her var audt og svart og langt til Folk; baade Fant og anna stygt ^[9]kunde fara, eller liggje og lure oppunder dei store Steinane. Det var her han Far hadde set Dvergar inni ein Haug ... gamall Ovtru og Tøv; men likevel; noko hadde det vel vori. Ingen kunde vita kva ein kunde faa sjaa; Djevelen var sterk; og naar ein ikkje hadde Gud med seg –. Berre det vilde koma einkvar, so han kunde faa Fylgje!

Der nede laag Tjønne svart og still, mest like inn under Grave-Nuten; der hadde han blivi, Son til gamle Presten Juel. Og det var dei som vilde ha høyrte Rop –. Og attum den store Steinen her uppe var det dei fann henne Berta Aalvestad, ho, som fraus ihel. Alltid kom det for han, at Like maatte sitja der uppe enno ...

– Kva tru han Gunnar staaka med i Kveld? Han heldt seg vel uppe i lengste Lage. Venta paa han Far med By-Gotter. Aa ja; du skal nok faa Gotter, Gunnarmann. I Morgo, naar du stend upp, so ...

Høyrde han kje noko? – Høh; gakk no ...

Ja i Morgo skulde det bli Høgtid. Ny Luve skulde han faa; og ny Kakjesbok

med Pave i; og det beste av alt: Søteple! – Ja, ja; dei skulde faa, Gjenteborni au. – Tenk, tri Gjenteborn etter kvarandre. Den Guten, som kom etter henne Serina, han skulde døy. Inga ^[10]Velsigning i dette heller. Men Gudskelov at han Gunnar tok seg so godt upp ... og fekk vera frisk. – Tenk, tie Aar alt; det vart snart Hjelp i han. – Berre ikkje hava'n til Avgud. Tukta han; – «den, som hader sitt Ris, elsker sin Søn» – nei ...

Aa nei; han kunde kje halde Tankane samla. Desse jordiske Ting, som elles so altfor mykje fyllte hans Hug, no var der kje noko Hjelp i deim heller. Nei, nei. Utan Gud ingin Fred. I Morgo, so snart han kom i Ro –; berre til i Morgo vilde nok Vaarherre vente. – Gud skje Lov; det tok til aa blakre og smaablaase; so dovna Havbrake. Og so vart her ikkje so hustru og fælt, til han skulde framum Kyrkja. Saah, Brunko!

– Han kjende seg modigare. Det vart ingin Domedag i Kveld. Kvi skulde det bli i Kveld meir enn andre Gongir? Havbrak hadde han daa høyrte so tidt.

Kva var *det!*? – Han kvakk, so det gjekk Lysning for Augo hans. Burt i Bakken, burt-imot Kyrkja, hadde han høyrte som eit Rop.

Han heldt Merri og lydde. Hjarta hans hamra i Bringa so han høyrde det. Aa Gudskjelov. Det var Folk. Det høyrdest Kjerre-Rammel. Han drog Anden djupt og kjende seg so letta og fegin ...

^[11]Men kva kunde det vera for Slag; var det fulle Folk? – for det song. Han vart rædd att. Ingin visste kva ein Fyllefant kunde finne paa.

«Klippens Top, som Granen bær,
munter Sjælens Tilflugt ær,» –

song det, og Kjerra kom ramlande beint imot han i fullt Traav. Berre stille seg til Sides og koma fort framum ...

– «Kva-slag Fa'n, er det Folk?» ropa eit høgt, djervt Maal. Jamenn var det han Napolon Storbrekke.

Det kulsa i Enok av den fæle Banningi; tenk ropa paa den Vonde i Kveld. «Er det du som er ute so seint?» spurde han spakmælt.

«Jagu er det eg!» skreik Napolon; «i Myrkno trivst Trolli best. Kjem du fraa Byn, Enok?»

«Ja—a. Eg hev vore der inne so snaraste.»

«Og eg skal der inn so snaraste; no kann du fortelja meg um der er noko aa gjera. Det er vel Skit som det plar vera, veit eg?»

Enok fortalde; Napolon sat og banna. «Nei so pinedø!» «Nei no skin det av!» «Nei men hev du høyrst slik Sattan?» – Daa Enok slutta med det vanlege: «det ser smaatt ^[12]ut», sette Napolon i so det small, at han vilde til Amerika.

Ja det vilde han. Fara fraa Garden og heile Smelta og beint Fa'n i Vald til Amerika. For neigu um her snart var livande for skikkelegt Folk! «Det sa eg til Lensmannen paa Aase au; – eg var innum der i Kveld; han skjenkte meg endaa ein Dram eller tvo; grei Kar, Lensmann Aase! – prrr, vil du staa! – Ja det sa eg. Men veit du kva han svara? Skulde slike Folk fara til Amerika, sa han, kven skulde verta verande heime daa? Me fær heller sjaa, sa han, um me kann kje faa skìpa ut noko av all Fanten, Napolon, sa han; – men skal det halde paa paa denne Maaten, so vert det peinadø Fant altihop; ja det vert det; no banna Napolon Salomonsen Storbrekke!» –

«Ja eg tykkjer du skulde kje banna so mykje, Napolon», tok Enok stilt i. Men den andre høyrde det ikkje.

«Prrr! vil du staa! – Ja, det er som eg seier – statt din Sattan! – kann du gissa, kva eg betalar i Skatt no? Gissa, Enok! – Ja dei snakkar alltid um den stakkars Stampo eg hev sett upp ... liksom det var anna enn den Stampo! Hadde eg kje den, so var det kje anna enn klinkande Fant med meg; neigu var det ei! – Fem Dalar, min Far! Ja du trur ^[13]det kje du; men eg skal banna paa det so dyrt du vil; – fem blanke Speisidalar, Far, og endaa tvo Skjeling! So kann du kje undrast paa at det ber til Fant. No laante eg i Banken ifjor; so no hev eg Rentur og Avdrag attpaa; og betalar eg kje paa Dagen, so kjem Sakføraren som ein Skrubb ... Nei eg held med han Torkjell Tutling eg, han Torkjell Tualand skulde eg seia; me fær peinadø berre ta Børsa og jaga dei! heile Smelta! Hell au ét dei oss levande upp! Ja det gjer dei. Dersom me ikkje vil gjera som han Per Rudlevig daa! – han stel seg fram, han, og greier det paa den Maaten; ja-ja, det er ein Maate, det au! – prrrr! – Men det er kje min Maate, ser du. Ja no kann du gaa daa, ditt Braffebeist; – trur du eg kann faa denne Merri til aa staa still daa! – Godkvelden, Enok!» – Han ramla i Veg att.

«Klippens Top ...

Prrr! Enok!!»

«Ja!»

«Du skal vel i Bryllaupe hjaa han Helge?»

– – «Ja ... eg fær vel det.»

«So treffest me der daa. Godnatt!»

«Klippens Top, som Granen» –

– Enok rusla i Veg paa sin Kant.

^[14]Ja sjaa der, sjaa der! Var det kje Merakkel med den Djevelen. Alltid fann han paa noko. Alltid fekk han det so til, at der kom noko i Veg.

No kunde kje Enok umvende seg, fyrr han hadde vore i det Bryllaupe.

III.

Ljos var innsette paa dei lange Bordi i Bryllaupsstogo; for det var alt Kveld.

Ved den nedre Bordenden sat ein Flokk eldre Mennar med Kritpipur og Ølkrus i koselegt Drøs; lenger uppe sat eit anna Lag og spila Kort; men uti Bui^[1] gjekk Dansen med Feleskratt og Rop og Braak og Staak, so det song gjennom Huse. Helge Haave heldt Bryllaup for yngste Dotter si; og so laut det vera eit Lag, som kunde baade høyrast og spyrjast.

Øle var sterkt og godt, og det fløynde med Brennevin. Nils Ramstad spila, og alt var paa si Høgd. Heile Grannelage var bedi, og Skyldfolk og Kjenningar; og Huse stima fullt av ein glad Svarm, som lova seg tri sutalause Dagar.

Enok var næmaste Grannen og kunde kje anna enn vera med; men han lika seg ikkje. Han sat inni Stova med dei gamle og hørde ^[16]paa Staake, og totte han var i ein Sattans Synagoge. Der var sjeldan ein Smil aa sjaa paa Andlite hans; og dei graae Augo var uglade. Han drakk naar han vart tildrukkin, og svara naar han vart spurd; men elles berre sat han der og hekk, framand og still, liksom trolltekin i sine egne Tankar.

Det var spøkjelegt aa sjaa paa alt dette Folke som gjekk her og susa og svarma og tente Djevelen; i neste Minutten kunde dei staa for sin Domar, og kor gjekk

det dei daa? – Jamvel dei gamle, som visste at dei ikkje hadde langt att, dei tente Sattan so trutt som dei skulde vera forsvorne. Drakk og lo og skravla laust; tenkte minst paa, at dei ein Gong skulde døy. Og so alt det stygge her var aa høyre; denne fæle Banningi rundt ikring –; der var ein som bad Djevelen ta seg, og der ein som ynskte seg ein «pine»-full «Død»; upp i Kortlage sat Napolon Storbrekke og staaka og svor so det berre lyste um han. Og dette lo Folk aat. Di meir han staaka, di meir Laatt vart der. Like til smaae Gutungar so laag dei uppetter Bordkanten og lo; det var nok ingin, som hugsa Orde um Mylnesteinen. Enok stirde og stirde og vart stundom heilt rar. Det kom for han at det var Lik han saag, paaklædde Beinrangel som gjekk her og dingla; og naar dei gapte og lo med sine kvite Tanngardar var det so det ^[17]gjekk i han. Dei skulde vita kven det var som sat attum deim og kvesste sine Kløar, so lo dei nok ikkje! Og dei unge der ute som sjaua og dansa, fjasa med Kvinnfolki og velte seg i Synd, kva tru dei vilde svara um Brudgomen kom? – Men ikkje ein Tanke, ikkje ein Tanke ... Og endaa var der dei som nyleg hadde stadi til Konfirmasjon. Ja, Sattans Hus var dette, og Helvites Port; han vilde berre sitja ei Stund, so vidt han kunde segja han hadde vori her; so vilde han heim att.

Fela der ute ljoma og lét; ei underleg Djevelsmagt var der i det Spele. Han maatte høyre paa det anten han vilde eller ei. Det var vent paa ein Maate; altfor vent; stundom kunde ein mest tru det var noko godt; men so kom Djevlerti. Lokking og Laatt, Hildring og Vildring, Helvites Magt som drog Sjæli i Ørske burt ifraa Gud og inn i Synd og Vellyst og æveleg Anger.

– «Her hjelper ingen verdslig Magt!» staaka Napolon Storbrekke uppi Kortlage; han slog i Borde so det small. «Her er Majestæten sjølv; kom so med Drammen!» – Banning og Laatt. «Skaal Kjeften min; eg veit du likar det!» Napolon drakk. So reiste han seg og gjekk fram. «No hev eg vunni so lengi at eg er lei av det,» sa han. Han var alt noko paa 'an; dei smaae blaakalde Rovfugl-Augo ^[18]stirde; det lyste av Krok-nasen, og heile det skarpe, storbygde Andlite var raudt og heitt. «D'er kje noko Hugna aa spela med dykk,» kytte han; «det er som eg skulde spela med Ungane. Er de kje likare Karar, so neigu um de skulde bjoa til med han Napolon Storbrekke! – Koss gjeng det her?» helsa han paa dei gamle; «– ja kva seier no de um denne Ungdomen, som veks upp? – Peinadø um eg vilde reisa meg upp for dei, um eg so sat paa ei Rullehorv! Ikkje kann dei

dansa og ikkje kann dei drikka, og ikkje kann dei spela Kort og ikkje kann dei slaast; kann der verta noko Liv i eit Bryllaupslag paa den Maaten?» – Dundrande Laatt.

Napolon fekk Øl; sette seg so til aa skrøyte. Det gjekk med Sogur fraa den Tidi daa han handla med Kretur. Den eine Rispa kom, galnare enn den andre, helst um kor godt han hadde snytt denne Skarven og Hestehandlaren Per Rudlevig. «Jagu fortente han det han fekk; kann eg lura han eingong til, skal eg gjera det; ja det skal eg. Skulde ein kje lura ein Kjeltring, naar ein kann koma til? Jau det gjer no eg. Eg veit kje, kva dé tykkjer!»

«Eg tykkjer du er strid med han Per Rudlevig eg,» sa Enok aalvorsam. «Eg er rædd at naar du tenkjer deg um, so kann du og ha dine Lyte.»

[19] «Det var peinadø eit sant Ord, Enok! Skaal, min gamle Ven og Lesarkamerat; du er grei, du, som ikkje stikk noko under Stolen. – Aa ja. Eg seier som eg plar seia. Han Per Rudlevig putlar og stél, og eg putlar og drikk; kjem han Per Rudlevig til Himmerik, so kjem eg der au; ja det gjer eg.»

Det vart slik Laatt, at Enok ikkje vart høyrd med sine Aalvorsord. –

Um han ikkje snart kunde gange no, tru? – Her sat han i Syndar-Lag og i Spottar-Sæte, drakk med dei ugudelege og hørde paa styggt Snakk; um han vart burtkalla i Natt, so vilde han vera ille fyribudd. Han kjende seg reint som tilsulka av Syndi rundt ikring seg. Aa høyre og sjaa paa slikt og ikkje hindre det, det var aa gjera seg «delagtig i fremmede Synder» – –

– – «Jamenn fær du smaka paa Øle, Enok; eg trur det skal vera godt!»

Det var han Helge sjølv som kom, Far aat Bruri. Han hadde ein liten Lette, men ikkje meir enn rimelegt; no sette han seg hjaa han Enok og gav seg i Drøs. «Idag gifter eg burt den siste av Døtrane mine, so eg kjem kje til aa beda deg til Bryllaups meir eg,» sa han. «Og me hev alltid vori gode Grannar me, so du ska gjera litegrand Æra paa meg denne Gongen. Og henne Berta Maria, hu som Brur [20] er, henne hev du no kjent fraa ho var lito. No drikk eg deg til, Enok, og no skal du drikka ut; det er vel kje noko du er tykkjen fyre, med di du sit her so uhugleg?»

«Nei, nei!» braadde Enok i; han drakk. Det var nok gali av han, dette; han fór visst reint ufolkelegt aat. Naar ein var ute, so fekk ein vera som hitt Folke; dei kunde taka det gali upp, um han sat her som ein Sytekrok. Helge var ein godsleg, snild Mann, som Enok lika godt; bein og grei hadde han alltid vori. Og um han

var glad i Dag, og gjerne vilde sjaa andre glade med seg, det var kje meir enn ventande. «Drikk ut no,» sa Helge, «so skal du faa noko friskt; det smakar alltid best med same det kjem or Tunna.»

Dei tvo Grannane sette seg til og samrødde. Enok maatte vise at han ikkje var tykkin; han fylgdest med Helge baade i Drykk og Drøs. Rett som det var kom Brudgomen. Han hadde Flaske og Glas og skjenkte ein Dram.

«No skal du sandeleg drikk med meg au, Enok, paa min Hædersdag! – Du hugsar vel, at eg hev gjengi i Skule for deg? – Du hev vore so fin paa det i Dag og aldri vilja havt noko; men du fær daa gjera so mykje Æra paa baade meg og Varune vaare, at du smakar litegrand paa det vesle me hev. No drikk eg deg til; Skaal, Enok!»

^[21]Ja der var kje Raad med det. Enok smaka paa Drammen. Og han slapp kje med det; han maatte drikke or. Brudgomen var so reint svært hyggjeleg og snild; og so var det no kje verre; ein tolde alltid ein Dram. Han rødde eit Bil med Brudgomen um gamle Dagar; sette seg so til att med han Helge. «Det er visst ein gild Mann, Dotter di fær,» sa Enok. «Ja eg trur kje han er so galen,» sa Helge. «Og Garden er kje kleinare enn eg tenkjer han greier seg.»

Det var som Enok med ein Gong fekk dei tunge Tankane fraa seg. Han saag seg um med friare Augo; og her var kje so fælt heller. Noko Umvending vart det no kje av i Kveld kor som var, so han kunde likso godt vera med so lengi. Vaarherre kunde vel kje hava noko større imot at han sat her i eit vanlegt folkelegt Drøs utan baade Banning og anna stygt. Han saag korleis det var, og at han ikkje vel kunde fara annleis aat enn han gjorde. Um ein synda eitgrand meir eller mindre, det var no slik Slag au, so lengi ein ikkje var umvend. Øle var og ei Guds Gaave; og han Helge var ein hyggjeleg Mann. Berre agte seg, so ein passa Maaten ...

Smaatt um senn glødde det upp i Augo hans, og den bleike klaare Panna vart liksom varmare. Ho Anna var i Døri eingong og kikka inn; ho vart reint glad av aa sjaa Mannen sin som anna Folk. Han hadde vori so underleg ^[22]i den siste Tidi, at ho stundom ikkje hadde visst kva ho skulde tenkje.

Enok Haave var ein Mann paa ikring firti. Han saag godt ut. Andlite var klaart og klokt med store, reine Drag; det vart godslegt og mest barnslegt naar han lo; og han tok seg daa gjerne um Hoka med den eine Handi. Haare hans var

so svart, at det mest blaana i det; Luggen vilde gjerne fram i Panna. Fraa Øyro ned under Hoka vaks eit tett, brunraudt Skjeggeband, som saman med det svarte Haare la liksom ei Raame um det opne, aalvorsame Andlite. Han var i blaa Klædes Rundtrøye og svart, blank Overlastings Vest; um Halsen med den kvitstrokne Hals skjorta hadde han eit svart Silkeplagg med fin Knute, Snippane stukne godt innunder Vesten. Med sitt strenge myrke Hovud paa dei faste, velbygde Aksline saag han annleis ut enn dei andre, mest framandsleg; det var mange som totte at det stod liksom ein Kaldhjelm av han.

– – Rart med slik ein Dram. Han vermde og gjorde godt; no kjende kje Enok det Slag av denne Otten for Bringa. Ein Dram var kje noko gali; det var, naar der kom fleire ...

Underlegt med det, at alt som var gali, det skulde vera so kjært for Kjøtt og Blod. Godt Lag og god Drykk og Felelaat og Sus og Dus ... Øienslyst, Kjødslust og eit overdaadigt ^[23] Levnet ... det var nok so han vilde ha det, den gamle Adam.

Napoleon var alt so full at han song:

«Kan det vel være, at hele Landet,
var bedre tjænt, om man blot drak Vandet?
– Nei!
Saa skjenk i Glasset»

Stakkars Napoleon; altid skulde han hengje so uti dette Brennevine.

Fela var det som drog mest. Det var ein Laat og ein Ljom som gjekk so reint forunderleg til Hjarta, ein Undertone liksom, ein Medklang, noko, som ikkje kunde koma berre fraa Strengine ... var det Djevelen det? – Dei var kje beint fram lettlynde heller, desse Tonane; likso snart kunde ein kalle deim tunglynde; det var ei underleg Blanding av Glede og Graat, ør, heiltupp tryllande. Og der fylgde so mange Minne med, slikt som ein helst skulde gløyme; heile Ungdomslive; dei kunde berre klunke paa Fela, so song det upp um gamle, galne Ting, Innbillningar og Paafynster i Ungdomens Dagar ... i den Tidi daa han sjølv dansa og tumla og fór med Gjente fjas ... berre so smaatt daa. Han hugsar so vel dette Bryllaupet paa Ramstad, der ho var med, denne – som dei hadde erta han so for ei Tid ... greid Gjente, ikkje for det; men – Berre Armod og Vesalldom; so det kunde kje verte noko. Men ei hamsleg, gild ^[24] Gjente. Og dei dansa og fjas; var endaa burti Løo ... aa du Ungdoms Daarskap og Tankeløyse. Det var kje noko aa tenkje paa no; det var burte og gløymt, som vel var; det var berre denne Fela.

«Han er god til aa spela, han Nils!» – «Ja, han er det. Han er riktigt god til aa spela. Det er han.» – Dei vart so fagre dei gamle Dagane. Han minntest kor vent det kunde vera stundom, meir daa enn no, med Solsteik og lang Blaaning og varmt i Bakkane. Og det anga so godt av Blomar og Høy. Og Viba skreik og Raudstelken slog, og Aakerhøna riksa i Engine, naar dei stundom møttest i svale Kveldstundir ... Tull og Tøv og forargeleg Synd; men endaa fylgde det som ei Sorg med det.

Jamenn strauk Nils upp med den gamle Springaren ... nett den som Enok og Kjistina hadde dansa paa Ramstad for tjuge Aar sidan. Enok reiste seg og gjekk ut, vilde «lufte seg eitgrand»; stana fysst i Gangen og saag paa Dansen; gjekk so ut i Bislage. Der stod han og lydde paa Fela lengi.

Kunde der vera so mykje Synd i Fela, tru? – Nei, som han Nils strauk upp. Det oma og ljoma gjennom heile Huse. Og dei stræva og dansa som dei skulde staa paa Laaven. Karane hadde endaa kasta Trøya; Gjentune var so varme og raude at det skein av ^[25]deim. Narreverk, Djevleskap; danse paa ein Avgrunn ...

Folk dreiv ut og inn; Svall og Laatt og Song og Sus kor ein snudde seg. Ein Sjøgut fraa Byn hadde ei ny Vise, som alle skulde lære; det var um ei Jomfru burti Engeland; ho var so fælände rik:

«Hendes I–ndtægter om Aa–ret
seks hundrede tusinde var ...»

So var det ein Matros som fridde; og ho hadde kje meir Vit enn ho vilde hava'n; men dette brydde kje Faren seg um, som rimelegt var, og det vart svært til Ugreide. Men so tok denne Matrosen Mod til seg og tala beint ut til Rikingen; det var gali aa tru paa Gods og Gull; han fekk alltid nok for sin Part; det jordiske var kje noko aa lite paa; han fekk kje noko med seg av det kor som var –:

«Thi saa faar du ikke mer paa sidste Dagen,
du blir lagt i den sortaste Muld!»

... Fælt, at dei kunde gaa og syngje paa slikt i Fjas og Fyll. Hadde dei daa kje den alra minste Ettetanke – – –

I det same gjorde han ei Overhaling; han maatte taka seg Tak og halde seg fast, hadde so nær tumla utfor Steintroppi. Daa kvakk han, so Hovude hans vart klaart med eingong. Han hadde vori drukkin.

^[26] Rædsla tok han. Burt, burt fraa dette Syndehus ... Han staka avstad med

strævande Stig vest gjenom Geilane og heim; gav seg kje Stundir dessmeir til aa gaa inn etter Hatten.

Dette var Verdi og Verdi si Lyst. Drikkarar og Horkarlar rangla remjande fram-etter Veggen til Helvite; Djevelen dansa ikring deim og lo; Fela skratta Takten; det ville Staake stod til Himilen som eit Skrik; berge seg, berge seg fyrr det var for seint; Gud! riv meg kje burt midt i mine Synder ...

Han berga seg inn Bakdøri, kveikte Ljos og skunda seg i Seng. Daa ho Anna kom heim, laag han og sov, bleik og sveitt, med «De Bedendes aandelige Kjæde» millom Hendane.

[IV.]

[n2](#)

Nei; hadde Djevelen fysst fengi Tak, so tarv du kje tru, han slepte! – det kunde kje verte noko av i Dag heller.

Det var «Graudadagen». Bryllaupsfolke skulde «paa Garden»; so laut Enok au taka imot. No, daa han hadde tenkt aa halde seg fraa Syndi, kom Syndi til honom. Og i Dag vart det verre; for i Dag skulde han sjølv vera Bryllaupsvert. Djevelens Kjømestiar skulde han vera; synde sjølv og forføre til Synd; han fekk anna aa gjera enn tenkje paa si Sjæl; Vaarherre laut drygje til i Morgo som vanleg.

Tusundkunstnar, Tusundkunstnar. Alltid «i Morgo», aldri «i Dag»; Vaarherre sist, alt anna fysst ...

Brjote Skikken? Enok sat i Underbroki og stirde paa den eine Sokken sin i fem Minuttar: brjote Skikken?

Men det kunde han kje heller. Dei vilde taka det gali upp. Dei vilde tru han gjorde ^[28] det av Knipeskap. Gjekk i Bryllaupe og livde godt sjølv, men drog seg unna, naar det var hans Børt ... Ha-ha, umvende seg midt i Bryllaupe til aa faa spart ei Maaltid Mat; aa nei, han sat der no; det fekk gange som det kunde.

Han skjekkete med Munnen og tok seg paa Tak, drog Sokken paa seg og sidan Broki, døyvde Samvite og lét det staa til; ho Anna hadde aldri set han so rar som

denne Morgonen.

– Det vart ein leid Dag. I Bryllaupsgarden fekk Folk sin fyste Rus; so drog dei med Spelemannen i Fyri-Enden fysst til han Enok og sidan til han Per; fyllte paa og fyllte paa, til dei var saggne nok; so bar det attende aat Bryllaupsgarden att; og daa dei langt um lengi var ferdige med «Grauten», var dei so fulle at dei song, mest alle.

Der vart eit Staak og eit Styr utan Maate og Maal. Folk tumla rundt i ein ør Sveim, hua og skreik, tralla og song; kvar hadde sin Tone og kvar si Vise, so det vart i eit Rør alt; Kvinneskrik skar inn og Gjentelaatt; den som vilde segja noko laut skrike. I Bui staaka Dansen med tungt Brak, og Spenning i Golve so Huse skalv, og Ho! og Hei! og ulande Rop; Fela kvein og peip som ho kunde best, men vart lite høyrd; Spelemannen var so full han sat berre og dubba.

^[29] Alle Dørir hekk paa vid Vegg, og endaa stod det som ein Eim gjennom Stovune av Sveitte og Tobaksrøyk. Talgljos i Stakar og paa Veggine i gamle Messingskjold gløste i den tette Lufti liksom dei sov. Alt tumla seg i Halvmyrkr og Halvørske. Og det var ei Stiming ut og inn og att og fram, Sjangling og Tvinting og hotande Hendar; gamle Uvenir laag um Halsen paa kvarandre, og gamle Venir rauk ihop og slogst; Laatt og Rop og djerve Ord skar haasmælte gjennom Staake; no var det Bryllaup, no var det Høgtid; alle var glade og alle kaate; kvardags Sorgir var burte og gløymde; Folke kjende seg for ein Dag fritt.

Men ute paa Tune laag Napolon Storbrekke og spydde. –

– Enok og Anna gjekk heim, so snart dei hadde drukki Brurskaali. Det hadde vori Uraad aa halde seg fraa Drikka i Dag; Enok var tung i Kroppen og ufysin i Samvite. Men Gudskjelov; no var det slutt.

No fekk Gud gjeva'n den rette Angeren. Han prøvde alt i Kveld; men det vart kje noko av det. Djevelen laag heile Tidi og kviskra um, at han var daa kje verre enn andre. Ja han var betre enn baade den og den. Men det var det det galdt: aa vera den verste av alle Syndarar. So lengi ein ikkje var det, men vilde mæle sig med andre og finne ut noko aa ^[30]orsaka seg med, ja kannhende aa gjera seg til av, so lengi var ein ubotferdig, og so lengi var Vegen til Naaden stengd.

Han sukka so tungt, at ho Anna var aat og vilde spyrja kva som vanta; men ho heldt seg. Det var nok ikkje noko som ho kunde hjelpe'n med dette, var ho rædd.

– Dei var kje i Bryllaupe sidan. Men Sturingi hans Enok heldt paa.

Det var nokre Dagar etter; dei sat med Borde og aat Nonsmaten.

Det var Mort og Flôt. Men endaa var det stilt ved Borde.

Han Hans, Drengen, og ho Marta, Gjenta, hadde haldi Drøse uppe ei Stund, og ho Anna hadde hjelpt til; der var nok aa røda um no, like etter Bryllaupe. Den og den hadde vori so og so full; han Napolon Storbrekke hadde vorti atffunnin um Tridjedags Morgonen i Fjose hans Enok, i Kalvebaasen; dei og dei hadde slegist; den og den Guten hadde haldi seg so mykje ihop med den og den Gjenta, at me vel snart kunde vente eit Bryllaup til; – «daa visst eit Barsøl». Men dei kunde røda um kva dei vilde, so sat Enok og tagde som han var dauv. Dei andre hadde daa og etterkvart tagna.

Ute gnog det og blés; Himilen var graa og haust-tung. Trêi i Hagen burtanum Vegen ^[31] stod nakne og vaate og svinga og song. Av Fuglar var det kje att anna enn ei Skjor her og kvar, eller ei tungt flaksande Kraake.

Daa høyrdest det Treskostig i Gangen, og Døri gjekk upp stilt og smaatt. Det var han Per der nord, Grannen. «Velbekòme Spissen», sa han stilt, og sette seg.

Det var ein litin raudhærd, blidsleg Mann, smaaøygd og smaaaleitt, med Sydvest paa Hovude. Den strauk han av seg i Dag; der var i det heile noko høgtidsamt med han. Han kunde sjaa ut som han kom med ei Illsegn. Liksom til Ærend hadde han eit Par Avisblad under Armen.

Dei hadde sagt det som segjast skulde um Vêre og Aarsavlen; so gav han Per Bladi fraa seg med høvelege Orsakingar for han ikkje hadde sendt deim hit fyrr. So vart det ei Togn. Per sat aa sukka; dei andre venta. Det saag nok ut til at dei skulde faa høyre Nytt.

– – «Dé ha vel kanskje ikkje høyrte gjete dette vonde, som hende i Dag, dé,» – kom det endeleg.

«Er der hendt noko?» – «Her i Bygdi?»

«Ja, Gud bær' oss, der er nok det. Ikkje lenger burte enn paa Storbrekke.»

«Gud hjelpe oss,» sukka Enok; det var som det kvakk i han.

^[32] «Nei kva er tids der?» «Er der nokon sjuk kanskje?»

«Aa,» sukka Per; «det er nok endaa verre. Det er han Napolon, som –; ja det er so at det er mest vondt aa fortelja det.»

«Naa?» –

«Du veit, han som gjekk her aa gruste so svært i dette Bryllaupe.»

«Ja??»

«Ja no er han ... farin herifraa.»

Det gjekk som ein Skugge gjennom Stova.

«Nei men i Jøssu Nam!» – «Han Napolon?!»

«Ja. Han vart burtrivin ved ein hastig Dø i Dag Klokka halv elleve.»

«Aa Herre Jesus.» – «Kva er det du seier.» – «Kors i Jessu Namn.» –

Stive og stille sat dei der med kvitnande Aasyn og skræmde Augo; det kom so tungt yvi deim at dei mest ikkje torde draga Pusten.

«Nei men kann det vera sant.» – «Nei men korleis kann daa det vera tilgjengi.»

«Aa jau dessverre; det er nok sant. Eg veit kje korleis det er; men eg hev det liksom paa meg, at han Napolon var ... lite budd til aa døy no. – Eg hev aldri høyrnt noko som hev gjengi so innpaa meg som dette.»

«Men korleis bar det til?» –

^[33] «Aa, det gjekk svært fort. Han Lars, Drengjen min, kom derifraa nettupp no; – han skulde upp med noko Eple som eg hadde laant av han Napolon i Vaar; – og just daa han kom der upp, heldt dei paa aa bu Like.»

Det tok til aa skómast. Vinden ute susa og saug, taut i Skorsteinen og slog i Dørine; dei fælte der dei sat, og drog seg ihop.

«– – Herre, lær oss at tælle vaare Dagar, at me maa bekoma Visdom i Hjertet,» mulla Enok; han hadde vorte graa i Andlite.

«Gjekk det til med noko Uhende,» spurde han Hans; «slog han seg til Meins, eller –?»

«Nei, slettikkje. Det var berre noko som kom yvi han. Og so reint braatt som det kom. Han gjekk og var liksom noko utidug etter dette Bryllaupe; men i Dag hadde han funni paa det at han vilde til Byn. Anten han kjende seg sjuk og vilde til Doktaren eller kva det var; nok av det: han tok Drengjen med seg og vilde sko Merri. Men som dei stod utanfor Stalldøri og bala med dette ... Merri var endaa noko uroleg av seg og vilde kje staa still ... so visste dei kje Ord av, fyrr han datt aalveltes. Og Live var nok slokna med ein Gong. Dei hørde berre som det rikta eller lét i han litegrand; men han rørde seg kje meir; og daa dei skulde sjaa etter

[34] kva som tids var, – daa var der kje meir aa gjera.»

«Aa Jøssu Namn.»

«So skræmeleg braadt.»

«Aa nei, aa nei.»

Ei ny Togn gjekk gjennom Stova. Vesle Gunnar klengde seg inn til Far sin og jamra; han var rædd. Ho Serina gøymde seg i Fange til Mor si.

«Gud fri oss fraa ein hastig, uforvarende og bratt Død!» bad Enok; «Gud straff oss ikkje i din Vrede, og tukt oss ikkje i din Hastighed!»

Det svara med Sukk rundt ikring.

Per sat bøygd med Aalbogane mot Knéi og Hendane ihoplagde. «Det er vel Ein, som hev ei Meining med det,» sa han. «Men jamenn var dette eit tungt Hende.»

«Meiningi ser me,» svara Enok. «'Han bruker snart Lidelser, snart Velgjerninger, og snart andres Exempel, som kan føre Mennesket til Eftertanke' ... maatte me no agta aalvorlegt paa dette Kalle. Me veit kje naar Timen kann slaa, nokon av oss.»

«Det var nok sant,» mulla det rundt Stogo i den kaldgraae Kvelden.

– Vinden der ute taut og braut, ylte i Skorsteinen og reiv i Dørine. Myrkre auka paa; Verdi stengdest. Dauden stod paa Lur [35] i kvar Kraa; ingin kunde vita kven han næste Gong tok ut; snart kunde der vera eit Lik aa bu her i Huse med ... «Eg er rædd, Far,» sutra han Gunnar.

«I Kveld gjekk eg kje aat Fjose aaleine, um det galdt Live mitt!» sa ho Marta kulsande.

V.

Enok gjekk beint aat Stallen. Der kraup han uppi Baasen til den brune Merri og lagde seg til og bad.

Gud hadde tala Aalvor no; ein fekk sjaa aa faa det avgjort. For smaatt og for veikt hadde han i desse Dagane banka paa Naadens Dør. Det galdt aa brùka Magt. Trengje seg inn. Det kunde snart vera stengt; – han hadde sjølv vori full i

dette Bryllaupe.

Han bad um Anger, um rett, sann Anger; tigga og bad. Han var nok i Sjælenaud. Men det var berre Rædsla for Guds Dom. Og den hjelpte kje stort. Rædsla hadde Judas og havt; Rædsla hadde sjølve Djevelen. Angeren, Angeren var det, som maatte vakne, den djupe Hjartesor, at han hadde gjort Gud imot. «Aa Gud, skap eit nytt Hjarta i meg!» –

Og han rota og grov i sitt framfarne Liv etter Synd, prøvde si Ferd etter Guds Bud og fann, at han hadde broti deim alle; og det ^[37]ikkje ein Gong eller sju Gongir, men kvar Time og Stund, gjennom heile sitt Liv, i Vrangskap eller Veikleik, i Tankar og Gjeringar.

Kunde der vera ein verre Avgudsdyrkar enn han? Avgudar hadde han havt fleire enn han kunde minnst og upprekna. Men den han hadde dyrka mest og lengst, var Mammon. Det var Jordi, han hadde sett sitt Hjarte til. Jordi beintfram; Garden hadde vori hans Eitt og Alt, hans Elsk og stendige Tanke. Utan den hadde han kje visst korkje godt eller gildt; like ved den hadde han kje havt Lyst til noko paa Jordi. Den hadde han tenkt paa i Ungdomens Tid; daa han vart Skulemeister var det kje av di han vilde lære Ungdomen Gudsord; det var berre dei tjuge Dalane um Aare han tenkte paa, so han kunde tena noko til Gardsdrifti. Samstundes hadde han handla med Smale, snytt til seg Pengar baade med Lygn og List – Synd mot det sjuande Bud –; og daa det drygde noko lengi fyrr han fekk taka imot, hadde han, Gud hjelpe oss, halvt um halvt ynskt Helsa av sin eigin Far – Synd mot det fjorde og femte Bud –, berre av Elsk til denne Garden. Og sidan hadde han broti og baska og bygt og grust og ikkje havt ein Tanke utanum dette Mammonstræve; daa so Litle-Gunnar kom, hadde han der fengi seg ein ny Avgud, som hadde bundi Hjarta hans endaa ^[38]fastare til Verdi; den sanne Gud hadde han haldi seg ifraa som eitkvart vondt.

Og kor ofte hadde han ikkje misbruka Guds Namn, vanvyrdt Kviledagen, arga sine Foreldre, ynskt vondt yvi Næsten; og naar han kom til det sette Bud, kva skulde han daa segja, og kva skulde han daa forsvara seg med? Han var kje stort anna enn Gutungen, daa han tok til med slikt Vas og Fjas; det var baade skamlegt og stygt aa tenkje paa; og han elska Syndi og søkte Syndi, alt til dess Foreldri hans kom under med det og jaga Kvinnfolke or Tenesta. Og sidan dette med den andre, som au ei Tid hadde vori Avguden hans, so han ikkje tenkte paa anna

korkje Dag eller Natt; og so alle dei som han i Ungdomens Aar hadde «set paa» til aa «begjæra dei» ... aa, dei var nok uppskrivne! Ei heil Myr av Ureinskap laag det her; aa fy aa fy, for ein Syndar han var; ikkje ein rein Flekk fraa Fot-Solen og inntil Hoved-Issen. Og endaa angra han ikkje; gjekk berre aa skalv for den Straffi, han hadde fortent; «aa Gud ver meg naadig; aa Gud! ver meg naadig!»

Men alt det han bad, fekk han ikkje noko Svar, inga Kjenning av, at Gud hadde høyrte han. Hadde han kannhende sett ut og sett ut so lengi no, at Gud ikkje brydde seg um han lenger? – Nei, nei; han maatte ha Hjelp.

[39] Han freista aa tenkje paa Guds Kjærleik. Han rekna upp for seg sjølv alt det gode han hadde fraa Gud, Liv, Helse, Mat og Drykk, Vit og Forstand, alt det han trong til Likam og Sjøel; og det endaa han sjølv ikkje hadde tenkt paa anna enn vondt ... Kvar Minutt hadde han fortent Helvite; men Gud hadde spart han; spart han og uppehaldi han, vakta og vârt han; ja det som meir var, han hadde sendt sin eigin Son, at der skulde vera Frelse for han aa faa, naar han ein Gong vakna upp. Og han hadde lati han bli fødd i eit kriste Land, der Vegen til Naadestolen var opin og fri, og hadde opplyst han med sine Gaavur og stadi med utbreidde Armar og venta paa han i firti Aar; berre kjærlegt og godt til Svar paa alt vrangt og alt vondt; han tenkte seg inn i dette til han totte han var ein Hund og ein Skarv; men endaa vilde kje Syndegraaten koma.

Han gjekk inn; fekk upp Ljos og sette seg til aa lesa i Lars Linderoth. Kannhende det der kunde finnast eit sterkt Ord til aa krasa hans harde Hjarta. Sidan tok han Johan Arndt, og tilslutt Bibelen. Daa det leid til Sengetid, las han Bøni, den gode gamle Bøni etter Salmeboki hans Far.

Men han laut leggje seg utan Naade.

Han laag og skalv for Dauden og Helvite og fekk ikkje Svevn; torde kje sova; tenk um [40] Gud kom. Han bad, ja mest gret av Angest; men inkje noko Teikn fekk han, som kunde tyde paa Bønhøyring. Ho Anna laag og lydte paa han lange Stundir og fælte.

Utivot Morgonen sovna han, men sov urolegt. Han totte han gjekk paa ein Veg i regnmyrkt Vêr. Det var døyne og tungt i Lufti, og han gjekk med Bringa full av Otte. Daa saag han ein Mann koma hit yvi ei Hei; Mannen hadde ei svart Hundskindsluve paa Hovude. Og i Andlite var han upptrutna og raud. Han stana og stirde paa Enok, lét upp Munnen og vilde tala, men kunde ikkje; det vart berre

Gauling og Vavl. So vart han som sjuk og datt ned; der lagde han seg til aa spy; men det han spydde var berre osende Eldsløgen. Daa stivna Enok av Rædsle; no forstod han, kven det var. –

I slike Draumar kava han, til han stod upp. Han klædde paa seg som i ei Ørske, gjekk sidan og vavra ut og inn som han ikkje hadde Fred; kunde kje koma seg til med noko Arbeid heller. Ho Anna maatte tala til han tilslutt: «var det kje i Dag, du skulde aat Kverni og mala?»

Langt um lengi kom han avstad. Ho Anna gjekk etter heime med ein tung Otte for Bringa; Gud hjelpe og trøyste oss, skulde han Enok koma ut i Gruvlingar.

[41] – Haavegarden laag uppaa øvste Rygningen av ei Bakkehøgd, som lyfte seg fraa dei vide Fløtine i Vest og Sør som ei rund, roleg Bylgje.

Tri Mann budde paa Garden i laage einhøgdes Hus. Enok budde vest-lengst; Husi hans var nye og tjørubreidde. Bygdevegen strauk mest like framum Vindaugo hans; paa hi Sida Veg, rett imot Stoguglasi, var «Hagen»: nokre gamle Tre, mest Rogn, og ei svær, gamal Selje, som tok av mot Nordvesten.

Nedyvi Bakkedrage, i Sørhalle, laag Bøane, Aakrar og Vollar og vene Kjelvur, sundbytte med Steingjerde paa langs og paa tvers. Bøane naadde aat Elvi og Torvmyri; sunnan-um denne tøygde Ramstadheii seg vid og svart so langt ein kunde øygne.

Nedyvi Brekkehøgline i Aust kom Skare-Aai dragande i kvite Strøk med sterk Sus, dreiv Kvernar og eit Stampeverk og bøygde so i still Straum hit gjennom Myri heilt innunder Haavebøane. So fylgde ho Bakkedraget i stor Sving. Her strøymde ho noko meir paa, sovidt at Haavemennane kunde faa Kvernefall. Enok hadde sitt Kvernhus langt nordi Utmarki si, ved Enden av ein Dam, som det maatte ha kosta eit heilt Sùmarsarbeid aa grava.

Der laag han i Dag og turka og mól.

Det var øyde Vêr; eit hardt, tungt Regn blanda med Snøslette. Kvernhus laag einslegt [42] og hустre til. I Lyngheii rundt um var smaae, runde Haugar; lenger nede og nord Heialandsmyri og Heialandsvatne med sitt stride, lange Sev. Eit Stykkje nedanfor det, midt paa Flata, laag Heialandsgarden gamall og graa; det var som han vilde krjupe i Jordi under sine mange laage Torvtak; der skulde det ha spøkt i gamall Tid, etter ein Mann som hadde hengt seg. Elles var inkje anna aa sjaa enn Hei og Myr, Myr og Hei; og so her og der ein Huskrull stikkande fram

attum ein Haug liksom han helst vilde gøyme seg. Gjennom Regnskodda skimta ein i Aust og Nord Aasegardane og den kaldkvite Kyrkja.

Det lettna mot Kvelden; i Himilen og Lufti kom ein staaalgraa, kald Klaarleik; kølblaae Skyir laag og dreiv upp-yvi Have i Vest. Ein sterk Aa-Sus stod gjennom Lufti.

Enok kjende seg veik; Tanken paa Napolon hadde fylgt han heile Dagen. Han bad og bad, men utan Hjelp; Bøni sprengdest kvar Stund av framande Tankar. No laag Napolon i Helvite og brann; kannhende bad han Abraham um Lov til aa gange heim att og vitne for sine Kjenningar; og tenk um han fekk Lov. Me var so syndetrygge og likesæle, at det kunde nok turvast. Det var imot Orde; men tenk um han kom likevel. Um han no med ein Gong stod der i Kvernhusdøri

^[43]Enok stengde; so kveikte han Ljos i Lykti og freista aa gjeva seg Gud i Vald. «Aa, berre du vilda vera med meg! – so var det nok ingin Faare.»

Det var eit stort Kvernhus, skift i tvo med ein Vegg; i det indre Rome var Tussa, ⁿ³ i det ytre Kverni. Enok heldt seg i det indre. Kvar Gong han skulde ut aat Kverni, i det kalde mjølkvite Rome med dei rare Skuggane naar Ljose kom, – var det so det kulsa i han. Tenk, um det sat ein der no paa Kanten av Mjølkkista!

Utanfor gjekk det. Han hørde tydeleg at det gjekk. Kven kunde det vera? Han venta og venta; men ingin kom. So hadde det vel kje vore noko. «Kjære Herre Gud, ver hjaa meg; vakta meg mot alt vondt» ... Nei, der gjekk det att. Tydelege, tunge Stig. Han torde kje anna enn sjaa ut; tok Lykti og glytte paa Ytredøri. Nei. Der var ingin. Berre Aasusen stod imot han som eit Rop, ei gnell, lang Varsling. Han slog Døri att og berga seg inn; dette skulde han kje gjera meir. Men utanfor gjekk det og gjekk det.

Det var inginting! han dryfte Korn av all si Magt; vilde kje høyre etter lenger. «Den Gud vil bevare er uden Fare.» Var det Djevelen som gjekk og lurde paa han? Den Vonde ^[44] var kannhende rædd at Enok skulde faa rive seg laus no, og so vilde han ta han, med' Tid var ...

Tussa knirka og knaka, smaatt og tølmodigt; det hørdest som ho ynka seg: «aah, oi»; «aah, oi» ... Kva var tids med Kverni, tru; ho skrapa og skreik som ho skulde gaa i Stein; han laut ut aa sjaa etter. Nei; det var kje noko. Han kunde kannhende sleppe litegrand meir Korn paa; ho svelgde det nok. Men Mjølkkista tok til aa fyllast; han fekk ause or litegrand. «Aah, oi», «aah, oi.» Underlegt med

alt ein kunde høyre, naar ein var so aaleine. Der gjekk det att. Ikkje høyre paa det. Var det Folk, so kom det, og var det noko anna, so var det magtlaust ...
«Fader vaar, du som er i Himmelen, helliget vorde dit Navn, tilkomme dit Rige ...»

Daa skar Kverni i og song gjennom Sus og Staak med sitt harde Steinmaal: «i Helvites Pøl»; «i Helvites Pøl»; han hørde det tydeleg. Og Tussa der inne ynka seg og ynka seg, kvævt og stilt: «aah, oi», «aah, oi» ... «i Helvites Pøl», «aah, oi», «i Helvites Pøl», «aah, oi» ... Rædsla tok han; Kaldsveitten braut fram; uviljande og uvitande fekk han Tak i Stemma og stemde Kverni.

Men daa vart det so fælskeleg stilt. Som nokon skulde vera braad-daud her. Han berga ^[45] seg inn aat Tussa og stengde Døri. Skræmeleg stilt. Det laag Lik der inne. Men her laag Sjæli i Hèten og vreid seg –: aah, oi, aah, oi ... Han stod kje i det lenger. Stemde Tussa; berga Korne i skjelvande Hast; treiv Lykti, sette paa Dør ... fekk kje Magt med seg sjølv att, fyrr han var komin so langt heim at han saag Bøane.

Der fekk han med ein Gong slik ein inderleg Lengt etter Gud. Som eit Barn, naar det er ute aaleine, og hev misst Vegen, og Myrkre fell, og det gjev upp alt og berre græt, græt etter han Far, – soleis vart alt i Verdi Myrkr og Fælske, og Sjæli hans grét, grét etter Gud, etter han Far der uppe i Himilen. Han lagde seg paa Kne attum eit Gjerde: «aa eg er so sorgfull, for eg ikkje fær koma til deg. Aa kjære, opna di Naadedør, at eg kann sleppe inn og faa Fred ... og Forladelse for alle mine Syndir. Aa kjære ver god med meg, og lat meg kje staa for lengi utanfyri. Du ser eg er veik; gløym alt det vonde eg hev gjort, og lat meg faa sleppa inn; aa kjære Herre Jesus!» –

Han vart rolegare og gjekk heim. Men noko Svar fraa Gud fekk han ikkje.

VI.

Det var i Dag, dei skulde bera han Napolon.

Vêre var stormande og tungt, halvt Vinter og halvt Haust; men endaa støla Folk til Likferdsgarden fraa alle Kantar. Han Napolon hadde vori vida kjend. Og

alle totte dei maatte ha set han.

Kannahende vilde dei og gjerne vita han av Garde. Han hadde tyngt som ei Rædsle yvi Bygdi i denne Tid. Det vilde liksom lette aa faa han gøymd; det som var i Kyrkjegarden var or Veggen.

Enok hadde tenkt aa ikkje vera med. Han var rædd det skulde gange for hardt innpaa han. Vera med og halde Gjestebod for ein usæl Mann totte han og var fælt. Men daa Likferdsdagen kom, skifte han Tankar.

Det kunde just høve for han no aa gange av aa sjaa, korleis ein Mann saag ut, naar han ^[47]var komin til Helvite. For no visste Enok, at det var dit han skulde sjølv.

Gud vilde kje hava'n. Faafengd var Venting og faafengd var Bøn. Inga Hjelp kom; det vart heller verre. Og kva vilde han anna vente; han hadde gjort den Syndi som der ikkje er Naade for. «Synden til Døden.» Det var komi so tydeleg for han ein Dag, at der var kje Tvil lenger.

Ho Anna hadde spurt han um dei ikkje skulde gange til Alters snart. «Kunde kje det vera godt for deg no,» – hadde ho sagt i si gode Meinung.

Det kvakk i han. Gange til Alters, naar ein ikkje var umvendt? Eta og drikke seg sjølv til Dóms? Kunde nokon vaage slikt? – Han hadde sagt nei so hardt og stutt, at ho Anna berre hadde set paa han og tagna.

Men i det same hadde det liksom vorti sagt til han: det hev du sjølv gjort, Enok ... so mange, mange Gongir.

Daa var det som han stivna der han stod. Det tok til aa ringje for Øyro hans: «eta og drikke seg sjølv til Dóms; eta og drikke seg sjølv til Dóms» ...

Sidan hadde Enok vimra um som i ei Ørske. Korkje i Bibelen eller nokon Stad kunde han finne noko um, at der var Naade for dette gaatefulle; men i Salma stod ^[48]der um den som hadde noti Guds Likam uverdeleg:

«Han skyldig er i Jesu Mord;
hans Blod er paa hans Hoved!»

Der var kje Tvil. Der var kje Tvil!

Han gjekk som sjuk. Hadde Kalde-Ridir og Sveittetak; Kneî svikta under han; og ein Kveld han stod ned i Kjeldaren og gløymde seg sjølv i Gruvling yvi si blodige Synd, vart det sagt i han, so tydeleg som han skulde høyrte det: «dette er

det, som er Bespottelse imod Aanden.»

– – Ja, han vilde sjaa han Napolon Storbrekke no.

Han fekk det som ei Rid, reiv Klædi paa seg og reid av Garde; ho Anna visste kje kva ho skulde tru. Men det var daa vel godt, at han kom ut og fekk sjaa Folk.

Til Likferds kom han i siste Liten. Maten var komin av Borde; berre Klockaren sat att og aat; han var nettupp komin. Gamle-Salomon, Far til Like, gjekk uppaat han stundom og bad han forsyne seg. Der var inginting aa sjaa paa Salomon; han var den han hadde vori. Stakkars gamle Uvyrda; naar ikkje dette ein Gong kunde vekkje han –.

Elles var det stilt i Stogo. Kyrkjestilt. Alle Hovud bøygdest i tunge Tankar; ender og daa ^[49]steig ein Sukk. Ein tung, kvævin Daam stod gjennom Huse, Matlukt, Liklukt, Eim av brent Lakk. Spegilen og alt som kunde blenkje var paa vanleg Vis umbundi med kvit Duk; yvi Dukane Kransar av Mellebærlauv. Stoguklokka var stansa. Kona hans Napolon sat med nokre Kvinnfolk uti Stogukammerse; Enok tottest stundom høyre Graat derifraa. Han hadde funni seg ein Sess ved den nedre Bordenden; der sat han med Hovude mot Handi og stirde. Dei vilde hava han uppaat Borde og gjeva han Mat, men han neita stutt. Mat vilde han ikkje hava, og her vilde han sitja. Um han kannhende ikkje var frisk? – «Nei.» – «Nei du ser puskin ut, Enok!»

– Klockaren var ferdig. Ein Mann kom inn med tvo Skamlar, som han sette paa Golve noko ifraa kvarandre; yvi Skamlane vart breidt eit Lakan. Enok kjende seg tyngd og rædd; det susa for Øyro, og han saag svarte Flekkir. Ut i Bui hørdest døyvt Staak, tunge, ustøde Stig; – no kom dei med 'n.

Den lange svarte Kista vart innbøri av seks Mann og sett paa Skamlane som paa eit Fotstykke.

Løke vart avlyft. Eit Kvinnfolk tok Lik-Klæde burt fraa Andlit og Hendar. Fleire vaaga seg burtaat Kista; der hørdest Mulling og Sukkar. Enok torde kje sjaa dit.

^[50]Var her Svaavel-Lukt? – Det svimra for han. Han trudde det maatte slaa Logar upp um Like, smaae gule Kvervlar um Andlit og Haar ... Han visste kje rett av, so var Augo hans burtved Kista. – Der laag Napolon.

Han saag ut som andre Lik. Innfallin og avfallin, urimeleg lang; Handledine smale som Pipestylkir. Andlite blaaflekkut, den store Nasen større enn fyrr, men

sterkt bøygd. I Andlite var korkje Rædsle eller Ro; der var inginting; han saag styvin ut. Taapin, tankelaus; laag der som inginting var. Enok lyfte paa seg og vilde sjaa betre etter. Men i det same vart Like yvibreidt og Løke paasett. Godt at dei daude ikkje kunde skrike ...

Handfast duna Hamarslagi gjennom Huse med sin serskilde, tunge Ljod. Tvo brennande Ljos vart sette paa Kista. Klokkaren, ein ung, strak Kar i Ridestyvlar og lang Overfrakke stelte seg opp ved Hovude av Like med Hatten i den eine Handi og Salmeboki i den andre; han var stram og høgtidsam. «I Jesu Namn.»

So kom denne kjende Salmen paa Allehelgensdag, som vart bruka i Likferdir so ofte, daa ho var so ven. Tonen og var forunderleg: sorgsam og klagande, men endaa so mild; trøysterik og trygg, søkjande Gud i Bøn; full av hugmjuk Tillit.

[51] «O kjære Sjæl, frygt aldri mer,
om alting surt i Verden ser,
og Herrens store Domme
for Syndens Skyld vil falde ind ...»

Ute braka det og blés. Mot Vindaugo slog lange tunge Regndrøpar mengde med Hagl. Himilen myrkna, so det vart skomt; Ljosi paa Kisteløke brann gulbleikt og dauvlegt.

«Jeg gruer ei, om end jeg saa,
al Verden skulde undergaa,
og ei om Himlens Vrede
i Luft og Hav og Jordan skjød
Fordærvelser og giftig Død;
min Jesus skal dog lede
mig ud og for mig bede.»

Seint og høgtidsam drog Salma fram i sin mjuke, æoliske Tonegang, og kvart Vers vart mildare, venare, meir og meir fullt av Von, til dess alt samla seg i dragande Himildraum.

«Min Sjæl alt fuld af Længsel er
og længes, mens jeg lever her,
o Jesus, til den Glæde,
hvor alle Helgen tjene dig
udi dit søde Himmerig;
o, naar vil du tilstede
mig didhen op at træde?»

Det hørdest som ei Stynjing ved den nedre Bordenden; mange saag paa han

Enok Haave; han var so kvit. Og det svarte Haare hans klabba seg sveitt og vaatt frammyvi Panna.

^[52] – Ljosi vart burttekne. Seks Mann tok Kista. Klokkaren sette Hatten paa Hovude og skreid syngjande ut gjennom Døri. Kista vart bõri etter; so kom Likferdsfolke smaatt i Senn.

Enok sat still og gøynde Andlite i Hendane til alle var ute. Dei milde Himiltankane og den vonsæle Bøni hadde gjengi han so til Hjarta at han grét.

Burt gjennom Bakkane snigla Likferdi seg lang og svart i det tunge Vêre; Klokkaren fyri paa sin blakke Hest. Den gnelle Tenoren hans blanda seg skjerande i Vinden, som bar Gravsalmetonane sundrìvne og sorgtunge yvi Myr og Heiar.

Og det gav seg til aa stridregne. –

– Det var same Kvelden.

Vinden fossa tungt um Nòvine, i stigande og fallande Sjoing som Sjøen um ein Skipsbaug. Og det dunka og braka i Veggir og Raust.

«Ja no er det nok Vinteren som bryt inn,» meinte ho Anna.

Dei var innkomne or Fjose og hadde silt og stelt; no sat dei ved Kòlaⁿ⁴ og spann, baade Kona og Gjenta. Men Kòla blakra og blekkte som ho kunde gaa ut.

«I Kveld er det godt aa vera paa Landjordi,» sa ho Marta.

^[53] «Ja det vilde kje vera fyse aa ha nokon paa Sjøen i Kveld.»

Ho Serina, eit ljust, vent Gjentebarn paa aatte Aar, sat paa ein Skammel attmed Mor si og kara; Anna og Rakel, dei tvo minste, laag paa Golve og krabba med sine rolege Barnespel. Men han Gunnar sat tett innunder Kòla og smiddeⁿ⁵ paa noko som skulde verte Karjolsæte.

«Hyss, der kjem han Far,» sa han.

«Han gjer visst det,» svara Anna letta. «Det var kje fortidleg. Du fær gaa ut og sjaa um Grauten no.»

«Eg fær vel det,» sa Marta.

«Og so segjer du meg til, naar Eplegryta er ferdig.»

«Ja.» Marta sette Rokken fraa seg og rusla aat Kjøken.

Smaagjentune stiltra seg etter. Dei var som rædde Far sin i seinare Tid.

Stakkars Enok. Gud gjev han hadde fengi snakka med Presten i Dag. Skulde det halde paa lengi som det hadde vori no eit Bìl, kunde det snart gaa gali med han.

Gangdøri gjekk upp; Yling og Smelling gjennom heile Huse. Snart steig Enok inn. Tungt og seint; men rolegt. Gudskelov; det ^[54]var visst likare i Kveld. Han hadde vel raaka Presten. «Naa; du vart lengi,» sa ho.

Han svara kje større. Gjekk burt aat Borde og sette seg; var vel trøytt. «Svært so stormande han er med Vêre,» prøvde ho Anna. – «Guds Vreide ...» sagde han. So vart han sitjande der, still og fortenkt, reint som burtdrøymd. Gud hjelpe oss; det saag kje rart ut enno. Tru ho skulde vaage seg til aa segja noko?

Fyrr ho kom seg til med det, reiste han seg og tok til aa skifte Klæde. Men daa Ytreplaggi og Styvlane var av viste det seg, at han vilde leggje seg. Det var eit godt Merke; Anna roa seg att. Gjev han no berre fekk sova.

«Vreden din avvend, Herre Gud af Naade!» – sette han i, so ho reint kvakk. Men so hadde han seg uppi Sengi. Som vanleg naar han vilde sova, drog han Dyna yvi Hovude; men ho hørde at han ynka seg og sukka svært tungt. Ho vaaga seg burt og spurde, um det var noko; spurde ein Gong til, heller høgt. – «Ikkje paa Likamen,» mumla det under Dyna. Ho sette seg att; det vart stillare med han.

Marta kom med Bòd at Epliⁿ⁶ var ferdige; og Anna maatte aat Kjøken. Gunnar tok ho med; han var so glup til aa flysja.ⁿ⁷

^[55] – Men Enok laag og vreid seg under Dyna og hadde vondt i Sjæli.

Han hadde tala med Presten, og det hadde hjelpt for ei Stund. Men paa Heimvegen hadde det vorti verre att. «Han skyldig er i Jesu Mord; hans Blod er paa hans Hoved ...» Der var noko med den Syndi til Dauden, som dei ikkje hadde fullt klaart. Dette Orde: «den skal aldrig forlades – hverken i denne Verden eller i den tilkomande,» det var eit Ord, som der maatte vera ei reint serskild Meining med. Presten forklara det nok paa sin Maate; men –. Dessutan, kva Sæt var der paa ein Prest som berre tala av Lærdomen, men ikkje av Anden.

Angesten kom i Ridir so harde at han sveita. Den som kunde røma, gøyme seg! «Bjerge falder over os, og Høie skjuler os! – for Lammet og hans Vrede!» – Men rundt um var Gud; og kor ein kom var Gud; stengt, stengt til alle Kantar av Gud; um han kunde fara so snøgt som ein Tanke og gøyme seg ved Enden av

Verdi; ja um han vilde røma aat hi Verdi; um han vilde reide si Seng i det utarste Helvite, – – Gud var der, Gud var der; ingin Utveg, ingin einaste trygg Flekk. Napolon laag kje trongare i Kista si enn Enok her; han hivde og kasta seg og totte stundom han maatte kovne.

^[56]Av djupaste Naud ropa han til Gud: um der ikkje endaa kunde vera ei Redning for han? Um ikkje Jesus vilde forbarme seg og gaa i Bøn for han? Han skulde kje beda um aa koma i Himilen. Han venta seg kje Plass i Guds Helgenflokk; berre han fekk staa nedmed Døri ein Stad, berre han fekk gøyme seg burt i ei Kraa, der han var trygg; ja berre Gud vilde taka Blodskuldi fraa han, letta han for denne svære Syndetyngdi, gjeva'n Ro i hans Sjæl og taka burt Angesten, – so fekk han sidan gjera med han kva han vilde. Han skulde vera fornøgd med alt. Men hjelp meg, hjelp meg; lat meg kje gaa under; Herre frels meg, eg forgaar! –

– – Det vart so forunderlegt for han; um han var i Likamen eller utanfor Likamen, det visste han ikkje; men vakin var han. Og han saag – saag

Himilen var svart som Jord. Djupt der nede susa Have. Alle Skip og Farty vart kasta i Land og sundslegne. Leviatan tumla seg som ein stor Kval, og det stod Eld av Augo hans, og Røyk or Gape. Og ei Røyst utanum og attanum Verdi sagde: «Det er fullbragt.»

Daa slog ein svær, tung Eldsloge ut av Himilen i Nord. Og Have koka upp i gul Foss med eit Brak som av mange Tordøn. ^[57]Han vart rædd og snudde seg burt; daa slog det Logar ut i Austhimilen og i Fjelli. Vaadalskula brann; Skarefjelle brann; Fjell etter Fjell tok Eld og sprang sund, og ut av botnlause Rìvur og Hòl slog digre gule Logar. Endaa ein Gong snudde han seg burt; daa saag han med vitlaus Rædsle, at det stod Røyk av Have. Ein tett svart Røyk; som naar Raa-Lyng brenn. So slog det ut i ein forfælende Loge, som velte seg mot Skyine som eit ut-rullande Segl. I same Stundi rivna Himilen. Og Jordi vart burte under Føtane hans; men Logane slog ihop yvi han fraa alle Leidir ...

Han seig ihop i Inkjevetta og gav eit langt, langt Skrik. Gjennom Eldhave kom Djevelen symjande som ein brun Kval og gapte, gapte. Daa fekk Enok Magt til aa rope paa Jesus. Og i det same hadde han Tak i ei Hand. Det var liksom berre ei Hand. Men i den Handi var der eit Gap som etter ein Nagle. –

– Ute i Kjøken høyrde ho Anna eit Skrik so fælt, at kvar Blodsdrope rann i

henne ... Og Knúi vart so veike, at ho vilde sige ned. Fleire Rop kom; ho vann seg yvi og kava seg inn; – endaa laag han under Dyna og stunde. Han maatte ha havt ein skræmeleg Draum. Men no var det som det ^[58]stilna av att. Ho stod yvi Sengi stiv og rædd; fekk kje upp Mæle; lydde lengi; so forstod ho, at han hadde roa seg til. Ho gjekk ut att. Marta og dei smaae hadde klyngt seg ihop i Stogudøri. «Er han Far sjuk?» spurde Gunnar. – «Eg trur kje det var noko ... med Guds Hjelp.» – Dei gjekk aat Kjøken att, men lét Døri stande. Ho Anna fekk ei Skjelte-Rid og maatte setja seg.

Enok laag inne og fekk Naade til aa beda. Han bad paa ein annan Maate enn fyrr. Og han fylltest av eit Von sterkare enn all Djevelens Magt; for no hadde han set Naglegape.

Endeleg hadde Gud forbarma seg. No hadde han fengi Svar! – eit Teikn so visst, at han aldri turvte tvila. Ein uendeleg Fred strøymde inn i hans pinte Bryst. Heile Hugen glødde i Bøn; alt, som i han var, loga i Bøn; Synd, Angest, Tvil og Naud braana og brann upp i denne Straum av Eld; han bad kje med Ord; han bad med sjølve sitt Hjarta.

Anden var det som bad i han no, Bøne-Anden, som Gud sende; og det vart ljust i han, og reint, og Hjarta i han mjukna og tinte. Han skaptest um, føddest um; Djevelen slepte Tak etter Tak; Syndi tærdest burt Flekk etter Flekk; den gamle Adam dovna og døydde. Forunderleg godt og trygt fekk han halde fast i den ^[59]Frelserhandi som han enno tottest sjaa; og fraa Naglegape strøymde det inn i hans letnande Hjarta eit Hav, eit Djup av Kjærleik og Forsoning.

Daa han hadde slutta denne si sæle Bøn, den fysste rette Bøni han nokon Gong hadde bedi, – daa vart det sagt i han so visst og fast som berre ein kann segja eit slikt Ord:

«Vær frimodig, min Søn, dine Synder ere dig forladte.»

Enok stod upp.

Det var fullbragt. I ein Augneblink so lang som eit heilt Liv var det hendt; det store Under var hendt: han var umvend.

Fortumla og ør, men so glad som han aldri hadde tenkt han kunde bli, la han seg paa Kne ved Kòla og song. Det var Brorsons Jubelsalme:

«Nu har jeg fundet det, jeg grunder
mit Salighedens Anker paa...»

– Ho Anna stirde halvædd paa Mannen sin. Han var svært bleik, og Andlite hadde noko ho ikkje rett vilde kjennast med, – ein underleg stiv, liksom burt-rykt Smil; men paa Augo og Kinnar viste det seg at han hadde graati.

VII.

Aldri hadde han trutt at Live i Gud var so sælt, ikkje um heile Verdi hadde sagt det.

Han hadde lesi um Freden som gjekk yvi all Forstand; men det hadde for han vori Ord utan Meining. Aa vera vakt, det hadde han helst tenkt var eit Stræv, ein lagde paa seg til aa sleppe Helvite; den Gleda dei snakka um, denne Vissa og himilske Kvila, det maatte meir vera som ein Draum, noko, dei fekk seg til aa tru, liksom til Trøyst for alt det gode dei laut gjeva upp her i Verdi.

Aa, at han ikkje hadde havt betre Vit. Aa, at han hadde kunna vera so vond med seg sjølv; at han hadde stengt seg ute i so lang ei Tid fraa denne forunderlege Sæla!

– No fekk han kjenne og sjaa. Det han ikkje hadde trutt, det fekk han sjølv liva.

Det var større Ting enn han hadde høyrte av nokon Munn eller lesi i nokor Bok; det var det som ikkje lét seg utsegja. Han var alt i Himilen. Han hadde ikkje berre Trui paa ^[61]aa vera frelst; han var frelst. All hans Synd var kasta i Have. Aldri skulde ho koma for Dagen meir. Han var som den kvite Ull og den skinande Snø; Jesu Reinleike var hans; Djevelen kunde kje røre han med ein Finger. Og det fylgde ei Glede med, ein Lyst og ein Jubel, og ei unemneleg Trygd; inkje noko i Verdi var so trygt som dette. Alt anna kunde ljuge; alt anna kunde vera Draum; men i dette var der korkje Draum eller Lygn; det var livande Liv; det var Ja og Amen.

Her stod han sjølv eit nytt Menneskje, umskapt ved Guds Almagt mot sin eigin Forstand. Det som fyrr var hans Lyst, baud han no imot; det som fyrr syntest Daarskap, var no hans Liv; og istadenfor den Otten og Ufreden, han med si eigi Magt aldri hadde raadt med, kjende han no heile Hjarta sitt fullt av Ljos, Varme, Glede, Kjærleik, Kraft; og kor skulde alt dette vera komi fraa, daa han

sjølv ikkje ein Gong kunde ha tenkt det, ja ikkje forstod det enno!

Aa Glede yvi Glede, aa himilske Ljos og Trygd! – gjennom Sjæli hans gjekk som Lovsongar. Aa du Daude, kor er Odden din no? Du arme Djevel, kor er no ditt Mod? du hev nok funni den, som kann taumkøyre deg no? – Ja no kann du liggje der og vride deg, du gamle Eiterorm.

[62] Ein brennande Hug til Orde og Bøni fyllte han; aldri kunde han bli trøytt av aa umgangast Gud; Bøni var hans Andedraatt og Orde hans Mat; hans Mat og Drykk og Leik og Lyst; hans Lengt og stendige Traadom. I Orde var Livsens Ande og Guds Munns Kyss; der fann Sjæli sin Brudgom i Kjærleiks Eld; dei tvo heldt Bryllaup der og vart eitt i brennande Umarming.

Fyrr var han utanfyri, naar Velsigningi vart lyst; naar Herren tala til sine, var det aldri til han Enok. No skulde han kje lenger staa utanfyri. No hørde han til Guds Flokk og kunde taka Orde til seg som dei andre. Alt det fagre og ljose, alt det høge og herlege, alle dei store Signingar og alle søte Kjærleikords, det var alt til honom. Men Dómar og Vaabønir stod han utanfyri no. Han var kje under Vaabøni lenger, men under Naaden. Aa Jubel; aa Triumf! Og kor vilde kje Orde meir og meir opne seg for han i alle sine Søtleikar og Rikdomar, i alle sine sæle Gaatur og all sin løynde Glans! Han vilde faa symja i Ljos og Liv, kjæte seg i Varme og Sol, svelja og svarme i Guds gode Ting; og han vilde finne Raadir og Hjelp i alle Mot, Trøyst i all Sorg, Lækjedom mot alle Mein, Opplysning i all Tvil, Bot mot all Brest, Kvild for alt Kav, Livd mot alle Stormar. Guds Ord var hans Heim, hans Bu [63] og hans Borg, hans Tempel og Tun, hans Lysthus og Paradis. Men naar dei vonde Dagane kom og Sattan sette inn, daa vilde Orde vera hans Vaapenbu og Festning. Der vilde han finne baade Sverd og Skjold, baade Boge og Pil, og Styrken med; men fysst og sist vilde han finne det som heldt naar alt glapp: den sterke Handi med Naglegape.

Og slik ein barnsleg Hug han hadde fengi til aa gjera Guds Vilje! Det hadde vorti hans Liv no; han kunde kje trivast utan det. Han fortente kje noko med det, men likevel –; um han so skulde koma til Helvite for det, han vilde gjera Guds Vilje endaa. I smaatt som i stort; i kvar ringaste Ting. Han tenkte kje paa anna no enn aa finne ut kva han Far der uppe helst kunde vilja.

Han stod upp um Morgonen Klokka fem; me skulde kje leta oss og kjæle for Kjøte. Gunnar au maatte upp, med alt det han grét og ille lét, og endaa Mor hans

bad for han; inga Avgudsdyrking no; og inga Kjæling og Bløyting! – Men Serina hadde fengi Kregda,ⁿ⁸ so ho slapp; alltid skulde det gange so godt for henne. So vart Dagen vigd med Song og Bøn. Drengen og Gjenta laut og vera med; Enok var Husfar og andsvarleg for deim alle. Men han fekk dei kje til aa leggje seg paa Kne. ^[64]Ho Anna slapp au; ho var so langt paa Veggen med det femte. Men Gunnar maatte til, endaa han vreid seg stygt. So las Enok Bøni av den «aandelige Kjæde.»

Etter Bøni fekk dei seg Mat. Og ved Matborde skulde det vera stilt; me skulde hava Vyrndnad for Gud og Gaavune hans. Og me skulde tenkje paa, at Gud sjølv var tilstades, so me ikkje vanhelga Maaltidi hans med Tøv og Tattl.ⁿ⁹ Fyri og etter Maten Bøn og eit Salmever.

So gjekk Enok til Arbeide sitt full av Annhugⁿ¹⁰ og Glede.

Arbeide hadde vorti som nytt for han no. Det var kje lenger Trældom og Slit og Sut for Mammon; det var Gudsteneste.

For Livsens Naudturft vilde Herren syte. Ikkje for den Skuld arbeidde me. Me arbeidde fordi Gud vilde at me skulde arbeide.

Ein herleg Tanke var dette: at me i sjølve vaart Kvardagsstræv kunde dyrke Gud. Enok var Guds Tenar, um han so stod i Mýkdungen. Det ringaste Arbeide var likso heilagt som Bøn og Song; Gud hadde fyrisett oss det; det var hans Arbeid. Og no tvila kje Enok um Signingi lenger; skulde kje Gud vilja signe sitt eigi Verk?

Ein Morgon gjekk han rundt i Løu og ^[65]Fjos, i Kjeldar og paa Loft og all Stad, og heldt for seg sjølv ei serskild Høgtid.

Aandi hadde lært han aa sjaa, at det var ikkje hans, det som her var. Eigaren var han Far i Himilen. Og han sagde fraa seg i sitt Hjarta Eigedomen til alt. «Deg, Herre, høyrer Jordan til, og all dens Fylde!»

Sjølv var han berre Brukar, Laanar, Forvaltar. Og han bad um Naade til aa faa vera ein trugin Forvaltar. «Lat Sattan aldri faa forføre meg, so eg segjer noko av dette aa vera mitt eige! Lat meg bruka det alt etter din Vilje og til di Ære, so at du ein Gong kann segja til meg: 'Du gode og trugne Tenar, du hev vori tro over lidet; eg vil sette deg over meget; gak ind til din Herres Glæde!'»

Men enno var han kje ferdig. Det sværaste var att. Stod der kje at me skulde forsaka «alt det som var oss kjær i Verdi,» so Guds Vilje kunde hava Framgang i

oss?

Han sagde fraa seg Kone, Born, Skyldfolk, Venir; ingin annan Kjærleik vilde han hava til deim enn den som Jesus kravde, den aandelege Kjærleiken, som berre tenkte paa aa frølse Sjæline.

So randsaka han seg sjølv og sitt Hus, kva meir der kunde vera aa ofre.

Han fann Tøbakkje; det kasta han paa Elden. Men der maatte vera meir.

^[66] Han forsvor alle Gjestebod og all Moro; aldri vilde han smaka ein Dram, aldri høyre Felelaat, aldri tala med Folk utan um Aalvors Ting, og aldri lesa verdslege Bøkar.

Forteljingar og Skildringar fraa Ferdir og framande Land, det hadde fyrr vori hans beste Tidtrøyt. Baade Kveldar og Sundagar hadde han siti med slikt Vas, og Djevelen hadde havt ei god Hjelp i denne Lestren til aa halde han burte fraa Herren. Han granska Bokhylla si og fann tvo Bøkar fraa si Skulemeistartid, som skulde paa Elden: «Erindringer fra en Reise i Sibirien», og «Snorre Sturlesøns norske Kongers Sagaer». So fann han «Gjest Baardsøns Levnetsbeskrivelse»; ja; den handla um ein Syndar som var komin til Ettertanke; – den fekk han vel spara. Ein Aargang av «Almuvennen»; paa Elden med den. «Skilling-Magazin» ... den høyre Boksamlingi til, og skulde dit inn att, so snart det vart Preike. Sistpaa fann han nokre Avisblad fraa seinare Tid; dei sende han til han Per der nord med den Fraasegni, at han vilde kje hava Bladi lenger.

Bøkane bar han aat Kjøken og vilde leggje dei paa Skorsteinen. Anna kvakk; «vil du brenna dei dyre Bøkane?» – Ho hadde sét paa Mannen sin med halvredde Augo i heile Dag. Daa var det som han umraadde seg. ^[67] Det vart til det at han gjekk paa Lofte med Bøkane og hivde dei ned i Rapekista.

Paa Lofte hekk nokre gamle Skinnklæde som han fekk Auga paa; daa vakna ein ny Tanke i han.

Han saag nedetter seg: desse Klædi han gjekk i, dei var mest nye. Alltid hadde han havt det med det; innbilte seg, at han var ein berleg Kar; vilde gjerne gange hamslegt klædd, sjaa godt ut; – Øienslyst, Faafengd, den gamle Adam. Burt med slikt Fjas og syndig Lyst. Han skifte paa seg Skinnklædi.

Brøkane var oppkrøpne og stutte med store Krokekne; Kufta for lita og bøtt og skral; men det skulde kannhende ikkje vera godt nok aat denne Syndelikam? Ei lita rund Skinnluve med Skyggje og svart Saudskinnskant fann han og sette

paa Hovude. Ned i Gangen stod eit Par Tresko; dei kunde kje heller freiste til Faafengd, tenkte han. Og han bytte dei paa seg.

Daa kjende han seg so god og glad. I desse Klædi var han liksom endaa meir trygg mot Sattans Aalaup.

Ho Anna kom or Kjøken i det same; kvakk so ho kvitna; kva var dette for ein Fant? – So var det han Enok. «Men i Jøssu Nam, kva er det, du finn paa?!» – «Du skal ikke tage Herrens din Guds Navn forfængelig,» sagde han.

^[68] «Du vil vel kje gaa ut i den Bunaden der?» – «Veit du kje at Gud gjorde Adam og hans Hustru Kjortler av Skinn og iførte dem? – so er vel Skinn godt nok aat oss au, tenkjer eg.» Han klakka i Veg paa sine Treskor, og det frasa og skraava i dei gamle Skinnbrøkane. *Var* han galin? – –

– Heile Huse vart umstellt. Anna maatte gjeva etter, Stig for Stig. Kvart Paafynster han kom med var «Guds Vilje»; og til alle Motlegg svara han med Bibelspraak. Det hadde alltid fylgt Age med han Enok; men no vart det meir: det vart Rædsle. Ho kunde kje hjelpe det; ho var rædd han. Han var som forgjord. Det han sagde kom som or ei onnor Verd; vanleg Tale og Manns Meining kunde kje naa han lenger. Og under hans kvite Augo og stive kalde Andlit vart ho som klumsa, magtlaus og raadlaus som ho skulde tala til ein Vegg. Stundom gav ho seg yvi og grét; men Graat beit kje paa han meir enn Grunnar.

«Denne Graaten din,» sa han, «viser nettupp at Gud vil det so. Naar Gud vil noko, so græt alltid Kjøte. 'Kjødets Sans er Fiendskap mot Gud'. 'Aanden begjærer imot Kjødet og Kjødet imot Aanden.'»

Han blanda seg inn i dei argaste Smaating. For Gud gjaldt kje vaart «stort» og ^[69] «smaatt»; alt var smaatt for honom; og alt kunde vera stort; han spurde berre etter Hjarta vaart, han; «skikker eder ikkje lige med denne Verden.» Og i Striden mot Djevelen galdt det kje minst aa gjeva Agt paa dei «smaae Ting».

Alt skulde gange ut paa aa «fornegte oss sjølv». «Korsfæste Kjødet med Lyster og Begjæringar.» Agta oss for «Fraadseri og Drukkenskap»; segja fraa oss alt som hørde til «Øienslyst, Kjødslust og eit hoffærdigt Levnet». Aldri gjøde oss med feit eller sterk Mat, og ikkje eggje Gomane vaare med mange Slag eller med kunstig Tillaging. Det skrinnaste og magraste som Gud gav, var endaa for godt aat denne Ormeposen vaar, dette Syndebøle, som me kalla Kroppen. Helse og Kraft vilde Gud gjeva oss naar me bad; me skulde kje ha Magti i Matfate liksom

Grisen. Varm Mat skulde det vera ein Gong um Dagen, men um Sundagen ingin Gong; det skulde vera Kviledag daa, i Kjøken som i Stogo.

Og so skulde me vera nøgde med det som Gud gav oss. Det som vaks paa vaar eigin Grunn skulde vera oss baade nok og godt nok. Aldri kjæle for Kjøte med Kaupemat. Og denne Kaffidrikingi som Folk tok til med i seinare Tid skulde me serleg halde oss ifraa. Hadde det vori Guds Vilje at me skulde drikke ^[70]Kaffi, so hadde han lati Kaffien vekse i vaart eigi Land.

I Klæde og Husbunad skulde me bruka same Maaten. Kaupety var Faafengd og Augnelyst. Likso gali var det aa setja Fargar paa Ty eller Ting; dei Litine Gud hadde sett, skulde vera oss vene nok, og me skulde kje vilja rette paa hans Arbeid. Vilde me kje gange kvitklædde, so kunde me halde svarte Saur og veva Ty av den Ulli som dei gav. Og elles kunde me gange i Skinn, som var den Bunaden Gud serleg hadde gjort aat oss.

I Huse skulde me halde Orden og god Skikk; Gud var ein Ordens Gud og lika kje Sumling. Mat millom Maali vilde han kje vita av; Borni skulde kje heller eta til andre Tidir enn dei vanlege. Dei skulde hava Vyrdnad for Guds Gaavur, dei au. Med Sanning og i alle Maatar vilde Enok kunne segja som Gideon: «Eg og mitt Hus, me vil tjene Herren!» –

Ho Anna gav upp aa stridast med han. Det kunde ikkje nytte; den Ridi han no hadde fengi, maatte gange yvi av seg sjølv. Ho fekk heller freiste aa jamne paa det verste i Løyndom; den fekk bruka Vit som Vite hadde. Endaa godt, so lengi han ikkje læste ned for henne og tok Lyklane ...

^[71]Det skulde nokon ha sagt henne dette, daa ho flutte til Haave Gardmannskøne i Ungdomens Tid! Aa ja, ja; Verdi hadde nok for oss alle. Berre det ikkje gjekk gali med Vite hans Enok!

VIII.

Det vart stilt i Huse.

Hans var flutt; ho Marta vilde flytja so snart ho slapp til; alle gjekk og sturde og tagde. Men Treskorne hans Enok klakka og banka Huse rundt snart her og

snart der, og det tasla og skraava i Skinnbrøkane hans som Kviskring i Kræane. Det saag ofte ut som han gjekk paa Lur; ein visste aldri rett kor ein hadde han.

Ute song Nordvesten sin tunge Song. Det braut i Novine og blistra i Karmane. Lufti var graa av Snø som dreiv; og Jordi laag frosi og stiv og daud, med svarte Flekkir og skitne Fennar.

Folk var mest aldri aa sjaa. Det var som dei var rædde. Ymse Segnir gjekk vel i Bygdine no um han Enok Ut-Haave. Av Gardsfolk kom det kje andre enn han Per der nord; han hadde nok og fengi som ein Kvekk i seg av det, som hende her i Haust med han Napolon. ^[73] Men det dovna snart av att med Heilagdomen hans Per; og so vart han au burte. Det kunde vera soleis stundom, at ho Anna var glad berre det kom eit Legde-Menneskje til Hus, ja um det so var Fantar; det var daa eit Umskifte. Litegrand Drøs vart det gjerne au, so vidt ein fekk høyre Manna Maal og ikkje stødt sat nedtyngd av denne Stilla.

Gamle Legde-Guri vart til stor Hjelp; ho hadde fengi det godt for seg i seinare Tid og kunde røda med han Enok. Skral var ho, sjukleg og einøygd og halt; men endaa var der Vît i henne; og mang ei lang Skoming og mang ein seig Kveld fekk ho til aa gange i Samtale med han Enok um Blode og dei fem Saari, eller um Sattan og dei høge Freistingar; stundom antrast dei au. Det kunde vera vent aa høyre paa sùmetider; og Guri sa Enok Ting, som han kunde hava godt av; serleg um det at han «brydde seg med for mange Ting». «Kun ét er fornøden!» – smilte Legde-Guri.

Ein hende Gong kunde det koma ein av dei gamle Hauge-Venine; daa vart det svært gildt. Dei hadde ein mildare Maate enn han Enok, og ho meinte han maatte hava godt av aa røda med deim. Elles kom dei godt til Lags med han. Han var nok vel strid i sùmt, totte dei, helst i Smaating; Gud kravde kje slikt av oss; og det kunde føre til Sjølvrettferd ^[74] og Farisæardom. Men Enok greidde seg. Det hadde vorti hans Hug no, sagde han, aa lata Gud raa i alt; og «derpaa skulle vi vide, at vi kjende Gud, at me holde hans Bud!» Daa sukka dei gamle og sagde: «du er høgt benaada, Enok. Men du maa ikkje vera for trygg!»

Ein Laurdagskveld kom Lars Danielsen fraa Nese. Daa fekk ho Anna slik ei god Von. Kunde den Mannen faa Tak paa han Enok, so vilde visst mangt besne. For Lars var opplyst og klok, attaat han var gudeleg. So var der og slikt eit godt og lindt Lag med han, og han hadde ei serskild Gaave til aa stelle seg med Folk.

Han og Enok striddest mykje, og tokst heller hardt um sùme Ting, serleg um den «evangeliske Frihed»; Lars heldt fyri at Enok gjorde Evangelie for mykje til Lov; og det vilde kje Enok høyre. Men i Grunnen samdest dei godt. Det var berre ein Ting som galdt for deim baae: «Jesus Kristus og ham korsfesta.» Og naar ein samdest um det, kunde ein godt bera yvi med kvarandre i mindre Ting; «hvo som æder, foragte ikke den, som ikkje æder,» sagde Paulus. Dei heldt Bøn saman um Sundags Morgonen; og Anna totte det saag reint godt ut.

Men endaa vart dei Uvenir fyrr dei skildest.

Enok vilde kje laane Lars Hus til Uppbyggelsar. At Lars vitna «for sin Bror, naar ^[75]han møttest med han paa Veggen», det var rett nok og godt; men tala Guds Ord i Forsamlingi, det hadde ingin Rett til utan dei som av Gud var innsette til det. Gud var ein Ordens Gud; han hadde sett kvar i sitt Kall og vilde at me skulde tena han der; han brydde seg kje um sjølvbedin Dyrknad. «Om vi have en Tjeneste, daa lad os tage vare paa Tjenesten», skreiv Paulus. Striden vart hard; og det fall djerne Ord. «Du maa kje tru anna», sa Enok, «enn at eg au hev vori freista til aa fara um og halda Uppbyggelsar; Kjøte freista meg sterkt ei Stund; for der var Æra aa vinna med det, og maklege Dagar» (Lars kremta og raudna); «men eg spurde meg fyri i Guds Ord; og der fekk eg tydeleg Opplysning. Naar du uppkastar deg sjølv til Lærar, sa Aandi til meg, so forsømer du for det fyste ditt eigi Kall; men du gjer det som verre er: du lastar Gud. Du segjer liksom til Gud, at han ikkje hev gjevi oss Lærarar nok; eller gode Lærarar nok; at han ikkje hev stelt det godt nok aat oss, so at du tykkjest maatta hjelpa 'n; men det er aandeleg Hofferdigheit, Lars, og Synd.» Lars forsvara seg baade kvasst og godt; han hadde Kalle av Aandi, um han ikkje hadde det ytre; mange var Leigesveinar, um dei aldri so mykje hadde Kongebrev ... Men Enok gav seg ikkje. «De Myndigheder, som ere, er forordna av Gud! ^[76]— Og me skal kje setja oss imot Guds Forordning, um me aldri so mykje tykkjest ha «Kall» til det; det Kalle er kje av Gud; det kann likso godt vera av Kjøte.» Dei skildest med Bønir til Gud um Opplysning for kvarandre, og Lars var heller raud i Andlite daa han gjekk. —

— Dei einaste Dagane ein kunde hava det paa vanleg Folkevis, var naar han Enok var burte.

Ein Dag var han paa Aase i Fatig-Kommissionen; og endaa Kvinnfolki hadde Klædevask, og endaa Gunnar maatte liggje i Kjeldaren og pila rotne Jordeple,

vart det mest som Høgtid i Huse. God Mat vanka der, og Drøs og Laatt; men Gunnar pila ei halv Bytte Eple i rivande Hast og sette seg so til i Kammerse med Karjolen sin, som han aldri fekk arbeide paa no, sidan han Far vart soleis.

Det var eit raatt, kaldt Vêr; Snøen fall blaut og tung, og Lufti var sur og uhugleg. Ein Kopp Kaffi skulde smaka godt no; og ho Anna hadde att litegrand fraa fyrr; det maatte ho daa ha Lov til aa bruka. Elles kom kje han Enok heim fyrr i Kveld. Og Gjenta var van med ein Kopp Kaffi paa Vaskedagar. Snart stod Huse fullt av frisk, god Kaffidaam, og Kvinnfolki vart so blide og glade, at det baade lyste og lo av deim.

[77] Men um det var eit Hende eller det var Fantenskap: daa Kjelen koka som best, kom han att, han Enok.

Ho hørde han i Gangen og kvakk so ho fekk vondt. Kjelen av Kroken og burtunder Benken; Hjarta hamra og Øyro song ... so gjekk Døri upp; og Enok stod der.

– – Berre stod der.

Ei fæl Rædsle var det som fylgde han; ho hadde kje gjort noko vondt, og endaa vart ho som lam; Stiringi hans kjende ho i Ryggen. Og det vart svart og stilt ikring henne som fyri eit Uvêr.

«Er det paa den Maaten du er Mannen underdanig ... ligesom Herren», kom det seint og kaldt.

Eit innvondt, tungt Sinne koka upp i henne, og ho fann det ho skulde svara –:

«Det var vel kje Meiningi at eg skulde kasta ut den Kaffien som var att?» Ho stod med Ryggen til han og studde seg innaat Benken.

«No skal du kje gjera Hjarta ditt til ei Røvarkula, Anna. Du visste godt at eg vilde kje dette. Det var difor du vilde lura deg til med det naar eg var burte. Men der er ein som ser alt; og han stelte det so, at eg kom yvi deg. No kann du lata det vera deg ein Lærdom til ein annan Gong. Noko Kaffislabberas [78] skal der kje vera i mitt Hus; og vil du kje sjølv slaa ut dette Brennvatne, so skal eg gjera det.» Han kom nærare.

«Slaa ut – Guds Gaavur!» ho laut setja seg beint ned. Ho hadde aldri høyrte so fælt. Dei Augo ho sette paa han var so skræmde, at han vart mest uroleg.

«Hadde det endaa vore Brennevin!» heldt ho fram. «Men eg hev daa so

mange Gongir havt godt av ein Drøpe Kaffi, helst naar eg hadde denne Verken under Bringa; – og det ser nok ut til, at den skal ... faa halda paa ...» ho kava med Graaten.

– «Er du sjuk, so skal du beda Gud um Hjelp; det er han som straffar deg for Syndine dine.»

«Eg tenkte me skulde brùka dei Raadine han hev gjevi oss, eg», hiksta ho.

«Beder for kvarandre og bekjender Synderne for kvarandre, at I kunne læges, stend der.»

Men no skulde han ha det; ho var so harm, ho vyrde inginting –:

«Eg visste kje anna enn at eg au skulde ha eit Ord aa seia her i Huse. Eg kom daa kje so naki til Gards. Men» ... skræmd av sitt eigi Mod skunda ho seg aa falle av att. «Naar der aldri skal vera Fred aa faa, so ... fær du vel truga deg fram i alt; du veit, eg er ^[79]berre eit stakkars Kvinnfolk og ... hev ingin til aa ... forsvara meg ...» Graaten kom; – «og naar det er so ... at du ikkje timest til aa ... unna meg so mykje»

«Der maa vera reint noko Djevleskap i denne Kaffien, naar han kan vera so kjær for Kjøt og Blod. Dess gladare skulde du ofra han, – liksom eg ofra Tøbakkje.»

Han kom fram og tok Kjelen; gjekk so aat Bakdøri.

«Ja spøkjer kje dette for einkvart –!» ropa ho rædd. «Det kann koma den Dagen, daa du vert so fatig at du lyt beda um ein Kopp Kaffi for Guds Skuld!»

– «Eg og alt mitt er i Guds Hand,» sagde han, mest skræmd. So gjekk han ut og slog Kaffien paa Dungen.

Daa han kom inn att, var ho Anna i Seng. Han forstod nok kva det var: ho vilde paa si Kvinnfolkvis skræme seg fram; men han fekk gange Guds Veg han, so gjekk det vel yvi. «Kor er han Gunnar?» spurde han.

«– Eg totte du jaga han aat Kjeldaren i Dag», sukka ho innvondt.

I det same rörde Gunnar paa seg ut i Kammerse. Han munde ha høyrte det. Stakkaren hadde kje tort lida seg heile Tidi sidan Far hans kom; no fekk vel han og svide. Ho breidde Dyna yvi seg og vilde kje høyre meir.

^[80]Men daa Gunnar fekk Ris uti Kjøken, skreik han so jammerleg at det nytta kje korkje Dyne eller Dott. Ho høyrde alt; og det skar i henne som med Knivar.

Ho fekk ei Skjelterid so ho vart mest rædd; krabba upp i Sengeskaape og tok Hoffmannsdropar. Men daa Enok kom inn, fekk ho segja han eit Ord so brennande, at det gjorde henne godt langt inn: «du fær be' Marta koma upp; eg kann maatta ha Bod etter Jordmori!» –

Og Gudskjelov; ho saag at det gjekk i han Enok. –

– Men Gunnar laag i den svarte Eplekjeldaren og harma seg paa Far sin og grét.

Aldri fekk han den Karjolen ferdig! Men det laut bli ei Raad lel. Han fekk arbeide um Sundagen.

Annan-kvar Sundag var det Preike i Aasekyrkja; daa gjekk han Far dit, og so var Gunnar fri. Det var berre den skarve Leksa; men den fekk han heller lesa paa um Laurdagskvelden.

Men daa næste Preike-Sundagen kom, fortalde Enok, at han vilde slutte med Kyrkjegonga.

Han hadde ingin Vanvyrdnad for Embætte; det var ikkje det. Og han visste at Orde var like godt for di um det vart forkynt av eit Verdensbarn. Men Gud vilde at han skulde ^[81]vera Prest i sitt Hus. Til Kyrkja kunde han kje faa alle med; og naar han gjekk burt, var han rædd det gjekk ymist med Gudstenesta heime; dermed fekk han halde seg til Husar sjølv, so at ingin av hans skulde vante Næring for Sjæli.

Gunnar grein av Sinne; so tok Graaten han. Og han fekk Ris so han mest vilde kikna. Dermed var den Voni sløkt. Og Sundagen vart den verste Dagen i Vika.

– Men for Enok var det den sælaste.

Daa fekk han forlyste seg i Orde fraa Morgon til Kveld, reint som svire i Orde og Naaden. Gud førde han paa sine grønaste Beite og til dei klaraste Kjeldur; han fekk feite seg som Øyk i Eng og solke seg som Barn i ein Solbakke.

Fraa Buakammerse vart det grøne Borde flutt inn; det skulde vera aandelegt Matbord, liksom det raude Borde var Matbord for Likamen. Leseborde vart sett millom Vindaugo under Spegilen, so der kunde vera ljost; Matborde maatte nedi Myrkekroken 'med Døri. So stod Enok ved Leseborde og var Prest i sitt Hus, og Andlite smilte med sin himilske Smil; og Munnen svelgde og smatta som i Vellyst.

Aa, kor godt og trygt det var aa vera her saman med Jesus i den sötaste Kjærleiks ^[82]Umgang. So kunde det gjerne storme der ute; og Himilen kunde gjerne vera graa og kald. Og naar dei svarte Tréi der ute susa og skreik um Vinter og Daude og all Tings Faafengd, so kunde me herinne svara med Fagnarop; kva skilde det oss um Verdi var kald, naar me hadde Soli og Ljose midt ibland oss?

Men i Skùmingi, naar han ikkje saag lenger, sette han seg ned og rødde um Gud. Fortalde kor godt han hadde det no, og kor vondt han hadde havt det fyrr; forklaara kva Gud hadde synt han og lært han sidan sist; tok uppatt fraa Tekstine slikt som han hadde merkt seg iser, og gjorde Tilmaatingar av det paa deim som var til Stades. Ho Anna kjende ofte at det var henne det galdt; han Gunnar fekk sitt kvar Gong, han; og var Marta inne, so var der eitkvart aat henne au, mest for di at ho gjekk paa Garden um Sundagen istadenfor aa vera inne aa tena Herren.

Gunnar var reint raadlaus i Fyrstningi. Alltid laut han sitja inne og høyre paa; men so sovna han, og daa fekk han Ris. Sidan laut han staa ved Borde, naar Far hans las, um han daa kunde halde seg vakin. Det hjelpte eitgrand. Men Johan Arndt var uendeleg. Der var «syv væsentlige Stykker, som hørte med til den sande Kristendom,» og um Gunnar stræva aldri so hardt, so klara han ^[83]seg kje lenger enn til midt uti det tridje. Endaa stræva han ei Stund; stræva; stræva; reiv seg i Augo; tenkte paa Rise; «men dette er Troens sande Fundament og Grund ... og ingen kan komme til Gud uden en sand Erkjend ...» Rise, Rise; «thi der er ikke Salighed i nogen anden, ei heller er der noget Navn ...» Gunnar dubba. Dubba og skvatt uppatt; dubba ... og skvatt uppatt. Dub–ba ... og sov. Aah!! – vakna av ein Smell; det gjekk kvitt for han, Skodd; uf, der var han Far; – Rise; han maatte vakne.

Men han fann ein Utveg tilslutt likevel. Det gjekk betre naar han ikkje hørde det Slag paa han Far, men berre tenkte paa Karjolen. Korleis Karjolen skulde vera; korleis han vilde gjera det og det; kor han skulde faa Maaling ifraa, og kva Maaling der skulde vera paa kvar Ting. Dette tamde han seg upp i etterkvart, so det stundom mest vart likso gildt som han skulde havt Karjolen for seg. Sidan fann han paa meir, bygde Kvernhus, gjorde seg Baatar, tenkte ut ei Greide som han skulde kunne gange paa Vatn med; tilslutt vart denne Tankeleiken so gild at han dreiv 'n til andre Tider au, og ikkje berre um Sundagen. Men harmelegt var det aa sjaa, at ho Serina skulde hava det so godt; ho lurde seg berre attum Stolen

til Mor si ho, naar han ^[84]Far las; og der sat ho og blunda og sov so mykje ho vilde.

—

– Enok skýna at her vart nok Strid. Men han fekk berre vera glad. Ein Jesu Fylgjesvein skulde hava Strid i Verdi.

Og han skulde nok vinne; for no hadde han Hjelp. Hjarta henner Anna bøygdest nok naar Tidi kom, og Borni var han heller ikkje rædd for. Dertil bar han deim for trutt fram for Gud, og lét Anden verke paa deim gjenom Orde seint og tidleg. Og um Gud kannhende vilde prøve han ei Stund, so skulde han kje tapa Tølmode. Med Gunnar var det verst; den gamle Adam var svært sterk i honom; men Gud vilde nok hjelpe. Og so hadde han gjevi oss ei herleg Gaave i det mjuke, kvasse Bjørkeris. Aa, for ei sæl Stund det skulde verte, naar han ein Gong kunde segja med Gideon: her er eg, Herre, og alle dei du hev gjevi meg!

Verdi vilde spotte og læ, og Folk vilde tru han var galin; men aa bli hædd og spotta for Jesu Skuld var det sælaste av alt. Og som Arndt sagde: di meir ein vart hædd av Heimsens Born, di vissare kunde ein vera um sin Kristendom. Det kom nok den Dagen, naar han kunde læ og dei laut graate.

Den verste Striden fekk han vel med seg sjølv. Um han fekk vera paa Tabor no, ^[85]so maatte han kje tru at *det* skulde vara æveleg.

Han visste kor han var veikast, og kor Sattan vilde setja inn; Elsk til Verdi og Sorg for Næring hadde alltid vori hans Kjælesynd. Her var det daa det galdt um aa vera paa Vakt. I sitt Hjarta hadde han sagt Verdi fraa seg; no galdt det aa trengje ho ut or Tankar og Hug, so ho ikkje skulde snikje seg innpaa han att. Vaka og beda; vaka og beda; syvjast han aldri so lite, kunde Fienden snart faa eit Tak.

Han bad til Gud um eit sterkt Ord til aa stengje Verdi fraa seg med; og daa han ein Dag i desse Tankar slog upp Bibelen, fall Augo hans paa det Jessu Ord: «Sørger ikke for den Dag i Morgen.»

Der var Orde. Han lyfte Augo til Himilen og takka Gud. Med det Orde kunde han stengje Verdi fraa seg som med ein Koparmur.

Ikkje tenkje lenger enn han saag; liva heilt med Gud i den Stundi han aatte; det var Tingen. So snart det kom ein Tanke paa «sidan», ei Sut for Framtidi, ein Draum um komande Ting, – «sørger ikke for den Dag i Morgen!» vilde han segja til seg sjølv, og Sattans Kunstir vilde brotne.

Han vart vaat i Augo av Glede og Takk. Kva hadde det paa seg aa slaast med

Satan, ^[86]naar Gud sjølv gav han si fulle Rustning! For ein Rikdom av Styrke og Kraft der laag i kvart minste Guds Ord, berre ein hadde Andens upplatne Augo til aa sjaa med!

– Og Enok vandra i Ljose. Han slog ein Bøne-Ring um dette «her» og «no», og livde med Gud i Augneblinken. Daa var det som alle jordiske Tyngdir og Sutir lyftest av. Han sat gøymd i Gud som inni ei Skjoldborg.

Alt som ikkje tydeleg var Guds Vilje vart uhuglegt. I uklaare Tilfelle gjorde han det som baud mest imot for Kjød og Blod; daa kom han Guds Vilje nærast. Og Andi vitna daa med han, at han var paa rett Veg. Men var han veik og gjorde etter Kjøte, vart han strakst uklaar i Samvite. Det kom som Skyir for Soli; det kolna og myrkna i Hjarta hans. Anden arbeidde i han all Tid, so at Samvite vart for kvar Dag gløggare.

Han las i Testamente det store Domar-Orde som skal skilja millom vonde og gode paa hin Dagen. «Dei svoltne gav dé Mat; dei tysste gav dé Drykk; dei framande tok dé til dekon; og so mykje som dé hev gjort mot desse minste Brørane mine, det gjorde dé mot meg!» Og han snudde seg til Kona si og sagde: «Høyrer du Anna? Han Far vil, at me aldri skal negte Fatigfolk Mat eller Hus. ^[87]For det me gjer mot deim er som me skulde ha gjort det mot Jesus.»

Ho Anna vreid seg. «Du veit her gjeng mange,» freista ho. «Det skal du kje syte fyri,» sagde han. «Di fleire her kjem, di større vert Løni vaar i Himilen!» –

Ein Dag kom han med eit nyt Paafynster. «No ska du faa eit Jesusbarn i Huse,» sagde han.

Ho saag paa han; kva tru han no meinte.

«Enkja paa Heialand,» heldt han fram, «var her og klaga seg so av Naudi; og so laut eg lova aa taka ei av Døtrane hennar til oss, so det kunde verte litt lettare for henne. Eg veit det er Guds Vilje; og eg kann kje tru at du hev noko imot det?»

Anna sukka tølmodigt og tungt. «Kor gamal er ho?»

«Ho er paa Lag tolv Aar. So ho kann verte til Hjelp for deg au ... no, naar ho Marta flýt fraa oss.»

«Ja me skal daa vel ha Gjente att?» – ho vart uroleg.

«Kann du finna ei Gjente, som held seg til Frelsaren, so kann du ta henne ... men noko Verdensbarn vil eg kje vita av meir.»

Anna snudde seg ifraa han.

«– – Eg vil kje feste Dreng heller», tok han frami att og gjorde seg fjaag. «Eg veit at Gud er sterk i den veike; og han vil nok hjelpe ^[88]meg. Og kann han hjelpe meg, so hjelper han deg au, naar du bed til han. Ho Serina tek au til aa vitrast.»

Berre ho kunde skyna, korleis det var med Vite hans – –

«Det er kje anna enn Vantru aa halde Tenarar. Det er som me ikkje trudde Gud kunde hjelpe oss med det Arbeide han sjølv hev lagt paa oss. Me skal berre tru. Hadde me Tru som eit Senapskorn, so kunde me flytja Berg, veit du.»

«Ja ... naar du plent vil ha Ende paa meg, so –! Eg er snart so lei av meg», kom det med graatkvævt Maal, «at det mest kann ... vera det same.»

«Du skal sjaa det gjeng betre enn du trur!» trøysta Enok. «Han hev all Magt i Himilen og paa Jordi; det vesle Stræve ditt er inginting for han. Gud er sterk i dei veike; du skal berre hugsa det; – og so beda.»

Han trampa i Veg paa sine Tresko og saag blid ud. Anna stod etter modlaus og mødd; Taarir rann, men ho kjende det ikkje.

IX.

Skulen var ventande; og Anna gledde seg til dette.

Den Vika kvar Haust og Vaar naar Skulen var i Huse, det var ei gild Tid. Vel fylgde det Uro med Skulen, og ikkje so lite Stræv; men so var der og so mykje som var huglegt. Berre aa sjaa paa alle desse friske Borni –; mang ein tung Tanke kunde det drive burt. Dei tok Verdi lett, dei smaae; dei hadde kje mykje Bry for den Dagen dei ikkje saag, dei. Det kom deira Tid og; men so hadde dei det no godt so lengi det varde. Og so lika ho so godt aa sitja inne med Rokken og høyre paa, naar Skulemeistaren spurde Leksune. Dei Stundine hadde ho reint godt av. Um ho ikkje lærde so mykje nytt, so fekk ho daa friske paa mangt som kunde vera gløymt; og so mintest ho so godt den Tidi daa ho sjølv var lita. Jamenn var det ofte so ho totte ho livde sin eigin Barndom uppatt i desse Timane.

^[90]Og naar det leid til Kvelden og Skulen slutta, og Skulemeistaren sette seg til millom Husens Folk og rødde med deim, so kunde det vera ikkje mindre gildt.

Mykje kunde ein faa Greide paa som ein aldri hadde visst; og um dei kom til aa skjemte og læ, so vart det daa aldri noko Heigraskap.ⁿ¹¹ Dei hadde vorti so kjende med han Tarald Aksdal, at det var mest som han skulde høyre Huse til; og det vart Sorg baade paa store og smaae her i Haust, daa det vart til det at han skulde gjeva upp Skulen.

No skulde dei hava denne unge Son hans Torkjell Tualand, han Tønes; so det kunde vel spyrjast, um det vart fullt so gildt. Dei kjende kje denne Guten; han hadde vaksi upp hjaa ein Farbror sin lenger sør, og dei visste berre at det skulde vera ein Raring. Aldri hadde han haldi Lag med hin Ungdomen, og aldri hadde dei fengi han til aa arbeide; han berre vilde lesa og skrive, han; og dei sa endaa, at han dikta Visur; so hadde daa Farbror hans sendt han av paa denne nye Skulen der sør, «Lærarskulen» dei kalla, so han kunde bli Skulemeistar. No fekk me daa sjaa. Glup til aa skule laut han vel vera, naar han hadde vori av og lært det; og det kunde vera godt det au, helst for han Gunnar. For det gjekk ^[91]smaatt med Gunnar i dei boklege Ting. Han hadde nok Hovud, men det vanta paa Huguen.

Underleg nok høyrdest det elles ut til at Guten sjølv gjerne vilde i Skulen no. Men dette hadde sin serskilde Grunn, som ho Anna ein Dag fekk høyre.

Far hans hadde gjort han ei Skinnbrók; og den skjemdest han so av, at sidan han fekk den, hadde han vori reint som rædd Folk. Mest skydde han sine fyrre Leiksysken, Borni hans Per der nord; men so hadde no og ho Litla-Olina lætt aat han au, daa ho fyste Gongen saag han i Skinnbrök. Tresko hadde han og fengi, som han ikkje var stort gladare i. No visste han at i Skulen fekk han gaa sundagsklædd; og dette gledde Ungen seg so til, at han reint gløymde Uhugen til Boki.

Mor hans laut læ. «So hev daa Skinnbrøkane vori gode for einkvart,» sa ho.

– Men noko leidt skulde det koma her og. Det var reint som det var utgjort.

Det var nokre Dagar etter at «Jesusbarne» fraa Heialand var komi, – ein litin myrkleitt Gjentunge som heitte Jorina.ⁿ¹² Dei sat kring Kòla ein Kveld; Enok banda Byttur, Anna og ^[92]Marta spann, Gunnar og Serina sat og las, og Jorina karda.

Med ein Gong spruta ho Marta i og lo. Det munde vera so løgi det ho tenkte paa, at ho kunde kje halde seg lenger.

«Eg kann kje anna, eg maa læ», orsaka ho seg; so fortalde ho:

Ho hadde stadi utmed Brunnen i Dag, og der hadde ho set denne halvgalne Student Olsen koma svingande. Han gjekk med lang Frakke og Flosshatt og Stav og var so stram og strak, at det var reint Skil paa. Men so var det det at Veggen var full av Snø, so han kunde kje faa svinge seg som han vilde. Han var paa Storluna si reint, gjekk med Hovude i Nakken og Nasen uppi Lufti; men den rette Svingen kunde han kje faa paa seg med alt det han dibba og dabba; aa, det var so løje, at –! «Men – hi-hi! – det munde vera haalt paa Veggen eller kva det var; hi-hi; med ein Gong rauk han baklengjes so lang han var; Rauvi i Snøfonni og Føtane til Vêrs; og Hatten til den eine Kanten og Staven til den andre; og Olsen til aa banne so det lyste um han; hi, hi, hi! eg lo so eg hadde mest vondt av det.»

Dei andre lo med; berre Enok sat streng og aalvorleg og banka paa sine Bytteband. So saag han upp; glodde paa deim.

^[93] Det vart stilt. Kvar tok til att med sitt; ho Marta vart raud og lét Rokken snurre.

– «Me skulde nok ikkje læ», sagde han Enok. «Jesus lo aldri.»

«– – Ja tru det nyttar for oss aa mæla oss med honom ...» Anna hadde stogga Rokken sin og stelte med Snella noko.

«Me skal no fylgja hans Eksempel. – Og so skulde me hugsa paa, at me skal gjera Rekneskap paa Domedag for kvart unyttigt Ord, som me heve tala.»

Rokkane kapp-surra.

– «Det stend kje so i mi Forklaring», vaaga ho Jorina seg til, med Kremting og Raudning.

«Kva stend det der daa?» spurde Enok fjaagt; han lika nok dette «Jesusbarne.»

«Det stend: 'hvert utilbørligt Ord, som I have talet,' hm»; ho var raud som ei Glo.

«Aa; hev du fengi fat paa den galne Forklaringi du au. Ja, den skal du brenna, Jorina. Eg fær heller kjøpa deg ei ny, naar eg kjem til Byn att.»

Anna og Marta sat og glodde.

«Kva seier du; er ho ikkje rett, den nye Forklaringi?»

«Der er tvo nye Forklaringar; ei kann vera rett nok, men den andre er vrang.»

[94] «Ja men ... kann dei ha Lov til aa gje ut slikt daa?»

«– – Dé veit, der skal koma falske Kristi og falske Profetar i dei siste Tidine. Og dei skal vera so fine og sløge at dei skal forføra dei utvalde au, um det var mulegt. Denne Presten Wexels er nok slik ein falsk Profet. Gud hev gjevi han yvi i kraftige Vildringar, at han skal tru Lygni.»

«Det var fælt.» Rokkane tok til aa svive att.

– – «Aa ja», sukka Enok; «det er fælt. Ein maa berre beda Gud vara seg ... og fri oss fraa det vonde. – Ja tenk, han er komin so langt at han trur der er Naade for deim, som er i Helvite.»

«Nei men –! kann han vera so forblinda?» Rokkane stana ...

«Og dette hev han endaa sett inn i Forklaringi si, so dei einfaldige skal tru det er det reine Gudsord.»

«Kann det vera Raad.»

«Ja ein skulde kje tru det.»

Det var reint stilt i Stogo. Ho Jorina som sat lengst bak drog seg nærare inn aat Ljose.

«Og han skal vera Prest, – totte eg du sae?» spurde ho Marta.

«Ja Prest er han.»

«Ja men han er daa kje Prest no,» [95] meinte Anna; «han kann kje forretta i Kyrkja, veit eg?»

«Me fær vona det. Men han fær gje ut Bøkar, og det er verre. Han kann forføra fleire med det.»

«Eg kann kje forstaa sovore.» Rokkane surra, smaatt og fortenkt.

«– – Han fær vel si Straff ... paa den store Dagen,» sagde Enok; han banka og slog som han skulde havt Presten under Hamaren sin. «Det stend, at 'hvo som forarger en av disse smaa ... ham var det bedre, at der vart hengd en Møllestein om hans Hals og han blev nedsænket i Havet'.» –

«Men at Presten vaar kunde vilja innføra ei slik Bok ... det forstend eg ikkje.»

«Det var det at ho var autorisera; og so meinte vel han at han kunde vera trygg. – Det er nok ei Straff, Gud læt gaa yvi oss, for me ikkje vyrder Sanningi som me skulde. No læt han oss faa Lygn, av di han ser at me elsker Lygni.»

«Ja—ja.»

«Men ikkje skal mine Born gaa paa Skulen; og ikkje du Jorina heller. Me er rædde for aa gje Borni vaare Forgift; men er kje dette mykje verre Forgift, – som drep baade Sjæl og Likam tillike i Helvite! – Eg fær til aa skula dykk sjølv. – Gud vil gje meg ^[96] Stundir til det au, naar han ser at det er so naudsynt.»

Anna glytte burt til han Gunnar, Stakkar; – aa nei, slike stygge Augo han sette paa Far sin.

– Og no fekk kje ho heller nokon Hugnad av Skulen. Ikkje vilde ho sitja og høyre paa, at Skulemeistaren gjekk og prenta falsk Lære inn i dei stakkars Borni.

X.

Ho Marta heldt ut til det femte var komi; so reiste ho.

Glad var Enok. Endeleg var han heilt laus ifraa Verdi; no var alt det gamle framfari. Alt hadde vorti nytt; avstengt og fredlyst laag Huse hans der som eit Tempel; no skulde inkje anna høyrest der enn Guds Pris og Lov.

– Og Dagane gjekk, og Enok fekk vera paa Tabor.

Ingin Ufred, inga Sut; trygg som eit Barn fekk han liva i Naaden. Um han trøytna ein Gong, var det berre aa søkje til Gud; i Bøni eller Orde fann han alltid ny Kraft; og aldri svikta Frelsarhandi. Kvar han gjekk og stod var han i Guds Fang; um han vakte eller sov, livde eller døydde, han visste at han hørde Herren til; og det fanst ikkje vondt som kunde faa Magt med han. Sjøelve Syndi var han fri; han synda nok, og det kvar Stund; men Syndi hadde kje Tak i Hjarta hans; som Paulus ^[98] sagde: det var kje han som synda; det var Syndi som budde i han. Og alt vondt og alt ureint vart dagleg vaska av han i Jesu Blod; han var fri og lett som Fugl paa Kvist, og kunde springe av Frygd som David kring Arken. Verdi brydde han seg inkje um. Han kjende den som var sterkare enn Verdi. Aa store, store ugrunnelege Naade, som kunde gjera ei Sjæl so sterk og so glad, forløyse eit Menneskje som var selt og fordømt, rette upp att alt som Syndi hadde skjemt, binde Sattan og Dauden og alt vondt, so no var han som Adam fyri Syndefalle, og Verdi som eit Paradis, der Gud gjekk um millom Tre og Blom og gledde seg med

Borni sine i den solblanke Vaaren.

Ja Vaar, Vaar var det i Hjarta hans no. Det var som etter ein lang, svart Vinter, naar Soli bryt fram og jagar Skyir og Kjæld, tøymer Vêr og Storm, tiner upp Snø og Is, løyser alle Livsens Kimar og Spirur; so sender ho eit linnt, søtt Regn yvi alt som laag døyvt og daudt; med ein Gong skyt Vaaren upp med Blomar og Lauv og fine Angar, og der kjem Glede og Liv yvi all Verdi. So var det med honom. Alt grødde og grodde; der var varmt og frævt og spirande derinne, fullt av Godhug og Medhug og Kjærleiks Kraft; ikkje kjøteleg Kjærleik, som gjorde bløytin og veik, men Kristi Kjærleik, som gav Aalvor og Annhug. ^[99] Ikkje ein Tanke kunde han tola som var Gud imot, ikkje eit Hugsviv eller Hugdrag som var anna enn Bøn og Lov; kvar Synd han kjende var som saag han Orm millom Lauv; velprydte og fagerte vilde Hjarta hans vera for Brudgomen sin; det var den einaste Umsuti han no hadde.

Og Gud var i alt. I Luft, i Jord, i Vatn, i Eld, i den sterke Storm og den milde Vind, i Arbeid og Kvile, i Svevn og Vaking; berre søkje han der som han var; han var aldri langt burte. Naar Soli skein var det Auga hans som lyste; Regn og Hagl var Hendane hans; men Stjernune um Natti var Engleaugo, Blinking og Maning fraa dei mangetusund som sveiv ikring Gud og venta paa oss; og dei vakte og varde oss paa alle Vegar, studde oss naar me stod, reiste oss naar me glatt; mang ein Gong naar Vinden blakra um Vangane hans, var det som han kjende Veift av kvite Vengir.

Men i Stormen hørde han Guds Røyst, og i Havbrak og Toreslaatt og alt som lét; Guds Røyst tona, susa, rulla gjenom Verdi i alle Ævur. Difor skalv dei Gudlause som ikkje hadde Fred; dei ræddast for Far sin, av di dei ikkje kjende han. Det var som med han Gunnar naar han hadde fari gali; han forstod ikkje at Far hans vilde han vel, naar han kom ^[100] med Rise. Med ein Smil tenkte han attende til den Tidi daa han sjølv gjekk og var rædd; men det hadde havt sin Grunn; den Herre Sabaots Røyst var i Sanning skræmeleg for hans Uvénir.

So godt fekk han hava det, at han stundom laut undrast. Hekk det rett ihop? Kunde eit Guds Barn hava det soleis i denne Verdi?

Han hadde venta paa Strid og Møde, og so fekk han vera paa Tabor mest jamt. Alt gjekk so lett, so forunderleg lett; Gud verka i han baade aa vilja og aa ut-retta. Vart han kje haldin verdig til ei aalvorsam Prøving? Eller kva meinte

han Far, tru?

Alle Guds Mennar tala um Anfektelsar, um Strid og høge Freistingar, um Lutring som i Eld. Og Lars Danielsen hadde beint fram vara han imot aa vera «for sæl»; det kunde vera ei Sattans List, sagde han, til aa gjera han trygg, so han skulde somne av og sidan dess lettare lata seg yvikuve. «Det er som med desse Tre-plantune, han Møller paa Myre set i Glashus: dei renn fort upp dei fyste Aari, og alt ser gildt ut; men dei hev vorti fóse og veike av dei gode Dagane, og so snart som han plantar deim ut, og dei fær freiste Hauststormane og dei kalde Nætane, so folnar dei av og døyr burt, av di dei ikkje hadde Malmen i seg.» Ho Legde-Guri hadde meint ^[101]det same. Sjølv hadde ho det reint hardt ofte med Modløyse og tunge Tankar, men «takka Gud meir for desse myrke Stundine enn for dei søtaste Naadedagar; for naar Herren tukta, so visste ho at han elska.» Skulde kje Gud elske han? Det var Dagar daa dette Spursmaale mest vart 'n til ei Pine.

Men nei. Det kunde kje vera Sattan, som gjorde han so sæl; det var Synd aa tenkje sovori. Berre gjeva seg i Guds Hand og lata han raade. Han Far visste kva som bata oss best, og kva me tolde av godt og av vondt; han vilde nok sende Tukt, naar han saag at det turvtest.

Enok fekk sjaa i det timelege au at han tente ein god Herre; der var Signing og Drygsel i all Ting; det draup Feitt av alt han rørde ved. Alltid hadde han noko aa vende. Og Gud var god med han, so han fekk dei høgaste Prisane jamt, ja stundom meir enn andre; det var som sjølve Verdensborni heller vilde handle med eit Gudsborn enn med ein av sine eigne; dei kjende seg vel sjølve, kunde han tru.

Paa ein annan Kant au hadde Gud velsigna han og høyrte Bønine hans: den litle som var komin no var Gut. Var det kje som Herren yvi-dyngde han med Velgjerningar, ja reint lagde seg ut um aa vise, at han var med 'n? –

^[102]– Det leid til Vaaren; ho Anna spurde korleis han vilde klara Vaarvinna utan Dreng. «Han Far greider det nok», meinte Enok. Og Trui hans vart ikkje skjemd.

Enok hadde gjort Guds Vilje mot Fatigfolk so langt det rakk, og laant deim Matvarur og Fræ naar dei kom og bad; no lönde Gud han for dette. Den eine etter den andre kom og vilde arbeide for det dei hadde laant; og soleis fekk han baade

nok Hjelp og billeg Hjelp; for ein slapp alltid best, naar ein ikkje turvte ut med Pengar. Han tok nok ikkje noko av oss for inkje, han Far!

Til Vinnekar fekk han paa denne Maaten Torkjell Tualand, som med sine fire og femti Aar var ein Ardeidskar so det var svært, naar han berre vilde. Og han vilde, naar han arbeidde hjaa Folk som hadde vori gode med 'n. *Ein* Leide var det med 'n Torkjell: han kunde kje styre Munnen sin. Mest alt reiv han ned paa, og helst paa slikt som Gud vilde me skulde hava Vyrdnad fyri. So naar det ikkje hadde vori for Sælebot Skuld, so hadde han Enok heller vilja havt ein annan Mann i sitt Arbeid.

Men Torkjell hadde fengi det trongt paa sine aldrande Aar. Fyrr sat han paa ein av dei likaste Gardane i Bygdi; men so kom han uppi denne Thrane-Røra og gløymde daa burt ^[103]baade Arbeid og alt; kom i Skuld, og vart med Rettens Magt drivin fraa Garden. Lensmann Aase skulde ha fari hardt fram mot han Torkjell den Gongen, sagde dei; men kor som var eller ikkje var, ut maatte han, og laut tilslutt vera glad han fekk setja seg til paa eit Plass sør i Ramstad-Hei. No livde han mykje av aa arbeide hjaa Folk; og so kunde kje Enok vise han burt, naar han kom og vilde arbeide for det Mjôle han hadde fengi.

– Men Torkjell kunde vera leid.

Det var ein Dag i Vaarvinna. Dei hadde køyrt ut Hævd; sat no med Borde og dugurde. Daa munde Torkjell tykkje det vart for stilt.

«Heh!» skvatra han med sitt snøgge Maal og lagde det lange Bukke-Andlite sitt paa Skakke og blinksa; «eg trur du ser paa Nevane mine, Anna? – Ja ein vert kje kvitare av aa staa i Hævdaløo! Og Sveitten fær ein au ut. Han er kje fjelgare, Mannen din heller.»

«Me skal eta vaart Brø i vaart Ansigtes Sved, veit du.»

«Heh! – han ét kje sitt Brø i sitt Ansigtes Sved, han Lensmann Aase. Han sit inne og røykjer Sigar, han, og gjøder seg med Kalvesteik og Bajas-Øl. Ja-ja. Han hev kje gjort mindre Urett; han kann nok gjø seg!»

– «Ein skal kje banna sitt Folks Øverste, segjer Paulus.»

^[104]«Ja men kva segjer Jessu Syrak: 'hvo som borttager Næring, han dræber sin Næste, og hvo som berøver en Daglønar si Løn, han udgyder Blod!' – Jah, so beintfram sa dei Sanningi i den Tidi. – Men so hev dei daa sett Jessu Syrak i Apokryffen au for det sama.»

«Aa, det er vel kje for det?»

«Ja eg veit kje kva det er for; dei gjev kje Grunnar for seg, som Magti hev.»

– «Du skulde no hugsa det, Torkjell, at det er Gud som hev gjeve dei Magti, daa han innsette dei.»

«Ja-ja. Heh! Det var no den gamle Fyllefanten Amtmann Rickert eller Drikkert som dei sae, som sette inn Lensmannen paa Aase.»

«Kanskje det var til Straff. Me skulde umvenda oss og beda til Gud, so gav han oss nok ei god Raadsmagt.»

«Aa ... der er mange som bed; og etterpaa ét dei upp Enkers Huse ...»

«Me skal vera sanne Kristne, meiner eg.»

«Ja kven er det? Det er vel dei som liver etter Jessu Ord; men kva sa Jesus? 'Tag alt ditt Gods og gjev det til dei Fattige', sa han! Og eg ser kje at dei gjer det, – korkje Presten eller Lars Danielsen.»

Enok vart tagall.

«Ja men daa vart me fatike alle», sagde ^[105]ho Anna, «og so vart det ingin til aa hjelpa dei som leid Naud.»

«Eg trur kje det vart nokor Naud, naar me stelte oss rett. Faa burt all Embættsslarken og alle Prestemagane og all Militærdingelen, so vert det misæl Mat til oss alle ihop. Heh! – rart, um Vaarherre skulde ha skapt fleire enn han kunde føda!»

Det var Uraad aa binne Munnen paa han Torkjell; Enok tagna reint av. –

– Det vart ein kald Vaar, og Folk klaga so smaatt; denne Nordvesten som laag og gnog all Tidi, den sette baade Eng og Aaker tilbake.

Enok forstod at Gud vilde prøve Tølmode hans, og han fann ei Glede i dette. Kannhende skulde Tukti koma no? – «Takk, Herre, for alt! Um du signar eller refser, – so er du dog mit Hjertes Klippe og min Del evindeleg!»

Men Ordi hans Torkjell Tualand kom for han stundom, og pinte han. Det var sant; det var Jessu Ord. Enn um han tok endaa eit Fatigbarn i Huse? Det gjekk so godt med henne Jorina, at han kunde sjaa det var Guds Vilje.

– Han kom heim ein Dag med ein lang raudhærd Gut, ein med Hovudskurv; han heitte Lukas. Anna tok imot han med ein ^[106]Sukk; det fekk gange so lengi det

kunde. Og Enok totte strakst han fekk Fred i Hjarta sitt.

Lukas heldt ut til Hausten. Han hadde berre eitt Lyte; men det var stort: han var matvand. Og Enok vilde kje brigde paa Husskikken sin for hans Skuld. So fall dei ut. Ein Dag daa Enok vilde bruka Magt: anten skulde Lukas eta salt Makrel, eller han fekk gange matlaus til Kvelds! – reiste Lukas seg fraa Borde og klædde paa seg og takka for seg. Enok harma seg yvi dette.

Fjortan Dagar etter hadde han eit nytt Jesusbarn. Det var ein tjukk bleik Slaap som heitte Haavar; han var Son av ein Farre som budde i eit Jordhus nedi Heialandsmyri ein Stad; Haave maatte for honom vera som Himilrike mot ein Potetkjeldar.

Og matvand var han ikkje. Han aat alt det han fekk og vel det. Men naar han ikkje aat, so sov han. Og ein Dag utpaa Vinteren kom Anna etter at han stal.

Ho hadde lagt Merke til at det kom burt meir i Matbui, enn Gunnar aaleine kunde ha greidt; ho fekk daa Mistankar, og kom paa Resten yvi han Haavar der ute. So gjekk ho til Enok med ein Gong. Og denne hadde vorti so leid av Letingen no, at Haavar maatte fraa Huse med same.

^[107]Etter dette gjekk Enok med Hugverk ei Stund, og visste kje kva han skulde tenkje. Selja alt sitt og gjeva det til dei fatige – –

– Tilslutt forstod han kva det var. Han hadde havt Gud imot seg denne Gongen av di han hadde teki seg fram sjølv og ikkje venta paa Herrens Time. No skulde han vera tølmodig; ikkje taka nokon i Huse fyrr han fekk ein sendande fraa Gud. Men Huse skulde staa opi for kvar som kom og bad; daa vilde kje Gud krevja meir av han. Det kunde daa kje vera Meiningi at han skulde selja Garden og gange paa Fantestig sjølv ... Han vilde spyrja Presten ein Gong um dette Orde, som han fyrr aldri hadde komi til aa tenkje paa.

– Endelaus vart denne Vinteren og. Det som hjelpte henne Anna var, at ho hadde so mykje aa gjera fraa Morgon til Kveld; ho fekk kje Stundir til aa tenkje.

Det var kje nok med det vanlege Husstulle; det andre han drog innyvi henne vart verre enn alt. Ho stod mang ein Gong mest uppraadd.

Huse hadde etterkvart vorti eit reint Fantebøle. Det hadde spurst etter Vegane at Enok heldt opi Hus for kven som helst, og so kom dei berre i Flokkar.

Bygdefant og Langfant, alt det Vrak og Herk som etter Vegane rak, her skulde dei inn; det var Dagar ^[108]ho lite fekk anna gjera enn gange og stulle for Fanten.

Verst var det med deim som skulde hava Hus. Skitne og fæle kom dei og fulle av Uty; leggje deim i Seng var kje tenkjande paa, og i Løo var det kje heller huglegt aa ha deim; so laut ho reide upp paa Golve aat deim, inne i Stogo. Uhuglegt var det, og stundom heilt-upp fælslegt, aa hava ein Flokk lange Fantar liggjande burtetter Golve; ingin visste kva slike kunde finne paa. So var det um Morgonen aa gjera reint etter deim; det var og fyse Arbeid. Ho tenkte tidt med seg sjølv, at skulde han Enok hava alt dette paa seg, so vart han visst ikkje fullt so snar til aa segja ja til alle. Men snakke til honom kunde lite nytte.

Han totte dette gjekk godt, han. «Sjaa no, um det ikkje greider seg aa vera gjentelaus!» sagde han ein Dag; «berre me lïver etter Guds Ord og stend tidleg upp –.» Daa visste ho kje anten ho skulde læ eller graate.

Det som hjelpte so vidt at Huse ikkje gjekk reint yvi av Fant, det var at Enok heldt Styr paa deim, so dei ikkje fekk fara aat som dei vilde. Det spurdest etter Vegane, at ein maatte høyre paa Bønir hjaa han Enok, ^[109] og staa tidleg upp; og dette lika kje Fanten. Det vart daa meir nokre visse som kom til aa halde seg her, og det helst soverne som vilde høyre til likaste Slage. Av dei rette Fantane var det berre ein som heldt ut til jamt med Fylgje sitt paa Haave. Det var han Fante-Tomas.

XI.

Det var den fyste fullfine Dagen dei hadde havt; men so var det au ein Dag so det var kje Raad aa vera inne.

Lind og blaa kvelvde Himilen seg yvi Jordi som ein ljøs Draum. Det fløynde med Sol gjenom den vide Verd og straala og tindra paa alle Leite; mjuk, salt Havluft fraa Vest mengde seg med lett, frisk Fjell-luft fraa Aust; alle tusund Angar av Sevje og Saft og frisk Gjødsla blanda seg inn; det vart so sælt og godt aa draga Ande. Og Lufti smøygde seg um Lémine som eit svalt Bad. Fraa solvarme Bakkar og bleike Engir steig Lerka tirlande mot Høgd og Sol og fyllte Blaakvelven med Jubel og Klang som av Sylvkløkkur.

Frametter Steingjerde og Vegkantar og i Solbakkane tok det til aa grønke med friske Straa og gulne og gløda med nyfødd Hestebloom og Tiritunge. Smørblid

Vatsblom lyste i Myrhol og Bekkjefar; ungt Lauv spratt og ^[111]sprang ut og hengde sitt lette Flor um livnande Lundar. Pors og Vier og frisk Lyng tippa og toppa i Myr og Mark med heit, biter Kryddedaam. Men rundt ikring leika Fuglen. Fugl i Par og Fugl i Flokk, graa Fugl og brun Fugl, gul og spettutt og kvit Fugl, hoppande glad, yrjande kvik; og dei nebbast og slogst og skvatra og lo, kaate av Elskhug, drukne av Solskin; det glima i Vengir og kvite Bryst og spradda og spratt av Letthug og Vaarsæle. Høgt uppi Lufti ender aa daa ein Maake eller tvo, som rodde i svevnuge Tak utyvi til Havs, med smaae, glade Godvêrsskrik; so var det eit Par Efuglar eller Endar, eller ein Lóm, eit Hegrepar, ein Flokk Villgjæsar, framande, fornæme Fuglar som hasta med lange lengtande Halsar mot Nord, til løynde, logne Holmar og Vatn, langt burt, langt burt, dit ingin kunde fylgje.

Yvi Myrane tumla Viba i kvasse Kast med eldfulle, glødande Skrik som Tonar fraa ein Felekvint. Og det skimta i kvite Silkebryst og rikta og lét av breide Vengir. Paa einslege Tuvur i Lyngheiane sat Heluna brun og graa med fløyelssvart Bringe og lokka med klaare klagande Fløyte-Ljod; Snipur og Raudstelk og annan Myrfugl sprang nette og lette paa raude Føtar og ropa til kvarandre; og for fyste Gongen i Aar hørdest Gauken i Lundane ovanum Storbrekke.

^[112]I Aust stod Fjellgarden blaa og fin, prydd som til Helg, ny-tvegin. Flatlande breidde seg utyvi og nedvyi i lange Drag, brunt og varmt, innhildra i linn mjuk Vaar-eim. Ytst ute Have som eit skinande bleikt blaatt Band.

Og det gjekk som ein Sukk gjennom Skapningen, at no var det Vaaren! No skulde me faa liva endaa ei Stund, liva og leike, liva og stræve, ei lang Stund, ei lang Stund, so lengi me kunde, alt til Vinters.

– Gunnar og Jorina gjekk i Kuhagen og rudde Engi. Han Far var paa Aase i eit Møte og ikkje heimventande fyrr til Nóns; og Arbeide var lett og Dagen fin; dei var i eit Godlag, so dei kjende seg kje sjølv.

Soli kosa deim i Ryggen og kitla deim i Halsen, og heile Verdi var ljøs og varm. So stygt dei elles totte her var, idag var her mest fagert. Fraa Eng og Myr steig Angar so ljuve og varme at dei kom som i ein linn, lat Rus. Og dei var huglege mot kvarandre, og drøsande. Ho Jorina lærde han Gunnar eit nytt Maal.

Ja heitte Jedeva, Nei Nedevei; Hedeavaavedeve var det same som Haave. Gunnar øvde seg og prøvde seg og kunde snart segja heile Setningar. Og no

skulde dei snart kunne segja kva dei vilde, um so han Far stod og hørde paa det.

[113] Men Jorina var rædd han vilde spyrja kva dei sagde; «og daa er det kje godt aa ljuga so der vert Meining i det.» Det var altfor sant. Det hadde kje han Gunnar tenkt paa.

Han laag paa Knéi og prikka upp Smaastein med ein Trepinne; «den som kunde gjera seg usynleg», ynskte han.

Jorina stod med Riva og raka Rusk og Bos, som ho hadde uppi eit Trog til Burtbering; «det er berre dei underjordiske som kann det», sagde ho.

Dei kom i Drøs um dei underjordiske, som Gunnar ikkje kjende noko vidare til fyrr, og det gjekk smaatt med Arbeide.

«Kvifor kann dei underjordiske gjera seg usynlege og ikkje me?» – «Ja du maa seia det. Det hadde nok vore gildt.» – «Ja; og godt au, stundom.»

«Kann Lygtemannen gjera seg usynleg?» – «Ja han er usynleg, han. Det er berre Ljose, me ser; og ikkje det heller alltid.» – «Hev du set han?» – «Ja. Um Kveldane, naar det er myrkt, gjeng han ofte og flakkar ned i Heialandsmyrane. Det skal vera ein stor Skatt nedgravin der, segjer dei. Men det trur kje ho Mor. Ho trur at det er drepi eit Menneskje der, og nedgravi. For dei drepne spøkjer, naar det ikkje er kome upp kven som hev drepe dei.»

[114] Um dette fortalde ho Jorina ei grysjeleg Sogu. Dei gløymde Arbeide baae tvo. Jorina raka berre paa liksom; dei smaae sjøgrøne Augo stirde drøymande ut som i andre Heimar.

«– – Men kor det var og ikkje var, han Morbror Aasmund vart so syvjin og rar med ein Gong, at han gløymde aa lesa Fadervaare. Men ikkje so han sovna; han laag berre som i ein Dus. Daa det leid noko utpaa, saag han tydeleg at Døri gjekk upp; men der hørdest kje Ljod; og inn kom noko høgt, langt, i eit kvitt Lakan.»

«Huff.»

«Han vart ikkje rædd, for han hadde kje vondt gjort; reiste seg i Sengi og saag paa Skrymte. Og derav kann ein vita, at han var vakin.»

«Ja.»

«Han kunde kje skilja korkje Augo eller Andlit; men Skrymte kom glidande inn yvi Golve utan Ljod; so stana det og vinka. Aasmund torde kje anna fylgja det; han skyna at det vilde syna han einkvart; og Skrymte fyri og han etter, ut gjennom

Kjøken og ned i Kjeldaren. Der stana det lengst inn-i ei Kraa og peika paa Golve. Sae inginting, berre peika. So vart det burte; han Aasmund hørde berre liksom ein Sukk. Men daa tok Rædsla han, og han lagde til Sprangs; han veit med Naudi ^[115]korleis han kom aat Sengi att. Men um Morgonen hadde han enno Merke i Handi si etter ein Spikar, han hadde rivi seg so vondt i um Natti. Og sidan veit han at det maa vera ein Mann drepin i det Huse, og at Like er nedgravi i Kjeldaren, der Skrymte peika. Men no maa me arbeida, Gunnar!»

Dei arbeidde ei Stund, tegjande og fordrøynde. Viba svinga og skreik: i–reh! i–reh! Tiu! tiu! slog Raudstelken. Erla hoppa og smaakvittra rundt ikring; Steindilpa sat og skvattra og nikka paa eit Steingjerde. Lufti var full av Piping og Klang. Men yvi alt svimra Lerkejubelen.

Og snart var Jorina inne i ei Sogu att. «Ho Mor fortalde ein Gong noko som ho hadde høyr av han gamle Vidkunn i Ramstad-Træe. ⁿ¹³ Det kom eit stort Fantefylgje dit ein Gong; i det Fylgje var der ei gamal Kjering; ei utgamal ei, so skrukki og gul som Hodn. Denne Kjeringi sat paa ein Stol i ei Kraa og sukka so tungt; «aa ja – ja», sa ho; «aa ja – ja.» «Kva er det du sukkar so tungt for du daa?» spurde Kona i Huse. «Aa», sagde Kjeringi, «den dreg Anden djupt, som snart skal Anden sleppa.» Same Kvelden drog Fantefylgje yvi Heiane. Ingin saag noko til dei fyrr Dagen etter; daa var dei innum paa Vea langt nord ^[116]i Nes Sokn. Men daa hadde dei ingi Kjering med.»

«Kanskje det er ho som ligg i Heialandsmyri? – Men Fantane kunde daa ikkje drepa henne. Hadde dei kje fengi Straff daa?»

«Det er ingen som hev Greie paa Fantane. Han Morbror Aasmund segjer at dei grev gamle Folk ned levande, naar dei er leie av dei. Det er vel med Fantane som med Frimaurane; dei gjer kva dei vil. Dei hev selt seg til Hin-mannen; og so kann ingen naa dei.»

Ei Huing hørdest; det var ho Serina som ropa heim til Nóns. Dei saag paa kvarandre; Gunnar bleikna. So lite hadde dei gjort i heile Dag. Kva skulde dei no segja naar han Far spurde? –

Ei Glede venta dei heime: han Far var kje attkomin. Men paa Vollen millom Heimehuse og Løo laag der eit Fantefylgje. «So kann det gjerne henda han Far gløymer aa spyrja etter um Arbeide vaart au!» meinte Gunnar; – det var huskjende Folk, desse Fantane her.

– Han den vesle blaaklædde med det biksvarte Tjafsehaare og det lange, gulbrune Andlite, og so Augo som glyrde so rart, og som ein sjelden fekk sjaa, det var han Tomas, Fante-Tomas, Hovdingen for Fylgje. Han sat og hamra paa eit Blekkspand, so Dusken dansa i Toppluva hans.

^[117]Dei andre tok det i Mak. Ho Gunhild, Kjeringi, sat paa ein Skammel midt imot Tomas og røykte paa ei Kritpipe; jamsides henne, paa Marki, sat eit yngre fregnutt Kvinnfolk med eit Spøt. ⁿ¹⁴ Store svarte Olaves Didriksen, Bror hennar Gunhild, laag so lang han var burtetter Vollen og lèta seg; ein Flokk Ungar flaug rundt og gjorde gildt, ⁿ¹⁵ ylande av Glede som smaae Vargar.

Tomas var Kam-makar og Blekksmed og kunde binde Vevskeiir og gjera Fiskekrokar; og han tente so mykje med Arbeide sitt, at med det til som Kjeringi og dei andre tagg ihop, kunde Flokken klara seg utan Spaning. ⁿ¹⁶

Og det var det beste i fleire Maatar, meinte Tomas. For det fysste var Lensmennane svært gløgge i denne Tid, so det var vandt aa sleppe ifraa eit Spaneba med det gode; og for det andre var Tomas ein boklærd og klok Mann som ikkje vilde ha noko Tjuveord paa seg. Det skulde ingin segja at Tomas Fredriksen stal seg fram; og ingin skulde stengje Husi sine for Fylgje hans, av di dei fælte for Sylvskeiïne sine. So skulde og hans kjære Son Carolus Magnus aldri turve skjemmast av Far sin for den Skuld; um nokon sagde til han: «Far din er Fant», so skulde han kunne opplyfte ^[118] sitt Hovud og svara med Sannings Ord og Resón: «men Far min er ærleg.»

Tomas var ein merkeleg Fant.

Han hadde lesi alle gode gamle Lærdomsbøkar, Sakso Grammatikkus, Olger Danske, Karl Magnus og andre, og so Bibelen, Lars Linderoth og Knud Spødervoll. ⁿ¹⁷ Han var konfirmera med god Kristendoms-kunskap paa Tukthuse i Kristianssand; dei hadde tenkt paa aa døype han au, men ikkje vaaga det, daa det var rimelegt at han var barnedøypt ein Stad uppi Sætesdaalen. Paa Tukthuse var det han fekk Sans for aa lesa og tenkje; og sidan hadde han baade lesi og tenkt, og hadde funni ut mange merkelege Ting paa sine lange Vandringer. Han var ein av dei faae som tilgagns forstod Profetane, og han var kannhende den einaste som visste, kva Syndi mot Anden var; men det torde han ikkje segja.

Fante-Tomas hadde i det heile Greide paa dei fleste Ting, og serleg paa alt

som var løynt eller gaatefullt. Læra um dei Underjordiske eller Tussefolke grunna han paa det Gudsorde i 1ste Moseb. 2, 23, der Adam segjer um Eva: «denne Gang er det Kjød av mit Kjød og Ben av mine Ben.» Kvi sagde Adam «denne ^[119]Gang»? Jau; han hadde havt ei Kòne fyrr. Men denne Kòna hadde vori av eit anna Slag enn Adam, og so hadde Gud set at det nok ikkje vilde gange godt millom dei tvo. Daa støytt han henne og Borni hennar ned i Jordi; og der hadde dei livt sidan som ei Ætt for seg sjølv. Dette hadde hendt fyri Syndefalle; dermed kunde me vita, at Tussefolke var frie for Synd. Av det kom det au at dei kunde gjera seg usynlege. Det var fleire av dei enn me trudde, og mang ein Gong vanka dei midt imillom oss. Dei hadde sine Kyrkjur og Prestar liksom me; men daa dei var syndefrie, turvte dei berre det gamle Testamente.

Mange underlege og utrulege Ting hadde hendt i Verdsens Tidir, og dei vart ikkje mindre forunderlege, naar Tomas fortalde deim. Fleire Sogur i Karolus Magnus hadde han vori i Tvil um han skulde tru; han totte dei vilde koma i Strid noko med Guds Forsyn og Bestemmelse. Men han var komin til det at han laut tru deim likevel. Det som hadde ført han til denne Tankegangen var Slutningsordi i Boki. Desse Slutningsordi lydte so: «hvo dette tror eller ikke tror, han synder ikke derved.» Men dei Ordi kunde kje staa, dersom noko i Boki var Lygn. For trur du ikkje at du syndar, naar du trur noko som ikkje er sant? – meinte Fante-Tomas.

^[120]Han visste um dei fem Jordbolkane Auropa, Asien, Amerika, Ægypten, Oranien eller Ny-Holland. Han hadde høyrte gjeti at Jordi skulde vera rund, men det trudde han ikkje. Han kunde kje faa det til aa høve med Guds Ord, og ikkje med den naturlege Tankegangen heller. So sagde au Knud Spødervoll at Jordi var flat, og like eins Luther, som daa var ein høgt opplyst Mann i alle Guds Forunderlegheitir. Um Sol- og Maanemyrkjingar visste Tomas god Greide. Derimot forstod han ikkje at Maanen vaks og tok av. Dette var ein av dei store Løyndomane som det ikkje var oss Syndarar forlenet aa skyna. Men eit av dei største Syntom eller Forestillingar av Guds Visdom, det var, at naar ein saag vel paa Maaneskiva, so vilde ein der sjaa Adam og Eva med Kunskapstrêe imillom seg; dei var sette der upp etter Dauden til aa minne alle Folk til alle Tidir um det store Syndefall. Guds Visdom hadde set, at Menniskens Børn hadde godt av aa hava denne Avmindelsen for Augo, serleg um Nætane, daa den gamle Adam var

verst. –

– Men Tomas var i serskilde Anfektelsar i Dag. Det galdt hans kjære Son Carolus Magnus.

Denne hadde ervt etter Far sin eit flytendes Talent og eit høgt Sjeni; og han skulde ^[121]bli Folk og slutte med Fantelive. Det vart daarlege Tidir for dei Reisande no; so at den som kunde koma fram paa skikkeleg Vis, so var det baade betre og tryggare. Fysst hadde Carolus vori hjaa Simon Ramstad og gjætt. Der hadde han idagelagt slikt eit Talent i Boki og Lærdomen, at Presten Meier sjølv hadde teki han til seg. Og Guten vart komformera daa han var trettan og eit halvt Aar.

Presten vilde gjera noko stort av han. Men han visste, at her i Lande vilde Ætti staa i Veggen for Guten; og so hadde han beslutta, at Carolus skulde bli Missionær og fara til Sululand. «Just han! Just han!» – sagde Presten Meier. Og han tok til aa undervise 'n baade i Bibelen og i Kyrkjehistoria. Men Guten hadde kje Bidlund og Bestandigheit til slik Lærdom; hans Meining og Fyresviv var, at han vilde til Sjøen naar han vart so stor. Dermed var han komin attende til Simon Ramstad; men det var kje Bruk for han der no; og so kom den store Funderingi eller Anfektelsen, kor me daa skulde gjera av han.

Daa hadde hans Medledsagerske, ho Gunhild, fengi ein glupandes Teori: me skulde prøve han Enok Haave med Guten.

Enok var heilag; han kunde kje segja Nei, dersom han vilde livva etter Lærdomen. ^[122]Og um han vart leid mot Guten, so var nok ikkje Carolus den som lét seg flaa! Det kunde vera mangt aa pumpe hjaa han Enok, lét Gunhild; «veit du kje, din Trave, at der er Smaa-Rakli'erⁿ¹⁸ der? – det kann bli Blaviⁿ¹⁹ og Lokkiⁿ²⁰ det, Far! F. slipe meg, hev kje so gali hendt fyrr! – slik ein kvantⁿ²¹ og væl-likandes ein som Carolus er. Naar Mormor di fekk ein Gardmannsson fraa Vardal, so kann liksomart Son din faa ei Gardmannsdotter fraa Haave, Far!» Fante-Tomas maatte læ og prise dei djupe Innsiktir hjaa Kjeringi si; og han var komin til den Avgjørelsen, at han vilde prøve med 'n Enok.

No galdt det aa taka Enok paa den rette Maaten. For Bonden var kautare enn Presten, og Enok var stivare Mann enn Ramstad'en. Det vart det beste aa bruka Klokskapens og Lærdomens Umsvævelser her; for Enok var sjølv ein klok Mann. Og naar han saag at Fanten var likso bevandra i Skriftine som han sjølv og meir

til – for Tomas skulde nok finne ei Aspekt til aa setja han fast i–, so kom han til aa faa andre Tankar um Tomas og Ætti hans, og gjera seg ein betre Teori um Carolus.

Og so hadde Tomas noko tilslutt som han visste skulde slaa, noko, som Presten Meier ^[123] hadde sagt: at med Guds Hjelp, og etter Eilert Sundts djupe Raadslagningar, so kunde der bli Hus og Heim aa faa for 'n Tomas au, dersom han vilde. «Det kann kje bli so lengi fyrr eg sèt paa eit Stykkje Jord eg au, um det er det som skal skilja millom Fant og Folk i denne Verdi!»

XII.

Det tok til aa skùmast. Enok sat med Borde og aat.

Inn kom Fantane ein for ein, helsa og søkte aat Omnskraai. Sistpaa kom Tomas. «Godkveld, og Gud signe Spissen,» helsa han vyrdsamt.

Han var smaavaksin og mjukléma, og mjuk og slengjeleg i Gang og heile Ferd, lik ein Villmann som er ukjend med Tungarbeid. Det var som han leika med Lémine sine naar han gjekk, lagde dei hit og dit og kor han vilde; det vesle Hovude laag og svinga paa sin magre brune, frambøygde Stylk til Hals og lagde seg fraa den eine Aksli til den andre liksom kjælande. Andlite, som i Grunnen var godslegt, hadde Tatersvipen, dette snikjande, lausvorne, uvederheftige, snart og lett skiftande fraa heilagt Skalke-Aalvor til villt Løgje; men naar Tomas rødde med godt Folk, saag han ^[125] høgtidsam ut, liksom han og var høgtidsam i sin Tale.

Han sette seg paa Stolen framanfor Omnen; tok so til aa tala, i Høgtidstone og lange Drag. Kor han vilde av var vandt aa gjéta; han tok til med Vêre og Guds Forunderlegheitir i Naturens Bok. Mæle var mjukt som heile Mannen, syngjande upp og ned etter ein urimeleg høg Skala i utrulege Tonefall. Ein kunde høyre at han var fornøgd baade med seg sjølv og med Tala si; og han gjorde seg fyri med aa tala utsøkt og fint, og sputta brunt naar han hadde sagt noko viktig; for Tomas tog Tøbakk som ein Geitebukk. Han lika godt aa antrast um høge Ting; og Hovude reiste seg paa Stylken som eit tomt Aks, og han slog med Nakken og Augo spéla; Andlite strama seg upp og vart strengt, og Talen forunderleg tilgjord. For sine mange kloke Tankar og Fyrisyningar hadde han funni Ord, som tidt

ingin utan han sjølv kunde greide; og han hadde sett mang ein klok Mann fast, ja mang ein Prest med, baade i Lovi og i Bibelen, og elles i mange Anskuelsar og Aspektir.

Enok svara ha og ja. Han kunde kje med Fantane. Dei var kje som anna Folk. Dei hadde noko med seg baade i Ham og Haatt, som var so reint serskilt ulidande. Noko laust og sleipt og brunt og glatt, noko ^[126] av Orm og noko av Aal, ja stundom beint ut noko djevlesk. Ikkje ein ærleg Tone var der i deim, og ikkje eit sætande Ord; alt var falskt og lygnskt og løynskt; og det fylgde ein Udaam med deim, ein Tev av dyriske og fælslege Lystir og Syndir, liksom dei paa ein serskild Maate var i Pakt med Satan. Tomas var langt ifraa av dei verste; men Lage var der; denne glatte Tunga kunde aldri segja anna enn lause Ord. Det var reint stygt naar han kom inn paa aalvorsame Ting; i Fantemunn vart alt vanheilagt. Stundom tenkte Enok at Fantane kunde kje hava Sjæl; dei var kje Folk men forklædde Dyr, Apekattar og Revar i Folkeham, Halvmennar, Halvdyr or myrkare Heimar; so kunde dei kje heller tala som Folk; ein kunde skilja dei ut, berre dei opna Munnen. Og kva dei kunde hava for seg, naar dei tok til aa javle paa sitt rette Fantemaal, det visste vel Hinmannen; eitkvart stygt laut det vera.

Tomas hadde bukta og krøkt seg so lengi og sløgt, at han var komin til den store Aspekti um Uppstòda.

«– Og no vil eg gje Dykk ein Spurna, Enok, um De ikkje vil ta meg det ille upp. Det er ein forunderleg og djup Ting, som eg ofte hev tenkt paa.

«Det stend i Orde paa mange Stadir, at ^[127] me skal staa upp or Gravine paa den ytste Dagen slik som me no stend og gjeng, i alle Delar og Maatar og med kvar Léd og Lém. Det er noko me ikkje kann koma ifraa det, min kjære og gudsfrygtige Mann Enok.

«Men so seier Jesus tydeleg paa ein annan Stad, att i Uppstandelsen skal me kje gjeva til Ægte eller taka til Ægte; men me skal alle vera som Brørar og Systrar. No kjem Funderingi. Me skal ha alle vaare Lémir i Uppstandelsen; men skal me og ha dei ægteskapelege Lémir, naar me etter Jesu eigne Ord ikkje skal gifta oss? Kann De greida meg den Floken, Enok?»

Han sputta og saag listig ut. Fantane i Omnskroken hadde Stræv med aa halde seg aalvorlege.

«Den Floken greider Vaarherre,» meinte Enok stutt. «Men du, som vil vera so

kjend i Bibelen, du skulde heller tenkja paa eit anna Ord: at den som ikkje vil arbeida, skal heller ikkje æde.»

Her rende Enok seg fast. Tomas kunde med Sanning segja, og alle dei andre Fantane song upp med han, at nett no kom han fraa sitt ærlege Blekksmed-Arbeid. Og fyrr Tomas visste av det, hadde han her funni ein so god Beinveg aat Maalemne sitt, at han kunde lata dei andre Aspektine liggje so lengi.

^[128] «Me arbeider nok, me og, i all Ydmygheit og Simpelheit,» sa han, «og vilde gjerne arbeida meir, um gode Folk kunde bruka oss til det. Men no, min snilde og høgvyrdslege Enok, vilde eg fysst av alt faa beda for ein liten Son, eg hev ...»

Med mange søte Ord og i utruleg vridne og vrange Bugtir og Krokar fekk han tilslutt fram det han vilde um Carolus Magnus, «som ikkje hadde Hovud for den høge Lærdomen, Presten hadde etla aat han,» og som «i si Ydmygheit aldri hadde sigta so høgt heller;» men som «bad kvar Kveld paa sine berre Kne, at det maatte forlenast han aa koma til ein god og høgverdig Guds Mann som han Enok Haave,» so han kunde faa «læra aa arbeida paa Jordi og tena sitt Brø i sitt Ansiktes Sved etter Guds Ord og Bod i fysste Mosebok det andre Kapitel.»

No song Gunhild upp. Og det regnde med Kyt og hagla med Ros, so yvi Enok og so yvi Guten; og Mæle steig og vart heitare og heitare, og Kyte steig og vart meir og meir grovt ...

Enok hørde kje etter lenger. Han sat og leitte etter eit Gudsord eller eit anna sterkt Spraak, som han kunde døyve deim med og so gange sin Veg; men med ein Gong kjende han Anden vitne i sitt Hjarta.

^[129] Her var Jesusbarne. Dette var det Offere som Gud kravde av han. Nettupp dette, det verste han kunde tenkje, det alra suraste og sværaste for Kjøt og Blod, nett det var det han Far kravde.

Han reiste seg fraa Borde. Daa han fekk Ord for seg sagde han fast og stutt: «Gud vil at eg skal hjelpa denne Guten. Men kjem han hit, so fær han fylgja Husens Skikk, og venja seg til Orden og Arbeid; nokon Letingskap vil eg kje vita av, og ikkje andre Fante-Notur heller. Vil han paa dei Vilkaari, so send han hit. So fær me sjaa kor langt Gud vil hjelpa oss.»

Han skunda seg ut. Fantane tok til aa yvihylja han med Takking og Smeikjing.

—

– Tvo Dagar etter kom Tomas og Gunhild med Carolus Magnus.

Det var ein litin mager og mjaa ein, med smaae myrke, urolege Augo og snare, snøgge Rørslur, lett og lealaus som ein Hallingmann. Naar han gjekk, saag det ut som der ikkje var Vegt i han; han kunde kje fyljast med Foreldri sine; dei gjekk for smaatt for han. Men i det vesle runde brune Andlite var der, naar det galdt paa, eit Aalvor og ei Høgtid so ein kunde læ; det var Fante-Tomas sjølv, berre mindre. Og slik ein vaksin og klok Maate hadde han til aa tala og føre seg paa, at ho ^[130]Anna mest vart bljug for han. Han var so reint annleis enn andre Born. Men frisk maatte han vera. Ein kunde sjaa at han var vaksin upp ute som ein Fugl eller eit Dyr; mange Ættlédurs Sol og Luft hadde brygt hans Blod; han var kvik som ein Oter. Jamsides Carolus saag Gunnar helst bleik ut, endaa han var førare og fastare.

Høgtidsleg helsa han paa Anna, si «nye Mor»; han skulde «med Guds Hjelp stella seg slik, at ho ikkje skulde trega sin Godvilje mot han.» Fante-Arti, Fante-Arti; denne søte Munnen og glatte Tunga; – Anna vreid seg for aa taka han i Handi og segja «velkomin hit.» Og uff! for ei lita blaut, veik Jomfruhand.

Ikkje mindre høgtidsleg helsa Carolus paa den nye «Far» sin. Han kunde med Sanning segja at Viljen hans var god; «og so fær De heller bera yvi med meg, um eg ikkje evler so mykje enno.» – «Kann du læra aa søkja Herren i din Ungdom, Carolus, og beda til han, so greider nok det andre seg,» svara Enok.

So tala Fante-Tomas, og tilslutt ho Gunhild. Endelausa Fyriteljingar for Guten og endelaus Ros yvi desse «fromme og velbørne Folk» ... Mæli skreik seg upp, so ein helst vilde halde seg for Øyro. Dei smaae Augo ^[131]glyrde og stakk. Um Munnen laag Fantedrage heile Tidi: ein laus, løynsk Smil, noko-so-nær ned-duld; Tala slutta med nokre Ord i Fantemaal, som kom i same strenge, manande Tonelag som alt det andre: «og so vonar eg til Gud, Carolus, at du vil ascha ein hortaⁿ²² Romanisælⁿ²³ og ikkje lata Buroenⁿ²⁴ stultraⁿ²⁵ deroⁿ²⁶ eller bokkaⁿ²⁷ dero eller dabbaⁿ²⁸ dero; men kammarⁿ²⁹ dero kje latjot, ⁿ³⁰so nascharⁿ³¹ dero og avarⁿ³² til Dadenⁿ³³ deros og Deiaⁿ³⁴ deros i Jessu Kristi Namn. Og so maa du liva vel daa.»

Det var stridt aa halde ut. Men ein Ting sagde Tomas, som Enok lagde Merke til.

«Kanskje kunde det heppast so vel,» sa Tomas, «at eg og kunde koma ut av Umstripplive paa mine gamle Dagar. Lengi hev det vore min Ynskjan og Forlengsel; og no i Vinter snakka eg med sjølve Presten Meier um det; og han sa *det*, beintfram dei Ordi brùka han: 'Kann du faa en Mand som Enok Haave med paa det, so er det slettesikkje umulegt,' sa Presten; 'for Enok Haave,' sa han, 'det er den Mannen næst meg sjølv, som hev mest aa segja i Fatig-Kommissjonen.'»

[132] Gunhild blinka til Mannen sin: den er god! – «Nei det kunde daa kje Presten segja,» varde Enok seg bljugt. «Dei Ordi brùka han; eg er kje den Mann som fèr med Lygn og Vas; for eg veit kva der stend: du skal ikke sige falsk Vidnesbyrd mod din Næste.» Enok vart forundra av aa høyre slik Ros, og det fraa sjølve Presten. Ja-ja; Meier var ein snild Mann. Daa han fekk Greide paa Saki, lova han aa hjelpe Tomas med dette so vidt det stod i hans Magt; kannhende Gud her vilde nytte han. Fantane gjekk med Signingar og Bønir og Sekken full, og Enok kjende seg reint styrkt av den nye Gjerningi som var 'n paalagd. –

– At Gud var med no, viste seg snart. Carolus var so lydig og snild at det var reint hùglegt; han kunde heiltupp vera eit Mynster for denne stakkars Gunnar'en, som daa og jamt og samt fekk høyre det. «Spegla deg i han Carolus du!» maatte Enok altfor ofte segja til han.

Det var rart med han Gunnar. Han som hadde vori saa kvik og snild fyrr, – var det kje som han hadde vorti umskapt paa desse tvo Vintrane. Motstand og Rangvilje i smaatt som i stort, Uhug og Mothug, ja mest som Hat; og so tver og trùmpen gjekk han der, at det var mest ikkje Svar aa faa, um ein tala [133] til han. Den som kunde skýna slikt! Det var vel Djevelen i Guten som reiste seg no, daa Gud kom so nære; det var som med Djevlane i Evangelie, det; dei rasa alltid verst naar Jesus stod framfor deim.

Carolus var anna til Kar. Alt gjekk viljugt og lett; og so kvik og snild var han i sine Svar, at det var reint ei Glede aa røda med han. Og han kom med Spursmaal sjølv au; ja han kunde tala um aandelege Ting so Enok stundom laut tenkje paa Jesus i Temple. Det var vel so at Fante-Arti ofte stakk fram; men han hadde daa vori so mykje hjaa Folk, at han var fri det verste.

Noko Arbeidslag var der kje enno; han lika best aa gjæte eller gaa Ærend og anna slikt smaatt. Men so var det daa nett Arbeid og Arbeidshug han vilde lære her. Og naar Viljen var til det og Gud var med, so skulde det nok gange. Enok bad

um Visdom og Tølmød til aa fullføre dette vandesame Verke, so at alt som var att i Guten av Fantehaatt og Slarvehug, det kunde verte utreinska og utbrent.

Han torde kje vera streng mot Carolus fraa fyssto. Det galdt aa lempe seg fram med smaae Stig. Tok ein han hardt, so rømde han vel berre. Som vel var kunde Gunnar no spenne meir i; og so fekk me sjaa um ^[134] ikkje Ærekjensla vilde vakna i Carolus, so han ikkje lét Gunnar, som var yngre, gjera Skam paa seg.

So vart han Enok endaa strengare mot Gunnar enn fyrr. Alt skulde Gunnar gjera: «du Gunnar kann maaka Fjose;» «du Gunnar kann bera inn Torv.» Men til Fanten heitte det so fjaagt: «og kanskje du Carolus er so glup at du hjelper han Gunnar litegrand?» «Og kanskje du Carolus gjeng av og ser etter Øykine, du?» Uh! det var ufysi; Gunnar sputta. Denne søtblide Tonen; denne Høgtidi, der skulde vera –; det var so forluktande! Og denne Fanten. I Fysstningi hadde Gunnar vori rædd han; Fantane var Heidningar, hadde ho Jorina sagt. Men no vart det Hat og. Slik som Carolus gjekk og sleikte og smeikte for han Far, og snakka so søtt, ja gudelegt – uff! og laug, so det rann or han; men so snart han var ute or Augnesyni hans Far, so berre gjekk han og spanta med Hendane i Broki og plistra! Og aldri at han fekk Skjenn; neidaa. Og Ris – haa. Fanteguten Ris! Nei, berre eit Par søte Ord i denne Bløytetonen –: «det var daa leidt, at du ikkje vart ferdig, Carolus, du, som er slik ein glup Kar. Han Gunnar fær hjelpa deg litegrand daa.» Ja tenk-kje ^[135] han Gunnar! Han Gunnar var god til alt. Ikkje turvte Fanten gaa i Skinnbrók heller. –

Ungen gjekk og arga seg som ein vaksin; den einaste han fann rimeleg var ho Mor. Ho heldt litegrand med han stundom. Og hjelpte han naar ho saag seg Raad. Noko anna var og komi upp i det seinste. Naar han Far var i Byn, og ho Mor bad Gunnar gaa til Landhandlaren paa Aase med ei Mark Smør eller slikt, som han skulde faa Kringlur og Kaffi fyri, so gjekk Gunnar gjerne; han visste han fekk ei Kringle sjølv, naar han kom heim att. Ei serskild Glede hadde han i slike Tilfelle av aa ljuge for Fanteguten; for Carolus maatte kje heller vita noko um dette.

Men ein Dag utpaa Hausten hende det noko uventande.

Gunnar hadde vori hjaa Landhandlaren. Daa han kom aat Matbui og skulde ha Kringla si, stod Carolus derinne. Gunnar til Mor si: «han Carolus er i Matbui; han hev teke ei Kringla!» Men ho Mor berre hyssa paa han; ja ho var mest vond.

«Du er so forhatig paa han Carolus, du, men Carolus hev vori glup i Dag. Berre gakk inn til han du; so skal du og faa Kringla.» Kviskrande lagde ho til: «og so skal du vera snild med han Carolus.» ^[136] Gunnar stod som torefortenkt. ⁿ³⁶ Dette kunde han ikkje skyna. Skjemd og forundra drog han seg uti Matbui att; – «no, kva fekk du for Besingi ⁿ³⁷ di?» spurde Carolus.

Etterpaa vart Ungeflokken styrd aat Løo; dei skulde faa leike seg i Dag, daa her var «fritt». Dette var Gunnar so glad for, at han tok alt for godt.

Og det viste seg i Dag, at Carolus kunde vera løgin. ⁿ³⁸ Skulde aldri ha set so rart som han kunde skapa seg til. Han var «vill Mann» og fekk deim til aa læ mest meir enn dei hadde godt av. Sidan fortalde han Eventyr for deim; og Sogune hans var mykje gildare enn Jorina sine. Tvo Eventyr fortalde han; so var han leid. Det kunde mest vera verdt aa gjera seg Godvenir med Fanten, so fortalde han vel fleire.

– «No vil eg vera Prest!» sa Carolus.

Det var Gjentungane med paa. Han fekk Understakken hennar Jorina til Prestekjole; tok so til aa preike. I Fysstningi var han aalvorleg; «mine kjære Medforløste,» sa han, «me maa ikkje vera so letsindige; me maa huske paa at me skal dø;» – men snart slog han yvi i Galinskap. «Fyrr me døyr maa me gifta oss,» meinte han; «og korleis skal et sant Guds Barn faa seg ei Kona? Jau det ^[137] skal eg syna dykk.» Han «gjekk paa Friarføter» til henne Serina og apa og skapa seg so dei maatte læ; endaa Gunnar lika kje dette. Men Serina lika det visst; for ho kniste og lo so det var svært. «No maa du segja Ja!» sa Carolus; «det høyrer til!» – «Ja-ja daa!» sa Serina og lo. «Men kva skal eit sant Guds Barn gjera med Kona si?» spurde Presten. «Jau det skal eg au syna dykk.» Han vilde taka Serina um Halsen. Men daa skreik ho og rømde.

Anna kom og skulde vondle; ho stod og hørde paa dette litegrand.

«Carolus!» – Ho gjekk fram; Ungarne kvakk, so dei sprang kvar til sin Kant. «Naar Rett var skulde eg segja dette til Far dykkar,» sagde Anna aalvorleg. Daa gjekk Carolus burttil henne og sagde med sitt blidaste Mæle: «aa nei; det er vel kje verdt at han Far fær vita for mykje um det som gjeng for seg her i Huse naar han er burte?» Daa saag ho Mor stygt paa Carolus. Og det kvakk i Gunnar; no skyna han alt. «Det fær gaa for denne Gongen,» sagde ho Mor og gjekk fraa deim.

– Men Gunnar gjorde seg Godvenir med Fanten so fort som han kunde.

XIII.

Lufti bleikna og Aakeren skjerna.¹³⁹ Eplekaale misste sine vene blaaskjengjute eller rjomegule Blomar og sette Topp-Eple. Viba tagna, flokka seg og vart burte. Paa bleike avslegne Engir heldt Staren sine Stor-møte med eit Skravl og eit Kvirl, so det høyrdest langan Veg. So sette Flokken til Vêrs med eit Sus som ein Stormvind, slog seg ned i eit Raunbertre og fekk seg Mat.

Snart var Skurden i Gang, og Laatepipur lét rundt alle Aakrar. So kom den siste store Basken med aa faa Epli upp; og daa det var gjort, saadde dei Rugen.

So var Sùmaren til Endes for i Aar. Dei berga i Hus Arbeidsgognir og Køyregreiur og drog inn Ledstengsle og Grindar. Enno var Kyrne ute her og der, gjekk og trødde i Heimehagane og gnog paa den siste Haavoni. Men helst søkte dei Live att-under Gjerde og Husveggir; ¹³⁹der stod dei og smaakulsa; lengta i Hus dei med; drøymde um Vinterfred og logne Baasar.

Regnvinden saug og taut i Nøv og i Vegg; no hadde han fengi Haustgraaten i seg. Og Himilen hekk modlaus og graa og vaska og trafsa med tunge Flóir.

– Enok var den einaste som ikkje hadde fengi Epli upp; han dreiv med so lite Folk at han alltid vart seint ferdug. Men no var der berre att ein Teig utpaa Aarvollen, og den var so litin, at Gunnar og Carolus kunde klara han aaleine til Nons. So kunde Enok faa pløgja litegrand, og ho Jorina kunde faa hjelpe henne Anna med aa kinne.

Gunnar og Carolus stræva det dei vann; «ikkje eit Ord no!» – det skulde vera so gildt aa bli ferdig med Haust-stræve. Men Epleteigen vart drjugare enn dei hadde tenkt; og Carolus tok seg ender og daa ei Kvilestund.

«Ufyse Stræv,» knurra Gunnar; han grov i den vaate Moldi med Hendar so raude som Humrøklar.

«Aa ja,» sa Carolus. «Eg trur nok eg kjem til aa fara til Sjøns likevel, eg.»

«Ja det trur eg vel. Det vil eg au; men du maa kje segja noko.» – «Ikkje du heller.» – «Langtifraa».

[140] – «Hyss, kva er det?»

Stygge, haase Skrik høyrdest; eit villt, fælt Skravl av rædde Maal høgt uppe i Lufti; – det var Graagjæsane.

Kavande i Vinden, i stor, uroleg Trikant, stemnde dei mot Sør.

«Aa tenk, no fèr dei. Kor tru dei fèr av?»

«Dei fèr til Arabia!» sa Carolus.

«Aa, den som kunde vera med.» – «Skapa seg um til Fugl og vera med, ja!» –

Dei stirde lengi etter Fugleflokken, som smaatt i Senn graana burt i Skyine og kvarv.

«Kor ligg Arabia?» spurde Gunnar.

«Arabia?» – Carolus vart høgtidsam, so han liktest Far sin. «Arabia», song han upp, «ligg sju Gongir sju Dagsreisir sunnanfor oss; sunnanfor Have og sunnanfor Flandern og sunnanfor Spania og Keisaren og Paven, ja sunnanfor der Blaamennane bur.»

«Aa – aa. Det maa vera langt.»

«Og Kongen der er den store Kaliffen Hadonald Raskji; og han bur i eit Slott av drivt Gull. Men Sulane i Slotte er av Marmor og Filsbein. Og Dronningi og alle Hoffolki er klædde i Silke og Purpurduk; og midt i Slotte er der eit Springvatn av Jaspis og Smaragd; men det spring kje med Vatn; det spring med berre straalande Perlur. Og Hadonald Raskji [141]sjølv sit paa ei høg Trune av skirt Gull med ein Kongs-stav av Diamant og Jaspis og Ametyst, og skin som Soli yvi sitt Rike.»

Carolus hadde gløymt alt ikring seg; dei myrke Augo lyste i Draum.

«– Der skulde me vera,» mulla Gunnar.

«Eg skulde ynskja eg var den simplaste Slaven der,» sagde Carolus; «for den simplaste Slaven er der gildare enn ein ... Amtmann her; og han hev kje anna aa gjera enn svinge Røykverk for Hadonald Raskji og spela paa Luth og bera Silkeslæpe aat Dronningi; men det maa der vera 500 Slavar til; for Slæpe er so langt som herifraa og til Ramstad.»

«Aa –!»

«Og kvar Slave hev eit Slavekvende, som er ungt og vent som den venaste Rosa og skin som Soli og hev Augo som Stjernur; for berre dei som er so fagre

som Prinsessur fær vera i slikt eit Slott. Og dei syng vene Songar og dansar og spelar paa Luth og Sitterspel; og um Natti svarmar dei um i dei store Hagane under høge Palmetre og Sedrar fraa Libanon kvar med sin Vén og elsker kvarandre og kyssest. Men naar dei hev svarma lengi nok, gjeng dei inn i Slotte og legg seg paa mjuke Silkesengir og søv hjaa kvarandre, til Hadonald Raskji stend upp og ringjer paa den store Klokka som vert høyrd yvi heile Arabia.»

[142] «Det vilde eg kje vera med paa,» knurra Gunnar; han lika kje sovori.

«Nei du kann vita ein er kje nøydd til!» –

«Skal me draga?» spurde Gunnar.

«Ja dit skal me eingong; men det er langt. Daa maa me fysst yvi Sjøen; og so upp Rinflodi mange hundra Mil; so kjem me til Flandern og Burgundien, og so til den romerske Keisaren; og so maa me gjennom Pavedøme, og so gjennom Tyrkelande.»

«Der dei ét Mannakjöt?»

«Ja; men me skal gje os ut for Pilegrimar som gjeng til den helage Gravi; daa rører dei oss ikkje.»

«Hu; eg vert visst rædd.»

«Nei du tarv kje vera rædd; for dei hev daa so mykje Samvit i seg, at dei drèp kje anna enn Riddarar og Krigsmennar.»

Carolus spadde litegrand; men han var so burtkomin i Draumane sine, at det vart kje noko av det.

– – «Kunde me kje ryma?» spurde Gunnar.

«Jau; ei myrk Natt, naar alle søv og ingin veit um det, daa stend me upp og tek med oss det me treng, Klæde og Mat og Gull og Sylv, og rymer Heiane ned yvi til Sjøen.»

Med ein Gong fekk Carolus det annvint og gav seg til aa spada so Moldi flaug. «Far din kjem,» kviskra han; «driv paa –.

[143] «Ja men kven var det,» heldt han fram svært høgt, «som livde i firti Dagar og firti Nætar og ikkje fekk Mat? kann du segja meg det daa? – – Aah! der kjem han Far!» ropa han forundra med sit gladaste Mæle.

«Ja De maa kje bli vond, Far,» heldt han fram; «men eg kom til aa bespyrja meg med han Gunnar i Bibelhistoria, og det vart so gildt at me gløymde – –»

«Eg fær hjelpa dykk,» sa Enok stutt. «Alt til si Tid, Carolus!» –

– Det hadde vorti likare for han Gunnar i fleire Maatar no; Carolus var so glup til aa stelle med han Far, at dei mest alltid fekk det som dei vilde. Det vart gjerne so at Gunnar og Carolus fekk vera saman paa huglegare Arbeid, og at Maaking og anna slikt leidt vart lempa yvi paa henne Jorina.

Og um Arbeide i seg sjølv ikkje var gildt, som naar dei laut røyte Skind eller staa i Barkekjere, so gjekk det alltid noko so-nær naar Carolus var med; for han fortalde Sogur eller fann paa Drøs, so Tidi gjekk snøggare enn Von var. Ofte vart det Gunnar som laut gjera det meste Arbeide; men det brydde han seg mindre um.

Anna saag snart at Gunnar hadde fengi Hjelpesmann i Matbui; tilslutt laut ho læse ned det meste. Serleg Smøre laut ho gøyme, ^[144]so det berre var att litegrand aat dei tvo; daa hjelpte dei seg med det, og Stuldine syntte kje so mykje. Undrast Enok stundom paa at det vart lite Smør i Aar, so skulda ho paa Høye; det vart so utvaska og armt i slike regnfulle Sòmrrar, sa ho. Enok riste paa Hovude; det var kje Høye som gjorde det, men Guds Signing; her var vel kje nokon som ... var for lang paa Fingrane no? – «Nei eg trur slettikkje det; eg hev havt Auga med baade Carolus og Jorina; men dei er visst trugne nok paa den Maaten.» Anna var raud. «Ja Gudskjelov for det,» sagde Enok. –

Ymse Slag Forteljarløn laut Gunnar ut med; Carolus fekk han til aa gjeva seg «Foræringar», eller bytte til seg Eignalutir for Vas og Inginting. Soleis bytte Gunnar burt Kniven sin for eit fint Penneskraft og eit Papper med Jomfru Maria paa; det trega han hardt sidan. Men verre vart det daa han kom til aa gjeva Carolus ein av dei gamle Gullringane hennar Mor, ein av deim som laag i Skatolklaffen. Daa vart han rædd. Han kom graatande til Carolus og bad um aa faa Ringen att; for elles maatte han segja det. Carolus lo. «Du kann vita det var berre mitt Narri dette,» sa han: «eg vil visst ikkje ha noko av deg, som du ikkje kann gje meg med god Hug;» og Gunnar fekk Ringen. Etter dette ^[145]trudde han Carolus svært godt. Dei var uti Skatole og saag paa den gamle Stasen ofte; slike Ting var so vene, totte Carolus.

Men full Venskap vart det kje millom Gutane, fyrr dei hadde røynt kvarandre i eit Aalvors Tak.

Gunnar aatte ein Ting som han gøynde for Carolus, og det var ein liten Pung

med Skjelingar i. Heile 12½ Skjeling var der i Pungen; og Gunnar var rædd, at fekk Carolus sjaa dette, vilde han faa Hug paa Skatten hans. So gøymde han Pungen i Ledikken i den blaae Kista hennar Mor uti Buakammerse.

Men dermed gløymde han Pungen.

So var det ein Sundag Ettermiddag, Carolus og han kom der ut som Kista stod. «Kva er der i den Kista?» spurde Carolus. «Det er berre Klæde i den,» sa Gunnar og lét upp; hugsa paa inginting. Carolus til paa sin Maate og rote og grava; daa Gunnar hugsa seg var det alt for seint; Carolus hadde funni Pungen.

«Kva er det? ein Pung ... med Skjelingar i; er det din?» – Gunnar freista aa faa Pungen ifraa han. «Ja; eg hev fengi dei av han Trond Maalar og skal ha dei til aa kjøpa meg Luve for ...» – «Ikkje ver rædd; eg tek dei kje fraa deg!» lo Carolus. «Ein–tvo–tri–tolv, halv trettande Skjeling; ha, ha; ^[1.46]trur du du fær Luve for det? – Aa nei, Far. Men Mor mi skal skaffa deg Luve; ei flunkende ny og fin ei, med Gullsnor paa og Fjør i; ei som ho skal faa heim alt ifraa Sverig, ser du; skal eg gje henne dei Pengane? so fær du Luva til Vaaren, du!» – Enden vart, at Carolus fekk Pungen.

Men so kom det ein Mann ein Dag og skulde hava Pengar av han Far; og det viste seg at der vart 8 Skjeling for lite. Daa segjer ho Anna: «kann kje du Gunnar laana Far din dei Skjelingane dine so lengje?»

Gunnar kolna der han sat. Carolus var ute, og Gunnar hadde ingin Draum um kor Pungen var. «Ja det er sant,» sagde Enok. «Pungen er uti Ledikken i den blaae Kista mi,» sagde ho Anna; Enok gjekk ut og skulde finne 'n.

Stogo tok til aa svive for han Gunnar. Han skyna kva Veg det no bar. Den store Tyngdi lagde seg for Bringa hans, og han fekk Hug til aa graate. Far hans kom inn: «de fær finna Pungen de, som veit kor han er,» sagde han. Ho Anna sat og gav Vesle-Paulus Bryst, so ho kunde kje gaa; «men du veit daa kor Pungen er, du Gunnar?» – «Ja fort no, Gunnar,» sagde Enok.

Gunnar hadde rekna ut, at laug han so fekk han Ris; men sagde han sant fekk han likso ^[1.47]vel Ris; og dessutan vart han daa Uvenir med Carolus. Han sat millom Eldar tvo. Men det beste vart aa ljuge. «No?!» egste Far hans. Gunnar mulla med Munnen, men fekk kje upp Mæle ... «Kva er det du segjer?» spurde Far hans. «Eg veit kje – kor Pungen er.» – «Veit du kje, kor han er, segjer du?» Enok stirde so det kolna i Gunnar.

Det vart sendt Bod paa Garden etter aatte Skjeling; so lengi den Framande var her, kunde Gunnar vera trygg. Han sat paa Benken ved Matborde blaanande bleik som han venta paa Dauden. Det susa for Øyro hans. Aa, berre han Carolus kom; berre han Carolus kom. Aa, gjev dei maatte gaa til Storbrekke etter Skjelingane; so kom han Carolus att ... Nei; der var ho Serina. Og Skjelingane hadde ho. Mannen fekk sine Pengar; so gjekk han. Inga Raad; inga Raad ...

Han Far kom. Stogo gav seg; seig i den eine Sida ... Gunnar klara det kje lenger; Graaten tok 'n.

«No fær du fortelja meg korleis det er med denne Pungen, Gunnar.» Far hans stelte seg upp framanfor Borde midt oppyvi han. Gunnar kava og vilde svara. «Naah? – Naah?!» – «Eg hev mist Pungen!» skreik Gunnar yvi seg i vill Graat.

^[148] «Men Gud bevare deg, Gunnar,» jamra Mor hans. «Hev du misst han?» ropa Far hans. «Korleis bar det til?» Uff, no skulde han finne paa noko um det att. «Kor var det du misste 'n?» Enok var skræmeleg aalvorleg. – «I – Løo.» – «Kor kunde Pungen koma aat Løo, naar han laag i Kisteledikken?» – Gunnar grét og tenkte, tenkte og grét; – «eg vilde ... m-u-u, m-u-u ...» – «Naa?» Enok bøygde seg og tok han i Aksli. «Eg vilde ... sjaa paa Skjelingane, m-u-u, u-uh ...» – «Og so tok du Pungen or Kista?» – «M-ja, u-u ...» – «Og sat og dyrka dei stakkars Skjelingane som ein Avgud, ja. Og so la du Pungen i Lomma og gjekk aat Løo med han.» – «M-ja; m-u-u, u-uh ...» – «Og der slarva du han burt. Og etterpaa alt gjeng du og tier og løyner det burt for oss. Ja no fær eg lære deg Aalvor daa, at det ikkje skal gaa med meg som det gjekk med Ypperstepresten Eli ...»

Og Gunnar vart so syndleg uppstrøkin som han aldri hadde vorti fyrr. Fysst ein Bask; so ein til med same; han vreid seg som han vilde smjuge ut or sitt Skind, og skreik gjennom sin snørde Strupe so der var kje Menneskjelaat i det lenger. Ho Anna gjorde seg hard; han hadde fortent Stryk no; tenk kaste burt Pengar ... men det vart for fælt; han ^[149] drap Ungen; «aa nei, Enok! Herre Gud, Enok!» Men i denne Vargestogo kunde ho kje høyre sitt eigi Maal. Endeleg slapp Ungen ut or Kløane paa Far sin; krabba burt yvi Golve paa firefotom, skjelvande, hikstande, mest maallaus, sanselaus ... Anna skalv; «du skulde daa brùka Vite!» – «Det er betre at eg tuktar han,» svara Enok, «enn at han skal falla i Hendane paa den levande Gud!»

Gunnar drog upp Skinnbroki si og berga seg ut Kammersvegen, gjennom Kjøken og Bakdøri, yvi Tune aat Løo, kavande heile Tidi med Graaten, som ikkje maatte høyrast for mykje; kjende seg kje trygg her heller; rømde aat Smalagarden; der gøymde han seg burt i den myrkaste Kroken og lét Graaten faa sin Vilje. Aa Gud! kor det sveid i Enden hans. Han grét og grét til han mest vart rædd sjølv.

Carolus kom drivande upp Storækra med Hendane i Broki, plistra og tenkte paa inginting. Daa han kom upp-mot Løo, hørde han gjennom Vindsusen slik ei underleg Uling; kva kunde det vera? Han stana og lydde; kunde det vera Folk? – Lydde og leitte; kom tilslutt aat Smalagarden; der fann han Gunnar. Og fekk vita alt.

Daa vart hans lette Fantehjarta so kløkt, at han med ein einaste Gong flaug inn etter Pungen. Og kom og gav Gunnar han att. ^[150] «Stakkars deg, at du skulde lida so vondt for mi Skuld! Aa nei, at eg ikkje var heime!» Han klappa Gunnar paa Kinne og trøysta han. «So ja, Gunnar; ikkje graat no lenger. Du skal faa den vene Luva endaa; eg skal snakka vel med Mor mi. Og kann kje ho skaffa deg Luva, so skal du faa ei av meg, naar eg vert stor; det er kje so mange Aari til dess, veit du. Aa nei at du var so trufast imot meg, at du ikkje blanda meg inn i dette. Det var godt gjort det Gunnar. So; kom no, so skal me gaa inn; du tarv kje vera rædd, naar eg er med.»

Gunnar kom seg smaatt i senn. «Og no skal du kje segja Far din at du hev fengi att Pungen din; so kann du sidan kjøpa deg kva du vil for dei Pengane. Er kje det sant?»

«J–jau,» hiksta Gunnar; han smilte gjennom Graatkrampen.

I den Stundi gløymde han at Carolus var Fant. Carolus var den gildaste Guten paa Jordi.

XIV.

«Du snakkar so mykje um aa fornekta seg sjølv», sagde ho til han ein Kveld, dei hadde lagt seg; «det er rart, at du kan halda paa med *dette* daa.»

Han skulde høyre det ein Gong! anten det gjekk so eller so. Men daa ho hadde

sagt det, trega ho paa det att.

Han tagde lengi. Og det vart so susande stilt. Ho h yrde sine eigne Ord uppatt og uppatt; og dei vart so styvne og stygge. Og der laag han og hadde h yrt deim, og tenkte paa deim. Ho vart sveitt. At ho daa aldri kunde l ere aa tegja.

«Du veit vel», kom det endeleg, «kva Gud sa til Adam og Eva: 'vorder frugtbare og formerer eder'. Og me skal gjera hans Vilje i alt. Me maa berre beda um aa faa gjera det med det rette Sinn og ikkje av nokon Kj tslyst.»

^[152] – – Ja du tarv kje syte! han hev nok Svar! Og Bibelspraak til alt, um det er aldri so gali ...

Um ho vilde segja at ho ikkje stod i det; at han  ydelagde henne med Arbeid og Barnsengir ... «I Hustruer v erer eders M end underdanige ligesom Herren»; «hans Kraft er sterk i dei veike» ... det vilde regne med Bibelspraak. Og alltid fann han det som h vde etter hans Hovud.

Ho skyna seg kje paa han. Ho totte slett-ikkje han livde so plent etter Orde i alle Ting. Han snakka um at me skulde vera audmjuke og smaae i vaare eigne Augo; men dette Smaal ete og Mjuklynde merka ho kje noko til hjaa 'n sj lv. Alt det han gjorde var rett; kvart Paafynster av 'n skulde vera Guds Vilje ...

Um der stod, at «I Hustruer skal v ere eders M end underdanige,» so stod der likso vel: «I M end, elsker eders Hustruer og v erer ikke bitre imod dem.» Men det hugsa han aldri. Berre det, som h vde for 'n sj lv – –

Ikkje den minste Tanken hadde han for henne. Ikkje ein einaste Gong hugsa han etter korleis ho kunde ha det. Dei kunde godt havt Raad til aa liva som anna Folk; men nei ... Det var vel Meiningi hans, at ^[153]han vilde hava Ende paa henne; det var vel det som var. No, daa Arven hennar var gjengin, kunde ho au gaa; han vilde vel heller hava ei ny, som kunde gange 'n endaa meir under Augo. Han var kannhende ikkje so galin som han saag ut til. Underlegt kor v el denne Heilagdomen hans h vde med det jordiske; det som var Guds Vilje var alltid det som var det billegaste ... so n er som dette med dei fatige kannhende. Han skjemdest av aa tilstaa at det var Knipeskap, og so fann han paa at det skulde vera Guds Vilje ...

Uff; no fekk ho kje tenkje for stygt. Men jamenn kunde ho bli so forarga stundom; – og berre Gudshug *var* det ikkje; det skulde ho mest vaaga. Sann

Kristindom kunde daa ikkje vera so hard.

Jau, ho skulde visst gange her og gjera seg Samvit, av di ho narra han i sùmt smaatt; naar han var so urimeleg, so fekk han sjølv taka Skaden. Og Borni skulde ho hjelpe so mykje ho kunde; og Maten stelte ho so godt som ho fekk det til. Harmelegt, at ho var so veik; at ho ikkje kunde gjera beintfram Motstand! Det skulde vori ho Inger hans Per ...

Ho laag og arga seg til ho fekk ei Skjelterid. Hjelpe henne so sant; ho som so vel ^[154] kunde turve sova. Uh; ho var so trøytt og klar; ho hekk mest ikkje ihop. Kvar Morgo upp i Otta; træle og traave heile Dagen; tusund Ting aa gjera og inga Hjelp; Huse og Fjose, og Barn ved Bryste ... Ho Serina var snild, men rokk kje stort meir enn stelle den litle; og Jorina kunde kje so mykje som bøte ein Sokk ... Rart Barn; kunde inginting lære. Gjekk berre og snugga seg og klaadde seg i Hovude; ein hadde meir Mas med aa halde henne rein enn ein hadde Gagn av henne; Anna skulde vera so glad ho var fri henne, at –; men det torde ho nok ikkje nemne. Det var slik ei Høgtid med den Ungen, at det var kje Maate paa; hans eigne Born vart reint som Stikborn mot desse Fantungane. Men so gjekk dei han no kje mindre under Augo; det forstod dei seg paa, slikt Fanteherk! Det verste var at ho Jorina fyllte han Gunnar so upp med Sogur og Fesjur at han vart reint tussut av det, myrkrædd og stakkarsleg; ja no hadde han fengi slik Hug paa sovori Tøv, at han brydde seg kje um aa vera i Lag med andre enn desse Fantane, som kunde fortelja han Eventyr og gamalt Kjeringsnakk. Carolus var vel den verste i dette au; men no hadde han fengi slik Magt i Huse ... aa! um ho kunde faa noko paa han ein Gong, so ^[155] ho kunde faa han ut. Men aa faa Tak paa ein Fant –; daa fekk ein lettare Tak paa Aalen.

Og her gjekk ho. Ikkje kunde ho hava noko Tilsyn med Borni heller; dei kunde lære alt som stygt var, for den Skuld. Naar skulde vel ho faa ei Fristund? Ho stræva paa Tròt fraa Morgo til Kveld; og um Natti, naar ho skulde sova, var det den litle; eller tunge Tankar som au kunde taka Svevnen; so um ho kunde faa ei Fristund au, so var ho for mødd. Og han –; han, som endaa hadde teki paa seg aa halde Skule for deim; jau det vart Greidur! – Det gjekk som det maatte gaa, naar ein var so strid paa sitt og ikkje vilde høyre paa Fyriteljing. Kva det skulde bli av Borni visste kje ho. Ikkje kunde ho hjelpe deim. Ho maatte gange som Gjente, ho, og vera glad ho fekk fraa seg det som mest turvtest. Og med alt det ho stræva, so

vart det kje som det skulde kórso; det vaks uppum henne paa alle Kantar med ugjort og halvgjort; Huse var i Ustell og Borni i Ustell; her saag slik ut ofte at ho reint laut skjemmast. Men – «berre me kann halda Hjarta vaart reint og heilt» – uh.

Og so kunde han kje ein Gong hava det Vite –; so snart det eine var avvant, so var det aa gange med det næste ... Og ^[156]so veik som ho vart. Sist hadde ho klara det; men næste Gong? – Ei Braarædsle tok henne. «Aa Gud! lat meg kje faa fleire no ... i Jessu Namn Amen!» –

– Nei, nei; ho meinte det ikkje. Ho meinte det ikkje. Ho visste ho maatte kje klaga ho, som hadde so vene og friske Born. Aa nei; ho klaga kje heller. Det var ikkje Meiningi det. Ho maatte nok berre takke til. Tenk um det hadde vanta deim noko; anten paa Kroppen eller paa Vite; det var nok dei som fekk kjenne kor godt det daa var. Nei; ho skulde ikkje klage. Fekk dei berre vekse upp som det no saag ut, so skulde visst ho vera fornøgd. Det var berre det at ho stundum kunde verta so forharma – –

Ho laag og hørde paa dei jamne trygge Andedragi fraa Vogga og dei smaae Sengine; lydde til denne søte Firklagen av frisk, lett Svevn, til ho vart roleg. Ein fekk lata Han styre; og lite paa at det gjekk som fyri-sett var. Det kom vel den Dagen daa han Enok fekk trega – – –

Ute hadde Vinden snutt seg paa Sør; ho kunde høyre det paa Tòte. Huse var som ei Vindorge, og kvar Vind hadde sitt Spel; fraa dei høge Yl av Nordvesten til det døyvde, graatande Regngnaale fraa Sør, – ho kjende ^[157]deim alle. Aa ja, ja. Verdi var stormfull og tung. Aah ja. Gud vere med oss.

Med ein djup, trøytt Sukk seig ho i Svevn. Daa han Litle-Paulus vakna noko etter, laut han skrike ei heil Rid fyrr han fekk vekt henne.

XV.

Ein ven, frisk Sundag i Februar. Lind Frost, lett Luft; døyvt Solskin fraa halvslørd Himil.

Inne paa Aase stend Enok og les Teksti. Den sæle Smilen hans er kje so tydeleg i Dag. Der er heller noko graatt og trøytt yvi Andlite.

Ein logn, tung Torv-Varme fyller Stogo. Golve er straatt med frisk Sand. Anna sit i Armstolen ved Vogga og blundar so smaatt; attum henne hev Smaagjentune gøymt seg.

Ho Jorina sit i Omnskraai og dubbar. Paa kvar-si Side av det grønne Borde, like under Augo hans Enok, sit Gunnar og Carolus; dei ser ut som dei høyrer paa Teksti.

Paa Veggen ved Kammersdøri heng Klokka og tikkar i sitt høge Hus. Tikk – tikk; tikk – tikk ... syvjugt og seint; Carolus tæl: ein–tvo; tri–fir' ... noko fær ein finne paa, so ein ikkje skal somne.

^[159]Gunnar drøymmer um Arabia. Der vil han byggje seg ei Borg. Den skal vera slik og slik, og hava so og so mange Rom; der og der skal Carolus bu; og der vil han vera sjølv; dessutan vil han taka med seg Borni hans Per der nord, so dei vert mange nok til aa slaa Trebonius.

Kannahende han gifter seg med Olina ein Gong? – Uff nei. Men dette som han Carolus fortæl um ... det maa vera løje.

All Ting veit han Carolus. Kven hev sagt han dette, tru? Kann han ha set det? – Det vil Gunnar spyrja etter i Kveld. Det er so gildt med det at dei ligg ihop no; so kann dei faa røda so mykje. –

– Enok las og las, men var som so daud; hadde kje den rette Gleda i Orde. Det var ein av dei myrke Dagane dette; Soli gøymde seg attum Skyir, og det var Skugge i Hjarta hans. Men Frelsarhandi heldt; so rædd turvte han ikkje vera.

I seinare Tidir var han kje so jamt paa Tabor som fyrr. Berre ein Gong imillomaat, naar Gud serleg vilde vise han sin Naade. Stundom kom han heller langt nedimot Dalen, totte han. Djevelen narra han ofte med sine Knip, og Suti for «i Morgo» fekk Tak paa han altfor ofte. Men han visste, at som han hadde det no, med Fall og Uppreisning og ^[160]mykje Strid, so var det ein kristin maatte vente aa hava det i Jammerdalen. Og so laut Enok vera glad likevel. Glad at han fekk stride den gode Striden og vart agta verdig til aa prøvast i mange Freistingar.

Berre Gud vilde hjelpe han med Husfolke hans, so det og snart kunde koma til Jesus. Han totte det gjekk smaatt med dette, og bad ofte um Tølmod. Og han arbeidde og stridde med Lesing og Bøn, og preika Orde baade i Tid og Utid; so lengi skulde dei høyre kor god og ljuvleg Herren var, til dess dei ikkje kunde halde

seg burte lenger.

– Undrast paa kva det kunde vera han Gunnar tenkte so paa no; han sat og stirde med slike tome Augo. Enok vilde til aa spyrja han um dette, kannhende skræme han litegrand, so han kunde minnast det ei Stund; – daa høyrdest det Stig ut paa Vegin. Alle vakna og glytte ut. Kjære Folk; var det kje Student Olsen, som kom svingande?

Gunnar og Carolus blinka til kvarandre; han kom hit. Gudskjelov, Gudskjelov ...

– Tri sopande Stig inn Gangen; knakk-knakk paa Døri; inn steig Olsen mager og lang. Flosshatten hadde han teki av Hovude; men endaa laut han bøyge seg. «Goddag; signe Andagten.» – «Takk. – Du maa sjaa du fær sitja.»

^[161]Olsen drog upp Frakkebreiddine og sette seg paa den næmaste Stolen; «mykje til fint Vêr.» Han var ædrug i Dag; tala Bygdemaale. Hatten lagde han paa Knée; Staven sat han med i Handi; Ryggen var rak som eit Skaft. Han var skallutt framme og langhærd bak; Andlite var magert og skarpt med djupe Fòrur; i Kinni var som ein Kul av Tòbak-Skraae. Dei blygraae smaae Augo blinka jamt og tidt. Frakken var blanksliten, Halsskjorta flekkut, Styvlane skakke og mest hælelause. Han hadde stygge Drykkjeridir, Olsen, og det var smaatt med han i det heile; men han var lærd, og so hadde Enok som ein Vyrndad for han korso.

Dei kom i Svall. Gunnar og Carolus blinka til kvarandre. «Eg gjeng burt og ser um Øykjine,» sagde Carolus og rusla ut. Gunnar snart etter – Kammersvegen. So kunde han Far tru at han vilde ut og lesa paa Leksa si. –

Olsen var komin «i Forretningar» i Dag. Han vilde høyre um Enok kunde ha Bruk for ein Huslærar kannhende. «Eg høyrer du hev fengi nok av det som Folk her kallar Skule,» sa han; «og daa eg just hev fritt i nokre Vikur no, so kunde det høva godt kannskje.»

«Ja –.» Enok drog paa det.

^[162]Han visste at Olsen var dyr. Men naar Gud sende Mannen hit, so var det kannhende hans Vilje. Ein kunde slaa seg ihop med han Per, so vart det kje so vondt dyrt likevel. Hans eigi Skuling gjekk det smaatt med, det var sant; lite Stundir vart det, og denne stakkars Gunnar'en med sin Uhug til Boki ... det var vel gali at han gjekk soleis lenger. «Kva meiner du, Anna?»

Anna talde til av beste Magt. Baade Gunnar og Serina stod til atters for sine Jamaldringar; og um me kunde forsvara aa lata henne Jorina gaa med so lite Skule ...

Det meinte ho skulde hjelpe, og det hjelpte. Dagen etter sat Borni hans Enok paa Skulebenken; dei hans Per der nord var au med.

Glad var Gunnar. No fekk han gange sundagsklædd! Og so var det Fristundene. Daa tumla han seg reint villt. Fangtokstⁿ⁴⁰ og slogst og ylte i høgan Sky, og fann paa alle Slags Fantestykkje. Serleg leid var han med henne Olina hans Per; lugga og slog henne; kneip henne i Armane og stakk henne med Naalir; stundom kasta han henne i Bakken og drog henne rundt etter Føtane; ho laut klagja til Olsen. Det var reint rart, so vill han hadde vorti; han var verre enn alle ihop.

^[163]Elles gjekk det godt. Olsen var glup til aa halde Skule, naar han hadde dei gode Ridine; han fekk Liv i Borni, og dei fylgde med. Streng var han ikkje; dei fekk røde og læ og sitja som dei vilde mest; sjølv spanta han att og fram paa Golve og berre liksom tala med deim. Men skyna han at dei vart leide, so jaga han dei ut; «no duger de kje til anna enn til aa slaa Tribonius,» sa han.

Enok hadde aat han for denne Maaten hans; det var gali aa halde so lite Tukt, meinte han. Borni lika det nok; men just det var eit vondt Merke; ein skulde agte seg for det som var gildt for Kjøt og Blod. «Eg brukar *min* Metode,» sa Olsen.

Men um Kveldane heldt han seg paa Garden, helst hjaa han Helge, der det stundom var ein Dram aa faa. Og fekk han ein Dram eller tvo, so «preika» han. Og Folk samla seg og hadde Moro av dette. Men vart han drukkin, fortalde han sine «Oplevelser»; det var der ingin som skyna seg paa. Daa vart Olsen vond. Eller han sukka og vart hugtung. «Man tænke sig, her staar jeg, Norges største Digter; – og i hvilke Omgivelser! *Ah, quelle vie, quelle vie, ah! voici un malheureux!*» – og anna Javl, som skulde vera Franskt, lét han um.ⁿ⁴¹

^[164]Daa Laurdagen kom, slutta han Klokka tolv og strauk paa Bygdi.

Han kom kje heim fyrr dei hadde eti til Kvelds. Og daa var han svært høgtidsam.

«Tak, ikke Mad.» Stakkar; i Kveld tala han Bymaal.

Han gjekk paa Golve med svingande Faktir og store Stig, og kremta og

kremta som han vilde segja noko. So lagde han Armane yvir Bringa og stelte seg upp. «Høistærede Enok Haave. Har jeg nogensinde fortalt dig om min Besøgelses-Tid?»

– «Eg vil ynskja du hadde kjent din Besøgelses Tid,» svara Enok; han sad og smidde paa eit Spadeskaft.

Olsen tok til aa gange att; hadde visst ikkje høyrte Svare. «Ja, min Ven; saadant oplever ikke Per og Paal! I det hele taget. Man blir ikke Digter, hvis man ikke mindst en Gang i sit Liv har været gal, – som Filistrene kalder det.

«Hm. Jeg husker det som det var igaar. Det var en lys, lys Morgen. Jeg dampede ud over den herlige Kristianiafjord; mit Maal var at besøge en viden berømt dansk Nervaløge ... jeg var nemlig ikke gal, men nervøs. 'Mod Syd, mod Syd som den vilde Gaas!' heder det i et af mine Digte. Som jeg nu sad der alene for mig selv paa et vist Sted, da gik det ^[165]med engang op for mig –: du, Ole Christian Olsen, du er, reverenter talt, en L-. Men dit Indre, din Sjæl, er en Udstraaling, en Straale ... en Udsitren af Altets Ophav, den store Overdigter ...» Han rette Armen ut og didra med Fingrane.

«Og jeg følte Gud i mig lys levende. Kan du tænke dig noget saadant, Enok?»

«Eg hev ... kanskje upplivt det som var større.»

«Gudskelov, at du forstaar mig, Enok. Det er velsignet at være blandt oplyste Folk.

«Ja det var en stor Tid. Siden gik jeg længe som i en salig Rus; en let, lys Taage, som jeg kaldte Digtertaagen. Og en vældig Stemme i mig sagde tydelig, uden Ord: Du er den som er større end Shakespeare.

«Omsider begyndte det at gaa rundt for mig. Og der kommer nu en Episode som er – i subjektiv Forstand – noget af det interessanteste jeg har oplevet. Min saakaldte Galskab var nemlig en stærkt beaandet Fantasilværelse ... begavet med en Digterevene, som jeg aldrig har havt hverken før eller siden. 'En Seilersky saa lys og let' ... Hører du efter, Enok?»

«Aa, eg høyrer nok ...»

«Jeg troede dengang, at det var Jordens magnetiske Udstrømning, som forårsagede ^[166]Kræfternes Aftagen og omsider Døden. Nu var Udstrømningen ophørt; Jorden beholdt sin magnetiske Kraft i sig selv, og de Døde vendte tilbage.

«Rummet var forsaavidt ophørt, som jeg kunde tale ligesaa godt med en Mand i Grækenland og Rom som med en i mit eget Værelse. Naar jeg siger at jeg extemporerede tusind Vers, siger jeg altfor lidet. For i hele tre Maaneder forekom det mig, at mit Publikum var samlet – nei, opmærksomt – Klokken otte; og da trakterede jeg dem i Regelen lige til Klokken elleve med det ene Vers efter det andet; og disse Vers knitrede af Esprit; og hvad Formfuldendtheden angaar, saa har jeg udenfor Daarekisten ofte ikke naaet den, men aldrig overtruffet den.»

«Hm; ja dette –» tok Enok i. Men Olsen letst ikkje høyre.

«He–he; engang indbildte jeg mig, at Goethe havde sagt eller gjort noget som mishagede mig; og saa gav jeg mig til at angribe Goethe. – Goethe er en afdød Kollega af mig, en af de største Digtere, som nogensinde har eksisteret. – Det første Vers vil enhver erkjende Urigtigheden af –:

«Er sass ja ganz wie blind und taub
in vielen, langen Jahren ...»

[n42](#)

^[167] «*Ah, c'est vrai*; du forstaar ikke Tysk. *Ah, l'imbecile* ... Men nu skal du høre noget, jeg digtede paa Norsk; det var til Henrik Wergeland, hvem jeg angreb for hans Usædelighed, – og det med Rette.

'Hvor længe, Henrik – –'»

«Hm,» kremta Enok; «du fær gaa burt etter Salmebøkane, Gunnar. Det er paa Tidi no, at me held Bøni.»

Olsen stana og slog ut med Armane.

«I Øgleunger!» sette han i; «vogter eder for den aandelige Hoffærdighed! Vogter eder for dem, der holder lange Bønner og siger Herre, Herre, men fornægter og foragter Herren i hans Værk og i hans store Aabenbarelses! De kjender hverken Goethe eller Shakespeare, men vil kjende Gud! – hah. Sandelig siger jeg eder, eders Bønner og Herre-Herre-Raab skal ikke hjelpe eder; intet skal hjelpe eder; thi I søger Frelsen udenfor eder, hvor den ikke er at finde. I Æsler! intet kan frelse os, naar vi ikke kan frelse os selv! Om du tror, men dit Blod løber sygt og tungt og sort i dine Aarer, da skal ogsaa din Tro vorde dig til Sygdom og Fordærvelse. Sandelig siger jeg eder: det kommer ikke an paa Troen, men paa Blodet! I Daarer, I taler i eders Raahed om Jesu Blod; vide I da ikke, ^[168] at naar der tales om Blodet, om det frelsende Blod, da er det eders eget Blod,

eders eget friske, røde Blod! – thi i det ligger Frelsen, men ikke i noget andet! Der er ikke Frelse i nogen Ting, hvad enten det kalder sig Tro eller Troldom! Men I skal være som de der ikke have Lægedom behov! Ser til Himmelenes Fugle! I Fæhoder, hvad andet lærte Jesus end Sundhed og et let Sind! Glæde er den bedste Medicin, og den bedste Medicin er den bedste Religion; derfor skal I synge Sange til Evans Pris, ligesom den salig Guds Mand Presten Zetlitz; men vorder ikke siddende her i disse mørke Huler og grubler over eders saakaldte Synder; he-he, Synder! som om en Bauerⁿ⁴³ kunde synde! Jeg synes jeg ser Vorherre sidde og tælle ihop de Smaadumhederne og Smaaraahederne, som falder af efter dere, og som dere smykker med det høitrvende Navn «Synd»; ha-ha; Synd! I har Fanden ta mig ikke saa megen Sjæl, ikke saa megen – –»

«No kann det vera nok!» sette Enok i. «Jau no kom nok Hjartemeiningi upp, no! Det er som det stend: Born og fulle Folk kann kje tegja med –»

«Hvad! Sa han fulle Folk! Tror han kanskje, jeg er fuld? – Jeg!» – Olsen strama seg upp og vart stiv som ein Stake. So tok ^[169]han Hatten og Staven og skreid ut. «L'imbecile!» ropa han i Døri.

Dei saag kje meir til han. Men Morgonen etter kom det Bod fraa han Per der nord etter Panken hans og ein Ortⁿ⁴⁴ og seks, som han skulde hava av Enok for otte Dagar Skule.

– Det sat som ein Agg i Enok etter dette.

Han hadde synda. Vantruin og ulydig hadde han vori. Guds Vilje hadde han visst: at han skulde vera Lærar sjølv i Huse sitt; og Hjelp til dette skulde han faa; det hadde Gud lova han tydeleg. Men so hadde han vorti utølig. Det gjekk ikkje godt nok, og det gjekk ikkje fort nok; han hadde for mykje aa gjera. For denne hans Tvil og Vantru hadde Gud no teki Hjelpi si fraa han, so det vart som han trudde, at han ikkje greidde det. Det var som med Petrus, daa han gjekk paa Vatne; han sokk so snart han tvila. Men Enok hadde kje som Petrus vendt seg til Herren; han hadde vendt seg til Olsen.

Og «forbandet er den Mand, som forlader sig paa Mennesker og held Kjød for sin Arm.» Ikkje berre med Vantru hadde han synda; Uppreist hadde han gjort. Og so braadt som det var komi! so reint uforvarande! Han ^[170]hadde kje visst av nokon Ting; tottest staa i Naaden som fyrr; og med ein Gong laag han der; hadde

gjort den verste Syнди eit Guds Barn kunde gjera.

Di meir han tenkte, di større vart Syнди, og ei Rædsle tok han, so han misste sin Fred. Og no kom Straffi. Huglaus og kald vanka han um; all Barnefrihug veik fraa han; halvædd og uhuga gjekk han til Ord og Bøn; der var kje Hjelp i noko no, av di Gud heldt sin Naade burte. Verdslege Sorgir og Tankar fekk Magt med han kvar Stundi, og han tenkte med Fælske paa, kor lett Spel Sattan vilde hava med han, um han fekk Lov til aa gange paa han no. Det var Dagar daa han kjende seg so naadetom og kald, at han mest kunde tru Live var utsløkt; det einaste han hadde var Lengten etter Gud, ein veik, uroleg Lengt som ein litin bivrande Gneiste. Det var Trui; han visste det; men ho var so kraftlaus, at der inga Trøyst var i ho og inga Trygd; og Bøni hans var so arm, at ho kunde knapt naa upp for Truna og for Lambe.

XVI.

Det hadde vorti lite Høy i Aar; dei laut hjelpe seg med ymse Slag til Kreturi. Raunbork var god; dei gamle Raunane i Hagen fall ein for ein, so det tilslutt berre stod att eit Par av dei eldste, den med Skjorereire i, og so ein som mest var utgjengin. Det vart underleg audt og snaudt. Endaa godt, so lengi den gamle Selja fekk staa; Enok vilde helst ha hoggi den au, daa det «fylgde Ovtru med ho;» Far hans hadde haldi ho for eit Lukketre. Men so var det det, at ho livde eit Grand mot Nordvesten.

– Dei sat ein Dag og skava Bork; so kom Salomon Storbrekke køyrande med han Legde-Lars. Anna sukka; no skulde dei ha den Ufysa aa dragast med att. Av alt det Skrape som flakka um paa Legd no, var Lars Rotteholen den verste.

Rein Tulling var han, halvt Barn og halvt Dyr; kunde kje tala reint dessmeir, endaa han ^[172]var firti Aar gamall. Gange kunde han kje heller skikkeleg; stabba seg fram med Stav som ein Gamling, og riste og skalv i sitt slaskutte Hold. Ufysin var han aa sjaa paa au, graafeit i Andlite og sveitt, med eit dauvt, dyriskt Smil og smaae, blakke Faaming-augo. Men det verste var at han var so skamlaus; reint stygt var det aa hava han i Huse, naar der var Born. Ho Anna hadde komi yvi Gunnar og Carolus ein Gong, dei laag i Løo og stelte med han paa ein Maate som

–; ho vart harm berre ho tenkte paa det. Og denne Kreksa av eit Menneskje skulde gange her i tri Dagar ...

– «Goddag i Huse!» ropa Gamle-Salomon høgmaelt; det var mest som dei skulde høyre han Napolon sjølv. Men Salomon var meir pipande i Mæle; for han eldest.

«Ja her kjem eg med han Lars, so eg ventar kje aa vera velkomin! – So! inn med deg, di Ku du er. Uppi Omnskraai med deg ja, so ingin ser deg. Du er so gu kje for fjelg, korkje framme eller bak. So; gøym deg godt; tak Rauvi med deg. Panken din og. So. – Der hev dé han.»

Lars krusla seg inni Omnskraai med Bakenden fyri, grymjande i høg Grisetenor Ting, som ingin forstod: «øh! – øh-øh; øh! eh! – he-he.» Og so lo han. «Hæ-æh! hæ-æh! hæ-æ! hæh!» –

^[173]– «Ja vaagar du deg ut i so ruski Vêr, du au, Salomon,» sa Enok høgt. «Du vert gamall no. Korleis tykkjer du, du fær ha det?»

«Takk skal du ha, Enok! Eg fær segja som han Torkjell Tualand: Sinne aukar og Magti minkar; det er Alderdomen, ser du!» Han pusta ut og sette seg. «Jagu ja, san!»

«Bannar du enno, so gamall du er?»

«Hæh? – Du maa skrika ut naar du snakkar med meg; eg høyre kje meir enn Veggen.»

– – «Bannar?» Gamle-Salomon glodde kaldt paa han Enok med sine gamle gulnande Rovfugl-Augo.

«Ja bannar litegrand, det gjer eg, og det er gali; plistra og banna er Fanteskikk. Men elles kann du passa deg sjølv du.»

Han støyte Staven i Golve og rette seg upp: «er det sant dei segjer, at du hev vorti galin?»

Det kom so beintfram og sutalaust, at dei mest maatte læ. Han var den same Skøyten enno, han Salomon.

«Det er kje noko aa læ aat,» kvesste han i; «for er det sant alt det Folk fortèl, so skulde du ha vori paa Daarekista for lengi sidan.»

«Aa ja; – Jøderne ein Forargelse og Grækerne en Daarlighed.»

^[174]«Hæ?»

«Jøderne ein Forargelse – –»

«Ja Forargelse, ja! Det kann du segja ein Gong til! Er kje Verdi god nok aat deg kanskje? Hell trur du det at du skal koma so mykje høgare i Rang i Himerig enn me, med di du gjeng og lavar med Øyro so ukristeleg. Jagu totte eg ein Mann som du skulde ha betre Vît!»

«Verdens Spott ... skal me bera med Glede.»

«Hæh? – Det skal du slett ikkje! – naar du fortentar Spott! Høh! Hev du kje høyrst um dei, som les lange Bønir, at dei kann ansees av Mennesken; trur du kanskje Vaarherre bryr seg um all den Bæktingi di? Dei segjer du ligg og remjar og syng heile Sundagen, akkurat hvorso Kjetta, naar ho ræer ... Eg tenkjer Vaarherre segjer som eg, han, at jagu kunde han Enok Haave finna paa det, som der var meir Gagn i!»

«Det naturlige Menneske forstaar ikkje dei Ting, som hører Guds Aand til; thi de bedømmes aandeligen.»

«Hæ? – Kom kje med Bibelspraak og Krussifiksar til meg; eg er so gamall eg kunde vera Far din! Eg hev sét meir av Verdi enn du; og at Vaarherre er slik ein Kjeltring som Haugekarane trur, og du endaa verre, det vil ^[175]eg forsvara han imot; ja det vil eg. Me hadde daa Prestar fyrr au; gamle Presten Juel var den beste me hev havt, det segjer eg; men ikkje snakka han um Helvite – for andre enn Kjeltringar og Skarv daa; for der er Betterdø nok av dei som ikkje fortentar det likare; men naar me liver som ærlege Folk og gjer det beste, me veit og kann –; er me kje Guds Skapningar? Trur du kje han veit kva To der er i oss, – lengi fyrr me kom til? – Skulde han kasta nokon i Helvite, so maatte det vera slike som trur han so vondt, at dei trur han vil fara aat soleis med Folk; og kjem du kje til Helvite for denne Bæktingi og Remjingi di, so kjem du Betterdø ikkje til Himilen; no veit du mi Meining!»

Enok sukka. Stakkars gamle Mann.

Ho Anna kom inn med ei Ølkrus og baud Salomon; han takka og drakk.

«Takk skal du ha; du hev alltid vore grei, du Anna.»

Snart etter reiste han seg og vilde gange. «Gakk ut og ferd til Merri mi du, din Bankeskalle du er,» grylte han til Carolus; denne gjekk. «Hæ–æh! hæ–æh! hæ–æh!» lo Tullingen uppi Omnskraai.

«Nei men du fær daa drygja og faa deg noko Mat,» meinte ho Anna.

«Nei gu gjer eg ei, Annamor. Slike som han der uppi Omnskraai kann vera høvelegt ^[176]Lag aat Mannen din no; ikkje høyrer eg heime i sovori Barbari, ikkje.»

«Aa, du fær drygja litegrand,» stude Enok under.

«Hæ? – Nei; men er det so at det er noko du vil segja meg kanskje, so kann du koma med det; eg er so gu kje den som rymer for eit Bibelspraak!»

«Du skulde tenkja paa at du er gamall, Salomon. Brudgomen kann koma fyrr du varast.»

«Kva for ein Brudgom?»

«Han, som gjerne vilde vera din Sjæls Brudgom, Salomon.»

Salomon sputta. «Det segjer eg deg, at vil du snakka med meg, so fær du snakka som Folk og ikkje som ein Haugianar.»

«Eg meiner det kann kje vera so lengje, fyrr du skal døy!»

«Det meiner eg og. Ventar du Arv etter meg kanskje?»

«Du skulde sjaa aa faa Fred med Gud, fyrr du dør!»

«Det hev eg, mykje betre enn du. Han kann koma naar han vil; han skal kje finna meg i noko som eg ikkje kann forsvara.»

«Du maa kje snakka slik. Alle vaare Gjerningar er som et besmittet Klædebon ...»

«Nei gu um dei det er,» svara Salomon; ^[177]«eg held mine Gjerningar gjæve, eg; og um Vaarherre er streng, so er han daa kje nokon Skrivar heller. Var det meir?»

«Gud er ein fortærande Eld – –!»

«Gud er som me vil ha han, Farr. Vil du plent ha deg slik ein Skaprettar, so kann det henda han vert deg deretter! – Men Gjerningane dine kann du gjerne skjemmast av; her gjeng du og tek Live av Kona di og dreg Huse fullt av Fant; det er som eg segjer: du skulde ha vori paa Daarekista for lengi sidan; og kanskje du kjem der au. Ja Farvel daa, og Takk for i Dag! Farvel, Anna; du hev alltid vori ei grei Kona du; eg hev vondt av deg.» Salomon gjekk.

– Men dei siste Ordi hans hadde biti seg fast i han Enok.

Han tok til aa sjaa paa Kona si, der ho gjekk og stræva og stelte, og det var

sant: ho saag skral ut. Skulde det vera Raad –; brydde kje Gud seg det Slag um Bønine hans; kunde han i dette au ha misteki seg paa Guds Vilje?

Skulde det vera Mistak og Tøv alt ihop?

Desse «Jesusborni» ... brydde kje Gud seg um deim? Kannhende det au var sjølvbedin Dyrknad, som Herren vilde forkaste? Han hadde komi yvi Gunnar og Jorina naar dei var aaleine og skulde arbeide; og kva hadde han kje høyrte? Jorina stod og fortalde Huldresegnir ^[178]for Guten! – planta inn i han gamal Ovtru og Lygn, og lærde han upp i den verste Heidingskap!

Og Carolus, var han betre tru? – Han var nok mjuk og snild og lét svært vel, so lengi han var ein for Augo; men kva var det aa byggje paa; denne lette, falske Fantetunga – . At Gunnar i seinare Tid gjerne heldt Lag med han spaadde kje godt; Enok hadde endaa høyrte deim øve seg i Fantemaal. Um Herren ikkje brydde seg um dette Offere hans heller, ja vilde vende det til vondt for han? Um det hadde vori Satans Innbilningar og Blendverk alt ihop, alt ihop? – Gjekk kje denne Olsen au og drøymde um, at han hadde «kjent Gud i seg» og høyrte Vitnemaal i sitt Hjarta?

Det kom yvi han stundom, so han vart kald og sveitt, og kjende Folningar og Visningar gjennom heile Kroppen.

Han kom inn ein Kveld i Skùmingi; Vesle-Paulus skreik, og Serina sat og vogga og sulla for han.

«Paa Daarafjedl'e, ⁿ⁴⁵
paa Daarafjedl'e,
der dansa baade Gjeide og Saue.
Fyre gaar den, so i Pibaa blæs'e,
ittepaa kjem Kùssen ⁿ⁴⁶ den raue.»

^[179] «Kva er det for noko gamalt Tøv du sit og gnaalar paa,» sa Enok; «kann du kje likso godt syngja noko som er vent? – Kanskje tagnar han Paulus au heller daa. – Syng den som han Carolus lærde dykk her noko sidan; det var slik ein pen litin Song.»

Serina vreid seg; det saag ut som ho skjemdest.

«Naa? Skunda deg no! – Vil du eg skal verta vond paa deg kanskje?»

Serina tvinga seg og song Salmeverse. Men berre med halvt Mæle og halve Vokalar og svært fort; og der var Ord ho liksom løynde:

«Alle Vegne, hvor jeg vanker,
jeg min Mmsum har i Tanker;
hvor jeg ligger, sidder, gaar,
efter hmm min Længsel staar.»

«So ja! Men tydeleg og vent; so skal du nok sjaa han tagnar.»

Serina song andre Verse, noko meir modigt; gav seg liksom yvi og lét det staa til.

Men Paulus ylte heller verre enn fyrr; og so sette ho i att med «Daarafjedl'e.» Og det var forunderlegt so mykje lettare som dette gjekk.

Enok stod og sturde burtmed Vindauga og tokst med tunge Tankar.

Var det kje skræmelegt med denne Uhùgen til Guds Ord, og det endaa hjaa Borni?

^[180] Tilmed Paulus vart rolegare no. Ein kunde tru, at han lika kje heller aa høyre um Jesus. Og endaa var han døypt ...

Gunnar vilde han kje tenkje paa dessmeir; det var reine Hate der. Kunde han lure seg fraa Orde berre den minste Stund, sprang han som han skulde hava Eld i Enden.

Og Skulen, som Enok hadde teki til att med –; dei same Borni som hadde høyrst so vel etter, naar dei var for Olsen, – no beit det korkje Ord eller Ris paa deim; ikkje eit skikkelegt Svar var der aa faa; minst av han Gunnar.

Kor kunde det hava seg? «Alt hvad I bede Faderen om i mit Navn, det skal han give eder» ... og kor lengi hadde kje han bedi? Og so hjarteleg! meir hjarteleg enn um noko anna? Men heller verre vart det for kvar Tid.

Og dei var daa døypte! Dei hadde i Daapen fengi Anden; var tekne til Naade og løyste og utfridde fraa Sattan og hans Magt; men endaa –! Endaa skulde Gud og alt som Guds var vera deim so hjarteleg imot.

– Tyngre og tyngre vart Tankane hans. Han stana ein Dag paa si eigi Tropp –: skulde det kje vera sant, dette med Daapen?

«Vik bak meg, Satan!» han slog Tanken fraa seg i Rædsle. Men Tanken kom att.

^[181] Baptistar og Umdøyparar sagde at Barnedaapen var eit Mannapaafunn; det var aa spotte og hæde den heilage Ande, sagde dei; aa taka eit Reivebarn som endaa ikkje kunde skilja Høgre og Vinstre, og spyrja det um det trudde, – det var

eit Narrespel, eit Spotteverk. Difor hadde Djevelen slik Magt i Verdi au, for di me ikkje var rett døypte ...

«Aa Gud hjelpe og fri meg! Lat kje Djevelen reint faa Magti! at han skal føra meg ut i kraftige Vildringar og riva meg ut or Kyrkja og Frelsens Ark!» – Han bad og ropa av djupaste Naud; men Tankane tumla ustanselig.

Daa tok han paa seg ein Dag og gjekk til Presten.

Presten Meier var ein snild Mann. Og han hadde Lærdomen. Og Gud hadde innsett han til Sjølehyrding, so me skulde vende oss til honom naar noko stod paa; og Meier vilde like at Enok kom; det var ein folkeleg Mann, Meier.

– Hjaa Presten fekk Enok Hjelp. Ein merkeleg Mann. Var det Raad at Lærdomen aaleine kunde gjera so mykje?

So snart han tok til aa tala, kvarv Sutir og Tvil so burt for Enok, at han mest maatte leite etter deim sjølv. Han skyna ikkje lenger at Djevelen kunde ha raatt so med han i dette. ^[182] Det var nok som Presten sagde: at det var faarlegt aa skilja seg ut fraa Kyrkjelyden. «Du skulde ikke foragte Menigheden og Menighedslivet, Enok, selv om der voxer megen Klinte blandt Hveden ...»

Men serleg formana Presten han til aa øve seg i Tølmød. Ikkje berre beda um Tølmød og so vente at det skulde koma av seg sjølv; nei, øve seg i det; for Presten trudde at det just her var ein stor Faare for Enok. «Du hev havt det for godt; no er du som eit forkjælt Barn; so snart du ikkje fær det som du vil, so vert du furtin og tek til aa mistru sjølve Guds Naademidlar.» «Og desse Ting som bær deg imot, dei skal du taka med Takk som Guds hjelpande Tukt, den du nok vil hava meir godt av enn av alle dei sæle Dagane paa Forklaaringsberge.» «Du kann vera trygg for, at Husfolke ditt gjeng kje fortapt; det er berre Tidi og Timen det spyrst um; og der vil Gud for di eigi Skuld at du skal vente og drygje. Som Abraham venta i mange lange Aar paa Isak, so kann du og faa vente mang ein Dag; ja kannhende du ikkje fær sjaa det sjølv dessmeir, at Borni dine kjem til Frelsaren. Men du skal beda og halde ut, vel vitande at hans Tid kjem; og at hans Tid nettupp er den rette.»

Det ljøsna for han Enok. Han vart vaat ^[183] i Augo og tok Presten i Handi. «Takk, Far; Takk ...»

Sidan tala Presten med han um ymse Ting. «Selja alt ditt og gjeva det til dei fatige? – Ja, dersom du ikkje paa annan Maate kann rive deg laus ifraa Verdi.

Men kann du det; kann du brùka Guds Gaavur berre som ein Forvaltar, til hans Ære og Næstens Gagn –. Trur du, at Gud plent vil ha Verdensborn til aa stelle med hans gode Ting her paa Jordi? – Det er kje Rikdomen som er faarleg; Spursmaale er, um Hjarta vaart heng fast ved Rikdomen.»

Ja; dette var sant. Gudskjelov. No kunde han slaa seg til Ro; her sat Presten sjølv og tala paa Guds Vegne ... Rive seg laus? jauvisst kunde han rive seg laus; han hadde rivi seg laus ... ikkje meir um det no. Desse «indre Røystir» kunde likso godt vera av Satan, som Presten sagde.

Daa Enok gjekk, takka Presten han for han hadde hjelpt han so godt i Fatigkommissjonen sist, i denne Saki hans Fante-Tomas. «No skal det gaa,» sa Meier; «og det kann eg mest takke deg fyri; og ikkje berre eg takkar deg; men eg kann helse deg Takk fraa Eilert Sundt og fraa alle andre Vénir av dette stakkars forkomne Fantefolke; ja Takk fraa heile Samfunde. Og no maa eg segja deg det, at ^[184]anten du likar det eller ikkje, so vil eg no freiste aa faa deg vald inn i Skulekommissjonen; me hev eit stort og vandt Arbeid for oss der no, og eg vilde gjerne hava ein so opplyst og sant kristeleg Mann som deg med meg i det Arbeide.»

Enok gjekk heim letta og sterk, med Hùgen full av nye, friskare Tankar. Og han takka Gud av Hjartans Grunn; «Takk, Takk, kjære Far, – for ditt heilage Lære-Embætte!»

XVII.

Sundagen etter hende det ein underleg Ting. Enok klædde seg og vilde aat Kyrkja.

Anna torde kje tru det med same; «det er daa kje i Dag, me skal til Alters?» Han svara: «skulde me kje søka ein god Vén utan kvar Gong han held Gjestebod?» Og han vedgjekk at han hadde mistydt Guds Vilje i denne Saki.

Anna kjende som ei Letning i Lufti. For fysste Gongen paa alle desse Aari hadde ho no høyrte det Orde av han Enok: eg hev misteki meg. Det maatte tyde noko. Kannhende det verste var yvi-stridt no.

Gunnar og Carolus vart so glade dei kunde mest ikkje styre seg: no fekk dei fritt! Men Gleda vende seg til Sorg. Dei laut med aat Kyrkja.

Gunnar vreid seg jammerleg. Han vart so sur og vond i Andlite at det var stygt aa sjaa. Far hans vart arg. «Sjaa; sjaa kor han ^[186]trutnar!» sagde han. «Hev du set slikt eit Uliøyra? Er det nokon som vil vîta kor stygg Syndi er, so kann han berre sjaa paa han Gunnar no. Og det berre av di han skal faa vera med i Guds Tempel!» – Han sukka.

So kvesste han i med sitt harde Maal: «no skundar du deg!» – Gunnar kjende det Mæle. Han drog seg i Veg. Men so motstrævande seint, at det var som han skulde «dra eit Haartôg etter ei saar Rauv», som Far hans sagde.

Men Serina fekk vera heime; Huse kunde kje staa tomt. Kann vîta det; alltid skulde det laga seg godt for henne Serina!

Det var graakaldt og ein bitande sur Snøvind; Anna rugga seg so inn, at ho tilslutt sat i Kjerresæte som ein stor svart Klædetull. Gunnar skulde stande attanpaa. Han kom i sine blaae Vadmaalsklæde med raudstripud Verkensvest og Halskrage og kjende seg svært fin; i Dag kunde ho Olina hans Per gjerne sjaa han! – «Men du kann daa kje gaa so tunnklædd», sagde Enok; «du fryss forderva»; han sprang inni Gangen og kom ut att med ei av dei store gamle Trøyune sine. «Sjaa her; tak paa deg den.» Gunnar vilde ikkje. «No? kva er det no?» – «Uff ... ho er so stygg.» – «Stygg? Høh. Hev du høyrst slikt! Er kje Ungen alt so full av Verdens Faafengd ^[187]... Soh! – Eller vil du plent ha Stryk idag?» – «Du kann daa vîta du maa ha Klæde paa deg», jamna Mor hans. Gunnar kjende seg svikin paa alle Kantar. Han banna for seg sjølv, men gav seg; kraup so uppi Kjerra sur og harm. «Dægerens Far ... Alltid skal *eg* sjaa ut som Inkje-Folk!»

«So i Guds Namn», sagde Enok; «gakk no Brunka!» Han gav henne av Taumen, og ho trilta i Veg som ein Ball, med mange smaae lystige Salutar gjennom Bakporten. –

– Etter den Tid var Enok so viss i Kyrkja som Presten.

Han vandra paa Kyrkjevegen tagall og tankefull; me skulde «forvara vaar Fot, naar me gjekk til Guds Hus.» Var det einkvar som helsa og gav seg i Samtale med han, strøynde Gudsord fraa hans Munn, so at dei som kom berre av Forvitnad, dei tagna og drog seg undan.

Men stundom raaka han Nikodemus'ar, slike som heldt seg til Herren i Stilla,

men ikkje torde segja Verdi fraa seg heilt; dei freista han aa styrkje og rettleide. Men Gruvlarane som gjekk og vilde skýna Guds Løyndomar, og dermed ofte kom inn i baade Hugsott og range Meiningar, dei viste han fraa seg heller stutt. «Skýna du ikkje at Gud kann vera tri i ein?» sagde han til Tobias Traadal; «bed til Gud at ^[188]han gjev deg Trui; og naar du hev lært aa tru, so vil du og læra aa skýna; 'dersom I tro,' stend det, 'da skulle I se Guds Herlighed'!»

Men naar han saag paa alt det nye som trengde seg inn i Bygdom, Stas og Fjas og Faafengd av alle Slag, daa vart han tekin av heilag Uppgløding og tala um Straffedomar og Guds Vreide. Her gjekk Kvinnfolki og fiffa med Silkepløgg og Orliangskjolar, og Karane med nymotens Hattar og Klokkekjedur av Sylv; og rundt um paa Gardane sette Folk upp store gilde Hus og maala dei kvite so dei skein yvi Land, og kørde med Karjolar og Skeisurⁿ⁴⁷ som smaae Storkarar. Og den eine etter den andre raadde seg til av desse nye Plogane som Møller paa Myre hadde ført inn; liksom det ikkje var Guds Signing, det galdt um, men gilde Greidur; ja der var dei som fekk seg Hakkmaskinar og Treskjemaskinar. Det kunde koma den Dagen daa dei fekk graate yvi Faafengdi si, og daa Gud vilde vise deim at han lét seg ikkje spotte. –

Gunnar laut fylgje han Fot og Fet; og han gjekk og skjemdest for Far hans ikkje var som anna Folk. Tilmed i Klædebunad skilde han seg ut; dette Vadmaale av svart Ull skar so stygt av i det brune. Sine eigne Klæde var kje Gunnar heller fornøgd med. Dei var stygge dei au, det saag han no; for smaae og for ^[189]stutte var dei baade i Ermane og med Føtane; Skorne var kje rødande um; for deim hadde han Far sjølv gjort. Alltid skulde det vera so stygt det han Far gjorde.

Naar han Carolus var med, greidde det seg endaa; men Carolus lagde seg heime stundom. Han hadde slikt eit Lag med aa gjera seg sjuk. Kneip det, spydde han so det holka or han. Og naar han Far kom og sagde at han «maatte beda», so kunde han svara so godt: «Ja det skal eg; og De maa beda for meg De og Far; for dette er nok Vaarherre som vil straffa meg.» Gunnar kunde kje gjera seg sjuk. Og um han var sjuk, stod han upp likevel; det var so ufysi naar han Far kom og saag paa han og stod og stirde og spurde kva vondt han no hadde gjort. «For Vaarherre straffar deg kje for inginting, maa du tru, Gunnar!» –

– Ein annan forunderleg Ting hende: Borni skulde faa gange i Skulen att.

Den galne Forklaringi var kje i Bruk lenger. Og det var kje rett aa skilja seg ut.

Det kunde løyne seg Faafengd i det au, sagde han Enok. Den nye Læraren var ein aalvorleg og sætande Mann, og Borni hadde kje godt av aa gange her Heimfødingar.

Anna var so glad som ho skulde ha fengi Gull.

Gunnar lika seg au. Men endaa gladare ^[190] vart han, daa han fekk høyre at Far hans var innvald i Skulekommissjonen. So fekk han fleire Dagar frie.

– Skulen kom. Det viste seg at Tønes Tualand paa sin stilslege Maate var ein glup Skulemeistar.

Han var svært ung og ikkje stor; dei lange Kniktane fraa Storbrekke og Heialand kunde snart ha gjort uppum han, hadde dei vilja. Men det gjekk so stilt og vent at det var ei Syn. Og endaa bruka Tønes korkje Linjal eller Ris; og ikkje noko vidare Munn heller. Den han var mest etter var han Gunnar, som alltid vart so reint urimeleg vill, naar han kom saman med andre Born.

Men Tønes innførde ymse nye Skikkar i Skulen; serleg var det ein Ting, ho Anna hadde imot han fyri.

Han bytte Skulen sund i «Klassur»; kvar Klasse skulde fylgjast aat baade i Leksur og alt, og det vart daa mykje strengare med Skulegonga. Den som var burte ein Dag vart kje lenger høyrst serskilt; han maatte fylgje Klassa like godt. Dei Borni som laut vera mykje heime fekk paa den Maaten lite Gagn av Skulen; men Vondord fekk dei, og «Anmerkningar» i Prottekolen og i desse «Karaterbøkerne» dei no skulde hava; og det kunde koma svært ille med naar dei sidan skulde for Presten. Anna ^[191] tala med Skulemeistaren um dette; men han sagde berre at det var «Lovi». Det var komi ei ny Skulelov no, lét han; og den laut me til aa gjennomføre her au; men etter den Lovi var Borni pligtige til aa gange i Skule. Foreldri kunde endaa faa Bot, um dei heldt Borni heime utan i Sjukdoms Tilfelle.

Dette totte Anna var urimelegt. Skulde me kje raade for vaare eigne Born heller no?

Um ho skulde vera nøydd til aa sende deim av Garde kvar Dag i altslag Vêr og Føre, og dei daa skulde sitja i Skulen heile Dagen vaate paa Føtane og kalde um Knéi, so kunde ho kje vita Ord av fyrr dei var helselause. Helst ho Serina stakkar, som slettikkje var sterk. «Lovlegt Forfall» var det kje fyrr dei var sjuke; men daa

kunde det vera for seint daa. Ho Anna totte Skulen vart reint som umskapt for henne etter dette.

Fyrr hadde han vori ei Hjelp, no vart han ei Tvang; han kom med Lensmann og Lovmagt og gjorde oss umyndige i vaare eigne Hus; um ho aldri so mykje kunde turve henne Serina heime ein Dag, so skulde denne Husmannssonen fraa Ramstadheii kunne koma og segja «versogod»! og taka Borni fraa henne! Ho kjende seg avsett, ærekrenkt; og ho lika kje Skulen lenger. Berre sjeldan sat ho inne og hørde paa no; det kunde vera stundom naar dei ^[192] hadde Song; for han Tønes var so brennande god til aa syngje.

Det var rart med den som hadde lært. Han hadde ein annan Sving i sjølve Mæle enn dei gamle hadde havt, og so kunde han syngje piriano. Daa song han so smaatt daa. Men naar han sette i, so var der eit Maal i den vesle Skrotten so ein kunde høyre han lang Veg. Han song med Borni mest kvar Dag, og lærde deim mykje nytt og rart; noko heitte Skala eller Triklang og var berre upp og ned, so ein kunde mest læ; men so lærde han deim og noko som hadde Namn av Nasjonalsongar, – slike som «Aftensolen smiler», «Bækken gaar i Engen» o. s. b.; Enok striddest med han um desse Songane, som han ikkje lika. Men Tønes sagde at dei var songne i alle Skular no, og at opplyste Folk ikkje saag noko vondt i deim.

– Anna skulde faa høyre verre Ting enn det um Skulepligti au.

Me skulde faa fast Skule! hørdest det ut til ein Kveld. Dei vilde tvinge oss til aa sende Borni reint ifraa oss. Sende deim av til ein framand Mann, som skulde hava deim for seg sjølv i eit serskilt Hus, der inkje anna Folk skulde gange. Der kunde han prente inn i deim kva han vilde daa.

Og Enok, som elles var so imot alt nytt, han var med paa dette! Vart Folk forvandla naar dei kom i Skulekommissjonen?

^[193] Tønes var so forhippa paa denne Fastskulen at det var ulidande. Og han gjølte for han Enok so det vart mest leidt. «Ein so opplyst Mann;» «den likaste, me hev i Skulekommissjonen» ... Enok varde seg nok; men det var vel kje fritt anna han lika det. Og alt det Vase som Tønes kom med til Grunnar; det var so urolegt for Skulen i Stogur der Folk budde; der var ofte ikkje god Luft heller ... ho Anna hadde so nær spurt korleis Lufti var hjaa han Torkjell nedpaa Ramstadheii. Og Enok sat som ein Dott og sagde Ha og Ja – –

«Men naar det no ein Gong», tok ho Anna i, «er so stelt at me hev Umgangsskule, – so er det vel Ein som vil ha det so daa, veit eg?»

Den unge Skulemeistaren berre v Reid paa seg.

– «Etter den nye Skulelovi», svara Enok, «skal det helst vera fast Skule allestadir no. So han hev vel set at det turvtest ei Forandring.»

Aa, var det denne nye Lovi her au. Kven kunde ha Rett til aa gjeva slike Lovir?

«Men um det no var ein Skulemeistar som var so vond i seg, at han vilde innføra galne Lærdomar eller finna paa anna gali» ...

Skulemeistaren mylte.

«Me hev baade Presten og ein Tilsynsmann som skal sjaa etter det. Elles kan Foreldri sjølve koma og høyra paa Undervisningi naar dei so synest.»

[194] «Aa, – me skal daa ha Rett til det? Eg trudde mest me skulde vera for simple til det au eg.»

«Og so er der no Ein der uppe som vil sjaa etter at Orde vert forkynt purt og reint iblant oss ... naar me bed han um det. –

No skal me v enda oss til honom og takka for alt godt i Dag;» Enok gjekk aat Hylla og tok Salmebøkane.

«Og kanskje Læraren vaar vil vera so gild aa vera Forsangar for oss, sidan me hev deg her?»

Tønes raudna litegrand og svara Ja.

XVIII.

Det er Ettermiddag; Skulen hev slutta. Han sluttar alltid so tidleg, han Tønes.

Læraren sit øvst ved det lange Skuleborde og røykjer; han hev ei Bok framfyri seg. Carolus klengjer seg upptil han med eit Reknestykkje, han vil ha Hjelp i; skal vel paa den Maaten gjera seg gild for Skulemeistaren.

Paa Benken framanfor Borde sit Fante-Tomas. Han er komin i si Stilling og Betydning som Far, for aa sjaa um Son sin, læt han um.

– Men i Grunnen var det den nye Læraren, han vilde freiste seg med. Det skulde vera ein klok Kar, hadde han høyrte, utlærd paa denne nye Lærarskulen; og

Tomas hadde kje godt av seg, fyrr han fekk visentere han litegrand. Det skulde vera Beng'enⁿ⁴⁸ til Spikk, um denne unge Spiren her skulde kunne klara seg mot han Fante-Tomas.

Lengi sat Skulemeistaren og vilde kje høyre ^[196]etter. Men Tomas gav seg ikkje. Han lédkka og krøkte til han fekk Tak. Skulemeistaren lagde Boki fraa seg.

Daa tok Tomas ei av sine vandaste Aspektir. Ikkje ein Gong Presten Meier hadde kunna klara den.

Det var sagt i det sjuande Bud: «du skal ikke stjele». Og det hadde Moses skrivi med sin eigin Finger paa Steintavla paa Sinai Bjerg, og Gud Herren hadde sjølv sett sin Stempil og Innsigill paa, at det skulde vera so som Moses hadde skrivi. Her hjelpte det inga Betraktningmaatar eller Umsvævelser; det som var skrivi, det stod.

«Men no skal du sjaa», sagde Fante-Tomas og slog med Hovude, «kossleissen desse Aspektir og Vitnesbyrd tek seg ut i ein annan Ordning eller Begrep. For her er so mange Begrep eller Betenkningar som me ikkje hev regtige for oss, naar me tek dei i visse Maatar og Undersøkelser; men dei vert regtige, naar me granskar etter i alle dei andre Punktar og Betraktningmaatar som maa vera med i denne Forstaaelsen.» Tomas sputta brunt.

«Men», heldt han fram, «naar me held paa med vaare Funderingar og Ransakelsar og prøver alle Vitnesbyrd og alle Aspektir mot kvarandre, so at det eine stend imot og vitnar imot det andre, som Apostelen segjer, so vert det ^[197]gali paa ein annan Kant att, og du veit kje kossleis du skal gebærda deg, og kann ikkje utvikla den Floken, du hev lagt deg. Thi vaar naturlege Forstand er ved Synden formyrket, som me alle veit. Men no skal du sjaa, kossleissen dette er aa upplysa.»

Han lagde Hovude paa Skakke og tok med mjuk Handferd og ymis Vridking med Akslir og Kropp eit Stykkje Raudkrit upp or Brok-Lùmma; det gav han seg til aa teikne med paa eit Stolesæte.

«Dette er Verden», sagde Fante-Tomas.

«Ho er her forestilt i Bilæte og Liknelse av noko som skal vera ein Brunn. Men i den Brunnen er ingin Botn; det gjeng beint til Avgrunns med ein Gong; og daa er det ingin, som veit meir.» Han glytte burtpaa Skulemeistaren; undrast paa um

denne vilde segja noko; men han berre nikka.

«Upp or denne Brunnen sting det seg ein lang Stake. Paa Toppen av denne Staken ligg ein Planke – soleis; tvers yvi Brunnen. Den Planken er heller smal, og ikkje fullt so lang som Brunnen er breid i Tvermaal. Utanum Planken kann ingin koma. Kjem du berre so mykje som ein Strek eller ein Tøddel utanfor den, so ber det til Hòls med ein Gong, og so er det kje meir.»

«Og no maa du fylgja godt med», sagde Tomas.

[198] «Her, ser du», han gjorde ein Prikk; «her, paa den eine Enden av Planken, er Kongen. Og her» – han gjorde ein ny Prikk – «er Statsraaden. So kjem Stiftamtmanden;» ny Prikk. «Og so Bispen. Og so Amtmanden. Og so Futen. Og so Skrivaren. Og so Presten. Og so Kaupmanden. Og so Lensmanden.» Ein Prikk for kvar. «Alle etter sin Orden og Stand og Innstiftelse, so som Gud hev sett dei i Verdi. Men etter Lensmanden kjem Bonden. Og etter Bonden, der, paa den ytste Enden av Planken, der er Arbeidsmanden. Han sit paa den eine Enden, og Kongen paa den andre. Der hev du Verdi.»

Tomas saag paa Skulemeistaren, slog med Nakken og sputta svart. «Ja-ja», sagde Skulemeistaren.

«No maa du hugsa vel paa», heldt Tomas fram, «at ingin kann koma utanfor Planken. Uppe paa den sit dei alle, kvar paa sin Plass og Stad, etter som Umstændigheitene og Maalestokken er i denne Verdi.

«So sit dei der og balar og trabellerar, Kongen med sitt og Statsraaden med sitt og Stiftamtmanden med sitt og Bispen med sitt, og so nedetter alt til Arbeidsmanden, som maa bala med sitt; for den eine vil berga Live, og den andre vil berga Live, og det vil dei alle, som rimelegt og rett er. No spyrst det kven som kann klara seg; for kvar [199] maa klara seg sjølv; og der er ingin aa faa Hjelp av.

«No maa du passa paa.

«Der uppe sit Kongen; han hev tie Dalar um Dagen. So kjem Statsraaden; han hev fem. Meir kann kje han ha mot Kongen. So kjem Stiftamtmanden; han hev tri; so Bispen; han hev tvo; og so nedetter, mindre og mindre. Lensmanden hev fire Skjeling Dagen, Bonden berre tvo Skjeling. Han freistar Live so vidt. Men so kjem Arbeidaren; og han hev ein Skjeling. Han kann kje berga Live. Han maa svelta ihel.

«Men no er det Underfundigheiti: han vil ikkje svelta ihel. Kvi skal han det,

han meir enn dei andre? Er kje eg skapt i Guds Bilæte liksom dei, og hev kje Guds Son utløyst og frikjøpt meg liksom dei; og gjeng kje eg tilslutt i same Holken eller Gelænderen som Kongen og Bispen og heile Vidtløftegheiti? – tenkjer Arbeidsmannen. So kjem han tilslutt til den Betenkning og Avgjørelse, at han vil liva, han som dei andre.

«Han gjeng til Bonden og segjer: eg vil ha halvannan Skjeling um Dagen; for eg kann kje liva med ein. Bonden svarar som so: far til Helvite! du fær ingin halvannan Skjeling.

«Arbeidsmannen gjeng til Lensmannen. Lensmannen tek Sabelen sin og segjer umentrent ^[200] som so: gakk til ditt Arbeid, din Hund! eller kanskje du vil i Hullet for Løsgjængerer?

«So gjeng Arbeidsmannen til Kaupmannen. Men Kaupmannen tek Alnemaale og viser han Døri. Vi har nok med oss sjølve, segjer Kaupmannen.

«Arbeidsmannen til Presten. Presten er baade blid og snild, men segjer at me maa alle vera fornøgde i den Stand og Innstiftelse Gud hev sett oss.

«So til Futen. Og so til Skrivaren. Og so til Amtmannen. Og so til Bispen. Og so til Stiftamtmannen. Og tilslutt til Statsraaden. Men alle segjer: vi har nok med oss sjølve; vi kann kje hjelpe nokon.

«Daa gjeng Arbeidsmannen beint rakt ende fram for sjølve Kongen. So bøyger han seg for Kongen og gebærder seg; og so segjer han som so: Stormegtigaste Konge i eders høie Naades Majestæt og Herlegheit! segjer han; so og so er det; eg kann kje liva med ein Skjeling; eg maa ha halvannan, og det er endaa det minste; Bonden hev tvo, og det er kje meir enn sovidt han bergar seg. Hjelp meg, Konge, i din Majestæts høge Naade! for eg vil kje svelta ihel, eg meir enn dei andre.

«Men Kongen svarar: Skulde jeg hjelpe deg, maatte eg ta fraa dei andre, og det kann eg ikkje. Du lyt berge deg sjølv. So maa me alle.

^[201] «No er det Funderingi kva Arbeidsmannen daa skal ta seg til. Liva kann han ikkje; svelta vil han ikkje; utanfor Planken kann han kje koma; og inginstad fær han Hjelp. So tenkjer han som so: skal eg berga meg sjølv, fær eg berga meg som eg kann; Livsens Innretning og Væsens Maate er slik her paa denne Planken. Dermed gjeng han i si Uppriktigheit av og tek den halve Skjelingen, som han maa

ha; og daa er det so vidt at han slit Live og bergar Magen og Naturen i den største Simpelheit.»

Fante-Tomas saag listig ut.

«So liver dei alle ihop», heldt han fram; «kvar paa sin Maate. Dei paa den eine Enden liver godt liksom fyrr, og dei paa den andre Enden maa la seg det gefalla.

«Men legg no Merke til, at Planken ligg ute under Himilens Friheit og rotnar i Sol og Regn og Aartidernes Umvandlingar; og so veit me, kossleissen det gjeng. Etter Tingenes Orden og Innstiftelse vil Planken tilslutt vera rotin. Gjennom trafsande rotin. Ikkje frisk Flis att. So ryk Planken sund yvi Midten, og beint til Hols bær det med heile Vidtløftegheiti; til Hols med Arbeidsmannen og Bonden og Lensmannen og Kaupmannen og Presten og Futen og Skrivaren og Amtmannen og Bispen og Statsraaden og Kongen og Kruna og alt som finst; og so er der kje meir. Hem. Kann du klara meg den Undersøkelsen?»

^[202]Andlite paa Tomas hadde fengi sin rette Tatersvìp, med dei lause snedige Drag og dei glyrande, glidande Augo. Skulemeistaren svara kje større; sagde at Saki var kje so greid. Han brydde seg kje um aa antrast med han Fante-Tomas.

«Nei, ho er kje greid!» sagde Tomas og slog med Nakken. «Ikkje ein Gong Presten Meier visste noko aa svara paa desse Aspektine. Han berre bad meg, at eg ikkje maatte grublisera altfor mykje paa so vanskelege Umstendigheitir; 'det er større Folk enn du som hev teke Skade av slikt', – sagde Presten Meier.»

«Det er vel so», svara Skulemeistaren. «Hæ, hæ, hæ», lo Carolus; «du er ein god ein, du Far!»

Fante-Tomas mylte, og det vesle Hovude svinga stolteleg paa sin magre Stylk; ein ny Kloking hadde han i Dag maalbundi.

XIX.

Det vart ein god Vaar og ein fin Fyrisùmar; Folk gjekk og smilte til kvarandre og var snilde mot kvarandre; vilde han halde seg som han no saag ut, kunde me vente eit Krunaar.

Men ut-mot Jonsoktidir versna det. Væta minka av og Hîten tok til; og det kom som ein Stur yvi Eng og Aaker.

Folk gjekk og skygnde etter Teikni paa Himilen; kvar Kveld saag dei ut-i Have etter ein Regnbakke, og kvar Morgon mot Fjellgarden etter ei Sky. Men Skyine kvarv, og Bakkane i Have var Skodd; men Soli steikte og brende som ein gloande Eldomn.

Vonine seig og seig; Folk ræddast og tagna. Lufti stod som ein Moe, ein Eim, ein tett, brennande Dis; der var kje eit Pust og ikkje eit Drag; alt livande laag og geispa og tyrste og maatte forkomast.

^[204]Eng og Aaker raudna og kvitna. Myri vart til Voll og Tjønnir og Votn til Fæn. Bekkir og Æear turka burt. Smaafisken vart liggjande etter i Sanden og kovna. Um det daa ikkje var Myrgrunn, so han kunde faa grava seg ned.

Enok øvde seg i Tølmød med Guds Hjelp. Han visste det var ei Røyning, og han visste at me skulde kje røynast yvi vaar Magt. Gud fekk syte for Morgodagen. Det var kje so spelegt med desse jordiske Ting, naar ein hadde sitt Liggjandefe i Himilen.

Og han fekk Naade til aa stande, endaa Djevelen ofte var leid med han.

Mange hørde etter, naar han paa Kyrkjevegen lagde ut um denne Røyningi, som Gud sende oss for vaare Syndir. Me skulde umvende oss, men ikkje fæle; han, som mata Ravneungane og klædde Lilja paa Marki so ho var gildare enn Kong Salomon, skulde kje han og kunne syte for oss? Dei sukka no, dei som hadde gjort Narr av han fyrr, og ynskte dei kunde hava det likso godt og trygt som han Enok Haave.

Ja soleis var det med Verdensborni. Naar det gjekk godt, brauta dei og lo; men bar det imot, so sutra og jamra dei og misste Mote. Men Gudsborni stod i Livsens Hav som Fjell, like trygge i godt Vêr som i vondt; – berre me kunde halde fast paa Naaden. Berre ikkje ^[205]sleppe Frelsarhandi. «Ja hald du meg fast, Herre! – for i meg sjølv er eg kraftlaus.»

Hugen til Orde og Bøni var komin att, so han visste at han livde. Og sjeldan var han utan Rettleiding i det han gjorde; han kjende seg dømd i seg sjølv med Samtykke eller Tukt. Striden mot Satan var strengare enn fyrr; var han lat berre ein Augneblink, visste han kje kvar han kunde finne seg att, kannhende midt inni dei grovaste verdslege Tankane. Han maatte stundom spyrja seg sjølv, um Guds

Aand kunde bu i eit Hjarta som var so oppfylt av Synd og jordisk Sut. Men Aanden trøysta han, so han endaa i sine myrke Stundir fekk kjenne Vitnemaale i seg, at han var Guds Barn.

Til stor Hjelp og Trustyrkjing var det for han naar han saag at Gud kunde brùka han til Reidskap i nokon Ting; soleis saag han med Glede paa det Huse som reiste seg no der ned i Ramstadheî, og som han hadde fengi hjelpt til med aa byggje: Huse hans Tomas. Kven veit um det ikkje var som Presten sagde: at Tidi var komi for Fantane no, og at Gud i sin Naade her vilde fullføre eit stort Verk? Eit Naadeteikn var det og, at Gud hadde sett han inn i Skulestyre; naar han det hadde gjort, laut han hava som ei Tiltru til han, ein Vilje til aa brùka han i Vingarden sin. «Aa Gud! gjev ^[206] meg Visdoms upplatne Augo, at eg kann forvalta so høgt eit Kall retteleg!» –

So hadde og Gud hjelpt han til Rettes med noko i Huse som stundom hadde pint han; og han tottest paa ein sers tydeleg Maate sjaa Guds Finger her.

Det var i dette Tvilsmaale um Tenestgjente. Han saag at ho Anna hadde det stridt og ikkje var sterk; men so var det Spursmaale um det ikkje var Vantru aa søkje Menneskehjelp, og um det ikkje kunde vera *Meiningi* at ho Anna skulde under Tukt ei Tid, um ho paa den Maaten kunde koma til Umvending.

Men so hende det tvo Ting.

Fysst tok Gud Jorina ifraa deim. Mor hennar vilde hava henne heim; eldste Dotteri hadde fengi Teneste. Nokre Dagar seinare kom han Rasmiss Skare, Halvbror hennar Anna, ein utarma Gardmann som hadde fengi Hjelp av Enok stundom, og mest bad deim um aa taka Dotter hans til Tenestgjente. Ho Maren gjekk berre i Vegen heime, sagde han. Daa forstod Enok Guds Vilje; og han tok imot Gjenta med Takk. So varmt priste han Gud for denne Styringi hans, denne forunderleg tydelege Styringi, – at ho Anna snudde seg burt; ho kjende at ho raudna.

Dette Aare bad han um «godt og tjenligt Veir». Som Presten sagde: Gud vilde me ^[207] skulde koma til honom med alle Sutine vaare. Liksom gode Born: dei røder med Far sin um alt, endaa um det minste og styvnaste. Daa det leid yvi Jonsok fekk dei litegrand Regn, so vidt Engi retta seg nokorlunde; so fekk me elles trøyste oss med, at Gud kunde faa lite til aa rekkja likso langt som mykje. –

– Dei stod i Aarvollbakken og gnog og slo millom Bærtuvur og mosegrodde

Steinar.

Det var ein straalande fin, frisk Morgon; Klokka kunde vera som fem. Og Ljæane beit godt i den tette Doggi.

Men der var lite aa slaa. Dei kunde so vidt skilja millom det som slegi var og det som ikkje var slegi.

«Det betalar kje Kvassteinen!» skvatra Torkjell Tualand, Slaattaren; han stod og brynte Ljaaen sin. «Berre Jonsokblom og Smaastein; skulde aldri ha set slikt. Heh!»

Enok stod og skar ifraa ei Steinrøys; so var det aa kvetja for honom med. Klingande friskt song Bryningi ut i Morgonlufti med sin glade Laatt. Og Fuglane song med. Lerka tirla av sprengfullt Bryst; og det anga sterkt og søtt av nyslegi Vallhøy.

«Me skal kje finna aat Vaarherre, Torkjell; det er han som sender baade Sol og Regn.»

«Ja men Hævd maa me skaffa sjølve», meinte Tualand'en. «Hadde du dyrka upp dette ^[208]Brøte som du hev gjort med det andre, so hadde du fengi Høy her au.» Ljaaen tok til aa suse i Bakken med stutte, snare Hogg; «me skulde bruka Stutt-Orv paa slik Skarve-Eng», knurra Torkjell.

Enok hørde kje større paa han. Han stod og heldt Auga med Gunnar og Carolus, som skulde fylgjast med dei vaksne i Aar; det gjekk best med han Gunnar, totte Enok.

Carolus tok det so maklegt at det var leidt aa sjaa. Han stod og brynte i Einingi; so fann han paa Ærend hit eller dit, so han kunde faa kvile; og um han létst arbeide au vart det inginting av; han stod berre og dabba paa same Flekken.

Øve seg i Tølmød, øve seg i Tølmød ...

Gunnar kom til Far sin, skulde kvetja; han hadde fengi slikt eit stygt Steinhogg i Ljaaen sin.

«Naa?» spurde Enok; «gjeng det kje godt? – Eg tykkjer du er glupare du enn ... den som større skulde vera.» Gunnar vart raud. «Ja der kann du sjaa», sagde Enok. «Du totte nok det var stridt aa staa upp; men du ser Han hjelper deg.» Guten vreid seg fraa Far sin med ei arg Geiping.

– «Ja ikkje skulde det vera eg som jaga Ungen upp Klokka tri um

Morgonen!» sagde Torkjell; «slike Karar treng Svevn, skal det verta noko av dei.»

[209] «Daa Jesus var tolv Aar gamall, sat han millom dei skriftkloke i Temple», svara Enok stutt. «Berre hald deg til Gud du, so vert du nok sterk; Morgonstund hev Gull i Munn, veit du.»

Det vart arbeidt i eit Par Timar utan eit Ord. So kom ho Maren, Gjenta, ruslande med Riva og Spøte og skulde breide.

«Godmør'n, sa Bruri um Kvelden!» skjemta Torkjell.

«Aa ja», svara Maren, «eg er noko sein i Dag, men ikkje for di eg hev havt nokor Brurenott ikkje!» Ho var eit lite rundt Jaaleting paa nokre og tjuge Aar.

«Ja Pigerne skal me kje tru!» – Torkjell skjekkta paa Hovude og smaablinksa.

«Aa du skulde skjemmast, Torkjell!» skjemde Maren; ein saag ho var gjøld. «Du maa kje tru eg gjeng aat Sengi med nokon, fyrr eg hev vori hjaa Presten!»

«Heh! – He-heh! – Ja no maa du driva paa som du var paa eit Dansegolv, Maren; for no hev me stadi her fire Karar i fire Timar, og eg tenkjer det vert so mykje at du fær vel full Stakkebreiddi di. Sjaa deg fyri, so du ikkje breider andre Stadir enn der me hev slegi!»

– Soli vart heit og Doggi gjekk av; det vart hardt og seigt aa slaa i den turre Vollbakken. Dei var burte og bytte Ljæar.

[210] – «Ja det er mange som fær svelta til Vinteren i Aar, san!»

«Um so er ... so hev me visst fortent det.» Enok var myrk.

«Ja naar det raama dei som hadde fortent det! Heh; hjaa Lensmann Aase stend Aakeren so ven at det er ei Syn!»

Enok tagde. Um det likevel kunde vera dei nye Arbeidsgreidune; og Beinmjøle ... Vik bak meg, Sattan! –

– Rundt um paa Slaattune sank Folk seg no um Matspandi sine og heldt Fyridugurd; Gunnar grét mest daa han saag det; han var so svoltin han kunde gange tvers av. Men Guds Vilje var at me skulde eta fire Gongir um Dagen, meinte Enok; og daa skulde me kje skjote inn noko Millommaal etter vaar eigin Lyst; – dei laut i Arbeid att utan Fyridugurd. Gud vilde nok ikkje lata oss hava vondt av at me drygde, til hans Tid kom. Men Carolus hadde stoli med seg ei halv Kake heimanfraa; den lurde han seg no burtum eit Gjerde og aat upp; kom so att knappande paa Broki si, som han skulde ha vori av i eit anna Ærend.

Torkjell slepte seg laus med Drøs; det vart lang Ykt; ein fekk drive Tidi. Fantestykki hans Lensmann Aase vart fortalde; so tok Torkjell aat med Embættsmennane, dette Storherke, som livde av Stræve vaart og brùka ^[21.1] Magti si til aa snyte seg rike, og det so grovt mang ein Gong, at me andre vilde koma paa Tukthuse um me vaaga slike Varp. Og so gjekk Prestane, som ikkje var likare sjølve, og tøvde um, at desse Kjeltringane var innsette av Gud; neimenn um dei det var; heh! – Etter 1814, daa Storkarane gjorde Uppreist og reiv seg lause fraa den rette Kongen vaar i Kaupenhamn, av di at han var etter dei stundom og tukta deim, – etter den Tidi hadde me kje havt lovleg Regjering i Lande. For at me skulde vera under Sverig hadde aldri vori Guds Meining; men av Svenskekongen fekk Storkarane Brev paa at dei skulde faa raade seg sjølve; og so selde dei Lande til Sverig for dette; so at no var det Svensken som innsette Raadsmagti vaar. Og me Smaafolk hadde ingin lenger til aa forsvara oss; for Svenskekongen fekk 100 000 Dalar um Aare for aa halde Kjeft; og Storthinge fekk likso mykje for aa halde Kjeft; den som gjekk til Storthinge og klaga si Naud, han fekk ein Lort med eit langt Band i. Og vilde me reise oss og krevja Retten vaar, som dei hadde gjort under Thrane, so var Storthinge det fyste til aa sende Syldatrar imot oss og setja oss paa Tukthuse. Heh! Nei; sidan me kom under Sverig – –

Enok stod og saag seg leid paa Carolus, som no laag i Bærtuva og aat Skinstrytekart. ^[21.2] Skulde Gud vilja lata han staa til Narr denne Gongen au; skulde det kje bli Folk av denne Fanten heller. Tøygt seg hadde han i det lengste; vori so rimeleg mot Carolus som det berre var Raad; tenkt at han skulde faa Magt yvi han med det gode. Men Takken han fekk var den, at Fanten vart latare og latare, og gjorde meir og meir som han vilde. Og endaa tok Far hans no til aa tala um Løn aat han. So at um Enok vilde segja noko til han, so kunde han faa det Svare, at kva vilde han krevja, naar han ikkje gav Løn ...

«No maa du kje la Solreven ta deg, Gunnar!» ropa Enok; han saag paa Carolus, daa han sagde det. Carolus forstod Meiningi.

«De maa orsaka meg», sagde han; «men eg er kje so svært helsesterk; og naar eg ikkje fær Mat, so vert eg so arm og klein, at eg kann lite røra meg.»

«Kjenn!» skvattra Torkjell; «det var nok ikkje i fyrre Vika at han Carolus kom til!»

«Naar han Gunnar held ut –,» byrja Enok; men han tagna att. Denne Fanten

hadde ein Maate aa svára paa –. Noko etter heldt han fram:

«Er det so at du vil ha Løn, Carolus, so fær du nok ta likare i. – Stor og lang som du no vert, so ventar vel ... Far din au, at der skulde vera ... Ære i deg!»

^[213] «Det var godt at De nemnde han Far. Han ventar visst minst av alt, at eg skulde svelta paa Haave!» –

Carolus var raud; det blinka heller kvasst i Augo hans.

Enok tagna; han var graa i Andlite.

Gud var imot han her au. Carolus var Fant som han hadde vori.

XX.

Sundag.

Dei ligg noko lenger enn vanleg; Klokka umlag seks ris dei upp.

Enok kann kje lata vera aa sjaa burtetter Himilen; han bad so vent um Regn igaarkveld. Det er klaart og fint all Stad.

Heile den vide Himilen er berre Sol og mjuk rein Blaaning fraa Fjellgarden til Havs. I Sudvest eit Par kvite lette Strimur som Fjør uppetter Kvelven. Den vesle Tetten uti Have er inginting; berre Taake.

Den siste lette Skoddestrima stig fraa Sève i Heialandsvatne og blaamar burt i Luft. Det er morgonfriskt og svalt; men Soli tek til aa verve. Yvi Myrane tumlar Vibeflokkar kvitglimande i Soli med sine eldfulle Kvinneskrik. Lerka stig og stig til ho kjem mest burt; so heng ho der uppe og syng og svingar.

Bùjeⁿ⁴⁹ vert utslept. Like eins Smalen, ⁿ⁵⁰ som ^[215] Enok ikkje hev sent aat Heið i Aar, av di dei tvo minste Gjantungane no er so store at dei kann gjæte. Hoppande, bæktande, rautande dansar Fenaden i Veg ut Aarvollvegen aat Marki. Kyr, Kalvar, Sauir og Lomb um kvarandre leikar og smaastangast, bykser og spring; Kalvane er etter Sauine og skræmer deim; unge Kvigur leikar Elskhug; Bjøllur singlar og syng; alt er Sumar og Glede.

Carolus er Gjætar um Sundagen; han fylgjer Fenaden slengjeleg og lang. Han hev ein Randlestav i Handi og hoppar og tverkastar seg liksom Kalvane. So freistar han aa syngje:

«Aa kjæra mina Kjavoar, ⁿ⁵¹
aa kjærarⁿ⁵² inte saa –!»

men det brest for han; han er kje færdig med Maalskiftingi.

Langt ute i Vest skin det bleike Have. Brune og kvite Segl lyser der ute i Morgonbrisen; ytst i Synsrandi ligg den svarte Røykstrima etter eit Eimskip. Carolus hoppar høgt. Kven veit; neste Sundag kann eg vera der ute!

Han hev kje anna paa seg enn ei Brok, ei blaastriput Bomullskjorte og ei lita flat Luve. Men han kunde ha Hug til aa kaste alt og hoppe nakin um millom Kalvar og Lomb liksom Adam i Paradis.

^[216]Han driv Smalen nordum Kvernhusen og ned aat Myri. Der er Mat; og litegrand Svaling au, som kann halde Kleggen burte. Smalen held seg i Lyngbakken upp-ikring Kvernhusen; han likar kje Myrgras, han. Det kann vel hende at han tenkjer paa Aarvoll-Hagen au. Men det fær han no spyrja meg um, tenkjer Carolus.

For det fyste er her Ro. Og Carolus legg paa Myri og ser etter Vibereir. I–reh! i–reh! I–ærih! Vibur i Mengd flaksar og skrik. Lufti er full av Angar; frisk, skarp Daam av ungt Lyng, Markblom, Bærlauv, Bukkeblad og Pors blandar seg med tung søt Eim av rotnande Myr; den varme Lufti vert som so svevnsæl. Roleg driv han fraa Tuve til Tuve; andar i djupe, lange Drag; aah, so godt; aah, so godt ...

Vibeskrisk fra Myri og Helunpip fraa Lyngbakken blandar seg med kvarandre som Fløytelaat og Felespel. Ein stor myrk Heigre flyg baskande upp og set Stemne mot Heialandsvatne.

Rivande sinna, galnare og galnare flaksar Vibune um Hovude hans Carolus i Krok og i Ring, skrik og skrik og rundkastar seg i Lufti. Stundom hev han deim like innum Øyro paa seg; det læt i Vengine med sterke Rikte-Ljod, og han kjenner som Veift og Pust i Nakken. ^[217]Hæ-hæ. Stundom slær dei ned frammanfor han, tverkastar seg, tek Sigte paa Augo hans og kjem farande beint imot han, men svingar av naar dei er so nære, at han ser Blinken i Augo deira. Hæ-hæ; det er løje. So ertar han deim. Kastar etter deim med Torv og Kulort og kva han finn; dess galnare vert dei.

Det vermest i Lufti, og Mye stikk; Carolus vert leid og vil slutte. Her finst ikkje

Egg; Ungane er vel alt utkropne. – Jau pigejor; der var eit Reir. Fire store Egg. Aa, so vene som dei er med alle dei svarte Smaaprikkane paa den linde grøngraabrune Botnen. Men dei er vel legne. Han legg seg ned og tek deim i Luva si; Vibune skrik som dei var fraa seg. Burtaat ei Grov gjeng han; der er eit Grand Vatn, so vidt han kann symja eit Vibegg. Tenkkje. Dei er so legne at dei stend paa Smalenden. Ei Vibe er etter han og vil mest hakke ut Augo paa 'n; stundom stig ho ned paa Marki og kjem springande imot han med flaksande breide Vengir som ho vilde jaga han. Det er vel ho som eig Eggi. Og jagu skal ho faa deim! Han slengjer deim etter henne, halvt i Sinne; Egg etter Egg; dei susar burtetter Tuvom og slær seg i Knas, so det skvett baade raudt og gult utyvi Marki. So sting han Hendane i Broki og ruslar, plistrande og fornøgd. Viba er etter han endaa ei Stund; flyg ^[218]tilslutt fraa han med stutte, smaae Skrik og vert burte.

Skarve Smalen; der rekkjer han alt, – søretter aat Aarvollen. Carolus avstad, langbeint og lett; «hæs! hæs!» møter Smalen og driv han att-ende med Skrik og Steinkast. Nordani Aasen, ved Kvenhuse, er svalast; der kastar han seg i Bakken og kviler seg. Ligg og høyrer paa Bekkjesusen. Soli steikjer meir og meir. Ein litin lind Vestanvind stryk lett gjennom Lynge. So legg Smalen seg au, kaasande og jortande.

Kyrne dreg seg nedyvi aat Aaî. Der gjeng dei uti og stend og svingar med Rovune mot Flugo. Der er kje stort Vatn; men det stend vel endaa som ei Svaling etter Aafare.

Han legg Armane under Hovude; ligg og stirer mot Synsrandi i Sudvest med dei fine mjuke Bakkedragi og Have lengst ute. Her og der teiknar det seg ein Stein mot Himilen, eller ein Haug, fin og klar og keglerund; der er Skattar nedgravne. Kannhende heile Kistur med Sølvpengar; men der inne sit ei Kjempe og vaktar for Skatten med sitt skarpe Sverd. Vil ein inn der, fær ein nok agte seg.

Lufti er so skir at ein kann skilja kvar Stein og Tuve so langt ein øygnar. Her og der ei siglande lett kvit Sùmarsky. Langt nede ^[219]under Bakkane skin Myrekyrkja kvit yvi Viddom i Solglimen.

For ei Gidring i Lufti. Havkanten der ute og alle dei klaare Bakkelinune mot Himilen gidrar og didrar som ei fin, skjelvande Bylgjing.

Aah! so godt og varmt. Soli bakar hans unge Kropp, og ljuve Luftdrag lumrar um Øyro hans. Alt er stilt. Fuglane hev søkt Reire. Det blømande Lynge angar.

Carolus sig av i Draum.

– – Paa slike Dagar er Fantelive søtt, naar dei ligg burtetter Heiane og lètær seg i Soli. Eit Grand paa Flaska og ein Kortstokk. Tjeia¹⁵³ ligg i Solbakken spak og lat. – – Ja Buro vil eg kje vera lenger!

– Aa du Mor, du Mor, som tenkte at Buro-Tjeia kunde vera noko for Fanteguten! – Ho er rædd meg, ho Serina, etter den Dagen i Løo, daa eg vilde taka henne um Halsen. Ei ven Gjente vert det; mjaa og mjuk; blaae Augo; og so dei linne, fine Kinnane med sine søte Smilehol. Men henne kann eg kje vente paa.

– – Kanskje naar eg kom att og var Kaftin? og ho var fri daa? – Kven veit? Kaftin Thomassen, med h; Kaftin C. M. Thomassen ...

^[220] Det vert leidt for han Gunnar. Men eg held kje ut lenger. Han vert verre og verre, denne Heilag-Enok; hæ-hæ. Og no, daa han Far ikkje er lenger burte ... Der ned fysst. Og so til Byn. Og hyre meg. Og gjeng det kje med ein Gong, so hev eg Heimen aa ty meg til no. Til Byn i Morgo tidleg, fyrr Heilag-Enok kann finne meg.

Carolus vert syvjin; ligg ei Stund og halvdormar; høyrer Verdi kringum seg som ein lett, svevnug Sus. Svimrande Ljos burtetter Bakkane. Kvit Solrøyk. Blaafjelli som Eventyr langt, langt bak. Sus, Sus ... Bekkjesong og Sus. Bjølleklang ...

Høgt uppi Aasen stend det ein Mann. Han svingar og svingar med lange Armar. Det er den rasande Roland. Nei; det er han Far. Han stend og veiftar og ropar. «Carolus!» Carolus ris av Svevnørska og vil upp til Far sin; tykkjest enno sjaa han 'med Steinen der uppe, og høyrer enno som ein Om etter Rope hans: «Carolus!» «Ja!» – han hastar av Stad. Med ein Gong er Far hans burte. Inginting aa sjaa. Kvorvin som ei Syn i den gidrande Solflaumen. Carolus held Handi yvi Augo og stirer; kann enno ikkje skýna at han berre hev drøymt.

– «Ja-ja Far; eg skal koma i Nott. Tarv kje ræddast naar det bankar paa Vindaugo; ^[221] d'er kje Moskroen, ¹⁵⁴ hæ-hæ ... Sattans Smalen! Hæs! Hæs!! – Men Skit. Det er siste Dagen. Lat han ganga aat Engi so mykje han vil. I Morgo Kveld er eg i Byn; og so ut yvi Have det blaae. Hurra boy san!» –

XXI.

Daa dei skulde paa Slaatten Morgonen etter, var Carolus ingin Stad aa sjaa.

Enok letst ikkje bry seg. «Han kjem nok att.» Men daa dei var heime til Dugurds og sat og slipte Ljæane, kom Kornelius hans Helge, som just den Natti var attkomin fraa Eksisen i Kristianssand; og han fortalde, at Klokka halvtolv i Natt hadde han set Fanten med ein Tull i kvar Hand setja søryvi aat Ramstadheif.

Endaa vilde kje Enok tru det. Det var kje Raad. Carolus kunde kje vera rømd. Han kom att. I Kveld hadde me han. Med Munnen full av Orsakingar og Bønir.

Han kunde kje vilja takke paa den Maaten for vel gjort. So lengi som Enok no hadde arbeidt med han, og det med slikt Tølmød, so ettergjevande og vislegt ... Og so godt som Carolus hadde havt det her; alltid sitt visse Bord aa gaa til; og aldri eit vondt Ord; og ^[223]Rettleiding og godt Stell i alt; heiltupp som Barn i Huse ... Um han aldri so mykje var Fant, kunde han daa kje vilja takke paa den Maaten.

Men um Kvelden kom Fante-Tomas. Han song upp med ein Guds Jammer um «det syrgjefulle som hadde hendt,» og gjorde Avbøn for Carolus med alle dei vridnaste Ordi han kunde finne. Den lede Luksifer var farin i Guten, um han maatte bruka so stygt eit Ord. «Eg og Mor hans gjorde alt som stod i vaar Formuels til aa minna han um hans Uppgave og Skyldighet; ja eg for mi Ringheit bruka endaa Gud forlate meg Magt mot mit eige Kjøt og Blod; men han var so forherda og obstenasi, at han berre vilde til Sjø. I Dag er han rømd til Byn og vil hyra seg; og det vil eg beda Dykk um, Enok, i vaar store Sorrig og Benauels, at De ikkje maa bli forarga paa oss au for dette.»

Det var kje Tvil lenger. Enok tagna og vart kald.

Det skulde vera Takken. Og um Guten tok paa Fantestig eller til Sjø kunde vera slik Slag. Fortapt var han i baa Tilfelle.

Kor dei vilde læ aat Enok Haave no, alle Verdensborni. «Det fekk han for Fantevase sitt!» Alle Motstandarane han hadde havt, baade i og utanfor Fatigkommissjonen, daa han ^[224]stræva med aa hjelpe Fante-Tomas til Hus, – aa kor fellt¹⁵⁵ dei vilde tykkje dette var aat han. «No kan hann hava det so godt. Kvi skulde han dra innpaa oss alt dette Herke?» Og Presten vilde sjaa paa han: «du har vel ikke behandlet ham ret, min kjære Enok;» men Lars Danielsen og hans

Venir vilde sitja i sine Møte og sukke og segja, at han Enok Haave hadde nok kje havt den rette Visdom her.

Han vart tekin av ei kald, hard Kjensle, som han kalla «Nidkjærheit.» Denne Kjensla vende seg serleg mot Presten, som hadde narra han innpaa dette med han Tomas. Hadde kje Tomas havt Hus no, so hadde kje Carolus rømt. Presten var Skuld i heile Ugreida. Han hørde Verdi til; ikkje av Kjærleik til Gud hadde han gjort dette, men av Lyst til verdsleg Ros; han vilde hava Lov av dei styrande, av dei megtige paa Jordi. Med sløge Ord hadde han narra Enok med seg; ikkje Guds men Prestens Reidskap hadde Enok vori; og no hadde Presten teki Æra, men Enok stod att med Skammi og Straffi. Han arga seg so upp, at han vart verande heime fraa Kyrkja tvo Sundagar etter kvarandre.

Ein fekk agte seg for dei store. No hadde Presten teki til med noko nytt: han vilde hava Jensens Lesebok inn i Skulane. Enok saag ^[225]paa Boki og saag seg harm. Dikt og Tøv, ja Eventyr beintfram, og det som verre var: Misbruk av Guds Namn, slikt vilde ein Sjælesyrjar hava inn i Skulen! Daa Saki um Hausten kom fram i Skulekommissjonen vart Presten reint forstøkt; hans trufaste Enok Haave var med ein Gong Førar for Opposisjonen.

Torkjell Tualand hadde Rett; Embættsmennane var spelege. Dei søkte si eigi Ære og Vinning og brydde seg korkje um Gudsord eller um Folke. Enok gjekk so vidt at han tinga det nye Jaabækblade; der hadde me daa eit Blad, som torde segja Sanningi – for fyste Gongen etter Thranes Tid, som Torkjell sagde. Eit heilt halvt Aar heldt Enok «Folketidende.» Daa laut han segja det upp, av di der var so mykje Misbruk av Gudsord i det; men elles hadde Jaabæk Rett; næste Gong det vart Valmannsval vilde Enok ikkje røyste paa korkje Presten eller Lensmannen. –

– Etter den heite Somaren vart det ein tung Haust og ein hard Vinter. Det snødde so Vegane dreiv att; Gong paa Gong maatte dei ut og brøyte. Snøen vart liggjande i maanadsvis.

So vart det Linnvêr og Søyلة med Snøslette og Kaldregn. Nordvesten fossa um Növine med Buring og Brak, og Himilen hekk blaasvart og stengd, so dei aldri saag ^[226]Soli. Men stilna det um Kveldane fylltest Rome med Havbrak.

Enok kjende sin Harmhug folna; han kom inn i Tankar av eit tungare Slag.

Det var nok ikkje Presten han skulde arge seg yvi. Presten fekk svara for sin

eigin Domar; Enok kunde hava nok med aa agte seg sjølv.

Han stod i Løo og treskte; svært so lite som det hadde vorti av alt Slag i Aar. Det var endaa verre enn ifjor; Stadane var kje stort meir enn halvfulle. Kva kunde det vera Gud straffa han so strengt for, i det eine som i det andre?

Han vart strengare i sin Kristendom enn nokon Gong fyrr. Han spækte Sjæli med Orvake og Bøn og Kjôte med Faste og strengt Arbeid; mødde seg meir enn han hadde godt av; me skulde krossfeste vaart Kjöt. Kva hadde kje Jesus lötli lide? Og det han som var syndefri! Kor mykje vondt fortente daa kje me? Han spækte seg sjølv og heile sitt Hus. Me hadde vori for late og for trygge, so Kjôte hadde vorti for sterkt; difor var det at Guds Hand hadde vorti so tung yvi oss. Tilbake, tilbake til den fyste Kjærleiken!

Som David grøna han paa Herrens Lov Dag og Natt. Kva skulde han gjera, so han rett kunde faa hugmykje seg for Herren og ^[227]koma inn i den gamle trygge Barnefred? Han friska uppatt sine gamle Aatferdir, i smaatt som i stort. Men Tankane heldt seg tunge og myrke.

Denne Gongen au hadde Gud forkasta Offere hans. Beint fram og heilt ut forkasta det. Ikkje i minste Maate hadde han signa hans Stræv eller høyrte hans Bøn; kasta burt alt ihop som gagnlaust Skrap og lati han stande att her til Spe og Spott for alt Folk. Det *maatte* vera noko som var gali.

Ein Kveld utmot Vaaren, han stod i Løo og skar Hakk, blenkte det upp for han som ein Elding: Gud hadde forkasta Offere hans, av di det ikkje hadde vori noko Offer.

Lygn og Sjølvdaaring var det, naar han kalla det so! – for det hadde ikkje vori gjort av Kjærleik. I dei løyndaste Kræane av Hjarta sitt hadde han gjort det til aa faa Løn. Han hadde i Løyndom tenkt, at Gud vilde «signe» han paa andre Kantar, naar han «ofra» til Fatigfolk; men «Signing» var berre eit venare Ord for Løn.

Han slepte Arbeide or Hendane og vart standande som naamin.ⁿ⁵⁶ Kor stod det til med han? Var han Guds Barn? I slikt Myrkr, i slikt kjøtelegt Sinn hadde han livt og endaa totst vera i Naaden; skulde det verkeleg vera Tøv og Draum og Ørske alt ihop.

^[228]Rædd og uroleg gav han seg til aa granske sitt Liv, og fann snart det eine verre enn det andre.

Med all Forsaking av Verdi hadde han elska ho like godt. Han saag seg gaa inni Byn og handle, tinge med Bykjeringane og ljuge so smaatt, til aa tena ein halv Skjeling paa Smørmarki eller Mjølspande. Alltid tok han det han kunde faa, um han so visste det var for mykje; og alltid aut dei ut med mest, som minst kunde tinge, endaa dei ofte hadde minst Raad. Ein Ljugar og ein Snytar og ein Tjuv gjekk han der inne og gledde seg, ja takka Gud, naar Snytingi gjekk godt; Minningar av Guds Aand slog han berre ifraa seg. At han aldri hadde komi til aa tenkje paa dette fyrr!

Eller naar han sat i Fatigkommissjonen og var med aa negte Hjelp til den og den Armingen, «for Konsekvensens Skyld,» som Presten sagde; – hadde kje Jesus sagt at me skulde hjelpe alle som bad oss? Ja, «dersom nogen beder dig om din Kjortel, saa lad ham og beholde Kappen» ... Men her laag me og tinga paa kvar Skjeling, lét Folk svelte og frjose, so me sjølve kunde sleppe med mindre Skatt. Kva vilde Jesu segje til det paa hin Dagen? – «Jeg var hungrig, og I gave mig ikke at æde; jeg var tørstig, og I gave mig ikke at ^[229]drikke; gaar bort, I Forbandede, i den evige Ild, som er beredt Djevelen og hans Engle» ...

Og i Skulekommissjonen, hadde han kje sitti der aa vori med Presten paa Ting som han i Grunnen var imot, so han kunde faa Ros for aa vera ein opplyst Mann? Hadde han kje søkt Ære hjaa Verdi meir enn hjaa Gud, og gjort Presten til sin Avgud? Men «forbandet er den Mand, som forlader seg paa Menneskje og holder Kjød for sin Arm» ...

Og so ofte som han hadde skjemst for aa vedkjennast Jesu Namn, naar han var ute hjaa Folk; men «hvo som skammer sig ved at bekjende mig blandt Menneskene, ham vil jeg og skamme mig ved at bekjende for min himmelske Fader» ...

Dom etter Dom rulla inn-yvi han, og Djevelen stod i Kræane og lo. «Du livde som eit Verdensbarn i store Ting; men i Smaating, som du visste han ikkje brydde seg um, der var du snar til aa «ofra»! «Min Sjæl hader eders Nymaaneder og eders bestemte Høitider; jeg er kjed af dem; jeg er træt af at fordrage dem. Om de end faste, vil jeg dog ikke høre deres Skrig; og om de end ofre Madoffer og Brændoffer, har jeg ikke Behagelighed til dem. Og naar I udbrede eders Hænder, da vil jeg skjule mine Øine for eder; thi eders Hænder er fulde af Blod!»

^[230] Enok skjekkete med Munnen; slengde Armen utifraa seg som han vilde

kaste seg sjølv burt; smikka i det same hardt med Fingrane. Han kvakk av det sjølv; saag seg ikring, um nokon kunde ha høyr det ... samla seg att og gjekk. –

Soleis som han no bad Morgon og Kveld, hadde han aldri bedi. Anna vart stundom mest rædd; han bruka Ord um sine Syndir og seg sjølv, so det var reint fælslegt. Liksom Boki ikkje lenger var kraftig nok, lagde han ho burt og bad med eigne Ord; og det var som han kasta seg paa Jordi for Gud, kraup for Gud som ein Makk; i Mæle var Rædsle og Naud; Augo steig store og stive fram, og Luggen klinte seg frammyvi Panna sveit og vaat, so han kunde sjaa ut mest som han var fraa seg.

Men det var *ikkje* likt til at han fekk Hjelp. Det heldt paa og heldt paa, noko betre, noko verre; det var Dagar daa han gjekk som i Ørska reint; Anna spurde seg sjølv um det skulde verte no som det hadde vori den Hausten daa han Napolon døydde.

Ein stygg Skikk fekk han med det, at rett som han gjekk, stana han og gløymde seg burt; vart standande paa same Flekken i lange Stundir liksom fastmana. Helst mot Kvelden. Kom ho i Fjose og skulde mjølke, – der stod ^[231]han, stiv og still som ein Stein; kom ho i Kjeldaren, kunde ho kje vita nokon Ting fyrr han skilde seg ut for Augo hennar som ein svart Skugge mot ein Vegg; ho kvakk stundom so ho fekk vondt av det. Ein Gong kom ho yvi han i Kjøken; der stod han og slengde med Armen og smikka med Fingrane ... det vart so forunderleg fælt; ho veikna burt i Knéi og maatte setja seg; «aa nei men Herre Gud, Enok, kva er det no?»

«Mh!» kvakk Enok; «var det noko? Kva er det? – Hm; det var kje noko.» Han samla seg att og gjekk; gjekk sin Veg med hastande Stig; og ho høyrde han smikka endaa ein Gong, daa han gjekk gjennom Gangen. –

– Ein Dag stod Enok i Smia og smidde Hestskosaum. Djevelen var etter han med ei hard Freisting.

Det stod for han so klaart som det var skrivi med Eld: han var fallin ut or Naaden. Altfor lengi hadde han vori paa Tabor; der hadde han somna; daa hadde Djevelen snikt seg inn i Hjarta hans og sett seg til der, forklædd som ein Ljosengel, so Enok ikkje skulde merke hans Svik fyrr det var for seint. No hadde han merka det; og no var det for seint. Domen hans stod skrivin i Hebræarbrev 6: «Thi det er umuligt, at de, som en Gang ere blevne oplyste og have smagt den

^[232]himmelske Gave, og ere blevne delagtige i den Helligaand, – og falde fra, – atter kunne fornyes til Omvendelse.» Det er umuligt!

Og Djevelen sagde til han: «du kann likso godt hengja deg upp, Enok; no kann du likso godt hengja deg upp. Ha – ha; heng deg likso godt upp!» – lo Djevelen.

Enok vart tekin av ei Villrædsle. Han kasta seg paa Kne attfor Smiestéde og skreik: «Herre Gud! Hjelp! Straf meg ikkje i din Vrede, tukt meg ikkje i din Grumhed! Ver meg naadig! thi mine Ben er forfærdede! Hjelp! vend deg, Gud, og redd mi Sjæl; for dine Pile sidde i meg, og din Haand er svar over meg; der er intet sundt paa mit Legem; der er ingen Fred i mine Ben for mine Synder; mine Synder gaa over mit Hoved! de er blevne mig svare som en svar Byrde! Satan er etter meg som ei brølende Løve og vil opsluge meg. Hjelp! hjelp! skunda deg og redd mi Sjæl! at eg ikkje skal vera som dei der fèr ned i Gravi!»

Døri gjekk upp; ho Serina stakk Hovude inn: «han Lars Danielsen er komin –.» Døri small att, og Serina til Sprangs; ho hadde sét Far sin paa Kne attmed Smiestéde, kvit og stygg, med Hendane upp mot Take ...

^[233]Men Enok reiste seg og saag mot Himilen, og han fekk Graat i Augo.

Bøni var høyrd. Gud vilde hjelpe. Ein røynd, trufast Broder i Kristo hadde han sendt; den rette Mann i den rette Stund ... «Aa Gud og Fader,» sagde han med bivrande Munn,» enno hev du daa kje reint forkasta meg!»

XXII.

Vaaren var komin; Nordvesten tok si tyngjande Hand burt ifraa Lande, og alt livna upp.

Lyng friska paa seg og Myrane grønka. Hestebloomane glødde i Bakkane som brennande Ljos. Stykmorblomen slog upp sine blaae Augo, bljuge, bedande Barneaugo. Knoppar svall og sprang; Fuglar lokka og leika. Borni kom heim fraa Mark og Myr so glade, at dei lo: «Vibo er kòmo! Mor, Vibo er kòmo!»

Istadenfor Nordvesten med sitt tunge Aalvor og sin seige Stødleik kom den linne lettlynde Vaarvinden som blistra og blakra fraa alle Kantar og spela seg med alt, med Bylgje og Blom, med Lauv og Lyng, med Presteskjegg og med

Gjentelokk, med Gravkransar og med Brurstas. I denne fjasande Vaarhæsen turka dei vaataste Fæn. Og alt som kunde gro grodde, og alt som kunde æse æste; men det som var sjukt blautna og svall og avla i seg sjølv ^[235] Spirur og Kimar i Mylr og Mengd til sin eigin Undergang.

– Enok stridde den gode Strid. Berre han fekk tru at Gud ikkje reint hadde stengt si Naadedør, var han so glad som han kunde vera.

Lars Danielsen og Legde-Guri fortalde han, at no fysst hadde han vorti ein rett kristin; for no hadde han fengi Mjuklynde. Og dei totte han skulde vera fegin, ja byrg, at Gud hadde funni han verdig til aa verte røynd i dei store Eldane.

Det var Enok au. Berre han kunde vera trygg. Men han visste sjølv best kor det stod til i Hjarta hans; og han gjekk i ein Otte som talma han jamt, at han ikkje skulde faa Naade til aa stride den gode Striden til Endes.

Denne Otten kalla Lars «den aandelege Aarvaagenhed»; Gud gjeve det var so. Ja det var vel so. Men Freden? Det var det som var so vondt, at han aldri meir fekk kjenne Freden.

Ei underleg Uro var komi yvi 'n; han fór fraa det eine til det andre; søkte nytt og nytt ustanseleg, liksom rømande for Tankane sine. Det klaare Vitnemaale i seg sjølv um Guds Vilje og Guds Meining hadde han kje lenger; berre Orde maatte han halde seg til. Men Orde var rikt, og hans aandelege Syn dimt; ^[236] gjorde han det eine, so var der eit Spraak for det, og gjorde han det andre, so syntest der vera eit Spraak for det; det var ofte so han tottest gange reint i Blindo.

Han freista med den evangeliske Fridomen, som han Lars tala um; lagde kje noko Lag lenger paa dei ytre Smaating. Anna fekk stelle som ho vilde; dei skikka seg likt med Verdi baade i eitt og anna. Men han totte han hadde kjent seg tryggare fyrr, daa han berre beint fram fylgde Andens Vitnemaal i Hjarta sitt.

Hans gamle faste Borg mot Djevelens Lokkingar, Orde um aa ikkje syrgje, hadde dei og teki fraa han. «Sørger ikke for i Morgen» var kje det same som «tenkje kje paa i Morgen»; me skulde nok tenkje fram, meinte Lars; me skulde berre ikkje tenkje med «Sorg». Dette var visst rett. Og det var ei Letting for Samvite au; Enok hadde sjølv sét at det ikkje var Raad aa liva utan Umtanke. Men utryggare hadde han vorti likevel, og veikare; aa skilja millom Umtanke og «Sorg» var kje alltid so greidt; han fann seg nedtyngd av jordiske Sutir ofte. Og tenk daa um Brudgomen kom og fann han sovande – –

Utrygg, utrygg var det, han var; utrygg og liksom so aaleine. Kor skulde det gange um Djevelen sette inn paa han no; han hadde liksom ingin Rygg. Ei Trøyst var det at Lars ^[237] vanka her; og Enok negta han kje lenger Hus til Uppbyggelsar. Men endaa den beste Menneskehjelp, kva var den tess naar det galdt?

Men det var so me skulde hava det. Han kunde kje vente aa faa det annleis enn andre Guds Born. Ja det var faarlegt, sagde Presten, aa vilja gange i denne søte Kjensla av Fred jamt, og i Andens Forvisning. Sjaa no denne Søren Soma, som fekk slikt Tilheng burtpaa Aase i seinare Tid, og uppi Fjellbygdine; tala kje han og um Aandens Forvisning. Og endaa var det ein Djevelens Profet av verste Slag. Forkasta Barnedaapen, fornegta dei kristelege gode Gjerningar, spaadde Domedag til den og den visse Tid beint imot Guds Ord; fór endaatil med dette aandelege Ægteskape, som nok var lite aandelegt mang ein Gong. Men «Freden» hadde han! og «Aandens Vidnesbyrd»! Nei; me fekk nok halde oss til Orde, og til Andens Vitnemaal i Kyrkja.

Og so fekk me setja vaar Lit til Gud. Halde oss fast i Frelsarhandi, um det vart aldri so myrkt baade i oss og ikring oss. Det var vel det, Gud hadde vilja vise han hin fyste Kvelden og, med det forunderleg store Naadeteikne sitt. Lite paa Gud og ikkje gruvle. Halde seg i Einfald og Tru til Barnelærdomen og Naaderaadine, og ikkje so mykje ^[238] som høyre paa Djevelen. Berre læ aat Djevelen; berre vise han paa Dør. «Sætter Satan an paa mig, som mit Skjold jeg viser dig, dine Saar og Blodestrømme; strax maa han tilbage rømme.»

En annan viktig Ting var det aa arbeide. Ikkje Gruvlarar og Sjukingar vilde Gud hava, men friske, glade Arbeidsmennar. Gagns Verk kravde han av sine Born; Trui maatte vise seg i Gjerningar. I yrkjande Kjærleike hadde Trui sitt Liv; me skulde vera gode Kyrkjemennar, gode Borgarar og gode Kallsarbeidarar. Med friskt Arbeid fordreiv ein Djevelen betre enn med Bøn, som Luther sagde; Lediggonge var i alle Meiningar Satans Hovudgjerd.

– Enok arbeidde.

Presten, som med sann Kristinkjærleik var like blid, endaa Enok stod imot han i Leseboksaki, fekk han til aa halde Missjonssamlingar rundt um paa Gardane; der sat han kvar Sundag Ettermiddag og las «Missionstidende» og samla Skjelingar til det heilage Verk. I det borgarlege fekk han og Arbeid nok; han kom inn i Heradsstyre og i alle Slag Kommissjonar.

Ikkje mindre arbeidde han i sitt jordiske Kall. Han tok til att med Nybrøtsarbeide paa Aarvollen; hadde mistydt Guds Vilje, daa han ^[239]slutta med det au. Saman med Presten og Lensmann Aase tok han til aa halde eit Jordbruksblad; og her fekk han sjaa at han i mange Maatar hadde drivi si Jord soleis, at Gud ikkje kunde faa signe Arbeide hans, um han vilde. Og Enok kaupte nymotens Plogar og Horvir og tok til med Beinmjøl og mangt slikt som han fyrr hadde fordømt; for me skulde bruka dei Raadine som Gud gav oss.

– Det vart ein god Somar med høvelegt Regn og varm Sol.

Kannahende Gud vilde trøyste han etter den strenge Tukti i desse siste tvo Aari. «No, daa du trur paa meg um du ikkje ser meg, no vil eg nettupp vise deg, at eg er deg nære.»

Godvere heldt seg. Det var reint ein Hugnad aa gange ute og sjaa paa Aaker og Eng.

Fløyelsbrun og blank bylgja den unge Rugaakeren i Sumarvinden. Havren, som ikkje hadde ekst seg enno, stod tung i Straae so han lagde seg mest, saftig og djupt grøn so han mest blaana. Men Tjukk-Engi breidde seg med Punt og Syre og Bivregras som ein fin, raudskjengjut Silkeduk, her og der med Flekkir av svingande Blaaklokkur eller Karve og smellande snøkvit Baliblom.

Fin og mjuk som Bomull kvitna Myrfivelen utyvi alt Vaatlende, blanda med skirt, florlett kvitt og raudspettut blaatt fraa Blomane av ^[240]tusund Millionar Bukkeblad; ja sjølve Aai grønka med sitt lange Leagras og Sèv, og paa Hyljane saam gul og kvit Nykkjablom millom breide Blad, og det grodde og blømde alt; Jordi var som eit Moderfang, fræva og fyllt av den skapande Allmagt.

I denne Tidi var det godt aa røme den kvæve Stogo med all Flugesurren og faa koma ut; endaa um Sundagen hende det, at Enok lagde Tekstboki ihop og gjekk ut til aa «dyrka Gud i Naturen». Og Aakerhøna skrata i alle Engir, og Steindilpa smatta og Erla skvatt; alt Slag Fugl peip og lét; Heimen var som ei Kyrkje full av Song; alt kvitra og kvad til Guds Ære. Og han freista aa sjaa Gud i alt. «Forunderlege er dine Gjerningar, Herre, og du gjorde dem alle viseleg.»

Denne Jordflekken elska han, av di han hadde fengi 'n av Gud. «Det er kje min, det er kje min,» mulla han for seg sjølv; «d'er han Far sin.» Um Gud kravde at han skulde selja alt og – –. Stilt og snøgt skunda han seg framum den Tanken.

So kom Kvelden sigande med mjuke Lìtir yvi Bakkar og Bròt. Fraa Havryggen

glima Soli inn yvi Lande og spegla seg i alle Glas; det lyste uppetter Heiane som av Demantar. Men Glansen slokna naar Soli gjekk. Og Lande seig inn i ein Fred so djup som alt ^[241]skulde vera trollsævvt. Han hørde alle Bekkir susa; han hørde sitt eigi Hjarta slaa. Kvite Eimar steig; breidde seg yvi Myrane som Draumsjøar. Eit einslegt rolegt Vibeskrik her og der. Eit Myrfuglpip langt burte. Lammebækting fraa Vollane som ein søt, linn Graat. Laagt gjennom Lufti eit Par pilande Ændar.

Fred, Fred. Ein uendeleg Fred. Berre i Hjarta hans Enok var der Uro.

Det kom yvi han stundom at han var so framand; utstøytt og burtstøytt vandra han her; fredlaus paa fredsæl Jord mest som Kain. Kvar han tenkte og kvar han vilde gange, ingin aa kvile hjaa, ingin aa hyggje seg til. Framand var han i sitt eigi Hus. Ingin fylgde han naar han gjekk; ingin venta paa han naar han kom. Dei drog seg burt naar han kom; det var som dei var rædde. Ikkje av sine eigne Born dessmeir kunde han faa eit venlegt Ord; nei ikkje um han vilde leggje seg paa Kne for deim og beda um det. Um han tala blidt til deim, ja tala med deim um verdslege Ting, um Tøv og Tattl som han tenkte dei kunde like, – det same var det. Det var som dei vart bljuge; dei skjemdest; kvart stakkars Nei og Ja maatte han som hala fram; dei forstod ikkje at han søkte deim og trong til deim. Og han hadde daa berre livt etter Orde: «hvo som ikke ^[242]fornegter Fader og Moder og Hustru og Børn og tilmed sit eige Liv» ...

Og ho Anna, stakkar. Han hadde nok ikkje fari rett fram mot henne heller. Undrast paa um det kunde ha vori betre, dersom han hadde vori gift med henne som han hadde til Avgud ei Tid? – Aa for noko Tøv. Aa du mangfaldige Djevel. –

– Det var ein Sundag ut i Slaatten. Enok var komin fraa Kyrkja og hadde Hug til aa sitja inne ei Stund og kvile og drøse som i gamall Tid; men alle var kalde og sturne. Borni saag rang-øygde paa han og undrast um han ikkje snart vilde gange ut. Enok fekk slik ei vond Kjensle; han var berre i Veggen. Han saag seg ikring med Augo som bad; men alt var kaldt og stengt; ingin hadde Bruk for han inne. Daa vart han so umbrigd i Andlite sitt. Han reiste seg og tok Sydvesten og gjekk. Knappt var han utanfor Døri, so tok Borni til aa læ der inne.

Aah ja, ja.

Han gjekk ut. Og gjekk og gjekk. Att og fram; rundt og rundt. Saag inginting; alt vart so vondt og tungt for han.

Idag hadde Gunnar endaa-til fengi vori heime fraa Kyrkja. Men det var Takken. Det hjelpte kje kor snild han vilde vera. Ikkje um han gjorde Gud sjølv imot for deira ^[243]Skuld. Dei hata han. Det var han sjølv som var i Veggen for deim.

Der var Skyflokar paa Himilen her og der, og Skuggar av Skyir dreiv etter Heiane som flakkande, drivande Øyar av Natt; som myrke, vonde Tankar. Timane gjekk; Enok flakka i Markir og Myrar og gaadde det ikkje. Tilslutt stod han ved Heialandsvatne. Han kvakk; kva var det for ein vond Tanke som hadde dregi han her ned? Hastande snudde han oppyvi att. Det tok til aa kvelde. Men han hadde ingin Hug til aa gange heim.

Rundt i Heiane peip Heiloî med sin einslege Tone. Ei Vibe vart uppskræmd her og der; flaug tagall ikring med riktande Vengir; no og daa gjorde ho eit Braakast ned-um Nakken hans, vilde skræme han burt. Det gav ein hard, hastig Ljod, som det kunde vera Vengtak av vonde Aandir.

I Nord, i Aust, allstad og inginstad, usynleg og gaatefull, mekra Røsegauken sin hole, kalde Laatt. Ein Draugelaatt, som døydde av inn-i Himilnatti. Fraa Heialandsvatne ropa Lomen sitt varslande Rop. Og framande Fuglar ein aldri fekk sjaa, hørdest med sine høge, rædde Rop ut i Holmar og Heiar.

Var det dømde Aandir som maatte flakke so? – og varsle um Daude og Dom med sine Draugerop i svevntunge Nætar?

^[244]Men desse store svarte Fuglane som flaug so tungt og tagde so sturt ... det laut vera Sjælir som ikkje hadde kunna rive seg lause fraa det jordiske. Mammonsdyrkarar som no vart refste med dette tunge Kav, og laut vasse um i Myr og Fæn og draga til Reirs Makk og Mold og Lyng og Straa og alt det Skrap som til var, liksom dei aldri hadde fengi nok av jordiske Ting her i Live. Kannhende alle Fuglane var Aandir? Heluna, som sat so aaleine og pipta paa Lyngtuva si ... det kunde vera ei Sjæl som hadde svarma paa Jordi i Elskhugs Synd, og no laut svive her i Einsemd og Fredløyse for di ho hadde gjort eit Menneskje so reint til sin Gud; men Vibune kunde vera Mødrar som hadde elska Borni sine for mykje, og som no laut flakse um til Domedag og skrike og graate for desse Eggi som Smaagutane tok ifraa deim. – Tull. Det var minst fyri naar Helvite ikkje var heitare! Verre, verre fekk dei nok svide, alle Jordtrælar og Avgudsdyrkarar ...

Soli var nede. Ein lang Eldhale laag etter henne i Nord. I Vest laag spreidde

blaae Kveldskyir og kvilte, faste og klaare som Øyar i det grønljose Himilhav. Yvi Heiane i Sør steig ei lett, graa Tòkehildring.

^[245]Daa kveiktest laag i Sudaust eit einslegt raudt Ljos. Det gløste fram gjenom Skysløre dauvt og stivt som eit sjukt Auga.

Ei Blodstjerne! – Krig; Pest; ein uforvarande, hastig og bratt Død ... Gud vere oss naadig i Jesu Namn!

Enok skunda seg heim. Fredlaus, fredlaus ute som inne ...

XXIII.

Det var ein Dag utpaa Hausten; dei baka paa Haave. Det dura gjenom Huse av rullande Kjevle yvi det breide Bakstebordi.

Enok stod i Kjeldaren og knadde. So kom det Bød fraa Uppstad, at ho Legde-Guri vilde tala med han. Ho laag i Banen, vart det sagt, og livde kannhende ikkje til Kvelden.

Gunnar laut aat Knadtrøge; Enok tok paa seg og gjekk.

– Guri laag svært klen. Det aaleitte henne aa røda; stundom var ho i Herota. ⁿ⁵⁷

Enok sette seg 'med Omnkraabenken der ho laag, og tala Gudord med henne; vart verande der heile Nons-ykti. Folke paa Uppstad slagta den Dagen, so dei hadde kje Stundir til aa vera inne.

Den gamle laage Stogo var myrk i slikt tungt Vêr. Ei Lugt var der so sur og vond, at der lite var inne verande. I Veggjom taut ^[247]Sunnanvinden med si linde Jamring; rundt Huse høyrdest Staak av Kraake og Skjor, som hadde samla seg til Slagte-Gjestebod fraa alle Gardane.

– «Om jeg end vandrer gjenom Dødens Skygger, da er du dog mit Hjertes Klippe og min Del evindeleg», trøysta Enok. «No maa du tenkja paa Stjerna i Østerland ... at den kann faa leida deg dit der Baane er.»

«Aa ja», sukka eit lite pipande, halvt kviskrande Mæle.

– – «Og so skal me beda, Guri.

'Naar Øinene briste, og Synet forgaar,

naar Øret ei længer at høre formaar,
naar Tungen ei kan tale mer,
og Hjertet af Angst forfærdet er;

'Naar mig forgaar al min Forstand,
og intet Menneske mig hjelpe kan, –
din Hjelp, o Herre Krist! mig send,
stat mig bi i min sidste End!'»

– «Aa ja, ja.»

«– – Ja er du kje glad, Guri ... at du so snart kann venta Brudgomen?»

«– – Mig længes ...» kviskra det, «at fara herfraa ... aah.»

«Ja tenk; um ei lita Stund kanskje ... er du der uppe og fær sjaa Gud som han er, Andlit til Andlit ... og Englenes Mangetusund, ^[248]og Lammet paa Thronen ... og de tolvtusind Beseglede Daa maa du beda for meg, Guri.»

Ho svara ikkje; hadde lati att Augo og laag som ho sov. Andedraatten rikla og rikta so saart gjennom den gule, skinnmagre Halsen.

Det kvakk i han daa ho ikkje svara; vilde ho kje beda for han? Det kom for han eit tungt Ord av Apostelen Johannes: «Der er en Synd til Døden; om den siger jeg ikke, at I skal bede for den.» Saag ho at det var den Syndi han hadde gjort?

«Kristian?» kviskra Guri og slog det eine Auga sitt stivt upp. «Er det du, Kristian?» Ho vimra med Hendane i Lufti.

Stakkar, ho rasa. Tenkte paa Son sin, han som vart burte paa Fiskje her eit Aar. «Gud hjelpe henne, at ho heller maa faa tenkja paa deg no! – –

'Jesu, dine dybe Vunder
og din smertefulde Død
trøster mig i alle Stunder
udi Livs og Sjælens Nød' ...»

Han las heile Salmen, halvt for henne og halvt for seg sjølv; og han skalv i Mæle. Kannhende skulde ho slokne no? – «Vær tro indtil Døden, saa vil jeg give dig Livsens Krone ... Vær tro indtil Døden ... Vær tro indtil Døden ...»

^[249]Um ei Stund vakna ho og bad um Vatn.

Det var kje Vatn inne; han sprang ut og fann ein Kopp. So lyfte han henne i Sengi og lét henne drikke.

«– Du er ... god med meg ... Aah.»

«Endaa meir god med deg vil Jesus vera, naar du kjem til honom.»

«Ja – aah.»

«Eg tykkjer det maa vera so godt og lett for deg aa skiljast herifraa, Guri. Det er visst ikkje mykje, som held deg til Verdi no.»

«Nei. – Sidan den siste døydde ... aah. – Daa skildest eg ... med alt. Aah ... Aa ja; kom ... Herre Jesus.»

«Amen. – Og so maa du prøva aa venda *all* din Tanke til Frelsaren. Og agta deg, at det ikkje blandar seg noko jordiskt inn i Lengten din etter aa koma herifraa. So at det ikkje er Baani dine, du lengtar etter, meiner eg ... meir enn Brudgomen. Aa, me kann aldri vera vakande nok! Djevelen er so sli etter oss, Guri ...»

«Aa ja, ja; aah ...»

«Du maa prøva, Guri, um du kann bøygja deg heilt under Guds veldige Hand. Endaa um du ikkje skulde finna Baani dine i Himilen ... maa du endaa ha den same brennande Lengten; ja prisa Gud for alt. Kann du det, so veit du at du er prydd og budd til aa gange Brudgomen i Møte.»

[250] «Aah – aah.»

«– Fær du ha det so, tykkjer du?»

«Ja. – Men eg veit eg finn ... han Kristian.»

«Det vonar eg au. Men um du ikkje skulde finna han, – berre du veit med deg sjølv, at du kunde vera fornøgd daa au. – Eg hev prøvt so mykje av slikt, Guri; eg veit kor faarlegt det er ... og kor snart me kann daara oss sjølve.»

«Aa ja, ja. – Aah. – Men Gud hev frelst ... han Kristian.»

«Gud frelse oss alle i sin Naade Amen – for Jesu Kristi Døds og Blods Skuld! – Amen!»

«Aah ... aah ... aah» ...

Ho Guri vart so uroleg; laag og stræva og kava; vilde visst segja noko; det rykte i henne all Stad; rædd og bleik bøygde han seg ned aat henne ...

«– – Trur du ... eg vert fordømd ... um eg tenkjer paa ... Baani mine?»

«– – Naar du gjer ditt beste, Guri, til aa halda ditt Hjarta reint ... og so hellest set all di Lit til Jesu Saar ... so veit du, at Gud forlæt deg alle dine Syndir. 'Om dine Synder vare som Blod, ja røde som Purpur, saa skulle de blive hvide som den kvide –!» han braastana.

Ho vart so umskift ... kava og kava som ho vilde upp; ei djup myrk Blaaning drog seg ^[251]yvi Andlite hennar; so lyfte Hovude seg med ein stiv Rykk; og ho saag paa han ... stirde ...

Stort og villt steig Auga fram imot han i ei Rædsle so han vart stiv. Haare reiste seg paa Hovude hans, Hendane tok til aa riste; kva saag ho? kva saag ho? – Daa drogst Hovude attyvi; den tannlause Munnen gapa geispande upp ... Han hadde reist seg og visste det ikkje; Knei skalv under han; han kava seg ut, sjakande, halvt dettande.

Kona hans Jonas Uppstad kvakk, daa ho raaka han Enok utanfor Døri. Han var grøn i Andlite. –

– Kva hadde ho set? – Han fælte so paa Heimvegen, at det var ei Trøyst for han aa raake sjølve Fante-Tomas. Denne forklaara for han sin djupaste Anskuelse, at Syndi mot den heilage Ande var det same som Syndi mot Naturen, 1ste Mosebok 38te Kapitel fraa det 8de til det 10de ... Men det store brestande Auga pinte Enok, so han kunde kje fylgje med.

XXIV.

Gunnar var framsloppin. ⁿ⁵⁸

Og no skulde Dægeren taka baade Forklaring og althop – han var vaksen Kar no og vilde lære seg til aa banne –; for jagu var han so leid av all denne Gudelegheiti og alle desse Bøkane, at det var reint so det lukta for han. (Naar han vart gamall, kunde han tenkje paa dei Ting.)

Og no kom det snart Brev fraa han Carolus. Og naar Breve kom, so var det berre aa lure seg av ein Kveld naar dei sov; og so til Byn; og umbord med ein Gong; so kunde dei taka 'n! – Og so ut paa det frie, vide Have, kannhende alt til Arabia ...

– Men Gunnar laut vente lengi paa Brev. Ved Marknads Tidir spurdest det at Carolus var heimkomin. Gunnar gjekk i aatte Dagar og lengta; kom han kje snart? Var det kje han, som kom ned i Vegen?

^[253]Ein Dag Far hans var av i Likningskommissjonen, lurde Gunnar seg avstad

sør-yvi Heið til Fantehytta.

Raude og forøvne raakast Gutane att. Det var so vidt Gunnar kunde kjenne att han Carolus.

Han hadde vorti so vaksin. Gild var han au i Sjømannsbunaden sin, endaa Dyffelspjekkerten var heller slitin, og Segldugsbroki ikkje so lite bøtt; og det var komi noko framandt og liksom utanlandskt yvi han. Og slik ein Sving han hadde fengi paa Maale sitt! Han sagde baade «har» og «jog»;¹⁵⁹ og «mangen» for mange og «bangen» for rædd og mykje anna fint; Gunnar vart reint bljug av det stakkars simple Bygdemaale sitt.

Ringar hadde han i Øyro paa Sjømanns Vis, og paa Handi ovanum Tùmen var eit Anker og eit Hjarta innprikka med blaatt; under stod Bokstavane C. M. T.; det var for at han skulde bli attkjend um han kom burt paa Sjøen, sagde han. Men paa Bryste hans var det innprikka eit heilt Skip, som Gunnar fekk sjaa, og paa Armen ei Gjente. Um det ikkje hadde vori vondt aa faa alt det innprikka i Skinne? – Ikkje noko vidare.

Det gjekk smaatt med Samrøda. Gunnar torde kje koma for braadt innpaa Maalemne ^[254]sitt, og Carolus vreid seg for aa segja Sanningi. Ufysi var der i Fantestogo au, svart og stygt og fullt av Bos og Rusk; Ungane var nærsøkne og utukta, og ho Gunhild, Môri, gjekk og vabba og vavra og var full; Gunnar fekk Carolus med seg, og dei fylgdest uppetter Marki eit Stykje.

Daa tok Carolus til aa fortelja um kor fælt det var aa vera til Sjø. Dei hadde drøymt um det «frie Hav», dei; men der var mykje meir Tvang paa Sjøen enn nokon Stad paa Land; ja verre enn paa sjølve Haave. Paa store Skutur var det endaa verre enn det hadde vori der han var; han hadde tala med mange um det. Og no var han komin heim for godt; vilde begjeva Sjøen. I Byn skulde han faa Arbeid paa ei Sjøbu; det var mykje likare. Av all Magt vilde han raade Gunnar og til aa gjeva Sjøen upp; nokon Plass hadde han kje kunna finne aat han heller.

Gunnar vart kald og flat. So lengi som han hadde tenkt paa dette, og gledt seg til det – –. Kva skulde han no finne paa?

«Var eg som du, Gunnar,» sagde Carolus, «so vilde eg til Byn og gje meg i Snidkarlære. Eller staa paa Krambu, um du likar betre det. Daa fær du baade Fridom og gode Dagar; og um nokre Aar kann du tena so mykje Pengar, at ein tenar kje so mykje til Sjø i ^[255]all si Tid. Naar ein ikkje vert Kaffein, daa; men det

vert Landsfolk aldri.» –

– Det maatte Gunnar gange med. Til Avskil fekk han ein Fallekniv av Carolus, ein med Massingskaft og Korkdragar og tri Blad; det trøysta han noko.

Og han tok til aa tenkje paa Krambui. Det skulde nok vera gildt aa staa der; og so kunde han koma til Sjøes sidan kannhende. Men so var det han Far. Aa faa Lov av honom, naar det var noko ein vilde – uff. Den som var fullvaksin.

Meir enn vanleg stur gjekk Gunnar no ei Tid; det var som alt stengdest for han.

«Er det noko som er deg imot, Gunnarmann?» spurde Far hans – uff! denne ufysne Blidlaaten, han tok til med i seinare Tid; mykje heller vilde Gunnar, han skulde skjelle. «Nei,» svara han stutt. Far hans sukka. «Eg tykjer det er so vondt at du aldri kann segja meg noko, Gunnar. Du kunde daa gjerne snakka med meg.» Gunnar murtagde. Kva skulde eg snakke med deg um, tenkte han. «Er du vond paa meg, Gunnar?» Gunnar vreid seg. Kva skulde no det vera for Snakk? Far hans sukka, langt og tungt; so gjekk han.

Men Gunnar rømde Far sin meir og meir. Han var so serskilt rar stundom, han Far no; ^[256] fór aat med Faktir og Aatferdir mest som han var halvgalin; kva det skulde svara fyri, kunde kje Gunnar forstaa; han vart baade rædd og sinna av det.

Det hjelpte noko at Far hans var meir burte no enn fyrr; og so var han Torkjell Tualand her mest jamt; han var Dreng haalvestundo. ⁿ⁶⁰ Ei Hjelp var det au at han var kje so streng um Sundagane heller som fyrr, han Far; Gunnar fekk mest raade seg sjølv Kveldyktine.

Daa lurde han seg gjerne ut. Vaaga seg stundom paa Garden millom hin Ungdomen; vilde kje gange her som Heimføding lenger. Men det var kje so morosamt paa Garden som han hadde tenkt. Han kunde ikkje koma noko inn med desse andre; dei hadde ein annan Maate i alt, og mest som eit anna Maal; dei lo kvar Stundi, og han visste kje rett kva dei lo aat. Stundom var det som dei gjorde Narr av han; – «aa jau, han vil nok vera med han Gunnar au; det hjelper nok ikkje Bibelspraak mot –;» jøss, for Ord dei kunde bruka. Det han sjølv fann paa vilde kje falle seg her. Gjenta hans Helge, ei fraa Sørbygdi som nyleg var hitflutt, sagde endaa ein Gong: «eg kann skyna at det er du som er oppvaksin ^[257] med Fantane.» Daa lo dei andre so han vart reint bljug. Og som dei stundom

skjemta med Kvinnfolki baade i Aatferd og Ord, det var so han visste kje kor han skulde gjera av seg. Skulde det au vera Folkeskikk?

Ein Sundag vaaga han seg ned til Heialand paa ei Dansemoro. Men han kunde kje danse og vart gangande der for seg sjølv. Ingin brydde seg um han, og ingin kom han i Drøs med; han kjende seg som eit Utskòt eller ein Utbygding. I ei Kvilestund millom Dansane vart han reint ille ute. Det var ho Olina hans Per – som og var framslóppi i Haust –; ho sette seg til aa gjera Narr av han. Hermd e etter «hjaa han Enok», naar dei heldt Bøn; «alltid naar ein gjeng framum Vindaugo hans Enok, so er det ei Remjing som i eit Fjos naar Kjyrne vil ha Mat: æ–, æ–. æ–, remjar dei; og e–, e–, e–, piptar han Gunnar, ha-ha; og so ligg dei paa Kne! – difor maa dei gaa med Skinnbukser, so dei ikkje skal slita for snart Hol paa Knéi; hi-hi-hi!» – Gunnar stiltra seg ut; gjekk heim i fullt Sinne. Aldri skulde han tenkje paa henne Olina meir! Han vilde mykje heller ha henne Justina Haaland, um det ei skulde vera. Aa nei; ikkje henne heller. Ho hadde vori so kaut daa dei var hjaa Presten sist, ho; gjorde seg so til for Son hans Napolon Storbrekke, ^[258] at det var ei Skam; inga vilde han hava; han gav deim F ... Dægeren alle ihop, gjorde han.

Den einaste som var snild var i Grunnen ho Maren, Gjenta; og ho heldt med han i det, at Gards-Umagane var fælt store paa det. I Skùmingane naar ho Maren mjolka og han gav Bùje, rødde dei jamt saman, desse tvo, mest um Giftegreidur og slikt; og Gunnar tok til aa like dette.

Ho Maren var streng. Aldri hadde ho havt Hjaasvæve, endaa so mange som hadde freista aa faa henne til, og aldri skulde det koma slik Skam yvi henne heller. Det var fælt for den som fekk Lausbarn. «Ser du kje han Helmik Heialand, Son aat Enkja; han gjeng reint som eit Utskòt han; ingin vil ha noko med han. Og han tarv kje tenkja paa aa faa gifta seg, han; han er reint utskjemd. Og det berre av di han fekk den Lausungen for eit Par Aar sidan.» Gunnar visste det, og fælte. Det var reint som der fylgde noko stygt med han Helmik; og han skydde Folk det beste han kunde au. «Og for Gjentune kann du vita, det er endaa verre!»

«At det ikkje vert fleire Lausungar,» undrast Gunnar, «slik som dei fèr aat ofte!»

«Du kann so segja,» sagde Maren tankefull. Ho hadde eit mjukt, slørt Mæle og tala ^[259] stilt, men med døyvd Eld; Andlite var kjøtfullt og rundt, Panna lita og

trong, Munnen frisk, Tennane kvite og store. «Eg hev nok vori med paa mangt eg au. Men korleis dei steller seg og korleis dei fer aat, so kann du daa skýna dei hev *det Vite* –.»

«Ja men korleis gjer dei daa?» spurde Gunnar, ustø i Mæle.

«Aa, dei greider det.»

Han spurde og spurde, men ho var stø; vilde ingin Ting segja.

Ein Kveld spurde Maren um ho ikkje skulde lære han aa danse; det kunde nok lata seg gjera, meinte ho; paa Laaven; um Sundagen i Kveldyktine. Han vart bleik og svara Ja; og det kom ei ikkje god Tid for han Gunnar.

– Ut mot Jol vart det Førre; Gunnar var med Far sin i Myri og køyrde Torv. Det var kaldt, so det rein i Nasane, og tungt og mødt aa vabbe i Snø og Vind. Himilen hekk full av Snøskyir; Lufti var graa og daud, og alt var tilfrosi. Gunnar gjekk og skugra og fraus i Snøvind og Sno med Augo svidande av Torvmø og Kalde. Han fekk kje Fred til aa tenkje paa Gjentur dessmeir; gjekk berre og harma seg paa han Far, som alltid skulde ut i det verste Vêre.

Minst lika han seg, naar dei var i Myri ^[260] og lesste. Jamt stod han og ræddast at han Far kunde taka til med Blidlæte sitt, eller koma med desse Fyriteljingane um aa halde Daapspakti. Eller med dei gamle Spursmaali um Jesus, um han elska Jesus; um han hadde bedi til Gud i Dag; uff. Kvar Gong dei hadde lesst og kunde gange kvar til sin Øyk att, var han so glad, hon totte han drog Anden mykje lettare.

Men han skýna at Far hans gjekk og brygde paa eitkvart; og tilslutt kom det.

«– – Eg undrast riktigt paa, kva du gjeng og tenkjer paa um Dagane, Gunnar. Kunde du ikkje finna paa aa segja meg det? – – Hm?»

«Hm.» Gunnar vart raud. Han Far skulde daa vel ikkje vita noko um dette med henne Maren ...

«– – Ja det er kje som daa *eg* var litin,» sukka Enok. «Eg hugsar so godt –. Min Far var ikkje just den som snakka for mykje; og me Ungane gjekk og fann paa alle dei Ting me upp kunde tenkja til aa faa han i Drøs. Og naar me daa fekk han til aa snakka med oss litegrand, so var me so glade som Fuglar. Men du vil kje snakka med Far din, du, um han so bed deg um det.»

Gunnar visste seg inga Raad. Kva skulde han vel snakke med Far sin um? Aa

koma ^[261] med anna enn Gudsord nytta ikkje; det visste han fraa fyrr. Ofte nok hadde han fengi høyrte at me skulde gjera Rekneskap for kvart unyttigt Ord; og ofte nok hadde han harma seg, naar alt han sagde eller spurde um vart vrent av i Gudsord og Hendesløyse.

«No er du framsloppin og vaksin Kar,» tok Enok i att. «So du skulde kje vera so reint baanskjen heller no. Du skulde ha Framtankar, du som andre Ungdomar. Du hev nok Garden; men det hadde eg au; og endaa gjekk eg so full av Tankar og Funderingar –; korleis eg skulde bruka Ungdomen min best, so eg kunde ha noko aa fara til med, naar eg fekk Garden ein Gong; – tenkjer du aldri paa sovore, du?»

Gunnar vart upp i Under av aa høyre Far sin tala so verdslegt og vitugt. Kannhende det kunde nytte aa vaaga seg fram med – –? aa langtifraa.

«Aa ... ein kann vel alltid tenkja,» sagde han. «Men det nytta nok ikkje stort um eg sae det, tenkjer eg.» Han vart heit.

Enok sukka. «Nyttar det kje ... aa snakka med Far din? – – Det er underlegt aa høyra paa slikt ... for meg.»

Gunnar vart endaa heitare.

«Naar det er noko eg hev Hug til, so plar det jamt vera gale, tykkjer eg!» – ^[262] Det kom meir Sinne i Mæle enn han plent hadde vilja.

Enok tagna reint. Dei køyrde heim; og Gunnar trega at han hadde vori so stutt paa det. Kven veit um han kunde ha fengi Løyve likevel, dersom han hadde spurt no?

– Dei stod ved Torvskuten og lesste av; daa søkte Gunnar næmare Far sin enn vanleg. Han kunde vilja spyrja ein Gong til.

Men Far hans tagde. Berre sukka ender og Gong, so det var mest vondt.

Eg fær vel taka til sjølv denne Gongen, tenkte Gunnar. Han Far er so underleg i denne Tid; kven veit?

Gong etter Gong stod han med Orde paa Tunga. Men han fælte seg av att, til dess det vart for seint. So fekk han heller drygje til dei kom aat Myri.

Men daa dei kom dit, hadde han misst Mode att. Det kunde vel ikkje nytte.

– – – «Kva var det du meinte,» tok Far hans i, «daa du sa, at det kunde nok vera noko, du hadde tenkt paa? Kann du kje segja meg det?» Det siste kom noko

utølegt. «Du maa daa vel tru at eg meiner det godt med deg; at eg ikkje vil deg vondt? – Det kann nok henda eg hev vore noko streng med deg ... men du hev daa vel aldri tenkt, at ... at ikkje Meiningi var god? ^[263] – Kva? – Kunde du tru, at din eigin Far vil deg ... anna enn det som godt var?»

Enok vart so underleg i Andlite.

«Nei,» kviskra Gunnar med Stræv; uff, no vart det leidt att. Men det var utrulegt aa høyre dette av han Far. Tenk han tilstod, at han hadde vori streng. Noko varmt og mjukt lagde seg um Bringa hans Gunnar.

Til aa koma yvi dette sette han i med alt sitt Mod:

«Ja eg meinte, at eg kunde nok ha Hug til aa koma til Byn og staa i Krambu ei Stund, so eg kunde læra litegrand, og tena nokre Skjelingar; ein vert so reint Heimaling av aa aldri koma ut.» Han fann Ord so han sjølv undrast paa det.

Det ljøsna i Andlite hans Enok; Gunnar hadde tala mildt.

«Ja, ja, Gunnar,» sagde han, og laut døyve Gleda i Mæle sitt; – «det var kje so gali tenkt det! – Du kunde nok ha Gagn av aa koma ut og læra noko; og naar me kunde faa deg inn hjaa ein kjend og paaliteleg Mann –. Ja sjaa der kann du sjaa! Du skal aldri vera so rædd for aa koma til meg med sovore; du veit at eg gjerne vil ... ha deg fram, eg. Me skal sjaa, kva Raad der kann verta med dette, Gunnar!» – –

Den Dagen var Gunnar mest glad i Far sin. ^[264] – Mot Kvelden, i Skùmingi, stod han i Løo og hogg ut Høy aat Smalen; Enok gjekk og stelte og gav Øykine.

Med ein Gong kom han burt aat Son sin, slog Armane ikring han og drog han inn-aat seg. «Eg elsker deg so, Gunnar,» kviskra han; «du skýner det ikkje!» –

Slepte so Gunnar, strauk han yvi Hovude; sukka stilt og gjekk.

Guten stod etter som han kunde sìge i Jordi ...

XXV.

Gunnar fekk flytje til Byn.

Enok kom nok i Tankar um at det var gali; – føye Gunnar i hans kjøtelege Lyst; kaste han midt uti Verdi med all Freisting og Daaring, so ung som han enno

var; slengje han beint i Gape paa Leviatan. Men han kunde kje brjote sitt Ord. Gunnar vilde tru det var Rangvilje.

Han hadde vori so snild au i denne Tidi, at det hadde vori Uraad aa gjera han imot. Det var nok vondt aa sjaa, at han so gjerne vilde heimanfraa; men det var kje annleis med Borni; dei hadde kje betre Vit. Mor hans studde oppunder. Ho trudde Gunnar hadde vondt av aa gange heime no. «I mange Maatar», lagde ho til med eit sers Tonelag. Enok saag paa henne; – nei; Anna visste kje noko. Men ymist kunde det vera; slike Gutungar tenkte kje langt; og um den Jaala, ho Maren, kunde ^[266] ha sett seg i Hovude aa bli Kone paa Haave ein Gong – –

Enok tagna. Hugsa sin eigen Ungdom; inginting aa lite paa. Best aa faa Guten av Garde.

Men daa Gunnar vel var burte, fekk Enok ei vond Rid. No hadde han endaa ein Gong synda med Vilje. Gunnar hadde vorti Avguden hans paanytt.

Og i Guds Ord stod det tydeleg: «Thi synde vi med Vilje efter at have annammet Sandhedens Erkjendelse, da er der ikke Offer mere tilbage for Synden» ...

Lars Danielsen maatte brùka all si Magt til aa faa han i Logn att. Men rett som det var gjekk han og sturde og stirde att, og det var like ille. –

– Det sette kom; det var Gjente, og Enok saag eit vondt Teikn i det au. «Og so vert me so mange; kor skal der koma Mat ifraa til so mange Munnar?» klynka han. Anna var sjukleg og veik; Slit for Bringa og vondt i Hovude; rett som det var maatte ho faa Fante-Gunhild hit til aa koppe seg; det au tok Enok tungsam. «Det er eg, som hev øydelagt deg», sagde han. «Kona mi hev eg drepi; Son min hev eg sendt den Vonde i Vald; so kann me kje undrast paa, at Gud snur meg Ryggen!»

^[267]Jensens Lesebok vart innførd, endaa han røysta imot; der og hadde Gud vanda hans Arbeid. Sjeldnare og sjeldnare vart det hans Meininger som gjekk igjenom i Heradstyre, totte han. Og det store Verke han hadde drøymt um, dette med Fantane, vende seg meir og meir til Spott og Skam. Tomas bruka Huse sitt berre til Vinterhie; um Sùmaren flakka dei mest som fyrr; men naar dei var heime, var der ein Ulivna med Drykk og Slaasting og Uliklegdom, so det var fælt aa tenkje paa at ein hadde vori med aa draga denne Styggedomen innyvi Bygdi. Det var som det laag Vaabøn yvi alt han tok seg fyri.

Med Garden gjekk det til atters Aar for Aar. Ikkje agta han alt som han skulde

lenger, og ikkje var Gud med. Og Anna var sjukleg, so ho kunde kje heller sjaa etter som fyrr. Guds Straff, Guds Straff; det bar paa Kassa med deim; um nokre Aar var dei paa Bygdi ...

Han kunde røda slik stundom, at ho Anna beintfram maatte skjelle paa han. Og stundom var det som dette hjelpte.

– Det gjekk eit Par Aar paa denne Maaten, upp og ned, upp og ned. I lange tunge Bylgjedrag som Have der ute.

Naar Enok hadde sine gode Tidir, var han modig; han braut upp Jord; bygde nytt Fjos; kaupte Garden hans Rasmiss Skare til Sùmarstøl; ^[268] fann paa alt og var med paa alt; «yrkjesame og iduge Born vilde Gud hava;» «med Verksemd skulde me døyva Djevelen.» Han hadde Ridir daa han kaupte mest alt han saag. Istadenfor Kòla skulde dei no hava Parafinlampe; ein ny Omn kom han heim med ifraa Byn, ein med tri Høgdir og Dør, og med Ilegge inne; ja han kaupte seg Karjol, og gav seg til aa byte Øykir og Kyr; det var som han ikkje hadde Fred; noko maatte han staake med allstødt.

Det var mange Auksjonar no utetter; Banken kom og tok Gardane fraa Folk; Lensmannen panta og selde for Skatten; sùme gjorde Auksjon sjølve og reiste til Amerika; – Enok var med allstad. Og kom heim att med alskyns Rap og Skrap, ofte den reine Hendesløysa; «hadde fengi det so billegt». Verst var det den Vaaren daa Møller paa Myre rauk. Daa gjekk Enok paa Auksjonen i tvo Dagar; kom so heimatt med ei heil Langkjerre full av Skrap: Kinnemaskin, Saamaskin, Hakkmaskin, alle Slag rare Greidur til eit «rasjonelt Hagebruk» ... Ho Anna gløymde seg og spurde: «nei men kva vil du no med alt dette Enok?» Han stod eit Bil og stirde paa det; so skjekk han med Munnen og smikka med Fingrane. «Det er Tull alt ihop, alt ihop, alt ihop!» – Ho laut trøyste han det beste ho kunde.

^[269] Men naar dei vonde Tidine kom, gav han reint upp. Han var fordømd og fortapt og vasa um Helvite og um Fatigkassa. Alle underlege Ting fann han paa, og gali vart alt; den eine Dagen hadde han «kasta Gunnar ut paa Verdens Hav til ei Aate for Hinmannen»; den andre Dagen var det Gud som vilde «frelsa Gunnar fraa Far hans»; «han saag, at eg øydelagde han, baade til Likam og Sjæl; og so maatte han ta han ifraa meg.» Stundom var det Gunnar, som hadde vori so vîtug; «vîtug Kar! han saag det gjekk gali med meg, og at Gud hadde forbanna

meg; best aa halda seg burte, so kom daa kje han paa Bygdi!»

Eit Folkesnakk som ho Fante-Gunhild kom med ein Gong: at han Gunnar skulde vera komin uppi det med eit Kvinnfolk, gjorde Enok hovdalaus for ei lang Stund. «Vaabøni ligg yvi heile mitt Hus; Gud vil forderva og forkasta heile Ætti ... straffa mine Misgjerningar paa Borni i tusund Led»; ofte laut ho Anna berre gjeva seg yvi og tegja.

Alt tok han seg Sutir av. Ho Serina var framsloppi og vaks upp til ei ven Gjente, rak og lett og faktegreid; daa Enok lagde Merke til dette, tok han den Tanken at det maatte gange gali med Serina. Sidan fekk ho mest ikkje koma ut. Han lika kje ein Gong at ho gjekk til Kyrkja.

[270] Tønes Tualand, Skulemeistaren, hadde teki til aa vanke i Huse i seinare Tid; tillslutt fekk Enok Mistanke um at det var henne Serina, han gjekk etter. Ein Kveld kom han yvi deim attanum Løo, dei stod i slikt eit stillvori Drøs; daa Enok kom, vart dei so raude og rare; og strakst etter sagde Tønes Godnatt og gjekk. Underleg braatt og villt brast det ut av han Enok: «kva er det du løyp og renner etter den Husmannssonen fyri? Kva er det, han vil deg? He? Kva hev du i Løo med han aa gjera? He?!» Han saag so vill ut at ho vart rædd og rømde inn; Enok etter, mullande og fortryllt; i Kjøken tok han paa Anna med same Jamringi. Anna vart harm; «du kunde daa høyra deg fyre, fyrr du tok paa Barne med vitlaust Snakk», meinte ho; «Gong paa Gong hev ho sagt til han Tønes, og i Kveld med, at det ikkje kann verta noko; og trur du det ikkje, so kann eg fortelja deg det alt Folk veit: at han Tønes er mest som ør for dette; gjeng og driv ned i Heiane um Dagen reint for seg sjølv; og til Serina sender han Brev med halvgalne Visur; – ja du kann faa sjaa sjølv!» ho gjekk aat Bui og kom att med eit Papir som ho gav han Enok aa lesa. Ho Serina hadde gøymt seg.

Enok saag paa Visa; vilde Tønes gjera Narr au? Tenk han skreiv paa dette flate Maale. Hm!

[271] «Aa Vinden tyt gjennom Lufti,
og Marki er kald og snaud.
Gud hjelpe meg, arme Syndaren!
– eg vilde helst eg var daud.

«Dei balar og balar og balar
i Strid og endelaust Kav.
Gud berge meg, arme Syndaren!
– eg laag no helst i mi Grav.

«Presten han stend og preikar,
og Skulemeistaren skriv.
Gud trøyste meg, arme Syndaren!
– eg slepte no helst mitt Liv.

»Gjenta ho lær og dansar,
og gjev seg ein Fark i Vald.
Gud naade med, syndige Armingen!
– best var det aa liggje kald.

«Farvel, du staakande Verdi!
eg trur, eg er ferdig no.
Der ute skin Have blankt og blaatt,
og der, paa Botnen er Ro – – –»

Enok stakk Papire i Lomma og gjekk. Hm ... Ho Anna hadde Tillit hjaa Borni; til henne gjekk dei med alt; men til honom, – ingin kom til honom. Dei var rædde honom. Han var utanfor, han; utanfor; framand i sitt eigi Hus; – smikk .. smikk
--

– Det kom ein Regnsùmar av dei verste.

I seks Vikur rignde det mest i eit. Himilen hekk heilt ned aat Aasane med si svære ^[272]Skytyngd; Jordi flaut med Vatn; det var som der ikkje skulde vera Skilnad lenger millom Vatne ovan til og Vatne nedan til. Skyir stengde til alle Kantar; Himilen drog seg ihop som ein Sekk. Men ute i den ævelege Regnskodda myrkna Have.

Fæle Torevêr drog laagt yvi Lande med trafsande Regn og heite Ljon; det kunde vara i Dagar. Svære Flaumar førde Sand og Smaastein og Rekstr yvi alt laagt Lende, drog med seg Høy og skamfór Eng; Vegar vart øydelagde og Kloppir rivne; Høye stod og brann upp i Saatune sine, og Slaatten stana all Stad.

Stundom var det som Herren vilde forbarme seg; Soli rann um Morgonen tirande blank, og Himilen var rein og blaa som eit Vatn. Folk vaaga seg ut; kasta Saatur og breidde Høy; kunde hende det heldt upp ut til Nons um ikkje meir ... Men dei gamle riste paa Hovude. Soli var altfor raud, og altfor ufriskt heit; dogglaus Mark spaadde kje heller godt; der var lite aa vone. Og utpaa Morgonen dotta det seg til med Smaaskyir her og der; Skyhagar drog upp i Sudaust og Sør; Smaaskyine vart større og samla seg; det myrkna i Fjelli og svartna til Havs; Soli kava og kava, men døyvdest ned ... «Aa Gud! lat di Aasyn lysa for oss!» ropa Enok mot Himilen, der han endaa leita etter ein blaa Flekk.

[273] Men blækblaae Sky-Hav breidde seg paa alle Kantar. Soli gav upp og gøynde seg. Dei fyste tunge Dropane fall som vonlause Taarir. Folk kasta seg i Høye paa Helse og Liv, reiv det ihop i hivande Hast; halvroti, halvraatt i Saatur med det; yvi Hovudi paa deim ramla det laust med Smell yvi Smell, og Regne sturta og strøynde. Vaate som Kraakur laut dei berre sjaa aa koma i Hus, skifte Klæde og turke seg.

Men Høye vart standande i sine Saatur til det var svart, og Paddur og Frosk bygde seg Reir der, og livde godt og fekk Sønir og Døtrar. Ein sur Snik av rotnande Høy breidde seg yvi Lande som ei Uhyggje; men den Engi som stod, regnde ned og rotna paa Stuvn; Aakeren like eins. Dei gildaste Aakerflekkane laut dei slaa og brùka upp til Grønfor.

Enok gjekk som innestengd millom mange Vatn, elt av ein Otte han ikkje raadde med. Det bar mot dei siste Tidir. Det myrkna og svartna; Lufti fyltest med Vatn og Eld; Himilen stengdest; Soli fekk kje gjeva sitt Skin; Heimsens Orden snudde seg og vildrast. Gud hadde gløymt Pakti med Noa og vilde drukne Verdi endaa ein Gong. Det var kje for inginting det hadde vori so mykje Havbrak i Vinter, og so mange rædde, rapande Stjernur.

[274] Han laag i svarte Nætar og skalv, naar Tora skangra yvi Mønsaasane og Regne fossa. Flaumen steig og steig. Snart naadde han Husmurane; so steig han endaa meir og reiv oss alle burt; ut i sin skavlande gule Foss, ut, ut i det brusande Have.

Ei Natt skræmdest han reint.

Det skimta og glødde upp fraa alle Himilens Hyrno med Eld; Eld som Svaavel, og Eld som Blod, og Eld som svingande kvite Kerubsverd; og Tora rulla og ramla som Domedagar. Braut ut i Brak og Skòt og mest som Skrik, himlende ville Angestskrik, – at no brast Kvelven! Men stundom var det som ho velte seg etter sjølve Jordi, i Skak og Hopp som eit rullande Fjell, eller vassande, svassande som gjennom vide Sjøar. Og Skimt i Skimt, Skrell i Skrell; og Regne sturta og trafsa med eit Brak som av Hestetraav; Lufti eit hyljande Hav av Regn. Himil og Jord grét seg saman i Angest yvi dei Rædslur som koma skulde.

«Kors i Jesu Namn!» «Kors i Jesu Namn!» stunde Anna og Enok innunder Dyna si; tilslutt kom der eit Brak so Jordi sokk – «Herre Jesus!!» Enok skreik, famla seg upp or Sengi som etter Hjelp, kvit som eit Lik; det lukta Svaavel; Verdi

forgjekkst ... «Fyrstikkur er i Skaape!» ropa Anna; han fekk i Ljos; fann Johan Arndt; kasta seg paa sine berre Kne; ^[275]las Bøni «mod Frygt for den yderste Dag»; og det ramla og rumla rundt alle Himlar som Verdi var i Uppløysning.

Han dirra i Mæle; Ljose blekkte i dei brennkvasse Ljonglim. Og Enok kjende Golve gjeva seg under Knéi sine naar dei sværeste Slagi kom, harde og tunge som Sprengsmellar.

Det gav seg noko, men kveiktest uppatt; fysst ut mot Morgonen vart det meir rolegt. Men endaa brumla og brulta det rundt ikring. Som eit jamt, døyvt, alltid paa nytt vaknande og framveltande Mummel av Guds svære Vreide.

Daa Enok kom ut om Morgonen saag han ei fæl Syn.

Haare reiste seg paa Hovude hans; han vart standande som naamin, miste Magti yvi seg sjølv: so nær hadde Gud vori oss i Natt. Fotefar etter den Herre Sebaot like utanfor Døri.

Tora hadde slegi ned. Den gamle Selja stod svidd og svart med brotin Topp; Greinine var avrivne nedetter heile den eine Sida.

Ødelæggelsens Vederstyggelighed, Ødelæggelsens Vederstyggelighed ...

So hadde Ljone gjort eit Hopp fraa Trée ned i Marki; kasta ned Gjerde; bora Hol i Jordi; fari lenger burt og gjort eit nytt Hol; og slik burtigjenom, Hol etter Hol, mindre og ^[276]mindre; Jordi opprivi og uprota som av eit skræmelegt, rasande Kjempe-Villsvin.

Han var so stygg daa han kom farande inn att, so graagrøn i Andlite og so forvend i Augo, at ho Anna reint skreik upp: «kva er det, Enok?!»

– «Domen, Domen,» sagde han haast; «Domen» ...

XXVI.

Lange Tidir var lidne, og forunderlege og syrgjefulle var Verdens Umvandlingar; baade Fante-Tomas og Carolus var komne paa Fantestigen att.

Det var ei Gjente som hadde forført han Carolus.

Ho heitte Katrine og var Dotter av Finne-Barbro. Denne Gjenta hadde Carolus raaka heime i Ramstadheii; og ho hadde «forlikt» seg i han. Sidan hadde

Kvinnfolki gjevi Guten Elskhugsdrykk, og fraa den Dagen var det ute med Carolus Magnus.

Ho drog han burt fraa Arbeide alt i eitt. Oftare og oftare var han med henne paa Ferdine hennar. Snart viste det seg, at ho bar noko under Belte som nok var hans. Og Enden vart at han kom til aa fylgje henne alltid.

Daa vart Fante-Tomas i Ulag; Carolus Magnus hadde vori hans einaste Trøyst. No ^[278] kunde det mest vera det same med heile Vidtløftigheiti.

Skrap gjekk det med han sjølv au. Jordstykkje sitt hadde han ikkje kunna brùka. Han livde paa Fatighjelp med Tiggings innimillom og vart meir og meir låt. Stogo hans hadde vorti eit fast Fantebøle. Alle gamle Kjenningar tok inn der; og med deim fylgde Brennevin og Kort, so han Tomas hadde gløymt all Folkeskikk. Og Kjeringi som vart sjuk og forvend av aa liggje so jamt roleg, hadde slegi seg paa Flaska reint; sistpaa laut ho hava Brennevin kvar Dag, skulde ho vera styrande.

Med Borni gjekk det like eins ymist. Den eldste Gjenta tenkte berre paa aa sleppe fram; so «vilde ho faa seg ein Unge i Tarmen» og gjeva seg paa Utferd. Det gjorde ho daa au, so snart ho kunde sleppe til. Slog Lag med Olaves Didriksen og gav seg paa Vidvanken.

Dei tvo yngste, ho Else og han Fredrik, gjekk heime og lærde alt som gali var. Stal Brennevin og drakk; laag i Bakken utanfor Huse og leika Dragsmaal og Kjærleik og alt som til var. So at Tomas stundom flaug ut i sitt faderlege Sinne og slog Ungane mest ihel. Men so kom Mori etter i Fullskap og Vilske og skamslog han Tomas att.

Tilslutt rann den syrgjefulle Dagen, daa ^[279] Fante-Tomas misste Kjeringi si. Etter Guds djupe Raadslagningar døydde ho fraa han i Dilla ein Dag; og alt um dette i visse Maatar kunde vera godt, so skyna Tomas snart, at utan Kjering var han skorsett.

Og paa Resten saag han seg drivin av den harde Skjæbnens Nødvendegheit og Inngrimheit til aa taka Else og Fredrik med seg og forlata Hytta si, som no stod der tom og kald og full av sorgsame Minne. Slog so Fylgje med Carolus, som rimelegt var. «Ja Verden er innful,» sa han Fante-Tomas.

Det gjekk elles godt, so lengi ho Finne-Barbro livde. Ho kunde i mange Maatar vera som ei Kone for Tomas, ho. Og so hadde ho slikt eit flytendes Talent,

at ho kunde føde heile Flokken. Iser forstod ho seg paa Summing.ⁿ⁶¹ Naar dei var paa avbakslege Stadir inn-i Fjordane eller tilfjells, kunde ho stundom tena baade Mat og Skjelingar med aa lesa yvi eit Barn eller gjera aat for ei Ku; mang ein god Kjøtknok og mangt eit godt gamalt Plagg fekk ho au for aa spaa i Kort, eller naar ho viste giftegalne Gjentur dei Mennane dei skulde faa, og kva ho elles dreiv for Smaakunstir. Men so vilde Gud i sin urandsakelege Visdom, at ho au skulde døy, og etter den Dagen vart ^[280]det svært ubeint. Ein kunde ikkje koma fram utan Kjering paa Fantestigen heller.

Ho var glup ho Katrine au, Kona hans Carolus. Ho kunde sùme Kunstir etter Mor si som ho brùka naar Høve kunde vera; det var i det heile ei bra Kjering, so lengi ho ikkje var full. Men Flokken var for stor, og Tidine var tronge.

Mannfolki dugde til inginting. Han Tomas var for langt uti Aari; Fingrane var kje so mjuke lenger, og Augo ikkje so gløgge; til Finarbeid var han inkje tess, og det andre gav so lite av seg. Og Carolus hadde lært reint for lite av Fantekunstir. Han gjorde Ferdir til einslege Bygdir stundom og heldt Uypbyggelsar; daa kunde han tena litegrand. Men ein vart so snart kjend.

Fante-Tomas laut selja Plagg etter Plagg baade for seg og Borni, so han kunde faa til Kaffi og Tòbakk; det meste av Arbeidsvelden hans fór same Vegem. Snart gjekk kan rundt i Bygdine og saag verre ut enn ein Svenske. Og tente dei noko ein Gong, so bar det til næraste Byen med deim; og daa livde dei godt med Mat og Brennevin, til dess dei ikkje hadde att anna enn det dei gjekk og stod i.

Dei heldt seg mest nedetter Strilelande og paa Stavangerkanten; lenger aust nytta det mindre med baade Uppbyggelsar og Summing. ^[281]Og allstad minka det med den gamle Trui paa at Fantane kunde trolle; Folk lærde so mykje no. Daa dei vanka so jamt paa dei same Stadine, vart Folk leide av deim au; og der vart stødt mindre aa faa med Tigging. Svært ofte laut dei liggje med Natti i Løur og Uthus; men i kalde Tidir var det ufysi nok aa leggje seg med halvvaate Klæde i Høy eller Halm, og fælt vondt aa rise uppatt, naar der ikkje var so mykje som ein Kaffiskvett aa faa. For dei torde aldri gjera Varme upp i Løo. Og Flaska var tom berre dei var komne ei Dags-Gonge fraa Byn.

Det vart ein sur Vinter med Snøslaps og vondt Føre og isande kald Vind.

Dei drog seg seint og smaatt nedetter Strilelande med den gamle Baaten sin og laag ofte vêrfaste. Langt um lengi naadde dei Stavanger, og ho Katrine fekk

selt noko Spøt. Daa hadde dei lidi vondt so lengi at dei totte dei laut hava seg ei skikkeleg Uppkveikjing. Dei sumla og drakk med gamle Kjenningar, til dei ikkje aatte ein heil Klut paa Kroppen meir.

So drog dei seg utyvi Nese i den isande Vinden og fraus mest ihel. Og so fæle saag dei ut, at Folk var helst rædde deim. Den eine Filla svimeslog den andre; nakne Kroppen kikka ut baade her og der; Haartufsane ^[282] dingla um Hovudi paa deim og fram-yvi dei blaafrøse, svartgaarutte Andliti; Lusi var nok og leid med deim, kunde ein skyna. Katrine traakla paa seg alle dei Fillune ho kunde faa fat i, men kunde endaa knapt løyne alt som løynast skulde; Litle-Else tulla dei inn i ei gamall Mannfolkkuft med eit Tòg ikring Live. Med Tomas var det verst. Han gjekk og skugra i ei sundflengd Nattrøye som mest ikkje hekk paa 'n lenger; og Broki, som lite anna var enn Bot i Bot og Hol i Hol, hekk etter ein Hyssing yvi den eine Aksli. Det einaste paa hans Kropp som var noko-so-nær heilt var den Sydvesten han hadde paa Hovude; den hadde han funni paa ei Fugleskræme i ein Aaker ovanum Haugesund.

Unge Thomassen var den som heldt mest paa Vyrnaden sin; han hadde Hatt, og um Halsen eit raudrosutt Lùmmaplagg av Bomull. Rar var han aa sjaa paa no. Eit Hovud høgare enn Far sin, lang og smal og slengin og mjuk; gjekk med Nevane i Broki og hivde og duva som ei Baatmast i Sidesjø; øvst uppe paa ein lang brun Hals eit ørlite Hovud som ein Knapp. Andlite var rundt og flatt som ei Klokkeskive, smaaafregnutt, vêrbarka, med ei Hud som Pergament; paa Kjakane og ovanum Munnen sprikte eit raudt, stridt Busteskjegg; Augo var smaae, myrke, snare, og Skallen ^[283] litin, rund, rundkvelvd som paa eit Barn; fraa Far sin hadde han dei lause, listige Drag og den braaskiftande Svipen fraa villt Løgje til heilagt, audmjukt Skalke-Aalvor; paa det eine Kinne var eit stort Er.

Han gjekk i ei blaa Kufte av laust, grovt Vadmaal. Kufta var heil so nær som paa Olbogane, og so var det denne Flengja ho hadde fengi inni Byn no, tvers yvi Magen; det var Olaves Didriksen han hadde vori i Kast med. Og det var just Lage hans Olaves det: flengje med Kniven tvers yvi Magen, og det so nett, at det berre var so vidt Odden rispa Skinne. Katrine hadde traakla Flengja ihop so godt ho kunde med noko brun Ulltraad; men endaa hekk Kuftesnippane og dingla som dei vilde dette av. Mest skralt var det med Broki; den var bøtt baade i Kross og i Krok, og svært upptrafsa nedmed Føtane.

Dei var i Ulag paa alle Maatar. Ungane gjekk og hosta som Saur; Gamle-Tomas hadde Rygmatisma; Katrine og Carolus var «forkjølte»; Borni skreik for Naglabit og Svolt; og han Litle-Tomas, som Katrine gjekk med i Ryggbande sitt, vilde stundom mest blaane burt for deim; dei laut ender og daa leggje seg ned med Ungen imillom seg og tine han upp med sin eigen Varme. Det saag raadlaust ut aa klara Vinteren; og ho Katrine tok til aa undrast ^[284]paa, kva Beng'en ⁿ⁶² ein skulde hava tvo lange Morsar ⁿ⁶³ gangande her etter, naar dei ikkje kunde finne paa Raad! Ho Else, som med sine tolv Aar var nokso rask paa Munnen alt, gnaala med paa sin Maate. Dei tvo Morsane skyna godt kva Kvinnfolki meinte, og dei glytte til kvarandre fraa Sida med utrygge, granskande Augnekast.

Noko med det verste var, at det var Slutt med Tøbakkje.

Dei hadde kaupt seg ein Rull i Stavanger; men den maatte Olaves Didriksen ha stoli. Han Gamle-Tomas gjekk alt og togg paa Fore i Tøbakks-Lùmme si og banna og sturde og var reint utav Lag; hadde gløymt baade Anskuelsar og Aspektir. Carolus hadde sét seg Kans med aa naske til seg ein Tøbakksstubb einstad der dei var inne; men den gøymde han for Far sin; det var kje noko aa skifte paa, totte han.

Ein Morgon var det reint ille med Gamle-Tomas. Dei hadde legi um Natti i ei Husmannsstogu; Mannen var kje heime, og der fanst i heile Huse ikkje Namne til Tøbakk. Lùmme-Fore var upp-eti, og Tomas gjekk og verkte og grein og var so tøbakkgalen, at han lite sansa seg. Gnaala paa Son sin: «du maa vel ha noko du? Du hev vel aldri-so-lite ^[285]Lùmmerusk, um ikkje anna?» Men Carolus laag der paa Halmdotten sin og v Reid seg og fraus: «neigu um eg hev! no banna eg!» Den gamle gjekk og svinsa og snusa og leitte rundt Stogo baade høgt og laagt, og ute i Kjøken, og allstad, um det ikkje skulde finnast nokon Ting; og so inn-til Sonen att, ør og galin: «F. skal partera deg, skaffar du kje Far din eit Skraa, din Skuntfakkar!» «Hald Kjeft no, din gamle Sattan!» skreik Carolus, «annars skal eg læra deg!» – Men i ei Kraa hadde Gamlen funni Broki til Son sin; den handfór han no gjennom alle Saumar; fann tilslutt, paa ein utruleg Stad, den vesle Tøbakkbiten som enno var att; glefste den aat Munnen med ein Bikkjeglefs og vilde paa Dør; Carolus forstod Fantestykkje og treiv Far sin i Foten; denne datt framstupes so lang som han var; so bar det til med eit Staak og ei Banning so det var kje for Folk aa høyre paa; «stèl du og, din Dævel!» – «So du vil gjøyma

Tøbakke for Far din, ditt Svin!» – Dei laag og krabba paa Golve og saag ut som dei vilde rive kvarandre sund; Faren fekk Tak paa Sonen paa ein unemneleg Stad og klembde til, so Sonen remja; Katrine og Else lagde seg imillom med Banning og Skrik; Huse stod paa Ende; Husmannskjeringi kom farande inn og spurde um ho skulde hente Lensmannen. Dei vart daa ^[286] tilslutt skilde paa det Vilkaare, at Faren skulde skifte Skraae i tvo og gjeva Son sin Helvti.

Dei var meinte paa aa taka Veggen gjennom Fjellbygdom; i Vaadal skulde dei raake Olaves Didriksen og hans Flokk.

Det var kaldt men klaart den Dagen, og etterkvart som dei rusla burtetter Veggen, Far og Son, i den lette, frostblaae Vinterlufti og med kvar sin Skraastubb i Munnen, kom dei i Godlag og Drøselag.

Gamle-Tomas var som han skulde ha fengi ein halv Pæl, so kry og kveikt vart han av den vesle Tøbakksbiten. Han tala i Høgtidsmaal um Tidines Umstændigheitir og Livets Forargelegheit. Naar han saag att-ende paa dei fordna Dagar og so tenkte paa, kossleissen han no maatte valendera umkring her med Husstand og Famili som ein Proppenrytter, um han maatte bruka so stygt eit Ord, so kunde der nok koma mange Slags Betraktelsar og Fyresvìv for han, baade um Verdens Bestyrelse og um Menniskens Ondskap. Carolus undrast med seg sjølv paa kor Far hans no vilde av. «Ja den som berre visste ein Utveg, so skulde kje eg vera sein,» rettleidde han varleg.

Dei glytte til kvarandre fraa Sida med eit granskande Augnekast.

^[287] Gamle-Tomas heldt fram, og Hovude hans bøygde seg og svinga paa Stylken sin:

«Eg vil ikkje rosa meg sjølv; men det kann eg segja, at eg alltid hev halde min Veg rein og mine Hendar frie for alt som ikkje mitt var. Eg hadde alltid den Aspekten for meg, at du skal ikkje gjera Herren din Gud imot, so lengi du kann sleppa. So at no gjeng eg her for Gud i mit ni og halvtredsindstjugande Aar og kann trygt mana ut kvar Mann, og det finst ikkje ein som kann svara meg eitt til tusund. Ikkje ein er der, som kann staa fram mot Tomas Fredriksen med so mykje som det som kann liggja paa den smale Enden av eit Spadeskaft og segja: dette hev Tomas Fredriksen teki med Uredelegheit!»

Han glytte prøvande paa Son sin. Andlite hadde sitt gamle løynske Lag, og Augo kringde seg skrymtheilage og kvite.

«– So at det maa eg segja,» heldt Tomas fram i sitt mjukaste Tonelag, «at *um* det skulde passera meg noko sodant no, so vilde eg endaa vera ein betre Mann enn baade Olaves Didriksen og vaare andre Bekjendterar.»

Carolus Magnus sette i med ein høg, laus Laatt, – ein glad Laatt. So sagde han: «Du hev kje stort att for ditt ustraffelege Levnet, ^[288] Far! Dei hev betre Dagar dei som er paa Pagoen, ⁿ⁶⁴ enn me hev.»

No lo Gamle-Tomas og; – ein glad Laatt. Og dei glytte til kvarandre fraa Sida med Augo som forstod kvarandre.

«Du maa kje tala so lettsindigt, Carolus,» formana den gamle; «det er sørgjelege og djupe Ting dette, og Herrens Raadslagningar og ubegripelege for oss. Men elles er det kje sagt det vart Pagoen,» lagde han til i Kvardagstone.

«Det er det same,» sagde Carolus fast. «Naar Arbeidsmannen ikkje fær den halve Skjelingen han treng um han skal liva, so lyt han berga seg som han kann.»

«Hæ-hæ, din Skøyar,» lo Fante-Tomas; «hugsar du det?»

«Eg hev tenkt mykje paa det, maa du tru. Og eit av tvo. Anten gjeng det godt; og so er det so mykje betre. Eller au vert me fakka og førde paa Straff; men daa fær me det au betre enn me no hev det. Eg vil segja deg beint ut, Far: eg kann kje gaa lenger og sjaa paa at ho Katrine skal ha det soleis; og det verste er, at ho snart skal ha smaatt att.»

Han var aalvorsam.

Um ei Stund sat Tomas og Carolus og Katrine saman paa Vegkanten og heldt Husraad; ^[289] og der vart daa heile Saki avtala og avgjord. Det maatte bli ei Raad no; og den einaste Raadi var *Spaneba*. ⁿ⁶⁵

Og det vart Glede i Flokken, og Godlag og Blidlaat; Katrine klappa med kjælne Augo Carolus paa Kinne og sagde: «du er Rakloen ⁿ⁶⁶ min alltid, du!» – Det var som dei endeleg saag Land. «No ikke noget Kryberi!» knota Carolus; «berre gaa paa med mandelegt Mod; Gjerningen er beslutta!» –

– Ut paa Ettermiddagen skildest Katrine fraa Mennane med alle gode Ynskje; ho og Borni skulde taka Veggen gjennom Fjellbygdine. Tomas og Carolus tok Flatlande fat; dei vilde innum paa Haave. Der var han Carolus so godt kjend.

Lufti var klar med linn Frost. Store graae, rolege Skyir laag upp yvi Himilen fraa Vest og Sør; Soli var so vidt nede.

Det saag ut til aa bli passeleg myrkt. Snøen var for det meste avgjengin, so dei kunde koma fram allstad. «No kann me segja som ho Finne-Babro sae: «Fandens Hjelp er tryggare enn Guds Hjelp!» – lo Carolus Magnus.

Dei sprang meir enn dei gjekk; det galdt aa koma fort fram, og det galdt aa halde Varmen i seg. So lengi det var ljost av Dagen, ^[290]heldt dei seg paa Avvegar og Markvegar. Mest ikkje eit Ord vart sagt. Det var ikkje Tid til Drøsur no; og det galdt aa spara paa Krafti det ein kunde.

Tvo Gongir kvilte dei; millom elleve og tolv um Natti var dei framme.

Der var ingin Hund paa Haave, og alt var trygt. Attmed Kjerrehusmuren fann Carolus Stigen; den sette dei upp til Buakammersglase. Carolus drog Skorne av seg og gjekk upp. Tok ut det eine Vindauga; lydde ei Stund; gjorde Teikn til Far sin at alt var stilt, og kraup inn.

Døri millom Kammerse og Bui stod uppe. Han stana og lydde etter, um det skulde liggje nokon i Buasengi. Nei. Rolegt allstad. Inn bar det.

Hjarta hans banka litegrand; elles var han med godt Mod. Snarare glad. Kjende seg Eigar av alt som her var; um Natti var det Fanten som var Herre. Hadde han Tjuroen?ⁿ⁶⁷ Javel. Stilt og smaatt stiga han seg fram, eit halvt Fet um Senn, med den eine Handi framfyri seg, um der skulde vera eitkvart i Veggen; snart stod han ved Skatole hennar Anna.

– Læst? Nei. Alt uppe. Snilde Folk her i Huse. Leit paa Gud meir enn paa eit Laas. Dei skulde berre vîta, kva for Gjestir ^[291]dei no hadde! Ned or Skjenken fann han med stille, vare Tak Sylvskeiîne, ei etter ei; der var fem store og tri Theskeiîr. So tok han upp Skatolklaffen; fann fram til det vesle Rome inst inne, der ho Anna hadde Sylvstasen sin; underleg nok var det Rome læst. Men det gjorde kje noko.

Han hugsa den Laasgreida; so mang ein Gong hadde Gunnar og han i gamle Dagar leika seg her. Og av Olaves Didriksen hadde han sidan fengi Rettleiding i den Kunsten aa «brekke» eit Laas. Han prikka med Tolekniven litegrand; knikk, knakk! Der gjekk det. «Det er nok som han Olaves segjer: eg hev Sjenie», mylte han for seg sjølv.

Han tok alt han fann, eit Hodevandshus av Sylv; ein stor gamall Sylvarmring; ein Gullring med ein Stein i; ein stor Spiralling av Gull; ei svær gamalldags Sylvkjede; han kjende det att alt og var mest kløkt; aa dé kjære Barndoms Dagar!

Tulla so det han hadde funni inn i Halsduken sin og stakk dei i Kuftelùmma. Paa Buaveggen ved Kammersdøri hekk det Klædningar; han gjorde nokre Tak der upp og tok med seg det han kunde bera.

Og so ut. Kasta Klædi ned til Far sin; sette Glase inn att; kraup ned; fekk Skorne paa seg; so sette dei Stigen burt og gjekk.

Carolus kunde mest ikkje styre seg. Han ^[292]var so glad; hoppa, dansa, lo, stupa Kraake, knipte Far sin i Bakenden; han hadde gjort Meistarstykkje sitt! Gamlen talde for 'n. Men det nytta kje stort; so sette han til Sprangs. Daa dei var komne langt nok burt fraa Husi, skifte dei Klæde.

Carolus var som galin heile Tidi. Slengde paa Skjemt Far sin i Marki; lo, hoppa, bar seg; spela Lensmannen, som kom og vilde setja deim; tok so denne uppdikta Lensmannen og skamslog han:

«Ja deroⁿ⁶⁸ skal leⁿ⁶⁹ Isingarⁿ⁷⁰ gule og blaa,
naar Tjuroenⁿ⁷¹ og Tjakniaⁿ⁷² byrjar aa gaa» ...

Gamlen banna og gav vondt, men maatte til Slutt berre gjeva seg i Vegen. Det bar oppetter.

Snart var dei ved Brekkestampa. Her kunde ein gange «inn og kjøpa Ty til nye Klæde!» «Er ein fysst ute so skal ein ta for seg!» Carolus tok ut Glase og smaug inn, ledug som ein Orm. «Ha, ha! Moskroenⁿ⁷³ søv, og Buroenⁿ⁷⁴ søv, og Hundane søv; Romanisælenⁿ⁷⁵ er Herre paa Tufti.» Han rette ut gjennom Vindaugsluggen Vev etter Vev; daa ^[293]han kom med den fjerde meinte Tomas det kunde vera nok; dei vann kje meir, sagde han. Men Carolus dreiv paa. Han lo som ein Fossefall der inne i det myrke Stampehuse: «er ein fysst ute so skal ein ta for seg!» – Endeleg kom han ut. «Du er pinende galin, Gut; kva skal me med meir enn me kann bera?» – «Aat Aai med det!» lo Carolus. Og ut hivde han Vev etter Vev; «Hurra for Buroen! Hurra for Moskroen!» «Ja galin er du, og paa Tukthuse kjem du», jamra Faren. Tok sine Vevir og rusla, arg og harm.

Det bar burtyvi ei Klopp, som var lagd yvi den Renna der Stemmevatne gjekk; Carolus etter. Han var so underleg i Lag i Kveld, so fordansande kaat: skuva Far sin ned av Kloppi og ut i Bekken med Vevir og alt; «haa, haa, haa, haa!» Gamlen pusta og fræste, sputta og banna, sank Vevine og seg sjølv upp av Vatne og vassa i Veg; «slipe meg, skal du kje faa det att ein Gong, din Utangje du er!» Carolus lo

so han stod tvikrokut.

Endeleg tok han si eigi Byrd og labba etter, sullande og fornøgd. Det var Synd for han Far, dette; men – haa, haa, haa, haa! –

«Aa kjæra mine Tjavoar,
aa kjærar inte saa!
Aa kjæra mine Tjavoar,
aa kjærar inte saa!

[294] For elles kann I av [n76](#) paa Pagoen
i alle eders Aar.»

Gamlen rusla fyri og skugra og skalv. Og banna av Hjarta denne Helvites Guteslarken, som vilde ha Helsa av han. Snart kjende han at Klædi hans stivna paa Kroppen; det var Frosten som tok til aa kvessast no. Vevine paa Aksli hans vart til Is, og det fraus Joklar paa Stakkane hennar Anna Haave som han gjekk med paa Armen. Det klirra og klingra for kvart Stig han steig, og knaka og gav seg i den stivfrosne Broki.

Daa smelte Carolus i aa læ paa nytt Lag. Og Tomas lo med, so harm han var; «hæ, hæ», skok han seg, «Dyden er skrøpeleg, sa Fanden; dansa i Glasbukser!» –

– Det vart ei hard Gonge gjennom graae Heiar og nakne Fjelldalar paa smal Kost og i veksande Snø, til dess dei um halvanna Jamndøger raaka Folke sitt i Vaadal, mest halvdaude.

Der skifte dei Spane [n77](#) imillom seg og skildest. Det som var av Sylv og Gull tok Olaves Didriksen og sette beinast til Byn med; han kjende ein Mann der som kaupte slikt; Tridjeparten av Pengane skulde han hava for Brye og Faaren. Han sagde Carolus kva ein skulde gjera, naar ein vart fakka: negte plent, so lengi

[295] Spane ikkje var funni, «og sidan vrida seg fraa det.»

Tomas tok Borni og drog austyvi; Carolus og Katrine gav seg paa Veg nordyvi att. «Og so fær me hoppas det beste, Baani mine!» –

Fysste Natti laag Carolus og Katrine paa ein Fjellgard nordanum Vaadalsbygdi. Morgonen etter, daa dei skulde i Vegen att, kjem Sonen i Huse stupande inn –: «tvo Lensmennar med tolv Mann stend utanfyri og vil snakka med Fanten! dei hev Børsur!»

Carolus og Katrine skifte Litir og saag paa kvarandre.

«Stillingen er klar», knota Carolus.

«Dei er der alt», svara Katrine paa Fantemaal. «Kann du sleppa ifraa dei, trur du?»

«Det vil vera meg ei smal Sak, Tjeiaⁿ⁷⁸ mi!»

«Og vert du fakka, so nektar du.»

«Det nyttar Fa'n aa nekta; disse Klædi me gjeng i ...»

«Til Helvites. Sjaa og kom deg avstad!»

Carolus snudde seg til Kona i Huse, som stod der so kvit som Krit og berre skalv: «Gakk ut, mi snilde Kona, og seg til Lensmannen, at det, han leitar etter, stend innanfor Gangdøri. Og so skal du segja at Kona mi her, ho er utanfor alt; ho veit inginting. Gløym ikkje det, snilde Kona mi!»

^[296] Kona drog seg ut.

Carolus spende Knivbelte um seg og gjekk etter. Daa han kom ut i den ytre Døri, bad Lensmannen han stana der; men Carolus heldt fram. Bøndane kom og vilde taka paa han; i det same gjorde han eit Byks og drog Tølekniven. «Er det nokon som hev Hug, so kom!»

Dei kvakk og stogga.

I same Rappe sette Carolus paa Sprang burtetter mot Fjell-Urdis vest av Garden; daa Bøndane kom til seg att, var han eit heilt Steinkast burte. Dei etter; men det nytta kje stort; Bøndane var tunge og Fanten lett; snart sat han gøymd uppi ei Holu i Bergurdi mest beint oppyvi Hovude paa Bøndane.

Der stod daa dei i Snøen og glodde med sine Børsur og gamle rustne Sablar og visste kje kva dei skulde finne paa.

Fleire og fleire Bøndar kom til; mest alle hadde Vaapen. Um ei Stund var Flokken so stor, at dei kunde slaa Manngard um Urdi og stengje Fanten inne. Carolus skyna dette. Og han saag, at daa vilde han vera lurd; for koma til Fjells paa denne Leidi var raadlaust.

Sùm av det dei sagde kunde han høyre i den stille, frostklaare Morgonen. «Dei hev vel fast Tak paa Kjeringi?» var det ein, som sagde. «Ja», svara det; «ho gjorde no baade ylte og ^[297]beit; men no sit ho der og fliper.» – «Stakkars Katrinemor.»

Det var nok det beste aa gjeva seg likevel. Drog dei av med Katrine, so vilde han helst vera med; ein greidde seg betre tvo enn ein i slike Tilfelle.

Mildare Straff vart det au, naar ein trast gav seg yvi. Han kraup fram or Gøymsle sitt og ned til Lensmannen. Sette upp sitt audmjuke Andlit og sagde, at han vilde kje skiljast fraa Kona si. «De tarv kje brùka Magt. Eg skal fylgja godviljugt.»

Glad var Lensmannen.

Og Fanten og han fylgdest til Gards, Side um Side. Etter fylgde Bondeflokken med Børsur og Sablar som ei Ærevakt. –

– Um Kvelden sat Carolus og Katrine i Lensmannsarresten.

Dei sat i kvar sitt Kòt under full Vakt. Dei kunde kje so mykje som banke i Veggjen til kvarandre.

Carolus vart so underleg sorgmild. Mangt og mykje hadde han aa tenkje paa no. Du Verdi; her sat han fanga og sett og var Tjuv; aldri hadde han daa tenkt, at slikt skulde hende.

Og so var det han Far, Stakkar. Gud veit kvar han vanka no. Kannhende var han og fakka. Gud hjelpe oss alle; det var vondt for ^[298]ein Son aa tenkje paa, at Far hans skulde koma uppi slikt paa sine gamle Dagar.

Men det fekk no vera med alt som det kunde; verst var det aa tenkje paa Katrine.

Han skulde visst gjera det han kunde til aa faa henne fri. Og kor som gjekk, so vart det no for henne ikkje meir enn litt Vatn og Brød for Hæling. Men anten det gjekk so eller so, – skiljast laut dei.

Han kunde visst faa baade eit og tvo Aar. Og kor tok han Katrine att, naar han ein Gong kom ut fraa den Sorgens Bolig?

Ho var eit bra Kvinnfolk; det var ikkje det. Men det vart ikkje greidt for henne aa vanke aaleine ikring i so laake Tidir; og ikkje hadde han Vigjing paa henne heller. Han visste nok den, som vilde vera etter henne med Forførels baade paa den eine og den andre Maaten; og me visste kor veike me alle var, men mest Kvinnfolki.

Han tenkte og tenkte, og Hjarta hans vart tungt og mjukt. Utan Katrine kunde han kje greide seg; det skýna han no betre enn nokon Gong. Ho var nok eit grand leid naar ho var full; men elles var ho den beste han visste.

Han maatte faa sagt henne sine Tankar og si Sorg. Og daa der inga onnor

Raad var no til aa koma i Ramport med henne, so fekk han freiste aa syngje.

[299] Han sette i med høgt Maal, so Vaktmennane kvakk. Det gjekk paa den gamle Tater-Stevtonen, – ein underleg Lund, vedkjømeleg og einslungin som Vinden, naar han tutar i ein Skorstein.

«Aa heiaⁿ⁷⁹ meg, du Tjeiaⁿ⁸⁰ mi,
haa miroⁿ⁸¹ sangrarⁿ⁸² deg!
Aa heia meg, du Tjeia mi,
haa miro sangrar deg!
Aa miro asjarⁿ⁸³ raavefullⁿ⁸⁴ –
sa heiar du det, haa eg sangrar!»

Um ei Stund svara det fraa Siderome; det var ho Katrine, som song:

«Aa asja inkje raavefull,
min Raklo,ⁿ⁸⁵ for meg!
Aa asja inkje raavefull,
min Raklo, for meg!
For miro kammar latjotⁿ⁸⁶ –
aa heiar du det, haa eg sangrar!»

So sa han henne si Sorg:

«Aa heia meg, du Tjeia mi,
haa miro sangrar deg!
Aa heia meg, du Tjeia mi,
haa miro sangrar deg!
Du lerⁿ⁸⁷ deg vel ein Morsⁿ⁸⁸ igjen,
mens miro asjar keiⁿ⁸⁹ –
kann eg pattja!»

[300] Det svara fraa Siderome med mjukt Maal:

«Aa deroⁿ⁹⁰ maa kje pattja,ⁿ⁹¹
at miro fakkarⁿ⁹² so!
Aa dero maa kje pattja,
at miro fakkar so!
For miro kammar Latjoheitⁿ⁹³ –
aa heiar du det, haa eg sangrar!»

– Dei song endaa ei Stund til kvarandre um Kjærleik og Truskap og Tølmod i gode og vonde Dagar; men so kom Lensmannen og sagde dei maatte forhalde seg rolege.

XXVII.

Vaabøni, Vaabøni ...

Slag i Slag, Slag i Slag. Lém etter Lém; Bein etter Bein; han skulde liva og sjaa sin eigin Undergang Stykke for Stykke og Stig for Stig; og naar han hadde lidi alt som lidast kunde, vilde Gud setja 'n Foten paa Nakken og traad 'n sund som ein Orm; og so til Helvite og lide Resten.

Skræmeleg, skræmeleg var Guds Visdom; rettvís og usvikeleg var den Herre Sebaot! Han slog der det sveid, han; slog, der det sveid ... Fysst den gjævaste Avguden: Gunnar; so «Lukketree» som folna fraa Rot til Topp; so Ervesylve, hans Skatt og løynlege Liggjandefe; hah! og han, som hadde læst Skatolskuffa. «No skal du sjaa, kva eg bryr meg um Laasi dine, og kva Avgudane dine er tess!» Herren lo aat han, og den som er i det høge spotta han; smikk ... smikk ...

^[302]Alt saag Enok no; so Helvites, Helvites klaart. Han hadde elska Verdi; elska og dyrka Verdi; all Tid, all Tid. Gud hadde sagt: du skal selja alt ditt og gjeva det til dei fatige; men Enok hadde meint Nei. Vandareⁿ⁹⁴ i kva Gud sagde; Enok hadde meint sitt, han. Forherda seg hadde han; forherda seg som Farao. Snakka seg i Lognⁿ⁹⁵ med Prestetøv; kjent Anden vitne i Hjarta sitt, men gjort seg tjukkøyrd og dauv; synda med Vilje, synda med Vilje; «Synden til Døden» heitte det i Guds Ord ... Hah! – prøvt aa kaupe seg fri med Smaa-Offer, med «Jesusborn» og Tattl og Tøv; ei Skjeppe Mjøl her og der, som han tok seg godtgjord for i Arbeid; æh! Enok grein med Andlite og saag ut som daaresjuk.

No kom Gud Herren og lo aat han: «det du neita meg godviljugt, det tek eg no med Magt! Eg var hungrig og du gav meg kje Mat; eg var tyst og du gav meg kje Drykk; gakk burt, du bann-støytte, i den evige Ild, som er beredt Djevelen og hans Englar!»

Enok fekk ei fæl Tid. Domen var fallin. Orde hadde inga Trøyst for han lenger, berre Dom. «Thi synde vi med Vilje efterat have annammet Sandhedens Erkjendelse, da er der ikke Offer for Synden ... Thi det er umuligt, at de, som engang har smagt den himmelske ^[303]Gave –;» umuligt, umuligt; «de skulle kastes i Ildsøen, som brænder med Ild og Svovl; og de skulle tygge deres Tunger av Pine; og deres Pines Røg opstiger i al Evighed»; i al Evighed, i al Evighed, i al E–vighed ...

Det folna gjennom han. Han valna i Fingrane og visna i Knéi; og det gjekk som Svimringar gjennom Hovude hans.

For seint, for seint; no var det for seint. So lengi hadde han forherda seg, at no forherda Gud han. Han prøvde seg sjølv: han *vilde* kje gjera Guds Vilje lenger. Kunde kje vilja; vilde ikkje. Um det kom ein Engel fraa Himilen og sagde: «sælg alt dit Gods og gjev det til dei fattige,» – han vilde kje; vilde ikkje; kunde kje vilja, kunde kje vilja ... «Og Gud forhærdede Faraos Hjerter;» smikk ... smikk ...

Og tenk; denne brennande, svidande Spott, at det just skulde vera hans eige «Jesusbarn»; og Tomas –; æh! Naar Gud spotta so hadde det Klem. Og ingen Naade, inga Letting; dei andre fekk att det som stoli var; men Sylvstasen hans Enok, den var burte og vart burte.

– Fraa Carolus kom det eit langt Brev fullt av Anger og gudelege Talemaatar; Enok kunde kje lesa det. Det var so ulidande. Han hoppa yvi til Slutten; der stod: «Men eg kann aldri fulltakka» o. s. fr.; «han Far og eg hev for vaar store Angers og ærlege Tilstandings ^[304]Skuld fengi Tukthuse umbytt med Botsfengsel; og det lovar eg høgt og dyrt baade for Gud og Dykk, at naar eg kjem ut derifraa, so skal eit nytt Liv byrja ...» «Skit!» sagde Enok; «Skit» ...

Fredlaus hasta han fraa Stad til Stad, utan Bidlund¹⁹⁶ til aa arbeide, utan Ro til aa kvile. Att og fram, att og fram; best som han var i Kjeldaren hørde dei han paa Lofte, og best som han gjekk i Dørom og sveiv, var han inginstad aa finne. Han gløymde kva han gjekk etter og kvar han vilde av; tok i eit Arbeid og lagde det fraa seg att; alting var gagnlaust og vonlaust. Han rømde og rømde i Uro so Sveiten stod i Kalddropar um Augo hans; ofte gløymde han seg burt; seig av i Tankar; vart standande som trollbundin midt paa ein Veg, midt i ei Tropp; smikka, smikka; mumla Ord utan Meining, fælslege Ting; skvatt so i Veg att som skræmd; i Veg, i Veg utan Maal eller Méd, utan Rast eller Ro; ei Uhyggje for heile Huse.

Stundom hadde han kje Fred til aa sitja til Bords dessmeir. Slengde seg ned; lét eit Barn lesa Bøni; reiv i seg nokre Bitar og flaug; det var eit Under kva han livde av slike Dagar. «Eg tore kje eta», egste han; «Maten er forbanna; forbanna» ...

^[305]Han fann fram sine gamle Skinnklæde og spjaaka seg til att med deim; slik ein Helvites Brand og vanheilag Kropp skulde kje sjaa ut likare. «Du kunde daa

klæ deg som Folk!» skjende Anna; han svara med eit braadt villt Maal, ho ikkje kjende: «eg vert kje venare, naar eg kjem paa Legd!» Dei verste Paafynster i Matvegen kom upp att, men villare og utan Samanheng: «rid den Vonde deg? kjem du med Smør? Takka til, so lengje me hev turre Brøe!»

Bøni las han Morgon og Kveld, men paa ein Maate so det vart reint stygt stundom. Alt vént og trøystefullt sprang han yvi eller rengde um; det var som det ikkje skulde gjelde for honom. Men kom det noko fælt, um Synd og Fordøming og Daude og Straff, daa sette han i so høgt og villt, og med slik ei tydeleg Tilmaating aat seg sjølv, at ein kunde skræmast.

Han hadde det so vondt, so vondt. Den gamle Otten for Bringa var komin att, men verre; kaldare, djupare, lenger inn; laag og tyngde som ein Daudkalde. Det var den, som ikkje gav han Fred; og so Tankane, alle desse ville, rædde Tankane, som gnog og gnog ustanseleg. Fæle Tankar, fulle av Gudsspott; skræmeleg Gudsspott, so han rømde for seg sjølv; Ljone maatte slaa ned; Jordi maatte opne seg ...

^[306]Naar han endaa hadde kunne sova! Men han torde ikkje. Angesten vart so vid, so vakin –; det vakna og vakte rundt ikring han med dimm, stirande Rædsle og store, skræmde Augo; i det same han skulde sovne skvatt han høgt upp; fann seg att i den tunge Sengi sveitt og skjelvande.

Sjeldan fekk han Svevn fyrr utpaa Morgonstundi; men daa tok Draumane han. Han hekk og svimra paa Toppen av Kyrkjetaarn; laag og krabba paa høge bratte Hustak utan Fotfeste; maatte glide, glide ... men gleid ikkje; eller han sat og køyrde nedyvi svære Brekkur som vart brattare og brattare, brattare og brattare; tilslutt var det nakne Bergstupe djupt ned, djupt ned ... men ned skulde han. Eller han hadde gjort noko vondt; hadde drepi; gjekk no og rømde for Lensmannen; stundom var han dømd og skulde rettast; heile Draumen gjekk ut paa at han skulde rettast; men so kom det noko i Veggen; alltid noko i Veggen; han stod under Galgen; stod og saag paa Bile og Blokk; men det drog ut, drog ut, vart ei einaste lang Daudrædsle. Ein Gong drøymde han at han var ned-i ein vid stor Kjeldar; og den Kjeldaren var Helvite. Der stod han og slagta Saur; slog og stakk, Sau etter Sau; men ei Rædsle var yvi han, liksom det var noko fælslegt, det han gjorde. Daa han skulde sjaa seg til, var ^[307]det kje Saur han hadde slagta, men sine eigne Born. Kropp ved Kropp laag dei burtetter Golve; lengst burte ho

Anna med den minste ved Bryste; Gunnar lyfte sin stive Arm, som var flaadd ...
Han jamra seg i Svevnen so ho Anna laut vekkje 'n.

Presten var der ein Gong, men kom ingin Veg. «Thi det er umuligt; umuligt –!» Anna freista den Raadi som hadde hjelpt so godt ein Gong fyrr: sende Bod etter Lars Danielsen. Men denne Gongen nytta det mindre. Lars sat og arbeidde med Enok ein heil Ettermiddag, men kom ingin Veg. Lagde seg paa Kne og bad for han; men «der er en Synd til Døden», sagde Enok, «og for den skulle I ikke bede.» «Det er ei Djevelens Innbilning, Enok! du maa daa forstaa, at det er ei Djevelens Innbilning, som han vil fanga deg i!» – «Thi det er umuligt –; thi synde vi med Vilje efterat have annammet Sandhedens Erkjendelse, da er der ikke Offer for Synden; der er kje Offer, Lars!!» Enok skreik. Lars gav seg ikkje; han kom med alle dei sterke Ord um Soning og Naade som fanst i Bibel og Salmebok; – Anna sat ut i Kammerse med Døri paa Glytt, og det var so vent at ho grét; men Enok forherda seg. «Ein lydende Malm og en klingende Bjelde ... er det for meg no», sagde han. «Det gjeng inni det eine Øyra og ut or det andre; det er ^[308] kje til meg.» – «Det er Djevelen, Enok», bad Lars, han vart sjølv rædd. «Du vil daa kje høyra meir paa Djevelen enn paa din eigin Frelsar?» – «Det er kje til meg; det er kje til meg.» – «Men du hev daa Lengsla? Du vil daa gjerne ha det godt med Frelsaren din?» – «Eg vilde nok gjerne ... ha det godt.» «– med Frelsaren din ja; ja ser du det! Du maa kje gje deg yvi Enok; du maa kje gje deg yvi; Trui er i den Lengsla, og Gud vil kje slukke den rygende Hør; det veit du!»

Han tok Johan Arndt og las høgt for Enok um «de høie aandelige Fristelser».

«Først skal man vide, at Sjælens Bedrøvelse kommer fra Gud; thi 1 Sam. 2, 6 staar der: Herren er den, som døder og gjør levende, som nedfører til Helvede og fører op igjen. Dette Helvede, hvorudi Gud fører et Menneske, er fornemmelig den aandelige Bedrøvelse og Sjælens Trøstesløshed. – I saadan Nød bliver et Menneske saa dybt nedstyrtet i Vantro, at det ikke kan blive sin Tro var; al Troens Kraft sammendrages da ligesom i en Prik og i et usigeligt Suk, hvori dog Troen selv uvidende er skjult og forborgen. – Og omendskjønt et Menneske i slig Angest, Pinsel, Marter og Forskrækkelse ofte er utaalmodigt, ja vel taler eller tænker det, som er for Gud bespotteligt og uværdigt, saa tilregner Gud det dog ikke; ^[309] thi det sker imod ens Vilje og er den høieste Prøve, hvorved Gud renser og lutrer os ...»

«Ja desse Ordi hev vori meg til Hjelp so mang ein Gong i dei siste Aari»,
braut Enok av; «men no er det berre Snakk. Kling og Klang og ei lydende
Bjelde.»

Lars tigga og bad han, at han ikkje maatte gjeva upp; tigga og bad til han fekk
Graat i Augo. Og han ropa til Gud for denne haardt prøvede Broder so ho Anna
der ute grét høgt. Reiste seg sistpaa og sagde Velsignelsen yvi han Enok.

«Herren velsigne og bevare dig. Herren lade lyse sit Ansigt over dig, og være
dig naadig! Herren løfte sit Aasyn over dig og give dig Fred!»

Tomt og tankelaust, berre liksom til aa bli ferdig, lova Enok aa «bia etter
Herren» endaa ei Tid; og med dette laut Lars gange. –

– Endaa ein Gong kom Vaaren. Ein sur, blaasande, seig Vaar, som aldri vilde
bli Sùmar. Nordvesten taut Dag og Natt; det fraus um Pintsenatti og snødde
Jonsokkveld; skulde Ljose ikkje vinne paa Myrkre denne Gongen?

Enok gjekk og tutla og vavra og var mest som burte. Underleg haalaus¹⁹⁷ og
viljelaus vart han; det var Dagar, daa ho Anna laut segja han fyri kva han skulde
gjera, mest som han ^[310]skulde vera eit Barn. Jamt gnaala han um at han vilde
døy. Det same kven som tok han, berre han slapp burt. «So kom han Gunnar
heim, og so fekk dé det godt alle.» Ein vart baade leid og yvigjevin.

«Hev du aldri tenkt paa aa snakka med Dokteren?» spurde Anna ein Dag;
han gjekk og tumla og flakka og var so reint forkomin.

Han stod med Ryggen til henne og smikka med Fingrane. «Dokteren?» braut
det laust; «kva er det for noko Djevlesnakk?»

«Ja eg for min Part trur no det at du er sjuk. Kunde du faa ei Raad, so du fekk
sova betre –»

«Sova? Eg tor ikkje sova. Eg tykkjer endaa eg kann klara Djevelen paa ein
Maate, naar eg er vakin.»

«Men du kann daa skýna at det gjeng gale med deg, naar du ikkje fær sova!»

Han snudde seg til henne. Andlite var tilgrott med Skjeggstubbe og stivt og
forvrent; Augo steig kvite og harde ut av sine Hol; ingin skulde tru, at dette var
han Enok Haave.

«Bitterdø!» braadde han i; det var som han hadde fengi ein Tanke; «veit du
ein Dokter som ikkje trur paa Gud?»

Ho bleikna burt, der ho stod; no kom det, no kom det; – «kva segjer du?!»
Han stilna av att og vart modlaus. «Fanst ^[311] det berre eit Menneskje paa Jordi
... som kunde faa meg til aa tru at der ikkje er nokon Gud.»
«Du skulde skjemmast, Enok!»
«Den som var Fant. Fantane hev det godt; dei trur kje paa nokon Ting. Berre
einkvan kunde ta Gud ifraa meg.»
Han braasnudde og rømde; stana att –:
«Tru det kunde hjelpa um eg gav meg til aa drikka?»
Ho gjekk ifraa han. So fortryllt hadde ho kje set han fyrr.
Han flakka av Stad att.

XXVIII.

Straalande fin Sundagsmorgon.
Soli tek til aa spela seg paa Veggen oppmed Bokhylla. Den glade kvite
Solflekken dansar att og fram.
Ute blæs ein lett, svævande Sùmarvind. I den voggar Tréi der ute sitt unge
Lauv og den bannstøytte Selja dei Greinine, som enno liver.
Lerke og Stare og annan Smaafugl kvitrar og kved, so glade at det er som dei
smaae Bringune kunde sprengjast av Morgonjubel. Kvitt, kvitt; kvitt! titt, titt, titt,
ti–it! ti–it! tirli-tirli-tirli-ti!
Inne sit dei ved Borde og fær seg Mat. Enok riv i seg ein Bìte so daa og daa;
gløymer seg av; sit og stirer og glor med svevnstive Augo.
Hev kje Hug paa Mat. Likar kje Mat. Kva skal han føde paa denne Kroppen
etter? ^[313] Den som var stød nok ... kunde berre svelte seg ihel.
Ikkje vanvyrde Guds Gaavur; – han gjev Fenden i Guds Gaavur. Det gjorde
godt. Slik ein heit, djevlsk Tanke: eg gjev Fenden i Guds Gaavur ... aah; det
gjorde rivande godt.
Noko anna au kvìknar derinne; noko endaa heitare, endaa meir djevlsk; han
vilde gjerne tenkje det; brenn av Hug til aa tenkje det; høgt; høgt; beint upp i
Augo paa Han –; segja det, skrike det; men han torer ikkje. Ljone kunde slaa ned.

Han ser berre Tanken langt burte; det er ein framand Tanke; ein Tanke som gjeng laus; ei Geit, ein Tankebukk, ein Bukketanke; ein Sattan av ein Tanke som gjeng og hoppar og lær og sparkar mot Himilen og gjer Faktir ...

Enok reiser seg fraa Borde so braadt at alle kvekk. Gjeng fram aat Spegilen og speglar seg. Skjekkjer og grin. Jau; det er Fenden. Det er Fenden. Ingin annan er det som stirer ut or desse Augo, og geiper og rengjer i desse fælslege Andlitsdrag. Smikk ... smikk; han hastar ut. Dei høyrer han gjeng aat Bui. Tru han skal aat Skatole att, og staa der og stire og mulle yvi den tome Sylvskuffa?

Men Enok gjeng aat Bua-Spegilen. Han ^[314]grin til seg sjølv. «Dette var det, ho saag! Dette var det, ho saag! Den gamle Legdehurpa hadde nok kje venta aa sjaa Fenden i Augo hans Enok Haave.»

Forgjord! – forgjord er det han er. Djevlesett som dei galne i Evangelie. «Kom Jesus, so vilde eg au rasa og banne og segja gakk din Veg. Jesus? – Same Slage. Var det sant Helvti av det som stend, so kunde han ha frelst meg au, daa eg bad han um det. Dei lovar stort, men held ein L-. Ja sjaa der! sjaa der! er det kje Dævelen? er det kje Dævelen?»

Han gjeng nokre Stig; vert standande midt paa Golve. Smikkar, mullar; smikkar, mullar ...

Kvitt-kvitt-kvi-itt! titt-titt-ti-itt! Tirli-tirli-tirli-tih! «Minst fyri for Fuglane; dei hev inga Sjæl, dei ...

– – «Men eg er kje rædd deg.» Smikk, smikk. «Eg er kje rædd deg. Du er ærleg du. Du er ærleg du. Du vil daa ha meg du!» – smikk; smikk.

«Deres Pines Røg ... opstiger i al Evighed. De skulle tygge sine Tunger af Pine, tygge sine Tunger af Pine ... i al Evighed, i-al-Evighed-i-al-Evighed-i-al-E- vighed! – Naar du visste at eg skulde dit, kvi skapte du meg daa?! – Hyss; Dævelen, Dævelen ...»

Han laugar seg i Helvites-Tankar, ørskar ^[315]og svirer i Svovelsynir og Eld. Grev seg djupare og djupare; drøymmer seg inn i Logane livs livande; det fræser og sleikjer uppetter hans nakne Bringje; um Armane; um Halsen; det rys i han; ein forvillande Tanke kjem; det maa vera godt. Godt! Hi! – brennande Risling upp- etter Ryggen. Hih. Det maa svide godt. Det maa svide brennande.

Halvt i Herota les han upp for seg sjølv Helvit-Verse or den «aandelige

Kjæde»:

«Hvo vil beskrive mig de store Helveds Piner,
hvor Djævle-Hylen er som Hunde tuder, hviner;
der den fordømte Flok den Helved-Lue rød
af Munden gnistrer ud med Svovel-heede Glød';
der Halsen Skorsteen er, hvorgiennem Luen brænder;
der Kiødet Føden er, som Helveds Orme skjænder;
der Aaren aaben staar paa hvert fordømte Lem.
Der pines, plages hart, og Døden slider dem.
De tygger Tungerne, de skjær med gløde Tænder;
de Lænke-bundne er paa Lemmer, Fødder, Hænder;
der staar af deres Kiød en evig Damp og Røg ...»

– «Uh, Steikjelukt! Steikjelukt ... Og so veit ein daa, at det vert ikkje verre ...

– «Gjera det i Dag? I Kveld, naar det vert myrkt? So er det gjort! Og so veit eg daa, at det vert ikkje verre.» Smikk ...

– Ho Anna stakk Hovude inn; kremta lindt, so han ikkje skulde støkkje: «hm. Vil du kje lesa Bøni, Enok?»

^[3:6] Busande villt brast det utav han: «Helvite vert heitt nok aat meg, um eg ikkje les fleire Bønir.»

«Skjemmest du kje, Enok? – Du er daa kje galnare enn du veit, kva du segjer og gjer. Sjaa um du kann kje aga deg, naar her er framande Folk! Eg vil kje høyra slikt meir; so mykje du veit det. Det er so fælt at eg hev reint vondt av det. Borni skulde du au tenkja paa, – korleis det maa vera for deim aa høyra og sjaa paa slikt. – Vil du kje til Kyrkja heller?»

Rolegare, modlaust svara han: «naar Hunden kjem i Kyrkja, vert han utjaga.»

«– – Eg tykkjer kje du skulde gjeva so reint upp alt, Enok. Du er daa so klok –: du veit betre enn du steller deg til. Kom no og hald Bøni; og sansa deg litegrand. Du kann daa vîta det gjeng gali, naar du gjev deg yvi.»

«Aa ja du hev Rett, Anna. Du hev Rett;» han slog yvi i Graatemaal.

Litegrand etter gjekk han inn aat Stogo og fann fram Salmebøkane.

Sette seg ved Leseborde og bledde lengi. Salma paa Dagen lika han ikkje. Fann kje noko som han lika; bledde att og fram. Dei andre sat stille og venta. Tikk–tikk; tikk–tikk, sagde Stoguklokka seint og tølmodigt.

^[3:7] Kvitt-kvitt-kvi–itt! Titt-titt-ti–iti! ti–itt! – Ja dei kann nok syngje, som ikkje

skal liva æveleg ...

Endeleg sagde han dei fekk slaa upp No. 230.

Hardt og stygt sette han i:

«Hjertelig mig nu længes
efter en ... End'!»

– «salig» sprang han yvi. Villare og villare hasta han i Veg:

«Thi ynkelig jeg trænges
af Drøvelse og Elend.
At vandre er-jeg-rede!
fra Verden-med-en-Fart!!
Til – – – ;
kom, –, kom nu snart!»

«Himmeriges Glæde» og «Jesus» sprang han yvi. Det var skræmelegt aa sitja aa høyre paa.

Sidan laut dei syngje aaleine for det meste.

Kvitare og kvitare skein Soli; gladare og gladare spela Solflekken seg. Dansa paa Veggir og Golv; lyste paa Stakken hennar Anna; leika i det sveitte Haare hans Enok; skvatt so uppi Róte,ⁿ⁹⁸ der Flugur i tusundtal krauma og kraup. Skuggen av den gamle Raunen som svinga der ute i Sumarvinden, vogga seg ^[318]paa Veggen ved Klokkehuse og paa det brune gamle Sengje-Umhenge; alt var Sol og Sùmar. Og endaa var det som dei skulde sitja i ei Lik-stogu.

Salmen drog seg utyvi til Verse: «Du arme, bedrøvede Enke, mistrøste dig ei saa;» daa kom ho Anna paa Graaten. Enok ramsa upp Bøni i ei Hast og gjekk ut; dei saag han kje att fyrr utpaa Kveldsida. –

– Oftare og oftare lét han vera aa halde Bøn; og det var so fælt, totte ho Anna; det var som han gav upp si siste Von. Men det verste var, at han gav seg til aa røde um aa gjera Ende paa seg.

Anna gjekk med ein Verk for Bryste kvar Dag, og var stundom so sjuk at ho helst skulde ha lagt seg; men ho torde ikkje; ho var nøydd til aa halde seg uppe. Hadde det ikkje vori han Torkjell Tualand, so hadde ho aldri haldi ut. Men han tok alt paa sin Maate han, og hjalpente henne au til aa bera det lettare.

«Heh! – dei drep seg kje dei som snakkar um det; du tarv kje vera rædd. Og no skal du sjaa at han sveitar av seg den fæle Gudsfrygti au, so det kann verta

likare sidan att.»

Det vart Torkjell, som styrde Garden; naar Enok hadde sine verste Ridir, brydde han seg kje um nokon Ting. Og Torkjell fekk ei ^[319] Magt yvi han, som gjorde han godt. «No skal du kje fara med slikt Tattl,» sa Torkjell lognt; «no skal me ut og høya.» Enok vart rolegare; «den som kunde vera som du!» – «Ja kvi kann du kje det?» meinte Torkjell; «du hev same Guden du som eg.» – «Han høyrer kje meg lenger, Torkjell.» – «Aa, du fær skrika.» – «Eg hev baade skrìki og ropt; eg hev legi paa mine Kne og tigga som eit Barn; men det hjelper ikkje.» – «Eg var tilfreds um du hadde stae paa Hovude! Du er for snar til aa gje deg, Enok; med store Herrar maa ein gjeva Tòl.» – «Naar eg berre hadde ditt Huglynde.» – «Ja du tek deg Verdi for tungt Enok.» – «Men det var vel just i vaar Sorg og Naud ... at Gud skulde hjelpa oss!» – «Hjelp deg sjølv, Enok. Slaa Tankane fraa deg og legg deg i Arbeide, og ver som du var fyrr; so fær du sova au, og so jamnar det seg. Berre ein hev Helsa, so –. Helsa gjev Mod, og Mod ber Mann yvi Bekk.»

– Sùmaren vart varm, døynevarm; dei vonde Ridine gjekk ofte paa, og full Kar var Enok aldri.

Han kjende so mykje rart vondt; vondt, som ikkje var noko vondt; som han ikkje kunde gjeva Greide paa, og som ingen kunde skýna; Sjæle-Talm som tok paa Kroppen; Brenningar som iste; Isingar som brann; Fløg ^[320] i Hovud og Prikking i Hud; Søg og Slit og Kaldkitling i Magen; Tyngd og Magtløyse; snøgge, forvillande Svimningar; sviktande, veike Kne; men alt ihop var det eine og same: Angesten, den kalde, svarte Angesten som laag for Bringa og saug som ei Natt, som eit Gap, ein Svelg, tom og djup og utan Vit, utan Grunn eller Grense.

So snart den gav seg, letna det med alt; han totte kje det vanta han noko vidare. Han kunde jamvel stundom sukke til Gud. Men berre det hende den minste Ting; um ein Kalv vart sjuk; um ho Rakel slog sund ein Kopp; um Litle-Paulus fekk Hol paa Skorne sine, ja ofte utan nokon Grunn, – kom Angesten veltande som ei Myrkeskodd av Have. Og strakst misste han Take i seg sjølv; dreiv for kvar farande Tanke viljelaus og ør; han var som ein Kork i Dragsug.

Han hadde Ridir, daa han ikkje fritt fekk draga Anden; var som innestengd; hadde Kjenningar som han var livande lagd i Kiste; eller liksom av store, dimme Taake-Augo, som glodde paa han; og Bryste snørde seg, so Andedragi vart til

tunge, djupe Hjartesukk. Stundom vart alt ikring han so framandt. Det drog seg ifraa han, kom han kje ved; han gjekk inne i eit vidt, tomt Rom aaleine med seg sjølv og noko stygt han ikkje saag; men utanum Trollringen ^[321] stod hi Verdi og glodde og fælte; og han var rædd at alt som ikring han var skulde setja i og skrike, villskrike, remja i med Graat, himlende vill Angestgraat ...

Vatn, Vatn; sløkkje all denne Brand og Pine i eit djupt, djupt Vatn ... Gud frelse meg!!

Den som endaa hadde havt nokon aa røde med; aa jamre seg fyri! Aa, um han kunde vinne att Borni sine. Det kunde vera det same med Gud; berre han kunde faa att Borni. Tenk um han Gunnar kom heim, og vart glad i Far sin att, som han var daa han var litin! Slike Tankar kunde faa Enok paa Graaten mest.

– Noko fælt leidt hende. Dei laut byte Gjente midt i Aare; ho Maren, det Slarvetinge, hadde vorti med Barn. Den Ukjura han Helmik Heialand skulde vera Skuldi; han slepte seg nok reint yvi, ¹⁹⁹ det Menneskje no. «Vaabøni! Vaabøni!» braaka han Enok; «for mi Skuld kastar Gud Vanære yvi heile mitt Hus. Kvi Fenden gjeng eg her? kvi gjer eg kje Ende paa meg, so Guds Vreide kunde venda seg!»

Det sveiv rundt i Hovude hans, sleit og v Reid, til det verkte og glødde under Pannekelven. Det kom ei Prikking inni Heilen; ein linn, pinande Klaae; ei Kjensle som um ^[322] Heilen svall upp og vart for stor og laag og kitla og kitla mot Beinverke; underlege Paafynster kom; han fekk Hug til aa staa paa Hovude; til aa stupe Kraake. Tankane gjekk som i Ring, heitare og heitara, ræddare og ræddare; han skvatt upp og jaga deim, men kunde kje vera deim forutan heller; det vart so tomt og utrygt daa; alt gleid burt og han sjølv med; so gav han seg yvi att, og lét Tankane tumble som dei vilde.

Men stundom gjekk dei burt av sjølv-seg; drogst av ei framand Magt ut i svimrande Natt, i det ævige Myrkre; han stod etter burtgløymd og burtkomin med fiktande Hendar og ørskande Minur, mullande Ord han ikkje forstod, Banningar, Bønir, meiningslaust Tull; det høyrdest i Herota for han som ein annan skulde røde.

– Det var ein Kveld Djevelen elte han framifraa.

So fortunla var han, at han visste kje kvar han gjekk; hugsa kje til seg, var som fraa Samlingi; men kvar han gjekk og ikkje gjekk, so kom han Gong etter

Gong til Heialandsvatne; like innunder den vesle Hamaren, der Vatne var so djupt.

For tridje Gongen stod han der no i den myrknande Kvelden.

Vilde Gud det?! vilde han tillata det? ^[323] Gav han Djevelen fritt Spel! Enok kasta seg aa Gruve i Lyng; tok Tak med baae Hendane; heldt seg fast; Skjelvingar og Rykkjingar gjekk 'n gjennom Kroppen; men Djevelen drog og drog, nærare og nærare; nærare og nærare ... og Vatne der nede lokka og lokka, sutla og skvala, so koseleg og so smaatt ...

«Gud i Himilen; dette vil du kje; dette vil du kje!!» – Kor lengi han laag der og stridde for sitt Liv, det visste han ikkje; tilslutt hadde han krabba seg eit Stykke upp etter att; men Djevelen drog, og Vatne lokka.

Daa var det eit hardt, sterkt Maal i Heið sunnanum Vatne som sette i og song. Det var han Tønes Tualand, Skulemeistaren.

«Ein Lyktemann i Kvelden sviv,
ein fredlaus Gut;
so blæs det upp, og burt han driv
og sloknar ut.»

Dei sorgtunge Tonane dreiv vidt yvi Heið i Nattstilla; der døydde dei utan Svar. Men for Enok kom dei som ei Svaling.

«Han kvervdest burt i Skoddeflaum,
i Regnhjelm graa;
men dette var hans beste Draum:
aa slokne faa.

«Av Myr og Eim han sjuk var fødd
til Natteferd;
ein heimvill Draug, av Live mødd
han vanka her.»

^[324] Songen drog sør-yvi, lenger og lenger burt; siste Verse kunde Enok so vidt skilja.

«Som Ljose hev den eine Draum:
aa brenne ned, –
han helsa glad den Skoddeflaum,
som gav han Fred.»

Ei Viba flaksa rundt i Lufti og tagde. Døyvd Aa-sus skar hit fraa Brekkehøgdom. Langs-etter Strendine steig Kviteimen varm og mjuk og breidde

seg yvi Sev og Steinar.

Enok laag i Lynge og grét. «Du hev frelst meg! Store Gud, du hev frelst meg! og høyrte mi Bøn! Store, kjære Herre Gud, du hev høyrte mi Bøn og frelst meg!»

[XXIX.]

[n100](#)

Han gjekk heim; sov roleg um Natti og vakna um Morgonen med klaart Hovud.

Han torde kje tru paa det; gjekk heile Dagen og undrast og ræddast; det kom vel snart; det kom vel snart ... Men han fekk Fred heile Dagen. Um Kvelden bad han ei hjarteleg Bøn.

«Kjære Frelsar,» sa han stilt, «du hev vori god med meg i Dag og lati meg endaa ein Gong faa sjaa di milde Aasyn. Og kjenna di sterke Frelsarhand. Og du lét meg faa tru, at det er av Naade og ikkje av Vreide, at du tuktar meg so hardt i denne siste Tid ... at eg tilgagns skal faa sjaa, kva eg er i meg sjølv, naar ikkje du hjelper. Aa Herre, eg takkar deg; eg takkar deg! Aa, dersom det no var din Vilje – dersom du saag det var Raad ... aa sleppa meg ut or denne store Rædsla, som eg med mine Synder og mitt Ovmod so syrgjeleg vel hev fortent. Aa, dersom du kunde ^[326]lata meg faa kvila, Herre, um det so berre var ei Stund, kvila fraa dei store Angestar. Ja Herre, um du i din Naade kunde lata denne Kalk gaa ifraa meg! Um du kunde lata meg faa tru paa din Naade; um du vilde stydja og hjelpa meg i den tunge Strid, at eg ikkje skulde liggja so reint under! Aa, du hev sagt, at du ikkje vil lata oss prøvast yvi vaar Formue. Og du vil ikkje ein Synders Død; du vil at han skal umvenda seg og liva. Aa kjære naadige Frelsar, eg bed deg av alt mitt forpinte Hjarta for ditt eigi dyrebare Blods Skuld, hjelp meg. Du, som sjølv leid den store Angesten i Getsemane Have, so at du sveita Blod; du, som i Daudens Naud paa det heilage Tre sjølv maatte kjenne at Gud hadde forlati deg ... aa du veit mi Naud; og du veit kor veik og hjelpelaus eg er; aa, du vil vera med meg og halda mi Hand gjennom Daudens Skuggedalar.

– «Men,» heldt han fram med ein lang, skjelvande Sukk; – «er det din Vilje, at eg enno ei Tid skal tumla um i denne Forvildelsen ... Du ser det, Herre. Du

maa forstaa, at det er meg best. Du kjenner meg, og veit kva eg treng ... og kva eg tøler. Eg gjev meg i di Hand; eg set mi Lit til deg. Men, Herre ... ver barmhjertig ...» Mæle brast. Med Taarir heldt han fram: «ver barmhjertig! ^[327] Gakk ikkje reint burt fraa meg; lat meg aldri vera reint aaleine. Hav eit Auga med meg, Herre; hev alltid eit Augo med meg! Spara meg um du kann, for dei fæle Bespottelsar og dei djevelske Tankar! Og før meg so, Herre, endaa naar eg ikkje rett sansar meg eller kann raa meg sjølv, – før meg so, Herre, at Utgangen kann verta god, til di Ære og til Frelse for denne arme Sjæli. Og ein Ting, Herre, vil eg krevja av deg;» – han stilna av i Mæle som han vart rædd. «Du veit, kva Djevelen kviskrar til meg i svarte Stunder; – du veit det, Herre!!» han skreik upp. «*Det* vil du kje gje han Lov til; *det* vil du hindra! Gjer med meg som du vil; men fri meg fra det vonde!! – Fader vaar, du som er i Himilen, helliget vorde dit Navn ...» –

Etterpaa song han med stilt Mæle:

«Hvo ved, hvor nær mig er min Ende.»

Siste Strofa song han uppatt, og Augo vende seg graatfyllte mot Himilen –:

«Min Gud, gjør dog for Jesu Blod
min siste Afskedstime god!»

Anna grét, so Taarine strøynde.

Men det tok snart til aa verstne att. –

– I Marknaden reiste baade Anna og Enok til Byn; dei vilde freiste aa faa heimatt han Gunnar.

^[328] Og Gunnar lova godt. Han skulde segja upp til Vaaren, lét han. Enok vart so glad som eit Barn. Det kom ei noko-so-nær god Tid utetter no.

I Joli, daa Gunnar var heime, vart det reint som eit lite Gjestebod. Nokre av Skyldfolki var der; og Enok hadde kaupt heim mange Slag godt til Jol, endaatil Vin og Kaffi; sjølv tvinga han seg, so han var som eit anna Menneskje paa Lag. Og Gunnar, som fekk vita av Mor si korleis alt stod til, var snild og lempeleg mot Far sin.

Men Enok forstod at Guten sytte med aa koma paa Tvomannshand med han; og dette gjekk so innpaa han, at han gav upp alt. So snart Gjestine var burte viste det seg, at han var midt uppi ei Rid av verste Slage.

Svevnløysa kom; og han vart meir og meir fortryllt. Det gjekk so vidt at han

ikkje kunde tvinge seg for framandt Folk heller alltid.

Fleire kom og vilde trøyse han; Presten var der; Lars Danielsen var der; andre Vakte kom au; men det saag helst ut til at han hadde vondt av det.

Ein Dag kom gamle Salomon Storbrekke. Han stabba heller tungt paa Staven sin no; Alderen tok paa han. Han var framlut og stør, Mæle piptande og veik; Høyrsla hadde ^[329]han mest reint mist, og han var tutlin og tøyin i det heile. Sat og rødde um Mor hans Enok; ho hadde au havt det med slike Gruvle-Ridir, sagde han; «so du skal kje bry deg, Enok; du skal kje bry deg ...» Men ingin kunde skýna kva Trøyst Enokⁿ¹⁰¹ skulde hava av det at Mor hans au hadde havt Gruvle-Ridir. «No vilde eg berre ynskja, eg hadde di Tru!» ropa Enok inn i Øyra paa Gamlen; – «jagu ja, san!» nikka denne; hadde vel kje høyr det.

Tilslutt kom Kjistina Ramstad, ho som dei sagde Enok skulde ha tenkt paa ein Gong. Henne tala han lengi med. Men ho kunde kje faa sagt han noko større; ho hadde slikt Kav med Graaten. Ho berre bad Enok at han ikkje maatte gjeva seg yvi. «Du kann tru det er mange som vilde tykkja det var vondt ... um ein slik Mann skulde tumla seg burt.» Graaten tok henne. «Det er so vondt ... aa sjaa deg att slik, Enok ... du skýnar det ikkje!» Enok vart liksom stillare etter dette; men Svevnløysa heldt paa, og Anna tenkte meir og meir paa Doktaren.

Kornelius hans Helge der aust var klein; dei trudde det var Tæring. Han hadde alltid vori puskin av seg, mager og skrin og med slikt eit underleg ustødt Gongelag; men no tok det reint Magti. I heile Vinter hadde han haldi seg inne; no laag han; og dei tok til ^[330]aa tru at det vart Enden. Daa det leid til Vaaren, kunde alle sjaa det var den Veggen det bar; Helge reiste til Byn etter Doktaren. Og no fekk Enok nytte Høve, meinte ho Anna. Han stridde imot. Men der var inga Kraft i han lenger. «Gjer som du vil,» sagde han sistpaa. «Men meg hjelper inginting.»

– Ein tjukk, tungfør Mann med stort svart Skjegg, raud og uppusta i Andlit og Augo, kom stampande inn i Reisestyvlar og Pels med Hatten paa Hovude og gjekk beint aat Sengi. «Hva er det som mangler dej da, Far?» sagde han.

Enok hadde raka seg og stelt seg, skift Skjorte og lagt seg ned; det hørde liksom til aa vera i Seng, naar ein fekk Doktaren i Huse.

«Ja sant aa segja,» svara han, «veit eg det ikkje. Det manglar nok mange Ting ... eller kanskje helst berre ein Ting.»

«Lidt rapt naa da, Mann min; je har lite Tid. Fa'n saa seigt som alting gaar

for dere Bønder; naada?»

«Det er nok Syndi helst, som plagar meg. Eg hev slik ein Otte, slik Ufred ...»

«For Pokker, det skulde ikke være det samme som vi hadde der borte?» Han stirde Enok inn i Augo; kjende han paa Livaadri og andre Stadir; «hm ... man taler om de landlige ^[334]Sæder; de rene, landlige Sæder; hm; jagu sa jeg Smør. Naa. Hm. Neppe noget særligt. Hva er det da? «Synd»? Hva kommer det mig ved? Du maa snakke med Presten om det; hva? Gaa til Presten og faa dig noe Trøst, saa -.»

Enok kjende seg uhugleg; Doktaren lukta Brennevin. Og so denne Banningi til annakvart Ord.

«Det verste er, at eg fær kje sova», sa han. «Eg hev slik ei Uro i mitt Samvit, slik ein Angest og slik -»; med ein Gong skreik han upp: «eg er i Helvite!» -

«Hyss da Mand; - skulde der være noget i Veien med *mens?*ⁿ¹⁰² - - Hm; ikke noe særligt vist ... Hm. Det er vel bare denne Gudeligheta igjen. Du gaar vel paa disse Opbyggelserne og tyller dig fuld af Svovelsnakk, kan jeg tro. He-he; Pecus.ⁿ¹⁰³ Som sagt, min Mand, er der noget i Veien med «Samvite», saa faar du gaa til Presten; jeg har ikke noe med de Ting. Men et Sovemiddel kan du faa. Hør du smaa der; fins der Pen og Blæk i Huse?»

Ei av Smaagjentune sprang aat Bui og skulde finne.

Doktaren stod med Ryggen til Enok og stelte med eitkvart; fann fram Papir; drog upp av Lomma ei Medisinflaske; drakk; kremta, ^[332]korcka Flaska og gøynde ho att; gav seg so til aa gange att og fram og smaadrøse. «Hm; Folk maa jo bli gal. Saanne smaa, lave Rum; mørkt; og tung Luft; og saa Helvede. - Men Helvede vil dere nok ikke undvære?» snudde han seg til Enok; «det er vel den eneste Trøst, dere har det; hvah? - Den forkomne og fortrykte maa jo ha et Sted, hvor han kan sende sine Fortrykkere hen; det er hans Maade at tage Revanche paa. Evangeliet for de fattige, he-he ... Men nu ser du at det kan vende sig imod dere selv, det der; hva? Du vilde naturligvis være med at stene mig, hvis jeg sa, at der ikke er mere Helvede end bag paa min Haand ... Hvor Fanden blir der af Ungen? - - Naa; rap dig lidt, Smaaen; vi har ikke saa mye Tid i Byn som her paa Lande, ser du ... Du kunde forresten gjerne ha vasket dig lidt; Takk.»

Han sette seg og skreiv. «Gjer det sterkt!» ropa Enok.

«He? sterkt? – Fa'n ikke sikker, han der. Faar passe dig, Far! Det kan gaa galt med Hue! Vette! Hvah? Skjønner du det? – Ja.»

Anna kom inn or Kjøken. Um ho maatte bjode Doktaren litegrand Mat kanskje –?

«Tak, Mor; «Mat» har jeg sjæl. – – Værsaagod. – En Spiseske om Aftenen. – – To Specier.» – – –

^[333]– «Du hev nok Hast med aa koma paa Bygdi, du», sagde Enok til Kona si, daa Doktaren var gjengin.

«Eg hadde daa aldri tenkt slikt!» jamra Anna fortustra. «Men du veit dei gjer som dei vil, slike!» –

– Dropane vilde kje Enok hava. Han torde kje, sagde han. Tenk um han ikkje skulde kunne vakne att daa, naar Draumane kom. Men daa han sistpaa tok Dropane likevel, hjelpte dei ikkje.

Det verstna fort. Han leid visst ikkje so vondt som fyrr; men han vart so underleg tutlin.

Og so mykje meiningslaust fann han paa, at det var kje stort Raad aa tala med han.

Han kunde kje liva; han kunde kje liva; Gunnar skulde heim, og han burt ... So lengi høyrde Anna paa dette, at ho svara kje lenger. Brydde seg kje um det. Det var berre Snakk. Men ho gjekk med ein Otte for Bryste likevel; og ho kjende at det vart laakare og laakare med henne. Det verste var Nætane; daa laag ho og skalv og ræddast meir enn ho sov. Enn um han vart reint galin; kva kunde han kje daa finne paa?

Ein Dag kom ho yvi han burt i Løo; han laag og stupa Kraake i Høye som ein Gutunge. «Aa nei men Enok!» jamra ho; rædd og raadlaus tok ho til aa graate.

^[334]«Græt du au no», busa han ut. «Ja no skal du snart vera kvitt meg. – Berre seg, at eg skal gjera det!» klynka han; «eg hev kje Kraft sjølv; berre eg hadde Kraft!»

Ho torde kje vera aaleine i Huse. Paa eigi Andsvar leigde ho Torkjell Tualand til aa vera der jamt. Berre Laurdagsnatti og Sundagen skulde han faa vera heime.

Skrinn som ein Skugge drog ho seg ikring; venta kvar Dag aa bli liggjande. Ein Kveld ho saag Enok gaa aat Løo med eit Reip, kvakk ho so ho laut i Seng.

Serina og Smaagjentune vart sende etter aat Løo; Vesle-Paulus krabba graatande uppi Sengi til Mor si, rædd av di dei andre var rædde ... Anna kjende at dette stod ho kje lenger i. Det vart sent Bod til han Gunnar; han fekk rive seg laus og koma no.

Sundagen etter kom han. Enok vart som glad med det same; «nei e' de' ke han Dunnalmann», klissa han, liksom han skulde røde til eit Barn.

Gunnar vart forfæld daa han saag Far sin. Uvaska og uraka, med det vaate Haare klint inn til Hovude, umvrìdin i Andlite, blaa og bleik, reint naadæmd, Augo raudsprengde, stive og store, – saag han soleis ut at Son hans knapt kunde kjenne han att.

Enok stirde paa Gunnar, myrkna; lika kje Guten. Byklædd og fin; strak og kaut; Bymannsfaktir; ^[335]smal, bleik, Skjegg under Nosi; jau det skulde vera noko og setja paa ein Gard. Juks; berre Juks ...

«Kjem du for godt no?» braadde han i; han stana paa Golve midt framfor Son sin.

Denne raudna. «Eg kann kje koma laus fyrr det lid lenger utpaa», svara han.

Anna sukka, der ho laag i den store Umhengssengi utmødd og klar. Enok smikka med Fingrane; «det er Viljen; det er Viljen ...» So sette han paa Døri.

«Du maa fylgja han og snakka vel med han», bad Anna; «du ser korleis det er.»

Gunnar gjekk; fann Far sin i Kjerrehuse. Der stod Enok og smikka og grein yvi alle dei gilde Arbeidsgreidom, han hadde kaupt; no laag dei der og gjorde Narr av han. «Kva vil du med oss, du Kalvehovud, som ikkje kann brùka oss?»

«Hm», kremta Gunnar.

Enok snudde seg; fór med ein Gong beint paa han: «Du skal kje gaa med Skjegg under Nasane, Gunnar! Det er Djevelens Væsen, Djevelens Væsen, Djevelens Væsen – smikk ... smikk ... det er gali nok at Far din gjeng til Helvite.»

«Korleis er det du snakkar, Far?»

Like innpaa Son sin, kvæsende hardt og villt, heldt Enok fram:

^[336] «Og so skal du kje dansa. Veit du kva? daa eg var ung, vilde eg au læra aa dansa; men eg kunde kje. Bad so smaatt til Gud; men nei. So bad eg til Fenden. 'Du, Fenden, kann kje du læra meg aa dansa?' – daa lærde eg litegrand. Men no

tek Fenden Løni. Du skal kje dansa, Gunnar! lova meg det.»

Gunnar var bleik; han sagde Ja, men visste knapt av det. Verre Ting hadde han paa Samvite sitt ...

«Ser du at Gud hev forlati meg, Gunnar? Ser du det? ser du det? Alle kann sjaa det. Men naar du kjem heim, skal eg klara meg like godt. Du skal faa Garden med ein Gong; og er det nokon du vil gifta deg med, so berre gift deg. Ein skal gifta seg; for elles fær den ureine Aand Magti. Hev du vore standhaftig mot den ureine Aand, Gunnar?»

«Ja –.» Guten vart svært raud.

«– – Du tykkjer vel eg ser rar ut? he?» – Tett inn i Andlite paa Son sin kviskra og kvæste han: «det er Fenden. Det er Fenden. Denne Angesten for Bryste, ser du. Angesten; he? den hev kje du kjent. Is; Natt; Is og Natt; langt inn i Sjæli.»

«Far, du maa – –»

«Hyss. No skal eg segja deg noko. Djevelen er etter meg; han vil eg skal gjera Ende paa meg. Kvar Dag, kvar Kveld ...»

^[337] «Det ... gjer du kje, Far! Det – aa, det gjer du kje. Der skal Viljekraft til det; og det hev du visst ikkje.»

Enok grét. «Det er det eg au trøystar meg med. Eg kann kje; eg kann kje. Eg hev kje Kraft» ...

– Stakkars Far.

Jau her saag ut. Og han Far som hadde haldi seg so trutt til Gud; hjelpte det kje meir aa halde seg til Gud? – Og eg, som – –; Gunnar kjende seg raadlaus. Gjeng det no gali med meg og ... – «Det er vel ein, som vil hjelpa deg», sagde han raudnande.

«Dersom du kunde faa meg til aa tru at der ikkje er nokon Gud!» kviskra Enok. «Lensmannen trur kje paa Gud, og han hev det godt; Doktoren trur kje paa Gud, og han er feit som ei Ku; Fantane trur kje heller paa Gud; – aa nei, den som hadde det so godt som Fantane.»

«Er det kje best me gjeng inn no, Far; her er kaldt ...»

«Men du maa lova at du vil koma heim», bad Enok. «Du maa koma heim og passa paa Far din. Eg tor kje gaa her aaleine; kvar Gong eg ser eit Tog eller eit Reip ...»

[338] «Kom no, Far.» Gunnar tok Far sin i Armen og drog han halvt med Magt innetter aat Stogo.

«Han er sterk likevel», murra Enok; han fylgde viljelaus som eit Barn. Sutrande lagde han til: «ja naar eg hadde din sterke Arm til aa stydja meg!» –

XXX.

Med laakt Samvit fór Gunnar til Byn att.

Det vart verre no. Han hadde aldri trutt, at det stod so gali til heime.

Men kva skulde han gjera? Kva i F–Pokkers Skinn og Bein skulde han gjera? Det vart kje betre, um *han* kom heim no.

Denne H–stygge Slarvegjenta, som han hadde vasa med i seinare Tid ... Tosken han var; hadde han berre haldi paa med dei andre; men no sat han der. Han hadde freista med baade godt og vondt; hadde endaa bødi henne Pengar; for ingin kunde vita kven som var Far til den Ungen; ho hadde no visst tri ... Men um ho tenkte at ho skulde bli Gardkjering, eller um det kunde vera sant at ho paa sin Maate heldt av han, – der var inga Raad med henne. Ho vilde gjera Eiden sin paa at ho ikkje hadde havt med andre aa gjera i den Tidi, sagde ho; og Ungen skulde kje ljuge seg Far til ... F–anken aa koma uppi slikt Uføre!

[340] Det fanst daa berre ein Utveg: Amerika. Det vart gali heime; fælt gali vart det, no daa han Far var slik ... Mor skulde han endaa faa til aa taka det med Vit; men han Far –. Men naar han ikkje kunde; naar han ikkje kunde? Og neigu um det vart likare naar han kom heim med ein Lausunge ...

Eller med slik ei Fyrkje til Kjering – aa jau!

Det vart verre, vart det. Han Far fekk greide det. Gunnar skulde skrive so vent og rimelegt, lova aa koma heim um eit Par Aar ... Han drap seg sgu ikkje. Folk, som gjekk og rødde um det gjorde det aldri.

Det var berre eit Paafynster av han Far, at han so plent vilde ha han heim. Den Kjærleiken stakk nok ikkje djupt. Det var berre noko han fann paa. Sjuke Folk fann paa so mykje. Gunnar hadde daa ikkje fyrr merkt noko til, at det skulde vera so heitt med Kjærleiken.

Nei; han fekk fara. Tala med Gjenta endaa ein Gong; men hjelpte kje det, – so var der kje onnor Raad. Og so kom han daa endeleg ut i Verdi au, som han so lengi hadde drøymt um. –

– – Ein Dag kom han Helge heim fraa Byn med eit Brev til henne Anna. Gunnar var farin til Amerika.

[341] «Høyrer de noko gali um meg, maa de kje tru det», stod der tilslutt. «Men um det er Lygn aldri so mykje, so heng det ein Mistanke ved ein likevel. Eg kjem att um nokre Aar naar det er gløymt; og daa skal eg forklara dykk det betre.»

Anna vart liggjande.

Det verste vart mest aa faa segja det til han Enok. Og segja det laut ein; elles fekk han vita det andre Stadir. I si Naud raadførde ho seg med han Torkjell; dei vart samde um ein lempeleg Maate aa segja det paa, og Torkjell lova aa bera det fram. –

Dei skulde aat Torvmyri Morgonen etter; daa fortalde Torkjell det.

«Det er sant», sagde han; «eg høvde han Helge der aust i Gaarkveld, og han hadde Helsing med fraa han Gunnar, at dé maatte kje verta vonde paa han; men han hadde havt slik brennande Hug til aa sjaa seg um i Verdi, fyrr han kom heim for godt. Og so laga det seg so vel at han vann nokre Pengar i Lottrie; og no vert han burte ei Tid, til dess han tykkjer han hev lært nok. Han hev store Tankar, han Gunnar; ein Dag kann du gjerne faa sjaa han paa Storthinge!»

Enok stirde. Kor han vilde av? –

Aa, noko kvar Stad, sagde Torkjell. «Han hev alltid havt slik Hug til aa sjaa seg um; [342] han vilde nok fysst burt aa sjaa paa nokre forunderleg gilde Maskingreidur dei hev funni paa i Amerika» –

«Amerika! – berre han daa kjem heim att.»

«Du kann daa vita han kjem att. Heh! ein Gard som Haave finn han kje paa Gata nokonstad!»

«Men at han ikkje nemnde noko um dette daa han var heime?»

«Han var kje viss med seg sjølv endaa; og so vilde han kje gjera dykk urolege.»

Enok forstod det ikkje. Torkjell rødde og rødde og tok det lett. Med ein Gong snudde Enok og gjekk heimatt. Torkjell etter.

Enok beitte den brune Merri for Karjolen; vilde til Byn. Han hadde vorti so uppskaka. Laut hava Greide paa dette.

«Ja no maa du kje tru paa alt det Folk snakke du kann faa høyra der», lempa han Torkjell; «du veit det vil alltid verta ymist Drøs um slike Ungdomar, som finn paa noko sjølv» ... –

– Meir og meir uroleg køyrde Enok av Garde. Han sprengde mest Brunka paa den Ferdi.

Den fyste han raaka i Byn, var Student Olsen. Denne kom stram og strak og helsa og «kondolera». Han var full og tala fint.

«Ja, der var en vild Natur i den Guten; ^[343] det saa jeg alt dengang. Og naar en saadan Fole slippes ud paa Vidaatten ...

«Du skal tilgive ham, min Ven Enok. Han faldt for en større Magt end hans; han faldt for den Magt vi alle falder for; han faldt for en Kvinde.»

Enok skvatt upp; spurde; vilde hava Greide; men Olsen var i Preikelage sitt.

«Du taler om Forløsningen; Jehoschua eller Josva, Jesus som du kalder ham, har beseiret Djevelen, Verden og saa videre. Men han glemte ét, min Ven; han glemte ét.

«I Kvindens Blik og Smil lurder endnu den gamle Slange. Og endnu bestandig gjenlyder Syndefaldshistorien i de klassiske Ord: og Kvinden gav ham, og han aad.»

«Er det noko Kvinnfolk, som –»

«Selveste Kong David faldt for en Kvinde, nemlig den skjønnne Batseba, som med koket Beregning badede sig saaledes, at den gamle Synder kunde se det fra sit Tag. Og hvorfor gaar jeg, Ole Christian Olsen, omkring her som et Nar for Bauerne og en Rørdrum i Ørkenen; – mon ikke for de djævelske Femininers Skyld, baade de i Vika og hende udenfor Vika, som jeg traf en Dag i Ungdommens Vaar paa hint historiske Punkt, hvor Dyden ender og Drammensveien begynner? Saa skal du da heller ikke forundre dig over din Søn, Enok. ^[344] Thi der staar skrevet: Kvinden er et Rovdyr af Reptiliernes Ætt, men Manden en Tullebuk af Saueslægten. Adjø, Enok! Tag det som en Mand!»

Han svinga stolteleg avstad ut Landvegen. –

– Daa Enok Dagen etter køyrde heimvi att, visste han alt. Men skyna det

ikkje.

Det hadde vorti so stilt um han. Og slik ei Susing og Tumling. Hovude glødde som ei Kolmile. For Augo saag han heile Tidi ein svart Flekk.

Folk som tala til han kunde kje skýna at han ikkje svara. Dei fleste kjende kje Mannen. Han maatte vera full. –

– Anna laag heime utmødd av Svevnløyse og Sut; mest uroleg var ho for han Enok. Daa ho seint paa Kvelden hørde Karjolen utanfor Glasi, vart ho heiltupp glad. I same Stundi sovna ho.

Serina hadde stelt Mat til Far sin og gjekk aat Kammerse. Torkjell sette inn Hesten og fylgde Enok inn. Han totte han tok det baade rolegt og vitugt. Var nok litt still og rar. Men ein kunde kje vente han skulde vera glad heller.

«Det er kje noko aa ta seg Tæring av dette, Enok. Guten kjem att. Det var verre um du hadde misst han.» – «Aa ja.» – «Og no fær du snart Brev fraa han, so du fær vita ^[345] koss det gjeng.» – «Ja.» – «Ja so fær du ha Godnatt daa og sova vel.» – «Ja-a.» –

Enok sette seg i Benken ved Vindauga; her var so varmt. Tikk–tikk; tikk–tikk ...

– – Um han tok Øksi og slagta deim; so vart det kje so mange Munnar aa føde. – Reise til Amerika. Det var mange, som reiste til Amerika. – – Var det kje einkvar som hadde sagt, at han Gunnar hadde fengi Lausunge?

Her var so stilt. – Han skulde ha vori ein annan Stad no, men kunde kje hugse –. – Tikk–tikk, tikk–tikk ... Øksi. – Det var igaar det. Det var igaar det.

– Tidi gjekk. Enok sat der.

Han var so heit; det stod som ein Strjukebolt gjennom Heilen hans. Han vilde ut. Men kom han utanfor Døri so var det einkvar som vilde taka paa han. Der hørde han deim. Dei rødde; dei var sinna. Ikkje ut; ikkje ut.

Men han lika kje dei tvo graae Mennane, som var komne inn her. Kva vilde dei? – gjekk og tusla og tasla med slike stille, vare Kattestig. Tett inntil han. Nappa etter han; – nappa. Tuslande og graae. Og stirde paa han. Kjende dei han? – slike tome rædde Augo. Der var komin ein uppi Benken. Inni Kroken; ovanfor der han sat. Det var ein leid ein, det; sat og lurde og glodde. Lurde og glodde; tenkte paa vondt. Stygge Augo; kalde, rædde. ^[346] Glodde. Kva tenkte han

paa? – og liksom dei skulde kjenne han ...

Utrygt her. Stilt, stilt reiste Enok seg av Benken. Lurde seg framum Borde; so Stig for Stig nedetter mot Døri. Dei nappa etter han; nappa etter han, men rømde, naar han saag kvast paa deim. Hyss. Stilt lét han upp Døri. Smaug ut; lét att.

Stiltra seg ut i Kjøken. So ut Bakdøri. Daa den var att, tottest han vera trygg. «No sit dei der. No sit dei der; hæk, hæk –.»

Men der var graae Mennar her au. Han sprang attum Kjerrehusveggen og gøynde seg. Stod og kikka; jau, der kom dei. Fleire og fleire. Stille og lette som Skuggar. Han tok Foten fat. Yvi Gjerde; ned gjennom Vest-Ækra. Lenger og lenger ut; heilt til Aarvollen. Men endaa fylgde dei.

Fleire og fleire. Ein heil Flokk rædde graae Tuslingar. Naar han stana, so stod dei; naar han gjekk, gjekk dei. Han lika kje denne Luringi. Kva vilde dei han? – sette til Sprangs. Ned gjennom Marki; heilt ned aat Aai, fylgde Aakanten nedyvi og nedyvi. Kvar Gong han saag att-ende, var dei komne nærare. Styggety. Og fleire og fleire vart dei; ein heil Ring av graae Mennar. Dei vilde kringsetja han. Han sprang og sprang.

Eit stort Vatn stansa han. Og no kom dei ^[347] fraa alle Leidir; hit etter Strendane; hit ifraa Heiane. Og dei kom nærare og nærare. Tett inntil 'n. Og nappa, nappa. Han fikta og sparka. Med ein Gong saag han ein fælt høg ein som hadde Horn.

Augo sveiv rundt i Hausen hans; ein stygg Laat braut seg fram som fraa eit innklemmt Bryst; han gjorde eit unaturleg høgt Hopp – beint ut i Vatne.

Eit svært, tungt Plask. Tvo, tri sterke Baaredrag slog inn mot Strandsteinane med sukkande Skvaling. Han kom kje uppatt meir. Evja maatte hava sozi 'n i seg.

–

– Sunnanvinden strauk yvi Vatne med sin linde Sus. Og det sutla og skvala, koseleg og smaatt; sutla, skvala ... sutla, skvala ...

Noter:

[n1](#). Forfatternote: *Bui*: Bestestova.

- [n2](#). IV.] *rettet fra*: VI. (feilnummerering)
- [n3](#). Forfatternote: *Tussa*: Turkegreida.
- [n4](#). Forfatternote: *Kòla*: Tranlampe.
- [n5](#). Forfatternote: *Smida*: gjera Smedarbeid; arbeide med Kniv.
- [n6](#). Forfatternote: *Eple* (Jordeple): Potetur
- [n7](#). Forfatternote: *Flysja*: «skrælle».
- [n8](#). Forfatternote: *Kregda*: Krilla (Meslinger).
- [n9](#). Forfatternote: *Tattl*: Tullsnakk, «Vrøvl».
- [n10](#). Forfatternote: *Annhug*: «Iver».
- [n11](#). Forfatternote: *He(i)graskap*: Uvitingsskap.
- [n12](#). Forfatternote: *Jorina, Serina, Maria* osfr., i det heile alle tristavde Ord, vert ut-tala med tvo tunge Stavingar og ei lett (– – ∪), *ikkje Jorina, Maria* osfr. Tonefalle for «Anna», «Marta» osfr. er: – –; ikkje – ∪.
- [n13](#). Forfatternote: *Træe*: Trø.
- [n14](#). Forfatternote: *Spøt*: Bunding.
- [n15](#). Forfatternote: *Gjera gildt*: leike.
- [n16](#). Forfatternote: *Spaning* (Tatermaal): Steling (= Spaneba)
- [n17](#). Forfatternote: *Knud Spödervoll*: Ein Bonde paa Vestlande som hørde til dei *sterkt-truande* og skreiv Bøkar til Forsvar for denne Sekti.
- [n18](#). Forfatternote: *Rakli*: Gjente.
- [n19](#). Forfatternote: *Blavi*: Bryllaup.
- [n20](#). Forfatternote: *Lokki*: Barnseng.
- [n21](#). Forfatternote: *kvant*: ven; framifraa.
- [n22](#). Forfatternote: *horta*: ægte.
- [n23](#). Forfatternote: *Romanisæl* kallar Tateren seg sjølv.
- [n24](#). Forfatternote: *Buro*: Bonde.
- [n25](#). Forfatternote: *Stultra*: narre.
- [n26](#). Forfatternote: *Dero*: du, deg.
- [n27](#). Forfatternote: *Bokka*: svelte.
- [n28](#). Forfatternote: *Dabba*: slaa.

- [n29](#). Forfatternote: *Kamma*: hava.
- [n30](#). Forfatternote: *Latjot*: godt.
- [n31](#). Forfatternote: *Nascha*: røme.
- [n32](#). Forfatternote: *Ava*: koma.
- [n33](#). Forfatternote: *Dad*: Far.
- [n34](#). Forfatternote: *Deia*: Mor.
- [n35](#). Forfatternote: *tenk-ikkje*: «naturligvis»; kvifor ikkje.
- [n36](#). Forfatternote: *torefortenkt*: naamen av Forundring.
- [n37](#). Forfatternote: *Besing*: Fisling.
- [n38](#). Forfatternote: *løgin*: morosam.
- [n39](#). Forfatternote: *skjerna* (um Aaker): verte skjer (mogin).
- [n40](#). Forfatternote: *Fang-takast*: brjotast.
- [n41](#). Forfatternote: *laate um*: «lade sig forlyde med».
- [n42](#). Forfatternote: Av «Olsens» Forteljing i Kap. XV er Stykke fraa «Omsider begyndte det at gaa rundt» til og med det tyske Verse laant fraa eit (forbòdi) lite Skrift av ein eldre Forfattar.
- [n43](#). Forfatternote: *Bauer* (tysk): Bonde.
- [n44](#). Forfatternote: 1 Ort 6 Skill. = 1 Kr.
- [n45](#). Forfatternote: *Daaraqjedd'e* er vel Dovrefjell.
- [n46](#). Forfatternote: *Kùsse*; litin Kalv.
- [n47](#). Forfatternote: *Skjeise* (Chaise): finare Stolkjerre.
- [n48](#). Forfatternote: *Beng* (Fantemaal): Djevelen.
- [n49](#). Forfatternote: *Bùj*: Buskap.
- [n50](#). Forfatternote: *Smale* (Kollektiv): Saueflokk.
- [n51](#). Forfatternote: *Kjavo* (Fantemaal): Barn.
- [n52](#). Forfatternote: *Kjæra*: trættast; slaast.
- [n53](#). Forfatternote: *Tjeia* (Fantemaal): Gjente.
- [n54](#). Forfatternote: *Moskro*: Lensmann.
- [n55](#). Forfatternote: *fellt*: «tilpas.»
- [n56](#). Forfatternote: *naamin*: lammet.

- [n57](#). Forfatternote: *Herote*: Ørske; Sanseløyse.
- [n58](#). Forfatternote: *framsloppin*: konfirmera.
- [n59](#). Forfatternote: *Jog*: jau.
- [n60](#). Forfatternote: *Haalvestundo*: halve Tidi (skiftevis; t. D. ei Viku um Gongen).
- [n61](#). Forfatternote: *Summing*: Trolling.
- [n62](#). Forfatternote: *Beng*: Djevel.
- [n63](#). Forfatternote: *Mors*: Mannfolk.
- [n64](#). Forfatternote: *Pago*: Tukthus.
- [n65](#). Forfatternote: *Spaneba*: Stuld.
- [n66](#). Forfatternote: *Raklo*: Gut.
- [n67](#). Forfatternote: *Tjuro*: Kniv.
- [n68](#). Forfatternote: *dero*: du.
- [n69](#). Forfatternote: *le*: faa.
- [n70](#). Forfatternote: *Ising*: eig. Klædning.
- [n71](#). Forfatternote: *Tjuro*: Kniv.
- [n72](#). Forfatternote: *Tjakni*: Svipe (Slagsmaalsvaapen).
- [n73](#). Forfatternote: *Moskro*: Lensmann.
- [n74](#). Forfatternote: *Buro*: Bonde.
- [n75](#). Forfatternote: *Romanisæl*: Tater.
- [n76](#). Forfatternote: *ava*: koma.
- [n77](#). Forfatternote: *Span*: Stuld, det stolne.
- [n78](#). Forfatternote: *Tjeia*: Gjente.
- [n79](#). Forfatternote: *Heia*: høyr.
- [n80](#). Forfatternote: *Tjeia*: Gjente.
- [n81](#). Forfatternote: *miro*: eg.
- [n82](#). Forfatternote: *sangra*: syngje.
- [n83](#). Forfatternote: *asja*: vera.
- [n84](#). Forfatternote: *raavefull*: sorgfull, ottesam.
- [n85](#). Forfatternote: *Raklo*: Gut.

- [n86](#). Forfatternote: *kammar latjot*: hev det godt.
- [n87](#). Forfatternote: *ler*: faar.
- [n88](#). Forfatternote: *Mors*: Mann.
- [n89](#). Forfatternote: *kei*: her
- [n90](#). Forfatternote: *dero*: du.
- [n91](#). Forfatternote: *pattja*: tru.
- [n92](#). Forfatternote: *fakka*: gjera.
- [n93](#). Forfatternote: *Latjoheit*: Godhug, Kjærleik.
- [n94](#). Forfatternote: *(ikkje)vandare i*: slik Slag; like godt.
- [n95](#). Forfatternote: *Logn*: Ro.
- [n96](#). Forfatternote: *Bidlund*: Tølmod; «Udholdenhed».
- [n97](#). Forfatternote: *haalaus*: slø; ørskin.
- [n98](#). Forfatternote: *Rót*: Loftgolve yvi Stogurome.
- [n99](#). Forfatternote: *sleppe seg yvi*: gjeva seg upp; «forfalde.»
- [n100](#). XXIX.] *rettet fra*: XIX. (feilnummerering)
- [n101](#). Enok] *rettet fra*: Envk
- [n102](#). Forfatternote: *mens*: Sjæl; Sinn.
- [n103](#). Forfatternote: *pecus*: Fe.

Arne Garborgs *Fred* er lastet ned gratis fra bokselskap.no